

**”Dei lukkelege øyane”
i norsk folketradisjon.
Ei motivgransking**

av Jan E. Byberg
egibyb@online.no

Hovudfagsoppgåve i norsk
til Historisk-filosofisk embetseksamen
ved Universitet i Bergen
våren 1970

Internettutgåve 2009
ved Eldar Heide
etter avtale med forfattaren 03.12.2008

MERKNADER

"D e i l u k k e l e g e ø y a n e"
i n o r s k f o l k e t r a d i s j o n

Ei motivgransking

av

Jan E. Byberg

Hovudfagsoppgåve i norsk til Historisk-filosofisk
embetseksamen ved Universitetet i Bergen, våren
1970

1. Avstytingar

FFC: Folklore Fellows Communications
NFL: Norsk Folkeminnelags skrifter
NFS: Norsk folkeminnesamling
NMA: Norsk målførearkiv

2. Fotnotar

Når det er vist til eit verk av ein forfattar som i boklista er representert med berre eitt verk, er forfattarnamn, tittel, utgjevarstad og -år oppførde fyrste gong det er vist til verket, deretter berre forfattarnamn og "op. cit."

Når ein forfattar er representert med fleire verk, er forfattarnamn og tittel oppførde kvar gong, undertittel, utgjevarstad og -år berre fyrste gong. Heimelsmenn er oppgjevne allstad når dei er kjende.

3. Skrivemåten av irske namn og nemningar.

Irske namn og nemningar finn ein i litteraturen med eit utal av ulike skrivemåtar. Dei er her jamna etter verk som nyttar Standard Middle Irish når det gjeld eldre målformer. Nyirske namn og nemningar har eg ikkje kunna jamna etter rettskrivingsombøtene frå 1948, men eg har transkribert gælisk skrift til latinsk etter vanlege reglar. Stadnamna fylgjer rettskrivinga av 1948. Eg har valt å nytta dei irske namneformene (ikkje dei engelske). Namna på over-naturlege øyar i Irland fylgjer, utan omsyn til dei formene dei har i kjeldene, Seán Ó Súilleabháin: A Handbook of Irish Folklore, Hatboro, Pa., 1963.

I N N H A L D

I INNLEIING

1. Presentasjon av emnet.....	1
2. Føremålet.....	2
3. Arbeidsplanen.....	3
4. Utgreiingar om "Dei lukkelege øyane i norsk folketradisjon	5

II ANALYSE AV INNHALD OG MOTIV

1. Materialet.....	9
2. Innhaldselement og systematisering.....	10
3. Innhaldsanalyse:	
I. Tradisjon om eksistensen av overnaturlege øyar.....	12
A. Ikkje-episert tradisjonsstoff	13
a) "Historisk materiale" i form av notisar frå tida før ikring 1850.....	13
b) Redaksjonar og oppskrifter frå tida etter ikr. 1850.....	22
B. Episert tradisjonsstoff.....	27
a) "Tenk i tom".....	28
b) Oppedaga øyar.....	31
c) Andre.....	36
II. Tradisjon om sjøferd til (og vit- jing i huldregard på) overnatur- lege øyar.....	37
A. Vitjing på Utrøst.....	38
B. Vitjing i huldregard på sjøen eller på Utrøst.....	42
4. Avgrensing og relasjonar.....	55
A. Allegarden-segna.....	55
B. Halten-segna.....	58
C. Tradisjonen om underjordsfolket	73
a) Ålment.....	73
b) Samkvæmet med huldrefolket..	75
D. Opphavssegner.....	78
E. Stål.....	79
5. Oppsummering.....	80
6. "Dei lukkelege øyane".....	83
7. Oversyn over huldreøyar i norsk tradi- sjon.....	85

III VURDERING AV MATERIALET

1. Innleiande merknader.....	89
------------------------------	----

2. Terminologi	90
3. Omfanget av materialet.....	93
4. Kor pålitande er materialet?.....	98
Innleiing.....	98
a) Historisk-topografiske skrifter, skrivne eller utgjevne før ikr. 1850.....	101
b) Dei fyrste folkeminnesamlarane ...	104
c) Tilfang frå tidsromet mellom ikr. 1850 og ikr. 1920	111
d) Oppskrifter frå 1920-åra og fram- etter.....	114
Oppsummering.....	118
5. Geografisk distribusjon, samlingsin- tensitet og frekvens.....	121

IV FOLKEDIKTING OG FOLKETRU

1. Innleiing.....	126
2. Kategoriar og definisjonar.....	127
A. Episert tradisjonsstoff	128
1) Semorot	129
2) Segner	130
B. Ikkje-episert tradisjonsstoff	133
3. Oppsummering.....	134
4. Trudomsgrunnlaget for segnene om dei overnaturlege øyane.....	136

V OVERNATURLEGE ØYAR I ANDRE LANDS TRADISJON

Innleiande merknader.....	144
1. Norderlanda	
a) Danmark	147
b) Sverige	151
c) Færøyane	152
d) Island	157
e) Nordisk mellomalderlitteratur	159
2. Samisk tradisjon	161
3. Vest-Europa elles, bortsett frå dei keltisk-språklege områda	165
4. Keltisk tradisjon	
a) Bretagne	166
b) Cornwall	167
c) Wales	169
d) Skottland og Irland	175
I. Tradisjon om eksistensen av overnaturlege øyar	176
II. Sjøferd til overnaturlege øyar	186
III. Immrama-litteraturen	200
IV. Navigatio Sancti Brendani	203
5. Geografisk tradisjon i mellomalder ..	210
6. "Dei lukkelege øyane" i gamletida og mellomalderen	212
Oppsummering.....	219

VI TRADISJON OG TRADERING

1. Tradersomgrepet	224
2. Opphav og spreiding: problemstillingar	227
3. "Dei lukkelege øyane" som arvegods	230
4. "Dei lukkelege øyane" som vandremotiv	231
5. Vandringsveggar I	233
6. Vandringsveggar II	242
7. Vandringsveggar III	249

VII OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	256
--------------------------------------	-----

VIII BIBLIOGRAFI

1. Det norske materialet	268
2. Bokliste	
a) Oppslagsverk og bibliografiar	280
b) Tidsskrift og seriar med forfattar- tilvisingar	281
c) Annan litteratur	283

TILLEGG

Kart:

I. Oversyn over dei overnaturlege øyane i norsk folketradisjon, og talet på belegg for kvar einskild:	etter 88
II: Oppskrifter og andre belegg distribuerte heradsvis og distriktsvis. Nord-Noreg	etter 121
III: do., Sør-Noreg	etter 121
IV. Overnaturlege øyar i Irland	s 178

I N N L E I I N G

1. Presentasjon av emnet

"D e i l u k k e l e g e ø y a n e" gjev i sin norske målbusnad minningar om både Insulæ Fortunatæ eller αι τῶν μακαρῶν νήσοι i den antikke førestellingsverda og i mellomalderlitteraturen, og gullalderdraumar og naturmystikk i den romantiske og i den nyromantiske tidsalderen her heime. I dei romantiske straumdraga har folkeminnevitskapen sitt fyrste opphav og derifrå har han fått sine fyrste tilskuvar. Den tradisjonen me her skal behandla, vekte frå fyrste stund interesse; førestellingane om "Dei lukkelege øyane" vart snart eit omtykt motiv hjå romantikarane: Welhavens dikt "Alfeland" er eit døme på det. Frå fyrste stund vart den norske folketradisjonen sett i samband med dei klassiske motiva.

Med tradisjonen om "Dei lukkelege øyane" meiner me her truer på og førestellingar og dikting om øyar eller land til havs uti vest som til vanleg ikkje er å sjå for menneskeaugo eller dit vanlege menneske ikkje kan koma, og forteljingar om korleis menneske har vitja dei og er atkomne så dei kan fortelja om desse

fagre huldelanda, og om lagnaden deira som har vore der, eller korleis menneske ved magiske føregjerder kan løysa den trolldomen som desse øyane er under. Med same tyding som "Dei lukkelege øyane" nyttar eg her nemningar som huldreøyar, overnaturlege øyar; etter den mest kjende av dei i norsk tradisjon til dels òg berre Uttrøst som samnemnar for dei alle.

Slike førestellingar og motiv er kjende frå mange land og frå skiftande tider.

2. Føremålet

Denne studien har eit ålment og eit spesielt føremål.

Den ålmenne føreloga er at me med utgangspunkt i eit avgrensa folkloristisk materiale vil freista å koma fram til ei forståing av kva krav til metode og tilnæringsmåte dette materialet set for at me skal få innsyn i dei livs- og vokstervilkår folketradisjon og folkedikting har, og ei forståing av kva folketradisjon er.

Spesielt set me som føreloge for denne studien å gjeva eit samla oversyn over det norske tradisjonsmaterialet som det har vore vanleg å setja i samband med "Dei lukkelege øyane" så langt det har vore råd å samla dette materialet, å jamføra det med tilsvarande tradisjon

frå andre land og frå andre tider, og såleis røkja etter kva samanhang det kan påvisast mellom det norske tradisjonsmaterialet og det frå andre land og folk, og på den måten få innsyn i dei vilkåra førestellingane og motiva har hatt for å leva i tradisjonen.

Samstundes skal denne studien ha karakter av ei materialsamling. Den finske folkloristen og religionsgranskaren Lauri Honko formulerer dei krav ein må setja til framlegginga av materialet slik:

Selten liegen die Forschungsverhältnisse so, daß das Material als vollständig betrachtet werden kann. Die einzige Forderung, die vorgebracht werden kann, ist folgende: das zur Verfügung stehende Material ist in extenso zu schildern. Auch jenen Traditionszügen muß Raum geopfert werden, für die der Forscher keine befriedigende Erklärung findet oder die er aus dem einen oder anderen Grunde für weniger wichtig hält. Man kann nie im Voraus wissen, welchen Umstand sich für die spätere Forschung für wertvoll erweist. 1)

Eit innhaldsreferat kan likevel etter mi meining ikkje gjera same nytten som heilslege sitat; det kan aldri verta heilt objektivt i truskap mot tradisjonen; difor lyt tradisjonen sjølv få tala gjennom eit stort og representativt utval av materialet i heilsleg attgjeving.

3. Arbeidsplanen

Innhaldselement er grunnlaget for identifiseringa av materialet; difor trengst det fyrst ein motiv- og innhaldsanalyse. Den skal på den eine sida skilja ut det ma-

1) Geisterglaube in Ingermanland. FFC n:o 185, Helsinki 1962, s. 63f.

terialelet som kan reknast til tradisjonen om "Dei lukkelege øyane", på den andre sida plassera tradisjonsmaterialelet i samanheng med annan norsk folketradisjon.

Materialet femner om oppskrifter, notisar og redaksjonar frå tidsromet frå ikring 1590 til 1940, og består såleis dels av notisar i den eldre topografiske litteraturen, dels av litterære bearbeidingar frå andre halvta av 19. h. å., og dels av folkløristiske oppskrifter frå andre halvta av førre og fyrste halvta av dette hundreåret. Frå ein folkløristisk synsstad har ikkje alt dette materialet like stort verd, og det er difor naudsynleg med ei kjeldekritisk vurdering av materialet.

Den kjeldekritiske vurderinga er ein føresetnad for den formelle analysen, som i sin tur er utgangspunktet for ein analyse av tilhøvet mellom tradisjonsmaterialelet og folketrua, og dermed mellom folketru og folkedikting. Dette tilhøvet er det turvande å ha klårt føre seg når ein vil sjå tradisjonen i ein større samanheng og drøfta opphav og vandringsveggar, mellom anna av di spreings- og traderingsvilkåra er ulike for dei ymse tradisjonskategoriane.

Etter ei kartleggjing av den geografiske utbreiinga i tid og rom prøver me så å slå fast slektskapen mellom det norske tradisjonsstoffet og det som er kjent frå andre land og andre tider, eller å avgjera om det i det heile finst nokon slik slektskap.

På denne bakgrunnen vil me freista å få eit inntrykk av traderingsvilkåra innanfor det lokale miljøet og innan-

for eit større, internasjonalt miljø.

I siste instans må konklusjonen snarare verta ei vurdering av kva slag slutnader eit folkløristisk materiale tillèt oss å dra på grunnlag av visse metodar enn eit endeleg svar på spørsmålet om opphavet åt denne tradisjonen.

4. Utgreiingar om "Dei lukkelege øyane" i norsk folketradisjon

Trass i at Asbjørnsens Skarvene fra Udrøst har gjort den norske huldreøy-tradisjonen langt meir vidgjeten enn den plassen desse segnene har innanfor norsk tradisjon skulle tilseia, er det ikkje mange studiar som er gjorde på dette området. Til denne tid har så vidt eg veit ingen lagt fram eit samlande oversyn over det norske materialet. Dei få artiklane som er skrivne, ber òg merke av at forfattarane berre har kjent eit lite utval av tradisjonen; til dels må ein også seia at dei slutnadene forfattarane dreg, ofte verkar heller fjerrfengde. Alle framstillingane er komparative; og det slår ein at dei alle jamfører isolerte drag og motiv frå ulike land og tider på ein måte som gjev ein inntrykk av at alle notisar har same verde, og at ein notis, kvarhelst han er funnen, er representativ for ein heil tradisjon.

Dei viktigaste avhandlingane og artiklane som om-

handlar nordisk tradisjonsstoff om "Dei lukkelege øyane", er desse:

1. H. F. Feilberg: Paradisminder og Paradishåb.¹⁾

Feilberg gjev her att innhaldet i førestellingar og diktverk av meir eller mindre folkløristisk karakter frå alle verdsdelar; som kjennemerke nyttar han berre reint ytre innhaldskriteria. Eit indiansk eventyr vert såleis t. d. sett på line med ei fornaldarsaga; og alt materialet vert nytta til å påvisa ei sams, ålmenn-menneskeleg paradisførestelling. Denne arbeidsmetoden høver vel med den antropologiske retninga som rådde på den tida denne studien vart skriven. Men Feilberg går heller langt når det gjeld å pressa huldreøy-tradisjonen til å høyra saman med paradisførestellingane eller førestellingane om livet etter dauden. Som døme kan me ta karakteristikkene av Asbjørnsens forteljing Skarvene fra Udrøst. Feilberg refererer dei fyrste episodane fram til Bergens-ferda, og seier vidare:

Mere behøver jeg ikke at medtage af fortællingen. For den fattige Nordlænder er en bygger, en jordhytte med mad og drikke i overflod noget som Paradisets herlighed (s. 45).

Moltke Moe fekk aldri sett namnet sitt på serleg mange tittelblad; men mange har aust or hans eineståande kunnskapar både om folkedikting og om mellomalder-littera-

1) Prenta i Aarvog for dansk Kulturhistorie 1900, København 1900, s. 1-56

tur:

2. Såleis byggjer bolken om folketradisjonen i Nordland i Amund Hellands samleverk Norges Land og Folk¹⁾ på opplysningar frå Moltke Moe; det er sagt at Moltke Moe fortalde og Helland stenograferte. Artikkelen er nærmast eit oversyn over den nord-norske tradisjonen om overnaturlege øyar, samla under dei to underkapitla Utrøst-sagnene (s. 512-17) og Sjøreiser til huldreøer (s. 517-27). Moltke Moe peikar her på samanhengar med både klassisk og keltisk tradisjonsstoff; han gjev att Sophus Bugges teoriar om opphavet til Grimmismål på bakgrunn av Utrøst-segnene.

3. Sameleis står Fridtjof Nansen i stor gjeld til Moltke Moe for mellomalderleg og norsk tradisjonsstoff i Nord i tåkeheimen²⁾, der Nansen freistar å syna at sogene om vinlands-ferdene må vera ein del av den klassiske og keltiske tradisjonen om "Dei lukkelege øyane". Nansen er likevel på grunn av sitt føremål mest oppteken av den reint litterære tradisjonen, og nyttar såleis ikkje materialet i ein folkløristisk samanheng.

4. Reidar Th. Christiansen er den einaste norske folkløristen som samstundes er ekspert på keltisk folketradisjon. Etter kvart som Christiansen arbeidde seg djupare inn i irsk språk og tradisjon gjennom sitt store arbeid i Coimisiún Béaloidéasa Éireann, har ein kome ifrå dei villeggingane om keltisk opphav til alle fenomen i folketradisjonen som tyktest underlege. I det litle oppsettet

1) Bd. XVIII Nordlands Amt, Anden del, Kristiania 1908, s. 415-59

2) Kristiania 1911

Litt om nordlandsk folketradisjon ¹⁾ nemner Christiansen irske parallellar til Utrøst-segnene utan å gå noko inn på samanhengen der det tykkjest vera ein analogi. Men denne artikkelen har nærmast karakter av å vera ei helsing til det nyskipa tidsskriftet Håloygminne, og er ei oppmoding i fyrste heftet om at det må koma fart i samlarverksemda i Nord-Noreg.

5. Underleg nok finn ein bruken av analogi til prøv-
føring for samanheng hjå dei to danske folkløristane
Bengt Holbek og Iørn Piø i deira bok Fabeldyr og Sagnfolk. ²⁾
Dette er særskilt underleg av di Iørn Piø i si bok Folke-
minder og traditionsforskning ³⁾ steller opp dei kjelde-
kritiske krav ein folklørist må setja til sitt materiale. ⁴⁾
I kapitlet Sagn- og fabellande i Fabeldyr og Sagnfolk
vert det såleis sett opp som det fyrste av "salighedsøer-
nes fellestræk" at "øerne tilhører de døde" (s. 244), en-
då dette i høgaste grad er tvilsamt når det gjeld meste-
parten av den irske tradisjonen, og i alle fall - som me
seinare skal sjå - når det gjeld den norske tradisjonen.

6. Bengt Holbek har i tidsskriftet Skalk nr. 5, 1967
skrive ein artikkel med tittelen De saliges øer. Denne
artikkelen i ògheld pålag dei same synsmåtane som dei me
finn i det nemnde kapitlet i Fabeldyr og Sagnfolk.

På bakgrunn av og i tilslutnad til desse utgreiinga-
ne må ein sjå det føreliggjande arbeidet.

1) Håloygminne I 1920, hefte 1, s. 12-26

2) København 1967

3) Dansk historisk fællesforenings håndbøger. København
1966.

4) s. 26-37

II

ANALYSE AV INNHALD OG MOTIV

1. Materialet

Utgangspunktet for innhaldsanalysen er eit materi-
ale frå eit geografisk område som femner om Noreg, Fær-
øyane, Island, Sverige og Danmark. Det er på i alt 161
nummer.

Dette primærmaterialet er mykje heterogent; og inn-
haldsanalysen kan ikkje baserast på heile dette material-
et.

Føremålet med innhaldsanalysen er å få eit oversyn
over den tradisjonen som me finn i Noreg med tilknytning
til førestellingane om "Dei lukkelege øyane"; difor vil
6 nummer frå Færøyane, 5 nummer frå Danmark, 1 nummer frå
Sverige og 2 nummer frå Island verta utskilde og vurderte
for seg, og så samanlikna med den norske tradisjonen.
Sameleis vil 5 nummer frå norrøn og annan gamalnordisk
bokheim verta behandla under drøftinga av spreing og tra-
deringsvilkår. 17 nummer frå samisk tradisjon vil det
vera rettast å behandla saman med annan ikkje-norsk tra-
disjon, av di dette materialet har eit anna språkleg,
etnisk og i ein viss mon miljømessig grunnlag enn det
norske.

Dei 125 nummer som då står att frå Noreg, er likevel

ikkje alle etter sitt innhald ein del av lukkeland-tradisjonen. Som det vil framgå av drøftinga under bolken Av-grensing og relasjonar i dette kapitlet, glid dei ulike tradisjonsgruppene over i kvarandre utan klåre skiljeliner. Primærmaterialet omfattar såleis 17 nummer som etter sitt innhald høyrer heime i gruppa Samror med huldrefolket, og 18 nummer som soknar til gruppa Malten-segna.

Det står då att eit kjernemateriale på 90 nummer som på ein eller annan måte inneheld drag som gjer at dei kan seiast ha samband med tradisjonen om "Dei lukkelege øyane."

2. Innhaldselement og systematisering.

Den tradisjonen me her er interesserte i, vil me finna under ymse overskrifter i 3 register eller katalogar over norsk folketradisjon; sams for dei er det at systematiseringa går føre seg etter både innhalds- og formkriterium.

Etter NFL 12¹⁾ vil det meste av materialet gruppera seg under E. Sagn og fortølling (s. 99), 2. overnaturlige væsener (s. 100), b. i vand (s. 102) under fylgjande punkt: /5/ Huldreland i sjøen. - Utrøst, /6/ Folk som har vøret på besøk der, /7/ Folkene der, deres sjøliv, og /8/ Om usynlige øer som mennesker har erobret. Ved ild. Historien om grisen med jernringen i trynet. Christiansens bok er bygd opp etter systemet i arkivet i Norsk Folkeminnesamling i Oslo, men er noko forenkla. Inndelinga har fleire veiler

1) Reidar Th. Christiansen: Norske folkeminne. En veiledning for samlere og interesserte. Oslo 1925.

når ein ser henne frå ein systematisk synsstad: hovudoverskrifta høver nok; men overnaturlige væsener er det berre i ein liten del av denne tradisjonen, og aller minst kan ein seia at dei er i vand.

NFL 50¹⁾ fylgjer same prinsipp, men byter om på rekkjefylgja, noko som fører til at nærskylde tradisjonsgrupper vert ståande langt ifrå kvarandre. Under Mytiske segner (s. 16ff) finn me som gruppe /21/ Utrøst-segner, og under Historiske segner (s. 20ff) som gruppe /14/ Øyar, bundne og løyste, endå om det snautt kan vera tale om nokon historisitet i det heile i denne gruppa; snarare burde ho då vore oppført under Opphavs-segner (s. 22f).

Den tredje katalogen, Reidar Th. Christiansen: The Migratory Legends²⁾ er ein segnkatalog avgrensa til eit tilfelleleg utval av "vandresegner". Her vil ein del av materialet kunna oppførast under nr. 4075. Visits to Utrøst - The Blessed Islands - told as actual experience, like visits to fairy-dwellings (s. 75). Christiansen har likevel ikkje sett opp nokon incident-analyse eller gjeve opp ei einaste kjelde til 4075. Gruppe /8/ i NFL 12, Om usynlige øer som mennesker har erobret, er det ikkje reservert plass for i FFC 175; som kapittel VII vil syna, kan grunnen neppe vera den at dette ikkje er eit internasjonalt vandremotiv.

Av di dei tri katalogane sprikjer så mykje, og av

1) Svale Solheim: Register til Norsk Folkeminnelags skrifter nr. 1-49. Oslo 1943.

2) A proposed list of types with a systematic catalogue of the Norwegian variants. FFC Vol. LXX₁ n:o 175. Helsinki 1958.

di det systemet som Norsk Folkeminnnesamling nyttar til registrering på mange måtar ikkje dekkjer innhaldet eller er noko misvisande, vil eg ved innhaldsanalysen leggja ein annan inndelingsmåte til grunn. Det bør presiserast at inndelinga einast byggjer på innhaldselement, og at alle nummer i materialet førebels vert behandla som jamverdige.

Eg vil dela tradisjonsmaterialet i to hovudgrupper:

I. Tradisjon om eksistensen av overnaturlege øyar, og II. Tradisjon om sjøferd til (og viking i huldregard på) overnaturlege øyar.

3. Innhaldsanalysen

I. Tradisjon om eksistensen av overnaturlege øyar

Sams for det materialet som fell inn under denne hovudgruppa er at eksistensen står i sentrum for interessa. Såleis omfattar gruppa notisar og tru og førestellingar om at slike øyar skal finnast og kvar dei finst, og ymse slag provføring for at dette er sant. Gruppa femner òg om referansar til slike truer og førestellingar. Vidare femner ho om fråsegner om at slike øyar skal ha funnest, og i episert eller ikkje-episert form fråsegner og fortellingar om korleis det gjekk til at ei overnaturleg øy vart løyst frå maktene eller trolldomen som batt henne, eller kva føregjerder ein skal taka om ein vil gripa aktivt inn og løysa trolldomen. Det syner seg at materialet

kløyver seg etter innhaldet i to grupper som svarar til den kløyvinga me ville få etter ein genre-analyse. På den eine sida får me ikkje-episert tradisjonsstoff i form av trudomsfråsegner, påstandar og fråsegner som referanseråme for episk forteljestoff, og ymse slag stutte notisar av refererande karakter. På den andre sida får me det episerte tradisjonsstoffet, og dette kløyver seg i to fast utforma typar med sers konstante innhaldselement. Me vil sjå på desse gruppene kvar for seg.

A. Ikkje-episert tradisjonsstoff

Den store skilnaden i kva slag materiale me har under denne gruppa gjer det naturleg å dela henne i to etter historiske kriterium. Eg set grensa ved 1850 som er eit rundt tal og som samstundes fell nokolunde saman med det tidspunktet då tradisjon om overnaturlege øyar for fyrste gong vart publisert som tradisjon, og kallar det som kjem før for "Historisk materiale i form av notisar frå tida før ikring 1850", og behandlar dette kronologisk, slik at me får ei framstilling av kor gamal og kor kjend tradisjonen er her i landet. Redaksjonar og oppskrifter frå tida etter ikring 1850 behandlar eg tematisk utan sideomsyn til kronologi.

a) "Historisk materiale" i form av notisar frå tida før ikring 1850

Den fyrste notisen om tradisjon om overnaturlege

øyar i Noreg finn me i Lofotens och Vestraalens Beskriffuelse av Erik Hanssen Schønnebøl, frå 1591:

Her findes og et slags fugle, som mand kalder havheste, hvilke ieg tror visseligen at være den fugl, som Plinius skriver om og kalder halcyon paa gresk, fordi navnet uttydes paa dansk af græsken, som mig er berettet, mener det havasen, hvilket vi kalde havhest. Denne fugel er ikke red for folk, men han setter sig hart op til baaden, og æder af alt det, som de udkaster. Hans maal er ligesom en hest naar han knegger, han er graa paa fierene, og er ikke aldeles saa stoer som en liden strandmaage, hans neb er som et maaseneb, oven paa nebbet hart hos ðynene ere to store huull, ligesom næseborrene paa en hest, og der skal være hans næseboer, han er ikke ædendes, der gaar en slem forgiftig lugt fra hannem, men der er ikke mange som vil røre ved hannem, men dersom nogen slaar ham med en aarelom, det er den store ende af aaren, saa at han ligger slet død paa havet, da kommer 2 andre af hans staldbrødre og river paa hannem med svart raab, jndtil saa længe han flyr sin kos bort med de andre. Mig er ogsaa udi sandingen sagt af gode og ærlige folk, at dersom mand vil gribe denne fugl levendes, og binde et lidet staa paa hannem, da kunde de andre hans staldbrødre det kiende, og straxen merke at han haver staa paa sig, og derfor forsamler de sig omkring hannem, og river alle fierene af hannem, og dersom de ikke enda kunde faa jernet af hannem, saa rive de hannem selv i hiel og saa flye de bort. Denne fugel er ikke gierne fremme uden i mørkt veir, ellers holder han sig udi det vilde hav paa ðer, som ingen christen meniske kommer eller veed sig der af at sige. Mange mennisker ere udi denne mening, at denne samme havhest skal være en hulderfugl, og derfor kand han ikke fordrage staa paa sig, thi dersom staalet kom paa det land som de ere, saa mene de at det samme land maatte blive aabenbaret. Men jeg holder det for et fabell. Men det er vist og ofte forsøgt, at dersom mand binder staalet paa og slipper hannem saa løs, da river alle de andre fierene af hannem, og paa det sidste da river de ham slet ihiel, men hvorføre de det giøre, det maa gud viide som alting veed. 1)

1) Prenta i Gustav Storm: Historisk-topographiske Skrift-
er om Norge og norske Landsdele. Christiania 1895,
s. 207f. For full tittel på verket, sjå s. 269.

I 1676 kom det i Amsterdam ut ei lita bok med den lange tittelen Promodus e Norvegia, sive Descriptio Loofoviae, omnium Nordlandiae praefecturae longe celeberrimae accuratissima, autore Dieterico Brinckio. Her heiter det:

Incolae Roestenses Japyga versus aliam observarunt insulam, Wdroest dictam, duobus miliaribus circumscriptam, quae accedente subinde mari undis obruta oculorum obtutui se quasi subducit, refluxente autem sursum comparet. Talem terram Norlandi Huldeland vocant. Jani Christiani, quondam loci praefecti Regii, haereditis, ovum illic repertum anno 1658 ostentant gloriabundique jactitant. 1)

Den italienske prelaten Francesco Negri gjorde i 1664-65 vinterstid ei ferd langs norskekysten heilt opp til Finnmark. Dette er vel ei av dei merkelegaste turistferder nokon har gjort hit til lands. Ei skildring av denne ferda kom ut i Padova i året 1700 med tittelen: Viaggio Settentrionale fatto e descritto dal motto Rev. do Sig.^r D. Francesco Negri da Ravenna. In Padova M.D. CC. Her finn me i kapittel V denne skildringa:

I Nærø Præstegjeld er der en Ø, som ligger 80 italienske Mile eller 8 af disse lange norske Mile fra Land, og som kaldes Sklinden. Om denne forsikrer mig mange Præster, dog ikke som Øienvidner, men efter troværdige Menneskers Udsagn, at den undertiden forsvinder for Tilskuerens Blikke, især hvis man særlig søger den. Der findes paa den nogle ubetydelige Fjeldtoppe, og ligeledes voxer der Buske og Smaatræer. Jeg vilde didud og se den, men man fraraadede mig det, fordi den, som de sige, er usynlig for den, som netop gaar ud paa at søge den. Og uden vilde ingen paa denne Aarstid i en liden Baad vove sig ud paa et Hav som dette, hvor der intetsteds findes en Havn at ty til. Denne Be-

1) Her sitert etter Ludvig Daa: Italieneren Francesco Negris Reise i Norge 1664-1665. Historisk Tidsskrift 2. Række VI, Kristiania 1888, s. 130, merknad.

tragtning beroligede mit Sind; thi vel er min Lyst til at se det Mærkværdige meget levende; men Ønsket om at bevare mit Liv endnu stærkere. Jeg nøier mig derfor med at omtale dette, uden at kunne bevidne det som sikkert.

Forudsat, at det er sandt, hvad der fortælles om Sklinden, saa kan Aarsagen maaske være en naturlig, men Djævelen kan maaske ogsaa her drive sit Spil paa to Maader. Enten viser han Billedet af en Ø, som da af Mangel paa virkelig Tilværelse igjen maa forsvinde, eller ogsaa, hvis Øen virkelig eksisterer, forhindrer han ved et Kogleri, at man faar Øie paa den. Jeg har hørt fortælle det samme om S a g n f l i s (sic), som er fire Øer længere nordover. 1)

Frå 1696 stammar Jomfrulands Beskrivelse udi slette Bonde-Rim etc. etc., av Roland Knudsen; denne skildringa vart likevel ikkje prenta før i 1802:

Hvorledes Jomfruland, af Havet overskygget,
Ved Underjordens Folk er første Dag bebygget
Og siden ligget skjult i mange gode Aar,
Der er en gammel Sagn i Bøjgdelaavet gaaer.

Det af søfaren Mand er kaldet Landet gode,
Men som i fordom Tid tre Jomfruer der boede,
Som deres Jomfrudom betroede ingen Mand,
Da det og efter dem blev kaldet Jomfruland. 2)

O. A. Øverland opplyser i si bok Fra en svunden tid at

sagnene om Jomfruland og huldrelandene paa vestlandet er først optegnede af en orlogsgast ombord paa Høienhald 1711-14 (manuskript i Rigsarchivet).

Det ville ha vore over lag interessant å sétt nærare på originaloppskriftene; men freistnadene på å finna dei att i Riksarkivet no har di verre ikkje ført fram. Øverland refererer desse oppskriftene slik:

- 1) Omsett av Ludvig Daa, op. cit., s. 85-158, sitatet her frå s. 129f
- 2) Topographisk Journal for Norge, 29. Hefte, Christiania 1802, s. 179-88, dei to fyrste strofene.

Ogsaa søndenfjelds har man Sagn om saadanne øer. 4 mile vestenfor Udsire kjender man saaledes en langstrakt ø, paa hvis singelkyst torsk og anden fisk gaar i store stimer, saa store, at sagnet i forrige aarhundrede vilde vide, at et enkelt skib fra Arendal paa en dag der havde fisket 6 læster. Vestenfor Lister ligger der en 4 mile lang ø, hvor de underjordiske har sine bosteder. Sydost for Jomfruland skal fremsynte mennesker stundom endnu se en større ø. 1)

Erich Pontoppidan omtalar òg overnaturlige øyar i Første Forsøg paa Norges Naturlige Historie; men han meiner det må vera kraken det dreier seg om. Det er tydeleg at han ikkje kjenner dei skriftene som er nemnde ovanfor:

Saavidt har jeg om dette allerstørste men hidindtil lidet eller intet bekjendte Hav-Dyr givet den Efterretning, som mig derom er forekommen. Nu vil jeg fremdeles melde, hvad kunde høre derhen, samt oplyses derved, saa og tiene til Stadfastelse derpaa. Den ofte citerede Hr. LUCAS DEBES melder i sin Færøiske Beskrivelse adskilligt om hastig fremskinnende og hastig igjen forsvindende Øer, hvis Væsen ingen kunde forstaae sig paa, saa man ikke torde forundre sig over at Almuen, ja vel klogere Folk har holdt saadanne ustadige Eilanders korte Aabenbarelse paa de Steder, hvor man ved daglig Seilads vidste at ingen Skiær end sige Eilande fandtes, for at være dievelske Phantasmata og Kogelspil af den Aand, der glæder sig ved Menneskenes Skade, hvilken og undertiden skulde befordres derved, at Søfarende Folk mene de see Land, hvor intet er, følgelig blive confuse, gjøre urigtig Gisning og Misregning, som kand lede dem af fra deres Cours og siden i største Ulylighed. *)

*) /fotnote:/ Om ustadige Øer eller Eilande see EVERH. HAPPELII Mund. Mirab. Tom. I. Lib. IV. cap. 20, 21, og hos THORMOD. TORF. staaer et merkeligt Vidnesbyrd af samme lags, om en ligesom af Vandet i B r e i d e f j o r d paa Island fremkommende Øe. Annales notant,

- 1) op. cit., Kristiania 1888, kap. Alfelande, s. lff; sitatet her s. 2f.

emersisse ex undis insulam quandam vel rupes
 (An. 1345.) antea nunquam visas in sinu Islan-
 diae Breidafjordo. Hist. Norw. p. IV. L. IX. c.
 8. p. 477. Skade er det, at han ikke melder, om
 den blev der bestandig.

Mange Søefarende, særdeles her i Nord-
 Søen, berette det samme om hine hastig forsvin-
 dende Tegn til Land, hvor intet er, og da de
 naturlig flydende smaa Øer paa ferske og næst-
 en stillestaaende Vande, som jeg i P.I. Cap. 3
 har viist at være her i Norge og andensteds,
 umuelig kunde ventes at holde ud paa det brus-
 ende Hav, som bryder og knuser de stærkeste
 Skibe, saa synes dem, der er ingen anden Ud-
 flugt end at give Dievelen skyld for dette saa-
 velsom alt andet Ont. Men da man, efter den
 sande Regel, ikke maa gjøre et Skarn Uret el-
 ler give ham skyld, hvor han ikke har den, saa
 tanker jeg, den Dievel der i en hast gjør fly-
 dende Øer, er ingen anden end hiin omtalte
 Krake, hvilket nogle Søe-Folk ogsaa kalde
 S ø e - D r a u l e n, det er Søe-Trolden.
 Hvad som bestyrker mig i disse Tanker, er ef-
 terfølgende Tildragelse, anført af den velfor-
 tjente Svenske Physico, Hr. URBAN HIERNE i hans
 K o r t a A n l e d n i n g e n t i l
 a t h s k i l l i g e M a l m s o g
 B e r g a r t e r s E f t e r s p ø r j a n-
 d e, pag. 98. Efterretningen selv er ellers fra
 Baron CARL GRIPENHJELM, General-Directeur ved
 Land-Maaler-Contoiret, og lyder summariter saa-
 ledes: "I Skiærene (ved Stockholm) seer man
 undertiden nogle Land-Kiendinger, som ellers
 ikke sees, og undertiden synes de at ligge paa
 et andet Sted. BUREUS har sat samme Øe paa Kor-
 tet. Bønderne, som kalde den G u m a r s -
 Ø r e, sige, at den sees ikke altid. Den ligger
 i det store Farvand, men jeg har aldrig fundet
 den. En Søndag, da jeg var ved Skiæren, for at
 tage dens Grunder, hændede det sig, at jeg paa
 et Sted fik at see 3 Spidser paa Havet, da blev
 jeg ilde til mode, og meente, at jeg i Glemme
 havde gaaet dem forbi. Jeg kaldede Bonden og
 spurde om Gumars-Øre, men da Bonden kom NB.
 fik man intet mere at see. Bonden sagde, det
 var ret nok, og spaaede en stor Storm eller me-
 gen Fisk &c." Saavidt Hr. GRIPENHJELM. Hvem
 seer ikke her foruden vidløftig Application,
 at den snart synlige, snart forsvindende Gumars-
 Øre med sine Spidser og Spaadom om Fisk, maa
 være, og efter al optænkkelig Muelighed, ikke
 kand være andet end K r a k e n, K r a b b e n
 eller S ø e h o r v e n, æret ufortient af

BUREO med at tegnes paa hans Søe-Kort, som en
 fast Grund, da dette Udyr formodentlig der har
 havt sit sædvanlige Tilhold, og ofte er frem-
 kommet af Dybet blant Skiærene. Hvad den let-
 troende OL. MAGNUS in Hist. Septentr. Lib XX
cap. 25. skriver om Hvalfiske saa store, at
 man anseer deres Ryg for en Øe, paa hvilken
 man kunde ligesom gaee i Land, tænde Ild og
 forrette adskillig Gierning, er en aabenbar
 Fabel og latterlig Digt. 1)

Frå 1763 har me ein notis (fotnote) av Gerhard Schø-
 ning om Uttrøst:

Røst er et lavt Land, om hvilket man derfor
 har den Sagn i Nordlandene, at det tilforn har
 staaet under Vand, eller været blandt de skiul-
 te Lande, H u l d e r - L a n d e kaldede,
 som ei sees, uden sielden og i visse Tilfælde,
 af hvilket Slags Lande de foregive, at der end-
 nu ligger eet i Syd-Syd-Vest fra Røst, om jeg
 ret erindrur, U t - R ø s t, kaldet, hvorom
J. Ramus og lidt mælder i sin Outinus & Ulysses,
 pag. 114. 2)

I Thaarups Magazin omtalar I. C. Berg Uttrøst såleis:

Herunder Landet er et skjønt Kobbeveide med
 hvide Kobber. Uden for Røst ere store Fielde,
 nemlig Storfield, Stafne, Evnyken &c. men Nord-
 vest for Røst skal findes en stor Øe, som kal-
 des U d r ø s t, udi Circumferance af to Mile;
 men er saa lavt Land, at det kan ikke beboes,
 efterdi Landet udi Flod overløber med Vand. Ski-
 bene, som reise til Finmarken og Rusland, ere
 her varsomme, at de kunne faae Meed og Kiending
 af Landet, men dog ikke komme det for nær, at de
 ikke af Strømmen skulle hensættes i Mosken. 3)

- 1) Erich Pontoppidan: Det første Forsøg paa Norges Natur-
 lige Historie. Anden Deel. Kiøbenhavn 1753, s. 345-48.
- 2) Gerhard Schøning: Beretning om den Venetianske Edelmands
 Petri Qvirini Skibbrud og Ankomst til Øen Røst i Nord-
 landene A.o 1432. Det trondhiemske Selskabs Skrifter.
 Anden Deel. Kiøbenhavn 1763, s. 123f fotnote.
- 3) I. C. Berg: Om Maal- eller Moskøstrømmens Beskaffenhed.
 Thaarups Magazin, Bd. II, Kiøbenhavn 1802-03, s. 426.

Den neste notisen i den topografiske litteraturen kom på avgjerande måte til å setja merke etter seg. Jens Edvard Kraft har i sin Topographisk-statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge ein notis om Sandflesa og Utrøst:

Ligesom en gammel Vise i Peder Dass's Maeneer indeholder en fuldstændig Skildring af en udenfor Trænen i Helgelands Fogderie liggende mystisk Øe, Sandflæsen kaldet, saaledes har man ogsaa paa Røst et Sagn om et udenfor denne Øe liggende Huldreland, Udrøst kaldet, som skal have vist sig enkelte Gange, ja hvis Beboere man endog vil have seet. Bonden i Udrøst, heder det, har sin Jægt ligesom andre Nordlands Indbyggere; men seer den undertiden komme sig imøde for fulde Seil, og i samme Øieblik, som man troer at støde sammen dermed, er den forsvunden. Dette Sagn kan muligen et eller andet Natur-Phænomen have foranlediget; Morgana-Syn ere ikke ualmindelige i disse Egne, og man har endog en egen Benævnelse for det optiske Bedrag, som Refractionen foraarsager, i det den vanskaber og ophøier fjerne Gjenstande, og lader Kyster blive synlige, som egentlig ligge under Horizonten. Man kaldet det H i l d r i n g og siger, at Gjenstandene h i l d r e s op. Maaskee kan ogsaa virkelig have ligget Øer i disse Farvande, som Havet har opslugt. (Meddeelt af Prof. Keilhau. See og Schønning i Thronhjemske Selskabs Skrifter, 2den Deel, S 123 og 124, og J. Ramus i hans Othinus og Ulysses, S 114, samt Thaarups Magazin, Andet Bind, S 426) 1)

Denne notisen er nemleg sitert i andre utgåva av den aller fyrste prenta segnsamlinga me har i Noreg, Norske Sagn, samlede og udgivne af Andreas Faye, som kom ut i 1833 og i ny utgåve 1844. Endå boka har mange lyte, fekk ho over lag mykje å seia for det vidare arbeidet med folkeminne i Noreg. Alt i 1848 nytta J. S. Welhaven huldreland-motivet i diktet Alfeland (i samlinga Halvhundrede

1) Christiania 1820-35; sitatet frå Bd. VI 1835, s. 403f

Digte), og dei to fyrste strofene av dette diktet nytta P. Chr. Asbjørnsen som innleiing til sin namngjetne redaksjon Skarvene fra Udrøst fyrste gong forteljinga vart prenta i Norsk Folke-Kalender for 1849. 1) I innleiinga til Tuftefolket paa Sandflæsen siterer Asbjørnsen i lett omskriven form notisen hjå Kraft, som vanleg utan å oppgje kjelde, men mest truleg etter Faye. 2) I 1853 prenta Ivar Aasen av ei oppskrift han hadde gjort i Lofoten i 1851. 3) Frå desse redaksjonane og utgåvene skriv det seg truleg at Utrøst-segnene har vorte så namngjetne; og me ser at publiseringa av desse forteljingane fell saman med nokre av dei aller viktigaste hendingane i den tidebolken som Moltke Moe så råkande har kalla "Det nationale gjennombrud." 4)

- 1) P. Chr. Asbjørnsen og Jørgen Moe: Norske folke- og huldreeventyr i utvalg etter originaltekster 1852 og 1870. Ved Trygve Knudsen. Oslo 1964, s. 154 og 186f. Alle tilvisingar til Asbjørnsens redaksjonar heretter gjeld denne utgåva ("Knudsens utgåve").
- 2) *ibid.*, s. 160 og 187
- 3) Ivar Aasen: Norske Minnestykke. NFL 1, ved Jens Lindberg, Oslo 1923, s. 58ff og 186, og same forfattar: Prøver af Landsmaalet i Norge, Christiania 1853, s. 1ff.
- 4) Moltke Moe: Samlede skrifter, utg. v. Knut Liestøl. (Instituttet for Sammenlignende Kulturforskning, serie B: skrifter, I, VI og IX), Oslo 1925-27, Bd. III, s. 1-196.

b) Redaksjonar og oppskrifter frå tida etter
ikring 1850

1. Me har under denne gruppa ei rad meir eller mindre detaljerte fråsegner om overnaturlige øyar som skal finnast. Som døme kan me gje att det Storaker skriv om Utrøstvega:

Et endnu ypperligere Land skal der være udenfor Vegø; men det er langt derhen fra Vegø. Nogle sige, at det er omtrent 5, andre 10 Mil, men Ingen ved det med Sikkerhed. Kun skibbrudne Mænd have været der; er man i Livsfare, reddes man der. Torsken er saa stor og tyk som en Tønde, og der er saa fuldt af den, at den ruller over Ankertaugget. Folket der hører til Huldrefolket; det er godmodigt af Sind, og modtage Folk, som ere i Fare, med aabne Arme. Landet heder Udvegø. At det ikke er kommet op af Havet, har sin Grund deri, at der er saa langt dertil, at intet Dyr kan svømme derud. Men Folk, som komme der og ligge for Anker, ville ikke kaste Staal ud, for de vide, at de da med det samme ville blive forvandlede til Sten. Desuden er Seierstaalet ikke at faa i vore Dage. 1)

Av ei rad oppskrifter av Karl Braset om ei overnaturlig øy i Strindfjorden, skal me her ta med eit par:

Døm ska ha fynni bøgaks i styri naar døm hi ferri aaver Strinnfjolen. Der ska vaarraa i øy der som e osynle.

Utti Strinnfjola hen mein døm de ska lig-gji ei øy skjuld. Aa Tautra ska itt ha verri synle all tia. 2)

1) Joh. Th. Storaker: Naturriggerne i den norske Folketro. (Storakers samlinger IV). NFL 18, ved Nils Lid, Oslo 1928, s. 30 nr. 68

2) Uprenta; NMA = Kopi NFS Braset u. pag.

2. Ofte finn ein slike referansar i samanheng med episke utformingar som innleiande eller avsluttande kommentar, eit drag ein ofte finn i folkeleg forteljestil. I ei forteljing om eit båtlag som bergar seg i hamn på Utrøst, finn me denne slutnaden:

Då jekta kom heim, tala folk mykje um dette landet. Ingen visste kor jekta hadde vore; men mange gat på at ho hadde vore på Utrøst. Seinare sette dei jekta upp. Då syntte det seg at det var rett som folk hadde meint. Dei fann byggaks i styrelykkja på jekta. Dei hadde sigt over kornåkrane på Utrøst. 1)

I eit par forteljingar om segnfiguren Breistrandfinnen fortelst det som slutnad:

Han hadde elles sagt seg god for det, Breistrandfynn, å ta hamn i Utrøst når han vilde. Og folk fekk syn for det han var mann for sine ord. 2)

Då det var retteleg dag, fann dei rugaks i spygata, så han Breistrand-Finne hadde segt (gjennom klåre kornåkrane. 3)

På fleire vis er det interessant å sjå på ei skilddring frå nyare tid som syner korleis omgrepet Utrøst har nedfelt seg hjå folk:

1) NFL 33, Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland. Oslo 1935, s. 87, oppskrive etter "mange" frå Tysfjord, Ofoten og Lofoten.

2) NFL 37, Ragnvald Mo: Dagar og år. Segner frå Salten. Oslo 1936, s. 159, oppskrive i Saltdal.

3) NFL 53, Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland II. Oslo 1944, s. 18, etter Arnold Myrhaug, Trondenes.

I nedtegnerens ungdom lå det notbruk jeg var med ved Bodø og speidet etter sild. Så en dag kom der beskjed om at kval og bruk var sett ute ved Helligvær. Det bar flux ivæi med alle notbruk. Det var en grå disig oktoberdag. Kommet frem før de fleste på haugen "for å se". Lofotveggen tegnet sig som en uhyre sag med store og små tinder og lengst ute i havbrynet såes Stavøen og Vedøen.

Jeg som de andre stod og glante utover havet. I nærheten av mig stod et par striler, hvorav den ene vistnok var "Nymøring fra Nordland". Den eldste forklarte sin kamerat navnene på de forskjellige tinder vest etter og sa tilslutt: "Disse 2 tuver der langt ute i havet er Røst og vestenfor der er landet Utrøst, som kun kan sees i godvær, men der bor folk der også, og der er gildt både med fisk og sild, ser du." At fortælleren trodde, hvad han fortalte sin yngre kamerat, blev jeg snart klar over. 1)

Korleis vona på berging i havsnaud på Utrøst er referanseråme for ei episk utforma forteljing, syner dette dømet:

Det var eingong ei nordlandsskuta som kom ut for eit forferdeleg uver.

Folket laut leggja skuta på driv for å berga seg. Såleis låg dei i fleire dagar. Til slutt visste dei ikkje kor dei steunde eller kor dei var. Veret vilde ikkje gje seg. "Det er så mange som skal ha kome oppunder Utrøst og vorte berga," sa skipperen. "Det var 'kje så vel at vi fikk livd av det landet!"

Natta etter kom Utrøst-mannen til han. Han heldt ein stor nykkel i handa. "Her skal eg gje deg nykkelen til Utrøst", sa han. "Så lenge du har den, skal du alltid finna landet. Men du skal lova meg ein ting: Du skal festa bu i landet og vera der." - "Nei, på Utrøst vil eg aldri bu!" sa skipperen. "Så skal du sleppa å koma til Utrøst nokon gong!" sa Utrøst-mannen. Med det same var han burte.

Då folket fekk landkjenning, var dei komne inn imot Vestfjorden. 2)

1) M. Jakobsen: Gamle historier: II. Han som rodde leiekar i Utrøst. Hålogminne VI 1941, s. 117, etter K. Kristoffersen, Tenna.

2) NFL 33, Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland, s. 88, oppskrive frå Tysfjord.

3. Meir vanleg er det likevel å finna innfletta slike referansar eller reine trudomsfråsegner som innleiing eller kommentar hjå utgjevarar av folketradisjon. Eit døme er innleiinga til Asbjørnsens Skarvene fra Udrøst:

Ved Hjemkomsten hender det ikke sjælden de nordlandske Fiskere, at de finde Kornstraa fæstede til Styret eller Bygkorn i Fiskens Mave. Da heder det, at de have seilet over Udrøst eller et andet af de Huldrelande, hvorom Sagn gaa i Nordlandene. De vise sig kun for fromme eller fremsynte Mennesker, som ere i Livsfare paa Havet, og dukke op hvor ellers intet Land findes. De Underjordiske, som bo her, have Agerbrug og Fæavl, Fiskeri og Jægtebrug som andre Folk; men her skinner Solen over grønnere Græsgange og rigere Agre end noget andet Sted i Nordlandene, og lykkelig er den, som kommer til eller kan faa se en af disse solbelyste Øer; "han er bjerget", siger Nordlændingen. En gammel Vise i Peder Dass's Manner inneholder en fuldstændig Skildring af en Ø udenfor Trænen i Helgeland, Sandflæsen kaldet, med fiskerige Kyster og Overflod paa alle slags Vildt. Saaledes skal der ogsaa midt i Vestfjorden undertiden vise sig et stort, fladt Agerland, som kun dukker op saa høit, at Axene staa tørre; og udenfor Røst, paa Lofotens Sydspidse, fortælles om et lignende Huldreland med grønne Bakker og gule Bygagre; det heder Udrøst. Bonden i Udrøst har sin Jægt ligesom andre Nordlandsbønder; undertiden kommer den Fiskerne eller Jægteskipperne i Møde for fulde Seil, og i samme Øieblik som de tro at de støde sammen med den, er den forsvunden. 1)

Ein liknande påstand finn me i Asbjørnsens innleiing til Tuftefolket paa Sandflæsen, der det m. a. står:

Der findes dem, som tror, at denne Banke undertiden hæver sig op over Havet som en deilig Ø ... 2)

1) Knudsens utgåve, s. 154f.

2) ibid. s. 160.

Av same slaget er denne innleiinga:

Auvar i nordre Hillesøy har i folketru og segn fått ord på seg som hulderland. Einsleg som holmane ligg der langt utom alt land, i vintermørkret utilgjengeleg inngjerda av brått og brann, men i somardagane og ikkje minst nettene fager og grøn millom smilande sund med kvit sandbotn, er denne gruppa av holmar i folketrua vorte til eit Utrøst, der usynlege kvikjende heldt til. Av dei ymse segner skal eg taka ei som ein mann på Røstholmen fortalde og som visst ikkje har vore nedskriven før. 1)

Mindre farga av litterære ambisjonar er denne:

Nordfuglø i Karlsø skal engang i tiden have været en trolde, gjemt under havet og usynlig for menneskelige øine. 2)

4. Når opp til desse kommentarane ligg dei notisane me finn i den topografiske litteraturen, og som me siterte i førre bolken, om huldreøyane til havs der havhesten held til, hjå Schønnebøl; om Utrøst hjå Brinck, Schønning og Berg, om Sklinna og Sandflesa hjå Negri, og om Utrøst og Sandflesa hjå Kraft.

Mangfeldet i form, innhald og tekstkritiske omstende er det som slår ein mest ved gjennomgåinga av det materialet me har samla under gruppa ikkje-episert tradisjonsstoff. Ei oppsummering av dei karakteristiske draga kan vera til hjelp:

-
- 1) Jens Solvang: Segner frå Hillesøy. Håløygminne II, 1925-28, s. 386
 - 2) O. Nicolaissen: Fra Nordlands Fortid. Kristiania 1889, s. 30.

Ein finn det sams draget i dette ymseverne materialet at det inneheld ein referanse til ei øy eller eit land som ikkje eksisterer, eller som har vore under trolldom: Utrøst, Utvega, Sandflesa, Sklinna, ikkje namngjevne øyar vestanom Utsira, vestanom Lista og søraust for Jomfruland, og ei øy i Beitstafjorden/Strindfjorden som til dels er kalla hollraøy (d. v. s. huldreøy), dels ikkje er namngjeven, dels kalla Jepplingøya eller Hestøya (det er vanskeleg å avgjera om det er tale om ei eller fleire øyar). Dessutan har me fråsegner om at visse øyar før har vore overnaturlige. Det gjeld Nordfugløy i Karlsøy, ytre delen av Andøya, og Tautrå i Trondheimsfjorden.

Eit drag som det er verd å leggja merke til, er at ein fleire gonger støyter på anten kornåker eller kornaks. 8 nummer har med dette draget. Til dels vert det ført i marka som prov for at folk har vore på Utrøst eller ei onnor huldreøy når dei har teke hamn på ein ukjend stad. I andre høve ligg det ikkje føre eksplisitt referanse til nokor overnaturlig øy, når det t. d. er tale om ein kornåker midt utpå Vestfjorden eller Strindfjorden.

Sams er òg det draget at desse øyane ikkje alltid er å sjå, og at folk ikkje kan koma dit av eigen vilje.

B. Episert tradisjonsstoff

Det episerte tradisjonsstoffet om eksistensen av overnaturlige øyar grupperer seg i to faste, konstante og stereotyp utforma forteljingar med små avbrigde mellom del einskilte utformingane.

a) "Tenk i tom"

Denne gruppa er fåtallig: eg har berre 6 nummer som høyrer hit. På sett og vis knyter denne forteljinga seg nærmare til det ikkje-episerte tradisjonsstoffet enn gruppa "Oppedaga øyar", av di me kan kalla henne ei episert provføring til stønad for truene på dei overnaturlige øyane. Denne saga fortel at ein mann kjem i kyrkja under gudstenesta og bed om at øya får koma inn under kyrkjesokna. Han får avslag, og svarar då med ein profeti om at øya hans då ikkje vil "koma opp" før domedag. Etter ei sermerkt vending i denne profeti-replikken vil eg kalla denne forteljinga for "Tenk i tom".

Ein versjon er slik:

Eingong kom det ein gamal mann siglande inn av havet til Bodin. Det var nett gudstenesta i Bodin kyrkja då han kom. Den gamle mannen tok dreggen sin i handa og gjekk upp i kyrkja. Han skulde spørja presten, sa han, um Utrøst kunde få koma inn under kyrkja i Bodin. "Det kan eg ikkje svara på nett no", sa presten. "Eg lyt få tenkja meg um". "Ja, tenk deg um og tenk i tom", sa mannen. "Utrøst skal ikkje bli oppedaga fyre dom!" Dermed gjekk han.

Utanfyre kyrkjedøra hogg han dreggen inn i steinmuren, så folk skulde hugsa på at han hadde vore der. Dei kunde lenge sjå at det synte seg merke i steinmuren for dreggleggen og to klør.

Det var Utrøst-mannen som hadde vore i kyrkja i Bodin. 1)

O. Nicolaissen fortel nett det same om Røst-kyrkja.

Her lyder replikken slik:

1) NFL 33, Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland, s. 86, etter Eilert Olsen, Leiranger.

Tenk i tom
 Udrøst kommer ei op før dom.
 Kommer det ikke op i dag,
 Saa kommer det ei op før paa dommensdag. 1)

I ei uprenta oppskrift etter Johan Olson Bruvold, f. 1844, frå Alstahaug i Nordland, er forteljinga lagd til Rødøy kyrkje, og her er forteljinga slik:

Det var eit hende, at saga om dei nye folkje på Sandflåsa vart kjent mølla folk. Det var ein søndag presten i Rødøy skulde halda kyrkje-forretning og var nettopp komen på stolen. Då gjekk kyrkjedøra opp og inn kom det ein fiskarkall, som gjekk innetter kyrkjegolvvet. Ned for prekestolen stana han og spurde presten ke han helst vilde ha eit stort kornland eller eit godt feskevær. Presten vart ståande og tenkje seg om ei stund. Då sa fiskarkallen: Tenkje du i tomme, Sandflåsa dæ dulde land er ikkje opp for domme! Og så fór kallen sin veg. Men presten vart den som ingenting fekk for det, at han vilde betenkje seg så godt. 2)

Frå Nord-Trøndelag har me òg eit par stutte versjonar. Forvitneleg er denne om Yttersklinna:

De e ein bø, eit skjær i havi der have bryt. A denn bœen kalle dœm Yttersklinna. De fertales, at de kom ein på Kålvri kjerkgål å spord om dœm villa nå Yttersklinna opp uttu havi. Så vart all så ilt me, at de va ingen som fekk mål fœr sœg. Så sto 'en i stonn, å så sa 'en:

"Tal i stomma
 så ska ho allri kœmmå opp fer domma."
 Sea hi de ingen verri som hi vessta tå
 Yttersklinn'. 3)

1) O. Nicolaissen: Sagn og Eventyr fra Nordland. Kristiania 1879, s. 29

2) Uprenta; NFS K. Strompdal V, 65. Oppskrift frå 1924-25

3) /Karl/ Braset: Hollrœventyra. Svanœventyra. Gamalt paa Sparbumaal. Sparbu 1910, s. 133. (aa=å, tjukk l ikkje merkt ut her).

Denne varianten er forvitneleg av di replikken som ein ser er noko brigda. Folk har tydelegvis ikkje skjona ordet i tom, i tome, som er det same som gno. i tómi; tóm (n.) = tid, omrøme, og tyder med tida eller i ro og mak. Ordet tom finst ikkje i ordbøkene til Aasen og Ross, og er heller ikkje oppført med nynorsk form i Heggstads Gamalnorsk ordbok. Det er vel grunn til å rekna med at denne forteljinga då må vera gamal.

Den siste verajonen vantar replikken og knyter seg på mange måtar til dei ikkje-episerte trudomsutsegnene. Også den er frå Nord-Trøndelag:

De e i fles på yttersia å Vekna som døm kalle Ytter-Sklinna. No va de ein eingång som kom ått Lækkakjerka, å så spord han ått om døm villa hå Ytter-Sklinna synbær. A døm som svårrå ja da, fer døm vart Ytter-Sklinna synbær, men itt fer nåkkån annan. Å de fertæles at døm sjer vakkert grønt lann uti havi derifrå, å feskvær å båta me mannskap ombol, å døm sælge (sic) lik trøgt på havi, ka ver de e. 1)

Det same verset, noko forvanska, finn ein òg i ei lang forteljing etter far til Edvard Ruud, Trondenes, om ein mann som heitte Tom, og som fekk hjelp av draugen til å halda mastra oppe under eit fælt uvær, til takk for at han hadde fått ein vott av Tom:

Han la seg no til og såg ikkje likt å leggje til fjords. Men utpå natta vakna han av at det bar avstad med strykande bær. Han hørde berre kor havet vaska mot jekta og tungalda vogga tungt og jamt. Men då han "skulde sjå i veret" fekk han sjå ein røssleg kar stå med styringa. Det var same man-

1) /Karl/ Braset: Hollræventyra, s. 97. aa = å; tjukk l ikkje merkt ut her.

nen som heldt mastra på Stødtrota. No skjona han det var draugen - vottevenen hans. Men han låg over med kov og dam så han kunne ikkje sjå det minste.

Ei stund dei hadde sigla, byrja dei å koma i smult vatn. No var dei vel komne oppunder Loftoten, tenkte Tom. Då såg han land i gjennom skodda. Jekta vrei seg opp mot vinden og Tom let ut framreie. Og så gjekk han til ro. Det var enno svarte natta. Draugen såg han ikkje meire til. Men frampå morgonen då han tok til å lysne av dag og Tom skulle ta nærare landkjenning, fekk han sjå at dette landet nok ikkje var det han var vant med. Her var grasgrøne sletter og gilde hus. Han såg bryggja og naust og bruk og børenskap på hjell og æse. Dette landet kjende han ikkje. Men langt vest måtte det vere. Då såg han ein mann i bryggedøra. Og Tom kjende att den same mannen han hadde sett før på ferda nordetter. Det var vottevenen hans. Tom blei ilter og ville kome bort frå dette landet. Han byrja hive opp. Då ropte mannen i bryggedøra:

"Tom, Tom, tenk deg om.

Utrøst kjem ikkje opp før dom!"

Men Tom reiste berre bort frå øya og kom vel heim til sine. Men det hendte eingong seinare Tom var i kjerka at han såg draugen kome opp og han sette seg på kjerketrappa og ropte:

"Tom, Tom, tenk deg om" osv.

Men Tom gjekk ikkje ut til draugen. Han strauk tilhavs. Og Tom blei kalla Tomsing frå den dag fordi han hadde forsmådd det landet draugen ville gje han "som takk for velgjort".

1)

b) Oppedaga øyar

Den andre gruppa fortel om korleis det gjekk til at overnaturlig øy vart "oppedaga", det vil seia løyst frå dei maktene som gjorde henne usynleg og utilgjengeleg, slik at ho kom opp i dagen og vart ei naturleg øy. I stor

Edv. Ruud: Segna om Utrøst. Håloygminne VI, 1941, s. 20ff, etter far sin.

mon kan ein samstundes sjå på denne forteljinga som ei skildring av framgangsmåten ved magiske føregjerder. Gruppa er talrik: materialet femner om 21 variantar. Endå om nemninga ikkje er heilt dekkjande, vil eg kalla denne gruppa Oppedaga øyar; denne nemninga er i alle fall betre enn "Øyar, løyste og bundne" i NFL 50.

18 nummer har det draget at oppedaginga skjedde ved at eit husdyr sumde dit øya var. På grunn av at variantane syner sers små avvik, kan me setja opp ein "incidentanalyse" for denne typen etter same mønstret som R. Th. Christiansen gjer det i The Migratory Legends. Ved ein incident-analyse lét ein kvart steg i hendingsgangen få ein stor bokstav, og kvart avbrigde i detaljar innom hendings-eininga får eit nummer, medan "inventaret", dei faktiske realia, får ein liten bokstav. På den måten kan ein få sett opp eit nokolunde heilsleg oversyn over dei einskilte variantane og deira avbrigde, slik at ein lett ser kva for moment ein viss segntype har, og samstundes lett finn fram til kva for "incidents" (steg i hendingsgangen, hendings-einingar) og ytre detaljar dei ulike versjonane har. På den måten kan ein sleppa å sitera eit omfattande materiale og likevel få med innhaldet i ein presentasjon av det tilgjengelege stoffet.

Me kan byta dei forteljingane som høyrer hit i to grupper: a) Oppedaging ved eit husdyr, og b) Oppedaging ved at folk fører stål på. Tvikløyvinga er ikkje naudsynleg anna enn av omsyn til oppsettet av ein incident-analyse.

a) Oppedaging ved eit husdyr

- A. (1) Ei øy (a) var sùmme gonger synleg og andre ikkje, eller (2) ho (a) var usynleg for vanlege menneske.
- B. Ein mann hadde / Det var ein gong: (a) ein hest/fole, (b) ein okse, (c) ein gris/ei sugge, (d) ein vær,
- C. (1) som hadde det med å springa bort, eller (2) som (ofte) la på sùm utover, eller (3) som kom heim drivande våt, eller (4) som vart borte og kom att med ungar, eller (5) som saman med ungane sine sumde til ei øy (A 1/2 a) når ho var oppe.
- D. (1) Eigaren batt på husdyret, eller (2) husdyret hadde på: (a) sigerstål, (b) stål, kniv, saks, (c) nykleknippe, (d) stålring i nosa.
- E. Dyret sumde atter til øya, og då vart ho verande oppe / løyst frå maktene som batt henne, og husdyret (1) gjekk i stein, eller (2) kom att eller vart attfunne uskadt, eller (3) vart attfunne på øya med ungar (og make), eller (4) er vidare unemnt.
- F. Øya var grøn, sers ven eller grøderik.
- G. Husdyreigaren vart fyrste eigaren av øya.

Nr.	Rekkjenummer i materiallista	A 1/2 a: øya, fylke	Incidents
1.....	34.....	Hestøya NT	Ba C2 D2 E4
2.....	35.....	Hestøya NT	"Døm fann en hest paa fjola aa slik e H. opdaga aa fynni."
3.....	36.....	Tautra NT	Bc C1 D1b E1
4.....	37.....	Lauvøya ST	A1, fåfengde freistnader på å koma dit, Bc C5 D1b E4 F
5.....	38.....	Tautra NT	A1 Bc C2 D1b E3 F
6.....	39.....	Jomfruland TM	Bc C2 D2d E4
7.....	41.....	Ytter-An'a NL	Bc C4 D1b E2
8.....	42.....	Ytter-An'a NL	Bc C4 D1b E4
9.....	43.....	Svinøy NL	Bc C1 D1b E2
10.....	44.....	Brevikøya TM	A2 Bc C2 D2d E4
11.....	45.....	Tautra MR	Grunne var før øy; T. fanst ikkje - Bc C1 kvar jonsoknatt D1b, øya sokk, E4
12.....	46.....	Foldøy R	Ba C2 E3 F G
13.....	48.....	Vega NL	Ba C1 D1a E1
14.....	49.....	Søla NL	A1 Bb C1 D1a E1
15.....	50.....	Jomfr. TM	Bc C3 Db E2
16.....	52.....	Søla NL	A2 Bb C2 D1a E1
17.....	53.....	Søla NL	Bb C2 D1a E1
18.....	-.....	Jomfr. TM	Bd C2 D2b E4

Dette oversynet er såleis ein freistnad på å syna kva drag denne segntypen samla har etter det materialet som ligg føre. Som ein ser, kan likevel ikkje alle versjonane utan vidare tilmåstast etter skjemaet. Ein slik analyse er eigenleg praktisk berre når materialet er monaleg større emner, og serleg dersom ein behandlar ulike typar og motiv samstundes.

Trass i at ein slik incident-analyse innhaldsmessig dekkjer alle dei versjonane som høyrer med til gruppa, vil det vera naturleg å gje att heilsleg eit par versjonar for å syna døme på den konkrete utforminga. Med tilvising til tabellen på s. 33 skal me her gjeva att nr. 4 og nr. 16.

Nr. 4:

I Åfjorden i Fosen ligger Løvøya, og om den fortelles at den engang var et huldreland. Det var bare enkelte ganger den var synlig for menneskene, når den steg op av havet med grønne voller og sletter. Først viste den sig som en smal stripe over bølgetoppene, men efterhvert steg den som en hildring op av havet. Mange forsøkte å nå øya, men såsnart de kom i nærheten, sank den i havet og blev borte. De forsøkte med gudsord og bønner, men ingen var god for å gjøre landgang der.

Innenfor øya på fastlandet ligger gården Olden. Der hadde de en purke med syv unger, og en dag da øya var synlig, svømte de utover og gikk iland. Grisene gikk der ute hele dagen, men svømte iland om kvelden, og da forsvant øya igjen. Slik gikk det flere dager etter hverandre. Når øya blev synlig, svømte grisene ut og gikk iland. Så en morgen hengte mannen som eide grisene, knivstål rundt halsen på purka, før han slapp den ut. Da øya igjen blev synlig, svømte purka utover med sine syv unger og gikk iland slik den pleide. Men fra den dagen blev trolldommen hevet, øya forsvant ikke mere, og nu er det store, veldyrkede gårder derute. 1)

1) Reidar Th. Christiansen: Norske sagn samlet ved Allers Familiejournal. Oslo 1938, s. 88ff; etter P. Guneriusen, Yttervåg i Åfjord.

Nr. 16:

Søla, ei øy ut for Vega, var opphavleg eit hulderland, det var usynleg for vanlege menneskje. Men så var det ein mann på Vega, som hadde ein ukse som var så til å vilja leggja på søm utover. Og alltid fór han i same lei. Dei byrja då å tru at han hadde eit hulderland der ute, og så batt dei sigerstål fast på ukxen. Då han så la til havs att, så let dei han halda fram. Han sømde då ut til Søla og hulderlandet der ute vart synleg. Men ukxen sjølv gjekk i stein, og er enno å sjå på øya. Fiskarane har han til m e d når dei er ute på sjøen og fiskar. 1)

b) Oppedaging ved at folk fører stål på

Det er berre 3 nummer i materialet som høyrer heime her; to av dei er frå Karmøy og fortel om oppedaginga av Utsira. Me skal her som døme sitera ei oppskrift av Svale Solheim:

Ein gamall mann frå Kvilhaug fortalde dette ein gong for mange år sidan: "Veit de gutar korleis Sira vart til? Jau, det skal eg fortelja dokke". Sira heng på ein tolekniv. - Ein mann or Åkrasoknå låg ein dag vestpå sjøen og prøvde fiskelukka. Han sat i båten med ryggen mot vest og andlitet inn mot land. - Brått snudde han hovudet for å sputta, - og han trudde mest ikkje sine egne augo då han såg at eit stort land hadde kome opp or havet bak honom. - Han skyna straks at landet ikkje hadde kome opp på nokon naturleg måte. Difor drog han augo til seg att og torde ikkje sjå på det. For han visste at dersom han såg på det, vilde landet siga i havet att med ein gong. - Han tok mēd på Karmøy-landet og rodde mot den ukjende øyi - med ryggen til. Då båten skura i strandsteinane, tok han opp tolekniven sin og kasta han inn på land attyver herdane. Då vart landet hangande. Det var Sira." 2)

1) NFL 44, Knut Strompdal: Gamalt frå Helgeland III. Oslo 1939, s. 15.

2) Uprenta; NFS Svale Solheim I, 22, oppskriften etter Elias Dyrland.

Den same forteljinga er prenta i Torkell Mauland:

Folkeminne fraa Rogaland II. ¹⁾ I den tridje er det fortalt om Jomfruland. ²⁾ Materialet gjev ikkje heimel for nokon kategori "ved ild", slik som det står i NFL 12 (sjå s. 10).

c. Andre

Til sist under tradisjonen om eksistensen av overnaturlige øyar skal me nemna ei forteljing som står for seg sjølv i norsk tradisjon så vidt eg kan sjå. I fleire land finst det tradisjon om flytande øyar; motivet er serleg velkjent frå Færøyane. Desse forteljingane er nærskylde med førestellingane om usynlege eller trolldomsbundne øyar. I denne forteljinga her er det eventyr-drag som gjer at ho berre under tvil kan medtakast under tradisjonen om overnaturlige øyar:

Eigersundkyrkja stend på ein stad, som frå fyrst av var ein holme. Denne holmen heitte Heidningsholmen, segjer dei gamle. Der gjekk ei slarvi klopp yver frå Lahella til holmen, og her gjekk folk når dei skulde til kyrkja. Utanfor kyrkjegardsporten låg der ein firkanta stein, stette kalla dei han, der steig presten av hesten sin når han kom ridande frå Husabø og skulde i kyrkja.

Um denne holmen fortalde han gamle Mikal Heggdal meg denne segni: han hadde høyrte henne av bestefar sin:

For mange hundrad år sidan, fyrr der fanst noko kyrkja på Strondo, skulde ei prinsessa reisa frå England eller kanskje det var frå Spania

1) NFL 26, Oslo 1931, s. 61f, oppskrive frå Hagland, Gard og Steinnes.

2) NFL 47, Joh. Th. Storaker: Sagn og Gaader. (Storakers samlinger IV, utg. v. Nils Lid), Oslo 1941, s. 38f.

til Norig. Kva ho skulde gjera her, veit eg ikkje, det kan no vera det same òg; kan henda ho skulde gipta seg med ein norsk prins. Korleis det no var eller ikkje med det, so treffe fartyet ho var på utanfor Jæren eit himla vør, so heile skuta og folket med fór til botnar. Berre prinsessa fekk tak i ein plankende, som ho låg og flaut på. Då bad ho so vent til Vårherre og lova det, at dersom ho vart berga, so skulde ho byggja ei kyrkja på den fyrste staden ho kom iland. Då visste ho ikkje ordet av fyrr ho sat på ein grøn, ven holme som låg og flaut på sjøen. Holmen med den fagre prinsessa dreiv i land og vart liggjande nett utanfor Lahella på Stronda, den holmen kalla dei gamle Heidningsholmen. På denne holmen fekk ho bygt ei stor kyrkja, og det var den fyrste i Eigersund.

På Skørabrekka på ein stad dei kallar Stoplesteinane stod der òg ei kyrkja i gamle dagar. Toptene etter henne syner enno, du hev visst set dei." ¹⁾

II. Tradisjon om sjøferd til (og vitjing i huldregard på) overnaturlige øyar

35 nummer av materialet kan reknast med under denne gruppa. Ein finn her einast episert tradisjonsstoff.

Innhaldet i dei 35 numra er, som ein vil sjå nedanfor, sers skiftande; og det er vanskeleg å dra opp klare skiljeliner mellom det som fell innanfor og det som fell utanfor gruppa.

I motsetnad til det episerte tradisjonsstoffet innanfor hovudgruppa Tradisjon om eksistensen av overnaturlige øyar, er forteljingane om sjøferd og vitjing langt mindre stereotype i innhald og oppbygning. Ein incidentanalyse ville såleis måtta innehalda så mange avbrigde

1) Aamund Salveson: Folkeminne. Stavanger 1924, s. 65f

for kvart steg i hendingsgangen at han ikkje ville vera til stor hjelp til å få eit oversyn over dei ulike forteljingane. Det vil difor vera meir føremålstenleg å leggja fram eit høveleg utval av materialet gruppert etter visse hendingsmønster, og deretter peika på drag som er sams for desse forteljingane.

A. Vitjing på Utrøst

Ein del av forteljingane knyter seg nær til det ikkje-episerte tradisjonsstoffet om eksistensen av overnaturlige øyar. Dei nyttar tradisjonen og truene som referanseråme og forklåring av hendingar som det elles ikkje tykkjast vera nokor rimeleg forklåring på:

Det var eingong ei nordlandsjakt som kom heilt ut av leid. Skodda og uver hadde ført ho ut på ville havet, og mannskapet visste slett ikkje kor dei var. Då fekk dei sjå eit land som dei aldri hadde set fyrr. Dei vart var ei øy ute i havet. Dei styrde då oppunder landet og søkte hamn der. Alt gjekk vel. Seinare kom dei inn til Noreg under Lofoten. Mannskapet meinte sjølve at det var Utrøst dei hadde vore oppunder.

Etter denne hendinga reiste folk ut og leita etter landet; men ingen fann det. 1)

Det var ei håloyggjakt som tok ut frå Bergen noko seint på året ein gong. Ho skulde med varer til bygdefaret nordpå.

Tida drog ut, så det var alt ut på hausten då jekta kom inn i Trondheims-leida. Det galdt no å nytta børen best mogeleg, og gjera vegen så stutt som råd var. Skipperen vilde då at dei skulde sigla havet frå Froøyane til Lo-

1) NFL 33, Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland, s. 87f, etter Eilert Olsen, Leiranger.

foten. Dei andre meinte det same, og så styrde jekta ut.

På vegen kom det eit forferdeleg uver over folket. Dei siglde og siglde og visste ikkje kor dei var. Dei såg korkje land eller leid, og alle var visse på at dei gjekk fyre det. Med eitt fekk dei sjå eit land langt framme. Dei siglde nærare; men ingen kjende landet. Det var lågt og fint, og der var grønne enger. Dei styrde oppunder og kom upp i ei vik. Der var det kjørt og vinden stod av land. Dei låg der til stormen gav seg.

Då dei hadde løyst, var det inkje land å sjå. Dei låg på ville havet. Så siglde dei att i mange dagar. Då kom dei under land ved Lofotodden.

Då jekta kom heim, talj folk mykje um dette landet. Ingen visste kor jekta hadde vore; men mange gat på at ho hadde vore på Utrøst. Seinare sette dei jekta upp. Då synt det seg at det var rett som folk hadde meint. Dei fann byggaks i styrelykkja på jekta. Dei hadde siglt over kornåkrane på Utrøst. 1)

Her eit år kom det eit følt uver over ei jekt som skulde nordover frå Bergen. Ho var nett komen ut av Helligvær då uveret kom over ho. Ho laut til havs, og kom så langt ut, at ho miste all landkjenning. Då ho hadde siglt såleis på det uvisse ei tid, fekk ho sjå eit land. Ho styrde oppunder dette landet; men ingen kjende det. Det var ei vik innmed landet, og i den heldt jekta upp. Vinden stod då av land, og jekta ankra der.

Skipperen baud så mennene sine å setja båt på sjøen og ro landtoget ut. "Ingen skal gå i land!" sa han. "Berre kast togenden mot ein stein! Dei gjer vel fast som i land er," meinte han. Mennene gjorde då som skipperen sa: dei rodde i land og berre kasta toget upp. Jekta låg då godt der um natta.

Næste morgon sende skipperen båten ut etter landtoget. "Ingen skal gå i land no heller!" sa han. "Dei løyser nok som batt gjorde. Berre rykk toget til dykk!" Folket så gjorde. Dermed sette dei til havs att. Dei kom til Noreg ved Lofotodden. 2)

1) ibid. s. 87 etter mange i Tysfjord, Ofoten og Lofoten.

2) ibid. s. 86f etter Nils Ursen, Tysfjord.

I desse tri forteljingane er det berre små tillaup til supranormale hendingar under oppheldet på Utrøst. I den fyrste er det ikkje onnor tilknytning til huldreøy-tradisjonen enn at manskapet berga seg i hamn på ein ukjend stad og etterpå trudde dei hadde vore på Utrøst; i den andre har me det draget at straks dei løyste landtauet, såg dei ikkje land; og i den tridje det einaste verkeleg supranormale draget at landtauet vart bunde og løyst på uforklårleg vis.

I ei lang og noko utbrodert forteljing frå Nordland vert det òg fortalt om ein fembering som kom ut i eit fælt uvêr, og om korleis dei til slutt berga seg i hamn på ein ukjend stad. Der såg dei hus:

Bak odden lå en bukt, og inne i bunnen av bukten stod en liten værslitt sjøbod. En gangsti buktet sig opover mellem knausene, og høiere oppe skimtet de noen små hus. En dregg blev satt fast i båtstøen og en til lenger utpå. Det var som været løiet litt, men snekøvet tetnet til over landet. Karene var dødstrette og gikk med en gang ned i båthuset bak båten og la sig. Noen rullet sig overende i køiene med støvler og oljehyre på, og snart sov de alle sammen.

Hvor lenge de sov visste ingen, men da hovedsmannen våknet var det lys dag, og stormen hørte de ikke mere til. Men han syntes båten gjorde så rare bevegelser, og sjøen skvalpet i lange dupp langs sidene. Han kom sig frem i døren, og blev ganske overrasket. Istedenfor å ligge fortøiet ved båtstøen i det fremmede været hadde de nå sjøen omkring sig så langt de så. Dreggtaugene hang rett ned og knirket mot ripen for hver bevegelse båten gjorde. "Dokk nå kom' op nå! Vi har vesst inatt været på en forunderlig stad, og nu ligg vi på vilde havet," sa han til de andre. En dags seilas eller så østover, og de kom frem til folk på Trøna. 1)

1) Reidar Th. Christiansen: Norske sagn, s. 85ff: Et sagn om Utrøst, ved Robert Danielsen, Sulitjelma; sitatet frå s. 86f.

Denne forteljinga nærmar seg såleis ein annan type som me skal koma attende til: vitjing i huldregard; ein ser hus og andre merke etter folk. Men hovudsaka her er at høgst forklårlege hendingar vert oppfatta som "forunderlege", og hendingane vert difor lagde til Utrøst.

I nord-norsk tradisjon har me ein segnfigur som er kalla Breistrandfinnen (namnet har mange avbrigde). Til namnet hans er det knytt forteljingar og segner av mange slag. Me skal sjå litt på innhaldet i det dei har fortalt om Breistrandfinnen og Utrøst. Me har alt før (s. 23) nemnt at Breistrandfinnen var trollkunnig og kunne finna hamn på opne Vestfjorden eller på Utrøst når uvêret kom over han. 1) Det finst òg ei meir konkret forma forteljing om korleis han ein gong vitja Utrøst:

Ein gong dei låg uti Vestfjorden, sette det inn med slik skodde. Dertil var det bra tungsjøat og grapse ver elles. Som dei låg der og dreiv, visste dei ikkje av før jekta var komen i eit sund. Men etter alt det manskapet hadde rekna ut, so skulde dei liggja bra til havs. So dette kom noko uventa på, som du sky nar. Dei tok no hamn; men skodda var so stinn det var just so dei timde land. Alt med dei låg, reiv dei, og no fekk dei til si undring sjå det var ope og flatt land til båe sidor. Og grønt og pent vistes det kvar dei såg. Og kringum på jordene gjekk det store kreturflokkar og beitte. Men folk sågst der ikkje.

Breistrandfinnen hadde då forklåra for dei kvar dei var. "Vi e no i Utrøst," sa han.

Seinare ein gong dei var siglande i Vestfjorden, kom dei ut for det same. Dei tok hamn i Utrøst. Men denne gongen hadde dei fare med jekta gjennom ein kornåker, for det fanst kornaks fasthangande i jektroren.

2)

1) Det same er òg fortalt av B. J. Petersen, Hansnes, i Christiansen, Norske Sagn, s. 189.

2) NFL 37, Ragnvald Mo, op. cit. s. 158f; oppskrive i Saltdal.

Endå om desse forteljingane ikkje har noko med om at dei treffe folk på Utrøst, fører dei oss over til det som utgjør den største gruppa av forteljingar om sjøferd til huldreøyar: ei vidare episk utforming der menneska møter "folket på Utrøst", underjordsfolket eller huldrefolket. I skildringa av møtet og samkvæmet med dei kan forteljingane vera sers utbroderte og få knytt til seg episode etter episode; dette kan ein til overmål finna døme på i Asbjørnsens redaksjon av ymist folkeleg tradisjonsstoff tilsett welhavensk poesi og eigne forfattarkommentarar til den lange og namngjetne Skarvene fra Udrøst.

b) Vitjing i huldregard på sjøen eller på Utrøst

Den største vansken når ein skal arbeida med desse forteljingane er at det i innhaldet ikkje er nokon skilnad mellom forteljingar om vitjing i huldregard på Utrøst eller andre fabeløyar på den eine sida og vitjing i huldregard på ukjend stad ved kysten og på øyar på den andre. Det er lite tilfredsstillande å skilja ut berre dei forteljingane som eksplisitt har med heimfesting til Utrøst og lata dei representera den norske tradisjonen om sjøferd til og vitjing på overnaturlige øyar. Utskiljinga kan i alle høve ikkje koma før materialet har gjennomgått ein nærmare analyse. I fyrste omgang vil eg difor behandla heile dette materialet under eitt. Det er i alt 13 nummer som fortel om sjøferd til ein ukjend stad og møte med huldrefolket eller underjordsfolket der.

Eit drag som går att i mest alle forteljingane om vitjing i huldregard på huldreøyar eller på andre stader, er at folk kjem dit anten når dei er i havsnaud eller når dei har kome inn i mørkscodd. Det ser ut til å vera ein gjennomgåande tendens i materialet at huldrefolket hjelper folk når dei er i havsnaud, slik at dei vert berga.

Denne vesle innleiinga til ei forteljing kan difor stå som typisk for den haldninga ein finn:

Dessen to juttullann på Haverøy'n å Mela ha ein bror så budd i Olskjerrå. Han va i Follengja der. Her ha'n ein stor gard, å så dreiv 'n landhandel å.

Han va svært bra imot fiskarå i styggver. Da siggelt dem inn der, å han rettleidd dem. Somm gong va 'n med fiskarå ut på havet å fiska. Å då fekk dem vetta tå nye fiskgrunna med 'nå. 1)

Ivar Aasen skreiv opp forteljinga om "Borgaren paa Utrøst" på ferda si i Lofoten i 1851. Her er forteljinga såleis:

... Men Gamle-Karann hadd' ei Tru om dø, at der va eit Lann, saa laag endaa lenger ut, aa dø kalla di Ut-Røst; men den Øy'a va osynli, aa dø va bærre Tuffefolk, saa budde der. D'æ ikkje leng sia, dø va ein Mann, som sa', at han ha vorre der, aa dø va trøysamt aa hør', naar han tok te fortel', kor dø gjekk te. Den tia, daa æg va ung, sa' han, daa foor æg mang Gang ut paa Hav'e paa ein liten Kjeks aa sku fisk', sumti' mæ Garn aa sumti' mæ Lin' ell Juksong ell aenn Børnskap. Eingaang hente dø søg, at æg va langt unna Lann, aa han blees upp ein Vinn ta Hav'e; daa snudd' æg heim aa vatt upp Segl'e aa styrte beinast aat Lann. Men best som detta va, saa visst' æg ikkje ta, før Sjøen vart still, aa Baaten sto fast; aa daa æg sku sjaa ette, saa sto Baaten paa Lann midt i ein Rugaaker. Æg sto upp aa gjekk paa Lann aa sku sjaa kring om mæg, aa daa saag æg i stor Sjøbu aa ei Laan mæ Krambu aa alt saa te hørte.

Saa vent' æg att aa skuva Baaten utu Aakren, aa rodde saa upp aat Bryggja aa la' aat. Daa kom der ut ein Mann, saa saag ut te væra ein Borgar ell Kjøpmann, aa han kom ne te mæg aa helsa aa nemte mæg mæ Namn. "Aa saa æ du ute aa færas i Dag," sa han. "Æg æ saa, ja," svart'æg, "men æg undras paa, at i sku kjenn' mæg; æg trur aller, at æg kjenne ør; æg tyks aller ha set ør før." "Ja saa daa," svart'an, aa saa sport 'an ette, om æg ha Fisk. Æg sa', som sant va, at æg ha bærr' ei Kveit'; aenn Fisk ha æg ikkje faatt. Saa fekk han sjaa Kveita, aa saa vild' an endele' kjøp' o, aa bau mæg so mykkje før'o, at æg laut lat' an faa ho; aa æg tok imot Pengann, aa han tok Kveita i Toknann aa drog ho uppaa Bryggja. Men saa snart saa Fisken va utu Baaten, saa va dæ borte alt ihop, baa Lann'e aa Garen aa Mannen, nett saa dæ va ne-sokkje; æg saag aller att ein Grann, anna ville Hav'e paa alle Sia. Aa Børen blees, aa æg sat i Baaten aa seg-la beint aat Lann, lik eins som før. 1)

Her ser me at velviljen og hjelpsemda gjev seg det utslaget at huldre-handelsmannen er avtakar til fisken og betalar god pris; men dette er ikkje poenget i saga.

Nærmast opp til den ålkjende Skarvene fra Udrøst

kjem denne versjonen frå Helgeland:

Ein mann som heitte Isak, kom ein dag han var på sjøen ut i ei slik svarteskodda, at han ingenting kunde sjå ikkring seg. Han rodde og rodde, meh land fann han ikkje, og like tjukk og svart låg skodda. Og tilsist visste han ikkje kvar han var; for kompas hadde han ikkje. Men han dreiv på og rodde framleides i von um at skodda vilde letna. Som han no dreiv på og roddæ, fekk han sjå land framfor seg. Han la straks åt og gjekk upp på land for å finna ut kvar han vel var komen av. Det var liksom noko så kjent over landet, men han kunde ikkje finna ut kvar helst han var komen likevel. Som han såleis gjekk der åleine, kom det ein blåklædd mann gåande. Og då han var nær nok komen, så helsa han og sa: "God dag, Isak, og velkommen

1) NFL 1, Ivar Aasen, op. cit., s. 58ff. Innleiinga med skildringa av Lofoten er utelaten her.

til Utrøst!" Isak vart forundra over at mannen kunde kjenna honom, for det var ein han aldri hadde set før. Men Isak let seg likevel ikkje merka med noko. "Kan du sei me ker e e no?" sa han. Men framandkaren vilde ikkje ut med meir, og Isak laut gjera seg nøgd med det han hadde fått vita for det første.

Som dei no stod der og prata, fekk Isak sjå at det var ein raudmåla gard ikkje langt ifrå, og ei bryggja stod der òg ved sjøen; ho var raudmåla, ho òg. Ja, Isak va rt då med kallen heim til husa og vart der ei tid. "Såg du noko te sønin mina?" spurde kallen medan dei sat inne og prata. Nei, Isak hadde ikkje anna set enn tre skarvar på ein roten stokk som låg og flaut. "Fy fyse me, dæ va sønin mina," sa kallen. Isak var der utover dagen, og då det leid på, kom sønene til kallen attende av sjøen. Dei ha' fiska så dei ha' last i båten, det såg ikkje ut til å ha vore fiskelaust der d e i hadde vore. Kallen og Isak gjekk ned til sjøen og hjelpte til med å setja båten upp. Isak fekk då sjå at det låg ei gild jekt utpå hamna. Ja, no hadde han set at der var fisk, sa kallen til honom, vilde han no, så kunde han få skipa seg i lag med dei for resten av vinteren. Isak tenkte med seg, at det såg ut til å ha vore godt fiske der desse karane hadde vore, og så fekk det då våga seg, han slo til.

Så vart han då der og rodde fiske i lag med dei den vinteren. Men det føreorda kallen seg med, at oppgjerd, det fekk han ikkje før etter Bergensturen. Dei gjorde eit storfelt fiske, og tida gjekk fort. Sønene til kallen var nokre gilde, lettli va karar. Dei dansa og ha' det trøysamt i jektvengen kvar søndagskveld. Der var òg Isak med. Då det leid fram til den tida då Bergensstemna brukte å vera, så siglde dei sørover med jekta. Isak var òg med. Frå han gjekk ombord og til dei kom til Bergen, såg han aldri folk ombord, det var som skulde han ha vore åleine. Men røynte det på, anten det no var storm eller kva som kunde koma på, så var det alltid fullt mannskap. Like eins gjekk det på heimferda òg. Då dei atter var komne nordover, fór Isak heim frå Utrøst. Han var ein rik mann etter den dag. 1)

Ei vidare episering så segna nærmast får eit novelistisk drag med innslag av eventyr-motiv har me i denne oppskrifta frå Salten etter Kristian A. Kvarnes:

1) NFL 19, Knut Strompdal: Gamalt frå Helgeland, Oslo 1929, s. 143f (= NFS K Strompdal VII, 30, oppskrive etter fru Holand, Sørsemna).

Utfor Stemma, langt til havs, skal finnast ein fiskebanke som dei gamle kalla Ytter-Stemma. Men no er denne grunnen gått folk so vel or minne, so det er nok ingen millom dei som no lever som veit av Ytter-Stemma.

Ein mann som heitte Halvor, og som åtte heime ved Stemma, kom til å ro vinterfiske for denne grunnen.

Det var ein vinter det høvde so at han ikkje fekk ta seg fast til fisket. Dei var vanhjelpne heime, berre han og kjerringa. Ho gjekk og venta små: soleis såg han det ikkje likt å koma frå heime. Men no var han meint seg til å driva med småbåten når det var ver til det. Ja, so ein dag vilde han prøva ut. Det var eit stykke å ro, og den tid han kom til fiskestaden var det mykje båt samla. Det var godt um fisk, og han beit viljugt åt både han Halvor og dei andre.

Men utpå dagen tok det til å kvess i med frålandsvind; og etter kvart auka han på, so det sluttpå var ein heil spenning. Båtane slutta no fisket unda for unda og tok til å koma seg under land. Men han Halvor tenkte som so at dette var nok berre ein repping som snart vilde løy av, og han syntes han laut ligg av enno eit tak, sidan fisken var so viljug. Men vinden berre auka på, og han Halvor nøyddest slutta; men då hadde han alt freista det for lenge, han fekk no ikkje båten til å bera fram. So vart det ikkje anna fyre han la båten i drift, og gav seg Gud i vald, som det heiter.

Etter ei tid vart han vis eit skjer der det var sitjande to skarvar. Han Halvor styrde unda so båten gjekk klar skjeret. Men skarvane sat hard på skjeret.

Noklite deretter kom han til å få sjå ein holme. Då tok han til årane og let båten driva nedover mot holmen, for han leit no på berging. Slik stod han no av, til han sluttpå var med båten i ein kjørr os. På holmen var både fehus og våning, og nedmed osen var naust og bryggje. Store og gilde hus alt ihopen. Han Halvor gjekk no til stubygningen. Der vart han møtten av ei gammal kjerring. Ja, han greidde ut kor det høvde til at han var komen ditett. So spurde han kva romet heitte.

"Du e no i Ytter-Stemma," sa kjerringa. Og no spurde ho um han hadde vorte vis nokon båt på turen utetter; ho hadde mannen og ein son på sjøen, sa ho.

"Da einast e ha sett, va eit sjer me to skarva; å før me vistes da som sjere fløtta se i sji'n," sa han.

"Då e da hann Rufus å glunten du ha sett, Men no vel e du ska gang å fløtt båten din over tel ainner sio av valen, så hann inkj bi liggjann i vegen når di kjem av sji'n."

So var han Halvor og flytta båten; deretter fekk han mat hos kjerringa. Men då han var ferdig med bordet, sa ho: "Hann Rufus ha da me å ver slygretten. E vel du ska jøym de innpuinn senga tel e ha fått jett kallen sjudram å mat."

Han Halvor kraup puinn senga, og straks etter kom karane av sjøen. Fyrst han Rufus var innum dora, la han til: "Her lokta kristent fo.k!"

"Da flaug ein ramn over stutake me eit kjøtstykkj i nebbe, å da slept hann ne her."

Han Rufus slo seg til ro med det kjerringa sa; men han var grinåt og sær.

"Sett de no tel bore, so ska da bi mat," sa kjerringa. So var ho etter flaska og skjenkte han sjødrum. Og dentid han hadde fått maten i seg, let ho han få ein dram til; ho vilde no blidgjera han, skynar du.

Då sa kjerringa: "E ha jort ei ujerning i dag, Rufus."

"Ka e da?"

"Her kom ein mann frå Inner-Stemma; hann let e få kom i hus."

So vilde han Rufus ha å vita kva karen heitte.

"Hann heit Halvor. E ha hann liggjann puinn senga."

Han Halvor laut no te seg fram; og dentid han Rufus hadde skoa han eit tak, sa han: "Du visest ut tel å ver ein bra kar. E få hyr de tel vinterfeskje."

Men no veit du kor han Halvor var stedd; han stod berre og tenkte på heime og ottast på kjerringa, så han hadde mest mot å be seg fri. Men han tordest ikkje retteleg det heller. Soleis kom han til å ta seg fast for vinteren.

Um morgonen bar det ut med dei. Han Halvor vart sett til bakrorskar. Sonen hans Rufus skulde vera halskar; han heitte Edvart. Jaja, dei kom på fiskestaden, og både han Rufus og sonen fekk han til å ta fyrst dei hadde fått ut. Men han Halvor råtta'n inkje. Då det leid um eit tak, sa han Rufus: "E må vesst stell ulite me ångel'n din, Halvor." Ja, han Halvor flidde ifrå seg; so sputta han Rufus på ongulen; og no vart det på ein annan måte: han Halvor fekk fisk i lag med dei andre.

Dei gav no på utetter vinteren. Fisken hengde dei på hjell. Og kvar ein dag var dei ute, sjølv um det rauk av lufta. Han Halvor visste ikkje kor dei kom seg under land i ufredsver.

Dentid fisket var slutt, sa han Rufus til leikaren: "Vi få no jer greitt me hyro. Før no ska du ver fri hos me."

Og no gjorde dei det slik av: Han Halvor skulde koma til Bergen i den tida Rufus var der med fisken. Då skulde han Halvor få ta ut dei varor han vilde ha. Ja, slik gjorde dei det av. Deretter baud han Rufus seg til å føra han Halvor heim til Stemma. Han Halvor kom heim. Kona hadde då lege på seng; ho hadde fått ein glunt, og alt stod vel til.

Seinare på tida var han Halvor reisande til Bergen. Han Rufus var då komen ditett med tre lasta jekter. Og no fekk han Halvor ta ut so mykje varor han vilde: millom anna ei heil tunne brennevin. Han Rufus var sjølv til Stemma med det han Halvor hadde fått.

Då alt var kome i hus, bad han Halvor åt seg grannane. So tok dei hol på brennevinstunna, og gav på til det ikkje fanst att meir. Men då det leid åt med tunna, tok dei til å fjautra seg or husa grannane, den eine fyre og den andre etter. Då den siste var faren, sa han Halvor: "Me mi tynn' rann, då ha e venna nok; men då tynno tok tel å hall, tok vennen tel å fall."

1)

Ei liknande novellistisk utforming med innslag av eventyrdrag har denne forteljinga frå Rennesøy i Rogaland. Her møter me eit anna miljø enn elles i det meste av materialet:

Det var ein gong at eit skip fraa Vestlandet skulde til England etter steinkol. Daa dei hadde gjort seg ferduge med segl og alle greidor, bles det ein frisk nordanvind, so dei fekk god byr ut fjorden, og det var ikkje lengje fyrr dei var so langt ute at dei ikkje kunde sjaa land. Best som det daa var, hende det noko reint merkelegt: styrmannen ropte at dei hadde land rett fram fyr stammen. Alle mann saag ut, og daa fekk dei sjaa ei øy som ingen av deim hadde set fyrr; ho var so ven aa sjaa til at ingen tykte han hadde set vo vent land.

Skiperen lét deim leggja skipet bakk. So sette dei hekksbaaten paa Vatnet; han tok med seg ein matros og dekksguten til aa ro, og so rodde dei burt-aat øyi og vilde sjaa seg um. Dei kunde snart sjaa at det budde folk paa øyi,

1) Uprenta; NFS R. No 9, 30.

og det var ingi fatigfolk. Bryggja var av marmor og hadde gyllt rekkverk; troppi var òg av marmor. Dei gjekk upp yver ein fin veg og kom til ein hage med kopargard ikring paa alle kantar. Dei helsa paa dervaktaren og spurde etter namnet paa øyi og kven det var som budde der. Han sa det var ei dronning som aatte øyi; men namnet hennar kunde han ikkje segja. Slottet stod inne i hagen; det var gyllt utanpaa og tekt med sylv. Dei gjekk inn, og dronningi tok vel imot deim; ho rødde lengje med skiperen, og det var greidt aa skyna at ho lika honom vel. Daa dei skulde av stad atter, vilde ho ikkje sleppa skiperen fraa seg. Han sa so sant var, at skipet laag og venta, so dei kunde ikkje stadna lenger. "I minsto kann du lata meg faa litt av haaret ditt til eit minne," sa ho. Jau, det skulde ho faa, sa skiperen; men han laut plent um bord med ein gong, elles gjekk det gale med skipet. "Kunde du senda med meg ein tenar, so skulde han faa haaret med seg attende," sa han; det var god raad med det, lét han. Ho takka skiperen so mykje ho kunde fyr innstiget, og sidan rodde dei um bord. Karen som fylgde med, fekk ein haardott, og med den rodde han inn att til øyi; men haari hadde ikkje skiperen teke av seg sjølv, men av eit kalvskinn som laag i kabelgattet.

Sidan siglde dei lenger; det gjekk baade fort og godt. Best som det daa var, fekk dei høyra ei underleg larving i kabelgattet. Daa dei skulde sjaa etter, var det kalvskinn som heldt paa aa leda paa seg. So snart kappen var opna, fór det upp og ut, og flaug av stad i den leid som øyi hadde synt seg. Det var lett aa skyna at dronningi var ei trollkjerring som kunde runa. Med dei haari ho hadde fenge, tenkte ho aa mana skiperen til seg. At ho fekk kalveskinnet i staden, var ikkje hennar skuld.

1)

Frå Nord-Trøndelag, truleg frå Ytre Namdalen, trass i målføreforma som er inntrøndsk, er denne versjonen:

No e de i fall døm kalle Hillereisøya. Aa no va de ein mann ifraa Nøløyn' som va paa sjøa. Aa hann laag aa kava aa kava i uveri, at 'en tøkt fer kvart aartak, at 'en va klar. Saa kjøm der ein mann aatt 'aam roan paa ein baat.

1) NFL 26, Torkell Mauland: Folkeminne fraa Rogaland II, Oslo 1931, s. 33f, oppskrive frå Rennesøy.

Saa seie hann: "Du e vesst i nø, men vaarraa-me mæg, saa ska du bærg' baade baaten aa live." Aa han tek 'en me sæg. Kor de bar hann de saag 'en itt. Hann va saa rædd sjøen at 'en saag ingen teng. Da dæm ha rodd i stonn, saa vart de slett sjø. Aa bæsst i senn saa kjæm de saa mykkjy folk roan aa kjæm aa tek imot dæm, aa hann saag fast lann. Han vart tikkji me aatt i vakkert romm aa fekk mat aa drekk, aa saa fekk 'en gaa aa lægg sæg aa kvil'. Naar 'en vakkna aa saag ut, saa saag 'en i stort, vakkert lann ut te havs. Da saag 'en Noløya aa alle omkreng hu leggan skjær aa fall. Saa stei 'en opp aa tok paa sæg aa gjikk ut, aa saa sei dæm: "No ska vi hjelp dæg aa faa ut baaten dinn." Aa da va 'en saa still aa blank. Saa hjølt dæm 'en i baaten aa skuva'n taa. Aa naar de va gjort, aa hann ha kommi i baaten aa tikkji aatt aaraam, saa sei dæm: "No hann du sei aatt dæm du møte, at du hi verri paa Hillereisøyn." Aa da 'en ha kommi sæg i aaraan, saa saag 'en ittnaa anna enn slett sjø. Aa da rodd 'en heim. Aa sea hi ingen verri der, aa heller itt hi naakaaan sea sjett de stort vakkert lanne som hann saag ut te havs. 1)

I denne forteljinga er det ein faktisk geografisk lokalitet, eit fall dei kallar Hillereisøya, som er åstaden for hendinga.

Prinsipielt kan det ikkje seiast vera nokon innhaldsmessig skilnad på dei forteljingane me no har sitertert, der folk vert berga i havsnaud eller skodd og kjem til ei huldresøy - og dei fylgjande - der folk på ein stad som meir eller mindre er ein faktisk geografisk lokalitet, men der det ikkje er eller ikkje kan vera nokon busetnad av topografiske grunnar.

Spesiell interesse samlar det seg om sogene om vitjing i ein huldregard på Avglapen. Dei lagar eit unntak frå tendensen i denne tradisjonen: den lukkelege utgangen:

1) /Karl/ Braset: Hollræventyra. Svanøventyra, s. 95f. (Tjuukk l ikkje merkt ut her).

I den tida då dei hadde berre otringar og fembøringar til å ro fiske med, var det nokre frå Alstahaug på Helgeland, som skulle ro sommarfiske på Finnmarka. Dei ha ein vanleg småotring, og alt gjekk vel og bra til dei kom til Malangen. Då fekk dei ei slik uvanleg mørkskodde på seg og vart liggjande og ro og kaks berre i svartstilla. Kompasets slo seg og vrangt, så dei snart ikkje visste kvar dei var. Men so lenge sleit dei på, at til sist fekk dei skimt av land forut. Med det same letta det og litt i skodda, og dei såg då at det forut var ei fin hamn med ein raudmåla gard ovanfor og ei raudmåla bryggje nede ved sjøen. Men dei sagde kvar med annan, at her hadde ingen av dei vore, og dei undrast på kvar dei var komne av.

Dei la til ved bryggja og gjekk på land, dei var tenkt finna folk og høyra kvar dei var. Attmed bryggja stod det ein kall. Kor var så dei karan tenkt seg, spurde han. Jau dei var tenkt seg på finnmarksfiske. Kva vær dei tenkt seg til? Til Berlevåg, svara dei. Det var det beste det, for det kom til å verta beste fisket for Berlevåg i år, sa kallen. Dei prata litt. Så sa kallen: Vil dykk inn så dykkar får kvile, dykk kan vel vera både tørst og svang. Dei tok med glede imot innbydinga, for det kunne ikkje nektast at dei var vortne slitne etter den lange roinga.

Inne i stua var det ei ung vakker gjente. "Mari gå og rei opp så folka får legg seg," sa kallen. Gjenta svara ingenting, gjekk berre ut og gjorde det ho var tilsett. Då gjenta kom inn att, fekk dei både mat og drikka, og så gjekk dei og la seg. Berre høvesmannen vart oppe ei stund endå, for kallen ville liksom gjera omfram ære på honom. Fyrst vart han beden med ut i kammerset. Der tok kallen ei flaske og skjenkte honom. Og der fekk han sjå ymse eignedlar, mellom anna og ein russebolle full av sølvpenngar. Russebollane var noko dreia bollar russefiskarane hadde å selja før, dei kunne vera så stor, at dei tok mest vassbytta. Eg ser du er ikkje pengelaus, sa høvesmannen. A nei ikkje riktig det då, svara kallen og smilte. Sidan bar det ut på marka for at han skulle få sjå seg ikring på garden. Gjekk dei så der og prata. Ho Mari var dotter hans, fortalde kallen. Og elles fortalde han ymse om korleis dei hadde det stelt på ymse måtar. Trudde han at han hadde kome til å trivast her, spurde kallen til slutt, då dei var på veg mot stua att. Jau det trudde han, svara høvesmannen.

Då dei kom inn att, sa kallen at no var det best han vekte gutane sine, for det kom snart til å letna i skodda, og då var det best dei tok til. Det hadde nok ikkje vorte noko

stor kvild for høvesmannen, men han tenkte at når den gamle kallen sa det, så var vel han så erfaren og gløgg på veret, at det var best dei tok ut. Han vekte difor karane sine og det bar i veg. Då dei skilde med kallen, så var det siste han sa at høvde det såleis på heimferda, så måtte dei endeleg sjå opp til honom att. Det lovte dei. Men kva kallast det då her, spurde høvesmannen. Her kallast det Avglapen, svara kallen. Men Avglapen er eit stort fjell med hengjeflåget rett i sjøen.

Skodda hang nokså tjukk endå då dei tok til roings. Men dei var ikkje langt komne før det tok til å letna, og snart skein sola frå ein klår himmel. Men då låg dei midt ute på opne havet utan å sjå land på nokon kant.

Medan dei var på fiske, hende ingenting uvanleg. Dei fiska bra. Det slo inn det kallen sa, at beste fisket det året vart for Berlevåg. Men då dei på heimvegen var komen ut på Mølangeren, fekk dei svartstille og mørkskodde att. Og om ei stund landa dei på same staden der dei hadde vore på nordtur. Dei andre la seg til å sova på båten, men høvesmannen gjekk opp. Der treffe han kallen og dottera hans att, og då vart dei samde om at han skulle koma att og gifta seg med henne Mari. Men sin eigen religion skulle han få ha der og. Då var det berre eit att, korleis kunne han koma seg til dei, sa høvesmannen. Jau, når jekta mi kjem frå hauststemna på Bern (Bergen), så kan du berre vera med nordover på den, svara kallen. Jekta skulle koma ein dag det var synnavindståke og småregn, og så kom ho siglande for sakte bris. Så sku han berre taka båten til husbond og ro ombord og gjeva båten ein støyt, så han fór attende til lands att.

Guten vart i tenest hos den gamle husbonden sin til det leid ut på hausten. Ingen visste kva som var avtala mellom han og hulderkallen i Avglapen. Så ein dag med synnavindståke kom det ei jekt siglande sørfrå. Guten gjekk då til husbonden sin og spurde om han ikkje kunne få fara ombord på jekta og høyra etter om han ikkje kunne få kjøpt seg ein kvartrull tobakk. Jau det var det ingen ting i vegen for. Dei såg alle jekta, såg guten ro ombord og støyta båten ifrå att. Men det var det siste dei såg til honom. Båten fann dei liggjande og driva nedmed landet, men guten sjølv var og vart borte.

Guten reiste med hulderjekta nordover til Avglapen. Der gifta han seg med huldergjenta Mari, og dei levde lykkeleg i lag i fleirfaldi år. Dei fekk fleire born, og då han vart noko opp i åra, så vart det så at han og Mari flytta til Sommarøya ut for Troms, og så fekk eld-

ste sonen deira bruket i Avglapen. Men då han kom til Sommarøya og fekk sjå og høyra folk fara til kyrkja, så fekk han òg slik hug til å fara dit. Ja det kunne han gjerne gjera, sa verfarkallen, men han måtte gå ut før presten tok til å femna snøre (lesa velsigninga), for vart han inne då, så vart det ei ulukke for honom. Det gjekk godt, han var fleire gonger i kyrkja, men gjekk alltid ut før velsigninga vart lesen. Men så byrja folk å leggja merke til denne mannen som alltid gjekk til ei viss tid og aldri vart til det var slutt i kyrkja. Og neste gong han kom og skulle til å gå ut, så hadde dei stengt kyrkjedøra, så han kom ikkje ut. Då velsigninga var lesen, så ropa han: Å Gud, Mari og mine born. Så fall han død ned på kyrkjegolv.

Ingen kjende den framande som hadde døydd så brått. Det vart difor til det, at dei bar liket til likhuset for at dei sidan, om råd var, kunne få greie på kven det var. Men dagen etter var liket kome bort, og ingen visste kvar det hadde vorte av det. Same morgonen fann husbonden på Alstahaug drengon sin, hadde vore, ute på dørtrappa. Han var død, og ingen visste korleis han var komen dit. Dei let han berre få ei sømeleg jordfesting, og han ligg gravlagd på Alstahaug kyrkjegard. 1)

Nærmare tilslutnad til den ålmenne lukkelege utgangen har me i denne versjonen:

Mellom fjeldene Kjølva og Gilberget, som paa ydersiden af Senjensøen gaar steile ned i havet, er der en liden bugt, Gilbergsviken, som ligger aaben mod Nordishavet, og hvor der kun i magsveir kan landes. Saa var det engang, en tremandsbaad laa udenfor Kjølva og fiskede, at det røg op med storm og snefok, saa ingen i baaden var istand til at sige, hvor det bar ivei. Da de laa saaledes og tullede i snekavet, fik de se tæt foran sig en baad og raabte til denne, om han kunde sige dem, hvor de var. "Hvor I er," blev der svaret, "kan vi ikke sige jer, og det kan ogsaa være det samme, om I faar

1) NFL 44, Knut Strompdal: Gamalt frå Helgeland III, s. 31ff (= NFS K. Strompdal VII, 35, etter Jeremias Slettanne, Nordssønna).

vide det eller ikke, men følg bare efter os, saa skal I nok komme i havn, før det bliver kveld." Dette gjorde de da og kom snart op i en rummelig og god havn, hvor sjoen var saa rolig og vinden saa stille, at man gjerne havde kunnet fæste baaden med en uldtraad. Ved havnen var der en stor, gild gaard, hvor de blev vel modtagne og fik alt, hvad de tiltrængte, baade mad og tørre klæder og godt natteleie. Da de hverken kjendte gaarden eller folkene der, og disse heller ikke vilde give dem nogen oplysning om det, kunde de skjønne, at det maatte være underjordiske, de var komne til, Iler blev de da liggende et par dage; for deres vert, som saa ud til at være en forstandig gammel mand, sagde, at det var uveir ude paa havet, om det end var godt veir oppe i havnen, og naar han gav fremmede folk husly, brugte han ikke at "tælle" dem ud, før veiret havde lagt sig. Den tredje dag sagde manden i været til dem, at nu havde uveiret lagt sig, saa det gik an at lægge ud. Men naar de for ud af havnen, skulde de vende sig om paa tofterne og med ryggen mod land hamle ud igjennem sundet og ikke se sig tilbage; det var det eneste, han skulde have for sin hjælp. De gjorde saa og kom paa den maade ud paa rum-sjø. Men da de saa sig om for at tage landkjending, saa kunde de ikke se nogen havn eller nogen gaard, men ret op for dem laa den aabne Gilbergsvik, og nu kunde de skjønne, at det var der, de havde holdt hus, medens uveiret stod paa. Siden har man ikke hørt, at nogen har nydt gjestfrihed hos gamlingen i Gilbergsviken. 1)

Også i ei onnor forteljing oppskreven av O. Nicolaissen, Skipperen i Anden, har me det draget at folk vert berga inn til ein huldregard i uvær. Her fortel soga at det vart slutt på denne gjestefridomen, og grunnen var denne:

... Men en af dem, der undertiden pleiede at tage sig en rus og ved saadanne leiligheder ofte fortalte, hvad han skulde tie med, kom engang i en rus til at fortælle om opholdet i

1) O. Nicolaissen: Fra Nordlands fortid, s. 29f.

Anden og om, hvad der var hændt dem der. Om natten drømte han, at gamlingen i Anden kom til ham og sagde: "Ved din snakkelyst har du forvoldt, at herefter maa min dør være stengt for folk, der kunde trænge til husly." Og siden den tid har det aldrig spurtes, at nogen er bleven huset af skipperen i Anden. 1)

4. Avgrensning og relasjonar

Med disse døma skulle me ha fått eit nokolunde heilsleg inntrykk av den sentrale delen av tradisjonen om sjøferd til huldreøyar og vitjing hjå folket som bur på dei eller i andre huldregardar på sjøen.

Like lite som nokon annan del av folketradisjonen står desse forteljingane isolerte. Gjennom ei rad "overgangsformer" eller "mellomformer" knyter tradisjonen om overnaturlege øyar seg til to andre fast utforma segntypar og til annan tradisjon. Nærast innåt forteljingane om vitjing i huldregard på Utrøst eller andre stader på kysten står ei segn me kunne kalla "Ærend i huldregard" eller "Allegarden-segna" etter den lokaliteten ho oftast er knytt til.

A. "Allegarden-segna"

Under denne nemninga samlar me dei forteljingane som har det draget sams at eit båtmannskap av ein ukjend person får i oppdrag å levera nokre papir, ein beskjed eller

1) O. Nicolaissen: Sagn og Eventyr fra Nordland, s. 15ff

noko anna på ein ukjend stad eller på ein kjend stad der det ikkje kan bu folk. Desse forteljingane knyter seg til tradisjonen om sjøferd til huldreøyar på det viset at det her òg dreier seg om vitjing på ei øy - i røynda til vanleg berre eit skjer - der det er gilde hus og grønne bøar og velstand så vidt ein kan sjå, og at denne lokaliteten med gard og grunn elles ikkje er kjend.

I materialet er det 5 nummer som soknar til denne gruppa. Utforminga er heller fast; dei same draga går att i alle, men den episke utforminga av sjølve vitjinga i Allegarden kan ymsa noko. I ei av forteljingane vert eit brev dei hadde med seg lagt under ein viss stein, og noko seinare er det berre. ¹⁾ To andre forteljingar har tilføyd det motivet at skipperen vart tvinga av folket i Allegarden til å gifta seg med dottera deira, og syner såleis, på same måten som Avglapen-forteljinga her ovanfor, tilknytning til segnene om inntaking (bergtaking) og segnene om giftarmål med folk av huldreætt. ²⁾ Som døme på denne typen skal me gjeva att ein uprenta versjon frå Bessaker:

Ein nordlandsskipper seilt eingong te Bergen og det gjekk godt sørover so han kom vel fram.

Då han kom te Bergen so gjekk han opp i byen han vild på kontoret sit, til kjøpmannen han handla med.

Då han kom opp i gata trefft'n ein mann. "E du frå Nordlann du?" sa'n te skipperen. "Ja det er E!" sa skipperen.

1) /Karl/ Braset: Hollræventyra, s. 96f: Allgaalen.

2) NFL 30, Olav Rekdal: Eventyr og segner. Folkeminne frå Romsdal. Oslo 1933, s. 92ff etter Legds-Nils og M. Hukkelberg, Gossa, og O. Nicolaissen: Sagn og Eventyr fra Nordland s. 18ff

Du ska vel seggel nor igjen når du er ferdig her?" "Ja det va meininga det," svarte'n.

"Vil du ta med denne pappersrullen og lever te handelsmann i Allegarden?" Han gjekk og bar ein pappirsrolle.

"Allegaren?" sa skipperen, "det er da ber eit utskjer og der e itj non handelsmann." Men da han såg te va mannen bort, og han såg'n ikj meir.

Da han va ferdig i Bergen so segla han nordover igjen og det gjekk godt te dei kom på Folla her. Da la han over med mørkskodd og stilla og så vart dem liggand og rak eit heilt døgn i stilla. Om kvell'n kom dem at eit lann og opp i ei bøkt og der va det så pene hus oppi.

Men skipperen kjennt seg itj og visst itj kor han va henn. Han rodd da ilann for å få greie på det og der treift'n ein mann.

"K'e de kalles de stee her?" spurt'n. "Jau," sa mann, "det kalles Aldegaren her."

Da vart skipperen forført og sa: "Ja men det finns da itj hus der!"

"Jau det heiter Aldegaren her."

"Ja eg tok mot ein pappersrull i Bergen som E skull lever te handelsmann i Aldegaren."

"Ja det va bror min det," sa mann, "han handle i Bergen. Men no ska du itj løys ta hamna her ikvell, for da går det deg itj bra; men vær med meg inn og få deg kvellsmat," sa'n.

Ja dem gjekk no tebords om kvelln. Men så var skipperen vant te å lessa for maten, og så bynt'n nå å lessa og da nemmt'n Jesu namn. Men da va de bort alt i hop og 'n stod på bare berje. Så rodd'n ombord og ba karan kast laus. Og da dem va laus og kommt seg ut på Folla så rauk'n opp med eit forferdelig uveir og jegta forlist aldeles og mannskapet kom bort.

Skipperen kom seg til skibåten og dreiv te havs heilt te han kom te Trenna. Da han kom ut dit fekk han sjå en komsi lasta med boğ og i den va det ein einaste mann, og han rodd mot veret so rokket stod kring'n. Han kom seg da att-åt'n og så spurt skipperen, "kor han skull hen?" Jau han skull at handelsmannen i Aldegaren med bordlast.

Ja så fekk skipperen vera med og blei sett i land på Innlandet og kom seg soleis heim.

Aldegaren er ein holme på Folla. Den almindelege seglleia er utom Aldegaren.

1)

1) Uprenta; NFS O. Ryssdal I, 140, etter Anton Barøy, Bessaker.

B. Halten-segna

Noko meir tvilsamt er sambandet mellom Utrøst-tradisjonen og den segntypen ein plar kalla Halten-segna etter den lokaliteten som dei fleste forteljingane av denne typen er knytte til. Det einaste draget som verkeleg er sams, er møtet med underjordiske på ei øy. Men i Halten-segna er dette møtet knytt til ei viss tid på året, sjølve jolekvelden, då alle makter var lause. Halten-segna er fyrst og fremst ei sidegrein til eller ei serutforming av forteljingane om vetta som kjem på jolevitjing.¹⁾ Handlings-skjemaet er etter Reidar Th. Christiansen, The Migratory Legends, slik:

On a certain island (A 1) where nobody was living (A 2), and on a certain occasion (A 3), someone was left stranded (B 1), deserted by a rival (B 2) who sailed away when the other one had gone back to fetch something that had been forgotten (B 3). He managed to survive somehow (C 1), and at Christmas time (C 2), he saw a party arriving in a ship (C 3). Their names are given as ... (C 4), and to see how matters would turn out, the lad hid in the loft (C 5). The visitors entered and prepared a meal (D 1), having brought food and whatever they needed for the table (D 2) - - celebrating in fact a wedding (D 3). As they were well seated, and had started eating, the lad intervened (E 1) by firing his gun or shooting an arrow at the table (E 2). The visitors fled in confusion (F 1), someone observing that they ought to have been warned by the smell of human beings (F 2), and leaving food and vessels behind (F 3). One of them returned to fetch a bunch of keys (F 5), and the boy threw them, or handed them over without touching them at all (F 6). In return for such consideration he was given whatever was on the table (F 7). He then had food in plenty, and was rescued later safe and sound (G).²⁾

1) NFL 50, Svale Solheim, op. cit. s. 19: Julevitjingar
2) No. 6015A, s. 156ff: The Christmas Party of the Fairies.

Av dei 20 numra i materialet som høyrer med til Halten-gruppa, er det berre tri som inneheld drag der sambandet med Utrøst-tradisjonen eller tradisjonen om overnaturlige øyar, er klårt.

P. Chr. Asbjørnsen fortel i innleiinga til Tuftefolkene paa Sandflæsen at

Langt til Havs ret ud for Trænen paa Helgeland ligger der en liden Banke, som kaldes Sandflæsen; det er en udmærket Fiskeplads, men vanskelig at finde, fordi den flytter sig fra et Sted til et andet. Men den som er saa heldig at træffe paa den, er sikker paa at gjøre et godt Fiske, og luder han sig ud over Baadripen, ser han i klart og stille Veir en smal Indsækning paa Bunden, lig Kjølsporet efter en stor Nordlandsjægt, samt en svær Fjeldknat, der har Skikkelse som et Nøst. Denne Banke har ikke altid ligget paa Havets Bund. I gamle Dage var den en Ø og tilhørte en rig Helgelandsbonde, som til Ly ved paakommende Uveir under Sommerfisket paa Havet havde opført en Rorbod der, og den var større og bedre end saadanne almindelig pleier at være. Der findes dem, som tror, at denne Banke endnu undertiden hæver sig op over Havet som en deilig Ø. Dette skal jeg lade være usagt, men i hin Tid gik det ikke rigtigt til paa den øde Holme. Fiskerfolk og Reisende sagde for vist, at de havde hørt Latter og Støi, Spil og Dans, Hamring og Dundring samt anden Rumstering og Opsang ligesom til Jægtopsætning, naar de for der forbi. Derfor satte de gjerne Kaasen et Stykke udenom; men der var ingen som kunde fortælle, at han havde seet en levende Sjæl paa Sandflæsen.¹⁾

Asbjørnsens redaksjon er såleis vettegildet jolekvelden lagt til ei overnaturlig øy. Ein kan likevel ikkje byggeja ein påstand om samanheng mellom desse to tradisjonsgruppene på ein redaksjon av Asbjørnsen.

Mot Asbjørnsen kan me setja opp ei oppskrift etter ein heimelsmann frå Helgeland, der me òg har Halten-segna og Sandflæsa med, men der sambandet mellom dei er eit

¹⁾ Knudsens utgåve s. 160.

anna. Denne oppskrifta har me alt sitert noko ifrå på s. 29. Det er Knut Strompdals oppskrift etter den då 80 år gamle Johan Olson Bruvold frå Alstahaug, i handskriftene etter samlarferdene i 1924-25. Denne oppskrifta kjem i ei serstode. Ho har ei heilt uvanleg lengd, og høver difor ikkje altfor godt til sitering in extenso. Når me likevel gjer det, er det for di ho har sjeldne kvalitetar og syner fabuleringskunst og forteljeglede av uvanlege dimensjonar. Oppskrifta er interessant også på den måten at alle dei motiva me her er interesserte i, så nær som oppdagings-segnene, er representerte; desse motiva er knytte saman i ein lineær struktur, noko som er typisk for mange-episodiske, novellistiske segnforteljingar. Ein må elles vera klår over at ei slik Oppskrift ikkje representerer tradisjonen: ho gjev berre att ei individuell utforming og samanstelling av motiv som kvar for seg høyrer heime i tradisjonen. Såleis kan ein ikkje rekna med at ein komposisjon som denne ville kunna gå vidare til andre forteljarar og til andre generasjonar av forteljarar.

På Velholmen budde eingong i tid'n ein mann som var mykje rik. Denne mannen ha fleire drenger i arbeid hjå seg, dei dreiv sjøen eller arbeidde på landjorda, alt etter som det høvde. Ein hausten var det to av drengene hans som skulde fara utover til Floholmen, ein liten voren holme ut mot havbalan. Desse to drengane dei ha ikkje noko godt auga til kvarandre i førevogen, for dei var bae hogtekne i ei og same gjenta, dotter til husbonden deira. Men ingen kunde då likevel tenkja, at dei skulde finna på å gjera einannan noko ilt likevel. Dei dreiv då og fiska derute ut over hausten ei tid og hengte fisken på hjeld, det var tan-

ken å koma attende og henta den på ein større båt nerare inn mot jul. Eit par børsor ha dei og med for å driva jakt, ei lite fuglbørse og ei stor ei på to eller tre kuglor av markjinn, den tenkte dei å skyta kobbe med. Leid på så det var seinhaustes skulde dei då fara heim igjen. Dei bar i båten det dei skulde ha med heim igjen, berre fisken på hjelden vart igjen, han skulde dei som sakt henta seinare. Det var i grålysningen, og som dei ligg der ferdig til å fara heim, så finn den eine på, at han skal gå opp på holmen og gjera seg ein snu for å sjå etter om det kunde ha kome kobbe iland om natte, for det var på den tid havkobben søkte inn under land. No var dei som sakt medbelarar til same gjenta desse to. Men no er det det å fortelja, at gjenta helt av den eine; men den andre vilde ho ikkje veta noko av. Det var den guten, som gjenta helt av, som gjekk på land, den andre vart att i båten. Med det same den andre for i land og han vart åleine i båten, så rans det for honom, at no skulde han fara og lata den andre vera att, for åleine og utan mat kom han vel snart til å svelta ihel. Og var berre først den andre utor vegen, så skulde det vara rart om ikkje gjenta skulde bli hans. Han rodde då heimover åleine, og då han var mest heimkomen, så velta han om båten og for heim og fortalde, at dei hadde forlist og at den andre hadde gått klar.

Han som vart att på øye ansa ikkje på ke den andre hadde føre, før denne var nokså langt komen på vegen, og då såg han det var ingenting å gjera. Han tenkte med seg, at her kom han saktens til å svelta ihel, for at han skulde greida seg berre med hjellfisken det var lite truleg. Han vart då gangande der å driva på holmen dagen utetter. Var som tid inne i buene og såg seg om; men der var det berre nån brøds mulor å finna så det var ikkje noko nemnande til å halda livet oppe med. Så gjekk han atter ut og såg utover sjøen, utan at han eigentleg vona få sjå nokon seglar, for han viste dei hadde fare heimover alle dei som hadde vore på fiske derute det året.

Som han no gjekk der og dreiv fekk han sjå segl ute på havet, og desse seglan vart større og større. Først vart han glad; men så byrja han tykjest, at det var noko mystisk med denne seglaren. Og då ei tid var gått var han viss på, at det var underjordiske som kom. Han gjekk då inn i bue, for han lika ikkje å spring så beint fram i augon på dei heller. Komen inn i bue var det berre ein elstad mitt på golvet utan mur opp til taket, men berre ein ljore der

røyken for ut. Denne eldstaden kalla dei for flua, og opp og litt tilsides for flua hadde dei ein bel oppunder taket, i denne belen pla dei ha ved ligjande til tørrings. No var bel-en tom og guten tok båe børsone og kraup opp der, for han ottast dei underjordiske og kunne koma inn i bue. Som han no låg der fekk han høyra det ankra ein stor kasse ned på hamne, det var nok den største båten som hadde kome der. Han høyrdde og på skrålet, at dei byrja gå frå borde, og om ikkje så lenge, så kom dei inn i bue. Og det såg ikkje ut til dei var tenkt å fara igjen så rett snart, dei ha med stola, bord og guld og sølvfat, heil bordsetnad ha dei med. Straks dei kom inn byrja dei å dekka på bordet, det skulde nok vera storgilde såg det ut til, og det var som om tennene til guten vilde til å flyta i vatn ved synet av all denne gode maten. Då det leid så langt, at guten forståod dei skulde til å gå tilbords, så kom husbondsfolket sjølv inn. Det var nok eit brølløpsgilde dei var tenkt å halda. Brurfolkan sjølv var unge og vakre dei; men begge verforeldran var stygge. Då dei ha sessa seg tilbords, så tok verfar til brure ei flaska med vin og ein sølvballe og skulde skjenka brur og brudgom. Men med det same brure skulde taka imot sølvtomlingen så skaut guten så tomlingen spratt utur hendene på henne. Og ikkje før hadde skotet vorte løyst før alle dei underjordiske for med styr og skrål ut igjennom døre, og det var ikkje lang blinkje før han høyrdde dei hiva anker og for frå holmen. Men all den gode maten stod att på bordet. Og då dei underjordiske hadde fare sin veg, så kravla guten seg ned frå belen under taket og byrja taka for seg av retane. Først skjenkte han seg ein dram i sølvtomlingen, og så tok han til å eta av den gode maten. Ikkje var han opprådd for ljøs heller no, på bordet stod det fleire store talgljos. Guten samla ihop alt det fine guld og sølvtyet som dei underjordiske hadde late vore igjen, og det var ikkje lite, og så bar han det bort til ei anna bud, då han tykte han var liksom meire sikker for det der.

Då det leid fram til jul byrja mannen på Valholmen å tala om, at dei fekk fara utover til Floholmen etter hjellfisken. Drengen som hadde vore derute meinte derimot at det hasta ikkje så med det, han ha ingen fare fisken, og dagane var så støtt, at det var best drygja til lenger leid. Han hadde no gode vøner om å bli måg på Valholmen. Dotre hadde nok sørga over han som kom bort, allvist den første tid; men då far hennar endeleg vilde, at ho skulde ha drengen som att var, så hadde ho då og gjeve sitt jaord,

endå ho ikkje helt av honom, han var då borte han som ho helt av. No var ikkje drengen hoga fara utover før brølløppet hadde vore helt. Men han som verfar skulde bli, han helt på sitt, det var best dei fekk heim hjellfisken til jul. Dei rodde då utover til Floholmen, og det kan vel henda dei vart både undren og skremt, då dei fekk sjå det gjekk og dreiv ein mann ute på holmen. Husbonden vart noko redd han, og drengen endå meire, for han hadde så sikkert trudd, at han som han hadde late vore att på holmen han skulde vore dau no. Bli ikkje redd, sa han på holmen, han hadde levd med Gud og gaman. Han hadde ete tørrfisk av hjellen, sa han, og så hadde det kome ein svart ramn og sett seg på butaket så tunkt å bue skolv, og slepte så eit kjøtstykke ned gjennom ljøren. Såleis hadde han levd og havt det bra og. Husbonden vart rasande på den ljugarfantan, som hadde sagt, at den andre hadde blive. Og då dei kom heim vart denne drengen sett i gapestokken så alle kunde dengje honom med tornriskviste. Dette med å piske med tornris var ein skikk Peter Dass innførde då han var prest på Alstahaug, og sidan hadde dei halde ved den skikken.

Husbonden vilde no at dotre hans skulde gifta seg med den guten ho helt mest av; men mor hennar var ikkje vidare stemt for det. Det var ein husmannsson ho vilde at dotre skulde gifta seg med, men på det øyra vilde ikkje faren høyra. Så ein dag sa guten, at han skulde ha vore ute ved Floholmen ein tur. Dyran var vist på land i den tid, sa han. Med dyran meinte han kobbe og oter. Husbonden talde ifrå dette, han fekk lata den turen vera til dei hadde vorte gifte, meinte han, det vart så altids tid til å gå på jakt, sa han. Men guten helt på sitt, og så fekk han ein fembøring og for utover. Og så for han avstad og henta alt det guld og sølvtyet han hadde løynt derute til så lenge. På ferde dit ut vart han overliggjande på Floholmen ei natt. Om natte drøymde han, at hulderbrura kom og bad han finna nøkkelhonka si, den hadde ho kasta bort der inne i det ståket det vart etter det skotet han hadde løyst inne i bue. No vilde ho at han skulde taka nøkkelhonkje hennar og binna henne til eit trestykke og kasta det ut på markje. Guten fann snart nøkkelhonkje, og då han hadde høyrt at ein ikkje skulde taka i det med bere fingrane det som huldre skulde ha, så tok han på seg vottane, batt så nøkkelhonkje til eit trestykke og kasta det langt bortetter. Men det fekk ikkje husbonden veta noko om. Guten for då deim med sakene sine, og var då ein rik mann. Han fortalde til far til gjenta korleis alt var gått til og kor

stor medel han åtte, men dei vart einig om å halda dette løynd for det første. Strakst han kom heim etter sidste ferde vart det tale om gifting igjen. More sette trompen imot no og; men far til gjenta sette sin vilje igjennom likevel. Ho hemna seg likevel, more, ho jaga dotre utur huset strakst dei hadde vorte gift. Husbonden sa, at han kunde ikkje hindra det; men det skulde han vera mann for, at dei skulde få vera der på lande likevel, og så hjalp han dei nygifte til å bygja seg hus. Naboane hadde høyrte om korleis more var, og dei helt med dei unge. Dei kom og gav dei, some gav stolar, andre bord eller anna som skulde til til husbunad, andre gav deim sengkleda. Faren gav dei mykje han og, så dei vart rikfolk berre av brurgåvone. Så levde dei då lykkeleg ei tid; men det var ikkje så greit å vera heime alltid.

Ute ved ein stad dei kallar for Steinen pla det vera slikt godt auårfiske. Guten vår hadde nett fått seg ein ny båt, og så fann han på at han vilde ut og prøva seg på auårfiske han og. Første gongen var ho med Kåna hans og, og den gongen gjekk det nok så bra. Andre gongen han la iveg vart ikkje kåna med; men han la til likevel. Dette vart ulykka for dei båe, for guten kom fram til dei underjordiske og kom aldri att. Då han for heimanfrå segla han først ei lite stund og hadde rett god bær; men så spakna han rein av og det vart blankstilla, berre såvidt at båten rak for seglan eller snaut det. Guten tok då fram matveska og tok seg ein matbete, og då det framleis var same stilla og same veret elles, så byrja han så smått å dubba og sova, og sidst på sovna han heilt. Då han vakna igjen var det svartskodda så han såg ikkje ei armlengde framfor seg. Han dreiv på og segla og segla, trudde tid for tid han skulde vera framkomen. Men nei, han segla både dagen og natta, men tyktest endå like langt ifrå. Først klokka tre lysna det noko i skodda, og då såg han, at han vår komen i nærleiken av ei større øy og nokre småholmar. Men han kunde ikkje kjenna seg igjen på nokon måte, endå han meinte han skulde vera godt kjent på dei plassane det kunde vera tale om, at han var komen til. Han byrja då å ottast at dette gjekk gale; men han helt fram likevel, og kom etter å ha segla ei tid til ei øy med ei stor og god hamn. Han såg og det låg ei mengd fiskarbåtar og jakta eit stykke ifrå, men han rodde ikkje og snakka med nokon av dei. Då han kom endå eit stykke lenger fram, så fekk han sjå det låg tre

fine rå-jekter på hamne. Oppe på land såg han to tre fine gardar, og nede ved hamne stod det svære bryggjor. Det såg ut for, at det var ein storhandlar som budde her. Han byrja då tenkja på å gå på land her, og det var så rart liksom, så snart han kom opp i dette her, så var det som om han gløynde både heim og kjerring og alle andre, minnet var som reint borte. Det var stilt på land, alle karane var på sjøen, så det var berre kvinnfolkan heime, og dei helt seg inne. Guten treffe først husmore, kåna til storhandlaren her. Han spurte henne kvar han var komen og ke det heitte handelsstedet her. Han sa som sandt var, at han tykte han var kjend på dette strøket, men her kjente han seg ikkje igjen og hadde vist ikkje vore her før. Nei det var ventande det, svara Kåna. Og så fortalde ho honom, at det var Sandflesa han var komen til. Ho var så kjekk å snakka husmore, at han kom til å like henne godt frå første stund. Han var vel trøyt no som vida hadde fare, sa ho så. Ja, han laut tilstå, at nettopp kvilt det var han ikkje. Ja då skulde det bli råd om seng, let ho på; men først måtte han få seg noko til livs. Mannen hennar var på sjøen fortalde ho så, han dreiv fiske med leigd mannskap og hadde i alt 20 båtar ute, og dei hadde nett storfiske no. Det vart då duka på bordet til honom. Medan han sat og åt kom dotre i huset inn, ho var så sers fin og vakker, at han vart strakst hogteken i henne. Kjerringe heime var det minste han tenkte på, endå så glad han hadde vore i henne før. Dotre spurde more etter, om ho hadde skjenkt framanmannen. Det var vanleg den tid, at framanmannen skulde ha ein dram når han kom til gards. Nei, det hadde ho ikkje. Dotre gjekk då etter ei flaska og skjenkte i til guten, og han drakk det ihoga og tykte det var den beste skjenken han hadde fått. Men i skjenken var det blanda ein gløymseldrik, så då han hadde drokke skjenken så hadde han gløymt alt frå fortida. Då han så hadde ete skulde han få gå på loft og leggja seg. Men, sa husmore, no skulde han først taka og ro båten sin om på andre sida av øye til ei båtstø som var der. Det var ikkje vert, at båten låg der nede han no låg, når så langt leid at fiskarane kom heim av sjøen, sa ho. Ja, han skulde då gjera det, dotre i huset vart med for å hjelpa til ho og, han kunde ikkje anna segja enn ho var eit både dyktigt og trivelegt kvinnfolk. Då så båten var prekuvert, vart han vist opp på loft for å få leggja seg. Senge var god og mjuk og han sov godt.

Då han vakna igjen fekk han sjå dotre i huset låg i breidd med honom i senge. Han tenkte ikkje i minste måte noko over, at det skulde vera noko uroveleg i det, tvertom tykte han det var berre gilt. Og så sovna han att. Då han hadde sove ei god stund byrja fiskarbåtane å koma heim, alle var dei fullasta. "Sett båtan, vi ska gang opp og få littigrann mat før vi tek te med feskjinn" sa husbonden. Han hadde nok feska godt, men var litt trøyt og sergnefsen likevel. Det var rett beklagele, sa han til kåna si, at her skulde vera så lite smått om folk å få. Han hadde ikkje vore trønt til å halda på å bala slik no hadde det berre vore folk å fått; men å få fatt i ein dugande høvedsmann, det var uråd det, sa han. Husmore svara, at det hadde ho sagt til honom så ofte no i det sidste, at no skulde han berre slutta med sjøen så mykje tilårs som han no byrja å bli, og når han så ikkje var nøgd til å trøla soleis heller no lenger. Ja, men når det ikkje var nokon å tru båten til, sa mannen. "Ke du vel gje me før å forskaff de 'n høvedsmann lik go så du e sjøl," spurde husmore. Men kallen berre snøste. "Dessan kvinnfolkan dem færstår se ikkje på nåkå, e fys ikkje ke dem sei," sa han meir som for seg sjølv. "Ja låv å gje me bernsgåvår då, så ska du få sjå," sa ho. Når dei fór til Bergen og selte fisken sin før i tiden, så var det vanleg skikk, at dei kjøpte med heim gåvor til kjerringar, kjerestar, eller andre pårørende heime. Dese gåvone kalla dei då bernsgåvor. Han vilde no sjå mannen ho hadde å by på først før han lova nok, svara husherren. Han sette seg så makeleg i ein stol med pipa si han; men mora gjekk på loftet og snakka til guten og fekk han hørd med seg. "Ja kjent æ dæ ikkje på lokten dæ ha vâri framunfolk me e va borte," sa kallen. Han spurde så guten om han vilde vera der eller om han vilde fara heim. Men guten mintest ingenting til heimen meir og svara, at han helst vilde gjeva seg til der hjå dei.

"Ja ke vel du ha i hyra då?" spurde kallen. Det kunde han ikkje seia på på ståande fot det, svara guten. Dei pla ha store hyror her, fortalde kallen, vanleg var det ein 400 daler; men vilde han gjeva seg til og vera høvedsmann, så skulde han få meir. Men han kunde og få ro for seg sjølv og ha fesken sin til Bergen og sel han der. Han hadde sjølv to jakter, ei pla han segla sjølv til Bergen, den andre segla sonen hans med, sa kallen. No skulde han få dei 400 dalerne for å vera høvedsmann og attåt skulde han få part av fisken. Ja dette tykte guten var gode tilbud og slog til.

Første gongen dei skulde på sjøen skulde husbonden sjølv vera med, for guten var ukjent med fisketilhøva der på staden endå. Komne ut på feskkilakan varde det ikkje lenge før dei andre byrja å draga opp fisk i mengdevis, men guten fekk ikkje eit napp. Han tykte dette var rart for han hadde ny juksong og det var ikkje noko skrot det andre han hadde i båten heller. "Du må ikkje ha ongla så e gagn i," sa kallen, og han sa, at han sku visa honom dei onglane han hadde. "Nei, kast 'n i hav, så ska du få ongal a me," sa han så då guten lett honom få sjå ongalen sin. Guten gjorde som han vart tilsett, og så fekk han istaden ein ongal av kallen. Og då kunde det vel henda at det vart fisk, det varde ikkje lenge før han hadde skanfiska alle dei andre. Det gjekk flest på med fiske ut etter dagen, og dei hadde alt mest last i båten då det byrja trækja over frå vester og bli alle merke på, at ei stormkula var i anmars. Dei drog endå nokre fiskar, og då dei ha høveleg last, byrja dei å segla mot land. Men dei kom ikkje langt før uveret var over dei. Det rauk opp med ein storm så havet stod som berre i ein røyk, slik som så ofte kan henda ute ved Trøna. Dei hadde ein halvfemterøring, som dei til vanleg brukar der ute. Gubben sjølv sat med styrestongje og dei fekk snart så mykje skvett, at dei andre fekk full hyra med å ausa og halda båten lens. "Nei, dettan går ikkje, vi bi begråve i sy'n, kast ut nåkå a feskjinn," ropa gubben. Det var ikkje guten hoga på, no hadde dei havt eit godt feske og då å hiva fesken på hav, det tykte han var harmelegt. "Nei, lætt dæ bærre stå te endå ei stunn," ropa han attende. "Ja, kom og styr sjøl då," sa kallen, han såg det ulikt han. Guten gjekk då att og tok styret. "Stikk opp ei klo!" komandera han strakst, han såg, at skulde dei berga seg for sjøen, så laut dei ha meire segl. Gluntan gjorde som dei vart tilsett, og då for dei gjennom bråtskavlane berre så det stod etter. Men veret vart verre og verre, og med det sjøen og. "Stikk opp endå meir segl!" ropa den nye høvedsmann til karane sine. Og då det var gjort, så skar båten seg innetter mot land mest utan at dei fekk ein einaste skvett inn, og om ei stund kom dei i smult vatn. Då sa ikkje kallen værre om det, enn at no hadde han segla i mangt slaks ver frå Sandflesbankane, men ei slik ferd det hadde han ikkje havt før. "Ja såleisan bruk vi å segel," sa guten.

Då kjerringe fekk høyra om ferde deira, så vart ho svert kry. "Sjå der, såleisan gjekk dæ når e fekk lei folk," sa ho. Dei dreiv på å feska utetter vinteren, og no var det alltid guten som

var hovedsmann, kallen gav seg til på landjorde han. Då det lei på spurgte han guten etter om han vilde vera med til Bergen og selgja fisken. Ja guten var ikkje uhoga til det. Men dei 400 daler for at han hadde vore hovedsmann, dei skulde han få strakst, sa kallen og lett honom få pengane. Sidst i juli tok dei inn rundfesken og byrja stella seg istand til Bergensferde. Ein dag medan dei helst på med dette kjem husmore til honom og spør etter korleis han likar dotre hennar. "Gjift de me ho og slå de te hoss oss, ho e gla i de ho og," sa ho. Dette vilde guten meir enn gjerne, sidan han hadde drukke den huldervinen, så hadde han ikkje ein tanke om den gamle heimen sin og dei som der var. Kallen sjølv hadde heller ikkje noko imot giftarmålet. Dei skipa då til bröllop, og baa dei nygifte vart med kallen til Bergen. På sørturen fortalde kallen, at han hadde ein bror, som var kjøpmann i Bergen, han var endå ein av dei største handlarane der, og det var hjå honom dei pla handla Sandflæsfolka når dei var i Bergen. Det gjekk godt på ferda sørover, snar var dei og, og endå snarar nordover igjen. Det var kvelden dei tok til ifrå Bergen, og då gjekk guten og dotre ned og la seg strakst dei var komne ut or hamne, då dei vakna om morgonen var dei heime på Sandflæsa. Det kunde nok henda dei hadde segla om natte!

Kallen gav no styret på Sandflæsa meir og meir ifrå seg, og guten vart den som styra i eit og alt. Minnet om den gamle heimen fekk han aldri att. Forutan den dotre så hadde kallen og ein son, som hadde gått på skula. Som vaksen fekk denne sonen hog til å vera skrepphandlar. Han fekk seg så i en deksbåt og byrja å fara ikring. Båten var ein god seglbåt, og varor det fekk han hjå far sin. Denne skreppkaren kom eingong til Valholmen til folka, som budde der. Ho, som eingong hadde vore kåna til guten, hadde så lenge syrgt over honom som mann hadde vore, ho trudde no sikkert, at han hadde stråke med på auårfesket. Skreppkaren var ein vakker kar, og skreppdelan var på den tid akta som storkarar mest. Og då han vart verande mykje på Valholmen, så vart det tilsidst til det, at ho som rekna seg for enkja, ho vart hogteken i denne vakre skreppkaren. Og då han atter reiste derifrå, så vart ho med honom. Dei for så og reiste ei tid, og handla godt det gjorde dei. Men så hende det ut for Åkvik, at gjenta vart så forunderleg trøyt, og tilsidst sovna ho. Då ho atter vakna var dei komne til Sandflæsa. Ho trudde først at dei var komne heim. "Nei dettan e mett heim da," sa skreppkaren. Ho kunde ikkje forstå ka det var; men ho tykte her var så kjent,

ho såg likevel, at det var ikkje heimen hennar når ho berre såg vel etter. Skreppkaren foreslog dei skulde gå opp og prat med folket. Det var ikkje gjenta uviljug til. Dei gjekk då på land, og der treffe dei både far og mor og søster til skreppkaren. Ho treffe og han som eingong hadde vore mannen hennar; men dei to, som på Valholmen hadde vore mann og kone, dei kjente ikkje her kvarandre igjen. Og dotre i denne underjordsheimen, ho var snar til å skjenke i ein dramm av same flaska, som guten før hadde drukke av, og den som drakk av den skjenken, han mintest ikkje noko frå førtide meir. Gjenta ho drakk av hulderskjenken og vart verande der. Såleis gjekk det til, at desse to kom ilag i hulderheimen utan at dei likevel kjente einannan, og ingen har sidan høyrte gje-te eller spurgt noko om dei.

Den same hulderætta som budde på Sandflæsa var elles ei vidgreina ætt. Bror til mannen på Valholmen, som vi har hørt om før i denne fortellinge, han budde på Seløye og var styggrik han og. Sonen til denne rikhausen på Seløye han dreiv med bruk derute. Så var det eingong det slog over med skodda og regnfugga, at han vilde seg bort og ikkje fekk landkjennning. Då han såleis hadde dreve på og rodd ei tid, så rauk det opp med storm, og han måtte halda av nordover. Det var tre mann i alt og dei kom tilsidst inn under Hjartøye nord for Bodøy. Dei viste ikkje kvar dei var komne, og så vilde dei gå på land og sjå etter, noko som elles ikkje var så greit mørke svarte natte som det var. Då dei kom på land fekk dei sjå ein rødmålagard der, og øye tykte dei kjenna att som Hjartøye. Men det var til ein hulderheim dei var komne, og i den rødmåla garden dei såg der budde hulderpresten. Dei framande vart overlaga godt motteke av hulderfolket, og sonen til mannen i Seløye vart verande der og gifta seg der med dotre til hulderpresten. Etter dei var gifte flytta dei frå Hjartøye og sette seg ned der Jakelngarden i Bodøy no er. Der denne storhandlarden er no har det altså ei tid vore ein hulderhandelsmann, som har havt forretninge si. Men hulderfolket der nord på Hjartøye var i ætt med dei på Sandflæsa.

Det var eit hende, at soga om dei nye folkje på Sandflæsa vart kjent mølla folk. Det var ein søndag presten i Rødøy skulde halda kyrkje forretning og var nettopp komen på stolen. Då gjekk kyrkjedere opp og inn kom det ein fiskarkall, som gjekk innetter kyrkjegolv. Ned for preikestolen stana han og spurde presten ke han

helst vilde ha eit stort kornland eller eit godt fiskevær. Presten vart ståande og tenkje seg om ei stund. Då sa fiskarkallen: "Tenkje du i tomme, Sandflåsa da dulde land er ikkje opp for domme!" Og så for kallen sin Veg. Men presten vart den som ingenting fekk for det, at han vilde betenkje seg så godt.

Men så eingong seinare då dei skulde vøla om Rødøykyrkja, så fann dei ei luka i veggen attom alterveggen. Og innanfor denne luka fann dei nokre runeskrifter. Det var ei beretning om dei nye folkje på Sandflåsa, korleis dei var komen dit, og korleis dei levde der. I desse runeskriftene stod og mean for Sandflåsa, og mean var desse: "Trågøye den lange ska i Skalskale gange." Veglengde frå land var ein og ein halv grad. Desse skriftene var i Rødøy kyrkja til den namngjetne Rødøypresten kom dit, han som kunde både løyse og binna den vonde liksom Peter Dass. Han bruka og ofte å ha hinmannen til å arbeida for seg, nett liksom Peter Dass. Men så var det eingong, at den vonde nerpå sku ha gjort kål på presten. Han kom så dåvert på honom, at presten fekk ikkje tid til å fata i kyrkjebokje, og ut og opp på Rødøytinden bar det, og der sette den vonde presten ned. Og der var presten heilt i den vonde si vald, for alt det han strevde, så greidde han ikkje minnast eit einaste skriftstad. Men så kom prestedrengen presten til hjelp. Drengen tykte presten vart så lenge borte og byrja undra seg over kvar han hadde teke vegen, og tilsidst fekk han sjå presten sitjande høgst på Rødøytinden. Drengen dit. Seg meg eit einaste skriftsted, bad presten. Drengen kunde ikkje koma på noko anna enn fadervåret, og det las han då. Men strakst presten hørde det, så var han ovenpå igjen, og den vonde laut ta både presten og drengen og bera dei på ryggen ned av Rødøytinden. Sidan la denne presten seg så etter all slags trolldom. Han brente og skriftene om Sandflåsa, då han påstod det var eit slaks trolldom med det. Men sidan har dei segla der i storm som i stilla og havet har brusa på ein eigen måte ikring dei, og lodda har treft Sandflåsbanken. Det har og av og til ikkje vore fisk å få annan stads; men derute kunde det ha vore nøgde. 1)

1) Uprenta; NFS K. Strompdal V, 65. Manuskriptet har ikkje avsnitt-oppdeling. Det er ikkje gjort nokon freistnad på å retta opp skrivefeil og inkonsekvensar i manuskriptet.

Etter Karl Braset har me òg ein versjon der det er etablert eit samband mellom ei Halten-segn og Utrøst-tradisjonen:

De va to feskera som rodd saamaarfeske. Saa skoll dæm aatt væri, aa saa vart de raakk, aa saa la dæm aat aatt Fraahølma. Saa va de saa lite hagle aa liggji i bun', aa saa gjikk dæm paa laafte aa liggji. Da dæm ha liggji i stonn, saa vart de saa orole nedi bun'. De bynnt aa gaa i døraam. Saa skoll 'en kjik' ni bua, aa da fekk 'en sjaa dæm holl paa aa dækt bol nedi bun'. Saa kjeik 'en utigjønnein ein gluggi aa neppaa sonne. Saa laag de eit stort skjip paa sonni. Aa skjipe va saa gruvelo vakkert. Saa kom de om i stonn fœlk oppaaver bærga. Aa fœlkje va kledd paa mange slags maata, men saa vakkert aa fint at hann, bæsst i senn 'en saag, vart ilt me, rætt som de va, aa tok ætti børsnaan. Saa, da 'en ha sjett ut, saa saag 'en nedi bua. Aa da holl dæm paa aa gjikk in vellii vækk. Saa kom der ein gut aa i veikj', leksom brur aa bruggaam, aa sætt sæg øvst me bole. Saa aat dæm. Da dæm ha iti, ga dæm brugava. Dæm ga søllpang aa fine tenga. Aa olkalle, naar dæm ga gavan, va: "Der ska æg gji aatt hættæ dættæ." Saa skaut hann som va paa laafti aa sa: "Der ska æg gji aatt hættæ dættæ." Saa tok dæm te sprangs all ihop aa for ut igjønnein dœrin. Saa sprang 'en ne taa laafti aa gjikk aat dœren, aa der sto brura uttfer. Saa ba 'a om aa faa nykkjylhaankja. Hu laag ponni boli, sa 'a, men hann maatt itt ta ti 'a. Saa sa 'en, at fekk 'en sølle, aa all tengan som va paa boli, saa skoll 'en faa 'a. Aa de skoll 'en faa. Saa kasta'n ut nykkjylhaankja, aa vart ein rik mann.

Aare ætt skoll 'en att'n, aa da skoll'en møt' paa Hillereioyhausa. Aa han rodd i meaa paa Hillereioyhausen. Da 'en ha rodd i stonn, fekk 'en sjaa tri skarva som sat paa ein staakk. Aa i stonn ætti, bæst i senn 'en rodd, fekk 'en sjaa lann. Aa de va feskhjellaa oppaaver saa langt 'en saag. Saa drog 'en opp baaten aa gjikk oppaaver. Aa oppafer feskhjellaam laag de ein stor, pæn gaal me store, grøn slettau aa lonna ikrengom, aa fine hus. Saa gjikk 'en opp aa taallaa me fœlkje, aa (da møtt 'en saamaa mann' som va i Fraahœlbun'. Aa saa spord hann 'en, om 'en saag sønnin sinn uttpaa sjœ naan stan. Nœj, han ha itt sjett dæm naakkaa. Alt hann ha sjett, saa va de tri skarva som ha

setti paa ein staakk, som ha liggji aa drevvi uttpaa sjøa, sa 'en. "De va tri mann, de va sønnin minn de," sa mann'. I lita stonn ætti kom dæm, aa dæm ha faatt saa aaverlag mykkjy fesk, Saa vart 'en i stonn paa gaala, men saa villa 'en reis heim. Saa sa dæm, da 'en skull te aa reis', at han maatt ro baklængs ifraa lann naar 'en reist, aa hann maatt itt sjaa sæg att. Naar 'en ha rodd ein times ti, maatt'en stopp-opp aa sjaa sæg ikreng aa snu baaten. Saag'en sæg itt om da, saa rodd 'en sæg oppi ei flu som dæm kalla Kaallbaain (i Bjønner). Saa la 'en te. Da 'en ha rodd ein times ti, saag'en sæg om, aa de va som dæm ha sagt. Saa rodd'en opp mea aa kom paa Fraahølmin.

1)

Ved ein rein innhaldsanalyse kan ein ikkje koma stort vidare enn å fastslå at det i ei sergruppe av tradisjonen om vetta som kjem på jolevitjing, Halten-segna, finst eitt drag som er sams med tradisjonen om sjøferd til overnaturlige øyar, nemleg møtet med underjordsfolket på ei øy. Ein kan vidare slå fast at lokaliteten, øya, innhaldsmessig har ei sentral episk oppgåve som føresetnad både for rival-motivet og for vitjinga, men at øya som motiv ikkje samlar interessa om seg og ikkje står sentralt i biletet. Berre i eit lite mindretal av oppskriftene finst det draget at den øya hendingane går føre seg på, er ei av huldreøyane eller at det også er ein huldregard der. Uttrykt i tal: i alle dei versjonane av Halten-segna som eg har kome over, er det berre 3 som har ei slik samanblanding, og det må derfor vera grunn til å tru at (U)trøst-motiv i Halten-segna er sekundare.

1) /Karl/ Braset: Hollraæventyra, s. 90ff. Tjukk 1 er ikkje merkt ut her.

C. Tradisjonen om underjordsfolket

a) Ålment.

Serleg i dei forteljingane som handlar om vitjing i huldregard kjem sambandet med den ålmenne norske tradisjonen om huldrefolket tydeleg fram. Om huldrefolket er det i tradisjonen nytta mange ulike nemningar, som dei underjordiske, underjordsfolket, tussane, juftullane, hittfolket osfr. Nemninga skifter frå landsdel til landsdel; opphavet kan etymologisk sett vera mykje ulikt, men det er ikkje grunnlag for å gjera ei inndeling av desse vetta etter nemningane, slik som sùme religionshistorikarar har freista på, av di underjordsfolket utan omsyn til nemninga stort sett har dei same attributt overalt. Det er eit "folkeslag" som i leveviset snautt skil seg frå menneskja; dei bur anten under jorda eller på andre stader som folk ikkje kan koma på. Truer på eit underjordsfolk finst med små avbrigde i dei fleste europeiske land. I norsk folketradisjon kan ein trygt seia at huldrefolket inntek ein dominerande plass.

Ei tid meinte sùme granskarar, truleg inspirerte av religionshistorisk gransking av folkloristisk materiale utan kunnskapar om serhåtten åt eit slikt materiale og utan kjeldekritikk av det, at ein i huldretradisjonen hadde leivder etter tidlegare tiders fe/radyrking, og at underjordsfolket såleis opphavleg hadde vore identisk med dei avlidne; huldreheimen der dei bur skulle då vera eit uttrykk for dødsrikeførestellingar. Knut Liestøl var mellom dei som stødde desse teoriene:

Somme har meint at huldrefolket skulle vera ei minning om ei folke-ætt som har levt i landet i eldgamle tider og som var vorti trengd attende til skogar og heiar av dei folka som sidan kom til å rå i landet. Men alle slike teoriar laut snart gjevast opp. Det som sette granskarane på rett veg, var den likskapen ein finn mellom truer som knyter seg til avlidne og trua på huldrefolket. Noko av det mest allmenne på jorda er forfedre-dyrkinga. 1)

I dei provføringane Knut Liestøl vidare kjem med, er det synbert korleis desse teoriane byggjer på ytre analogi og ikkje krev ein organisk samanheng. Han set på like line drag som t. d. det at folket bur under jorda og at dei avlidne vert gravlagde i jorda.

Om denne teorien hadde vore rett, kunne tradisjonen om sjøferd til huldregardar og huldreøyar ha kome i eit nytt og interessant ljós. Ein laut då sjå denne tradisjonen i samband med folketro og folkedikting om ferder til dødsriket, og til dødsrike og paradisk-førestellingar ålment. Når ein likevel må avvise denne teorien i den mon me har med det norske materialet å gjera, kjem dette av at det i den norske tradisjonen om underjordsfolket ikkje finst noko som helst haldepunkt for eit samband med dødsrikeførestellingar, anten i innhaldet eller i trudomsutsegner omframt folkediktinga, eller i oppfatninga hjå tradisjonsberarane. Heller ikkje i dei framstillingane av folkeleg trudom som me finn i dei eldre topografiske skrifterne er det noko belegg frå norsk tradisjon. Det vil i dag naudt vera mogeleg å finna stønad for slike teoriar hjå nokon tradisjonsgranskar nokon stad.

1) Norsk Folkedikting, bd. III: Segner (bd. V). Med innleiing og merknader av Knut Liestøl. Oslo 1963, s.18.

Dei norske førestellingane om underjordsfolket liknar mykje på dei tilsvarande førestellingane i andre land. Om dei irske truene på sídh-folket er det sagt at:

of course fairyland and the land of the Dead were not identical, but the Irish located both regions either on islands or beneath lakes or hills, and confusion was inevitable. 1)

Seán Ó Súilleabháin seier i si A Handbook of Irish Folklore:

It is very difficult to draw a line of demarcation between the kingdom of the dead and the fairy world in Irish popular belief. Stories of persons who reappear after death are inextricably confused with tales of the fairies. 2)

Ei slik samanblanding finn ein aldri i norsk tradisjon; og det er ikkje forsvarleg å overføra slike drag i tradisjonen i andre land til den norske tradisjonen på grunnlag av den likskapen som finst på sentrale område mellom sídh-folket og huldrefolket.

b) Samkvæmet med huldrefolket

I forteljingane om sjøferder til Utrøst og til huldregardane møter me det same huldrefolket som i annan norsk tradisjon om underjordsfolket. Dei same draga går att: dei underjordiske skil seg i utsjånad og levevis lite frå menneskja, dei er stort sett venløge og hjelp-

1) A. C. L. Brown: The Origin of the Grail Legend, Cambridge, Massachusetts, 1943, s. 23

2) Hatboro, Pa., 1963, s. 450

same mot folk, men dei kan òg vera fårlege og hemna seg dersom eit menneske bryt lovnader eller set seg ut over forbod. I kyst-tradisjonen er det ikkje anna enn naturleg at dei underjordiske har jordbruk som attåttnæring til fiskjet, at dei er ute med bruket sitt som folk flest frammed kysten, og at dei i Nordland dreg til Bergen og sel fisken sin. Sameleis finn me i innlands-tradisjonen at huldrefolket driv jordbruk og fe-al, og at dei har bufering og stølsdrift som folk der. Kysttradisjonen har òg det draget sams med innlandstradisjonen at det oftast er merke av velstand og rikdom hjå huldrefolket. I innlandstradisjonen har dei gjerne gilde gardar og feitt fé; sylv og gull er det òg ofte tale om. I forteljingane om vitjing hjå huldrefolket på huldreøyar eller andre stader på kysten vert det støtt sagt at det var grønt og fint med flate åkrar, raudmåla (og dermed velstelte) hus og bryggjer (dvs. naust); alt ber merke av velstand og trivnad. Har huldrefolket i innlandet jamt betre avdrått, så har det i kysttradisjonen betre fiskelukke enn folk.

Såleis kan ein slå fast at når det gjeld skildringa av dei som bur på huldreøyane og bustadene deira, er det ingen ting i Utrøst-tradisjonen som merkjer seg ut og skil seg frå huldrefolk-tradisjonen ålment.

Sameleis er det òg med skildringane av samkvæmet mellom folk og dei underjordiske når dei treffest: i Utrøst-tradisjonen finn me att den same ambivalente grunnhaldninga til huldrefolket som i annan tradisjon om slikt samkvæme: dei underjordiske er oftast hjelpsame og gjev-

milde mot folk; dei gjev dei husly, og dei bergar folk som er i havsnaud. Men samkvæmet kan òg få lagnadstunge fylgjer, slik som i forteljinga om Avglapen s. 51ff og om folket på Sandflesa, s. 60ff. Likevel ser det ut til ut ifrå materialet - der det òg til jamføring inngår 17 nummer med motivet samror med huldrefolket i ymse former - at det nett i denne tradisjonen er ei overvekt på den positive eller optimistiske haldninga til underjordsfolket. Så vidt eg kan sjå, er det rett når Reidar Th. Christiansen hevdar at

Et poeng er at det lønner seg med samror med huldrefolket; de vet alltid når det lønner seg å dra ut, eller de kan veien til en ekstra god fiskegrunne. Nordpå glir slike motiv inn i Utrøst-sagnene. 1)

Samror med huldrefolket er eitt av dei motiva som er knytte til dei ulike utformingane av forteljingar om folk som har vore på Utrøst. Såleis kan ein ta eit for eitt av dei motiva me finn i dei såkalla Utrøst-segna og syna fram parallellar frå andre delar av folketradisjonen. Me finn t.d. att forteljingar om bergtaking eller inntaking, der eit menneske meir eller mindre uviljes vert tvinga til å bli verande hjå huldrefolket, og vert gift med ein av dei. Ein finn òg motiv som at draugen til takk for at han fekk ein vott då han bad om det, hjelper til og held mastra i storm og fører båten til berging i Utrøst. 2) Jamvel dei faste ytre omstenda kring ei vit-

1) Reidar Th. Christiansen: Nordsjøsagn. Arv 13, Uppsala 1957, s. 8

2) Edv. Ruud: Segna om Utrøst, Håloygvinne VI

jing på Utrost: uvêret eller mørkskodda, finn ein òg i skildringar av vitjing i huldregardar i innlandet. Såleis fortel Johan Hveding etter Joakim Pettersen:

Ein dag gjekk det to mann til fjells på Hulloya og skulde akta viten. Den eine heitte Anders og den andre heitte Jon. Det var um sumaren. Då dei var komne upp i fjellet eit stykke, kom det myrkeskodda på dei, og dei miste kvarandre. Han Jon kom snart ned til folk; men han Anders gjekk seg vill uppe i fjellet.

Då han hadde gått der ei stund, kom han til ein gard som han ikkje kjende. Det var få hus på garden. Bonden var ein gamal kvitskjeg-gja mann. Han stod ute og tømra på ei halvferdig stova. ... 1)

Her har me mørkskodda igjen, eit fast innslag i forteljingar om vitjing i huldregard, same kvar den huldregarden ligg.

Såleis lyt me slå fast at tradisjonen om sjøferd til huldresøyar er uløseleg ihopvavd med tradisjonen om huldrefolket ålment.

D. Opphavssegner

Heller ikkje tradisjonen om eksistensen av overnaturlige øyar står isolert frå annan norsk tradisjon. Dette gjeld serskilt det episerte tradisjonsstoffet om øyar som vert "oppedaga". Desse segnene har mykje sams med dei såkalla "opphavssegnene". Med ei "opphavssegn" meiner me ei episk utforma forteljing som prøver gjeva ei forklåring på opphavet åt ein naturformasjon som tykkjest underleg eller eit namn som ikkje utan vidare kan uttydast eller liknande fenomen som folk tykkjer det trengst

1) NFL 33, Johan Hveding: Folketru og folkeliy på Hålogaland, s. 56ff

ei forklåring på. Ofte er det steingjengne risar og troll som er opphavet til underlege formasjonar i terrenget. I ei slik segn frå Vega kan ein tydeleg sjå slektskapen med forteljingane om oppedaga huldresøyar, serleg den om Søli-uxsen (sjå s. 35):

Nessøya var før ute ved Trøna. Men så var det nokre risar, som budde på øya, og dei tykte det vart stuslegt i lengda å bu så langt til havs. Og så tok dei likegodt heile øya for å bera henne nærare land. Dei tenkte ha henne heilt inn til fastlandet, men så gleid den eine risen og heldt på å detta, og så slepte dei øya ned. Og i fallet kvelvde ho seg, så det som før var oppe, det snur no ned, og det som før snudde ned, det snur no opp. Med det same snåva alle risane og datt ovanpå øya, og då sola rann med det same, så gjekk dei i stein alle. Desse risesteinane er enno å sjå på øya. Dei har ikkje skap som annan stein, og det er og det rare med dei, at dei liksom veks. 1)

E. Stål

Eit hovudmotiv i segnene om dei oppedaga huldresøyane er det at det på ein eller annan måte vert ført stål på øya, og stålet løyser så øya frå kreftene som batt henne. Stålet har ein over lag sentral plass i folketrua. I Register til Norsk Folkeminnelags skrifter nr. 1 - 49 (NFL 50) opptek stål mest ei heil spalte (s. 113).

Stålet er på den eine sida eit verneråd: det verner menneske og husdyr mot trolldom og vonde vette. På den andre sida er stålet eit aktivt hjelperåd for folk når dei vil eignast seg ting som høyrer dei underjordiske til eller som på andre måtar er bundne av dulde

1) NFL 44, Knut Strompdal: Gamalt frå Helgeland III, s. 12, oppskrive frå Vega.

makter.

I Schønnebøls notis om havhesten som trollfugl vert det fortalt at dersom nokon freista binda stål på han, kom andre havhestar til og freista få det av att; lukkast ikkje det, reiv dei han heller i hél enn at han skulle fly til huldreøyane og gjera dei tilgjengelege (sjå s. 14).

Ofte er det fortalt at folk eigna åt seg huldrefe ved å kasta stål over det; dersom ein ikkje det gjorde, kunne ein ikkje ha noko utbyte av huldrefeet.

Såleis ser me at stålet på ingen måte er noko isolert element i forteljingane om huldreøyar som vart oppedaga ved at eit husdyr førde stål på det, eller at folk gjorde det. Det som er sermerkt, og som eg ikkje har funne parallellar til elles i tradisjonen, er at det er eit husdyr som fører stål med seg. Dette draget har truleg samband med ein tendens i desse forteljingane: det er ikkje utan fåre ein set slike makter i sving; i nokre av versjonane vert det då òg fortalt at husdyret vart til stein då øya kom opp; dette motiverer då at eit husdyr sumde ut med stålet. Men husdyr-motivet har ein annan bakgrunn òg: ofte òr det fortalt at dyra kunne sjå det som var dult for menneskeaugo: når hesten bråstånar eller tek ut utan synleg grunn, er det av di hesten har sétt dei underjordiske eller andre vette.

5. Oppsummering

Føremålet med dette oversynet er å gjera det klart at i folketradisjonen står ingen element isolerte. Såleis

kan ein når ein vil drøfta motivet "Dei lukkelege øyane" i norsk folketradisjon ikkje sjå dei motiva og innhalds-elementa som merkjer ut denne tradisjonen isolerte. Me må samstundes sjå på korleis relasjonane til anna tradisjonsstoff er. Gjennom dette oversynet har me sétt korleis det tradisjonsemnet me her vil behandla er ihopvart med andre tradisjonselement. Det finst snautt "reine" former av noko motiv. Dei kategoriane ein steller opp i inndelingane av materialet og som ein finn i dei ymse katalogane over tradisjonsstoff, er berre hjelperåder til å skaffa seg eit oversyn over materialet ut frå det som etter beste skjen er det sentrale motivet. Dette skjønnet er likevel subjektivt, og kan vanskeleg anna vera. Ein del av det materialet som ligg til grunn for dette arbeidet ville såleis utan grunn kunna gå inn i eit materiale med t. d. inntakingssegner, andre i ei gransking av tradisjonen om samkvæmet mellom menneskja og dei underjordiske, oppedagings-segnene i eit materiale som syner funksjonen åt stålet i folketrua osfr. Kategoriane er såleis på ingen måte absolutte; det finst så mange overgangs- eller mellomformer at den som arbeider med eit tradisjonsstoff kan koma i tvil om kategoriane er brukande i det heile. Forleg veg det tungt i denne samanhengen at kategoriane er ukjende for tradisjonsberarane; dei knyter suverént stoff og element ihop etter heilt andre retningslinjer enn vanskane sine.

Eit tilhøve som gjer det serleg vanskeleg å arbeida med norsk tradisjonsstoff er at det ser ut til at samanhendingane og samanvevjingane har gått vidare hjå oss enn i

andre lands tradisjon. Det tykkjest vera slik at dei ulike vetta har ein lite differensiert funksjon; ulike overnaturlige vesen tykkjest gli ihop med huldrefolket: dei vert opplevde på same vis, og situasjonane der ein mäter dei er like eller mykje liknande. Side om side-finn. me t. d. forteljingar om at sjødraugen heldt mastra i storm, og at ein huldrekall gjorde det. Samanliknar ein med tradisjonssamlingar frå andre land, t. d. Lauri Honko: Geisterglaube in Ingermanland, finn ein eit heilt annleis differensiert bilete. Om den norske tradisjonen då representerer eit yngre stratum, kan eg ikkje på grunnlag av dette arbeidet ta stilling til; Reidar Th. Christiansen er inne på tanken i artikkelen Nordsjøesagn som me viste til ovanfor. På denne bakgrunnen vil det såleis nestan vera ei forfalsking dersom ein framstiller det slik at tradisjonen om overnaturlige øyar er lett å identifisera og sermerkt på ein måte som rettferdiggjør at ein skil ut denne tradisjonen som ei eiga gruppe.

Ved identifiseringa gjennom denne innhaldsanalysen har me funne tradisjon med desse karakteristika:

1. Truer på at det finst supranormale øyar, som kjem til uttrykk gjennom ymse trudomsfråsegner eller omtale av trudomsførestellingar frå folk som sjølve står utanføre tradisjonsmiljøet; slike fråsegner kjem òg som forteljetekniske middel i episert tradisjonsstoff, og er referanseråme for forteljingane.
2. Det finst forteljingar som tykkjest ha den funksjonen å stø opp under truene på at dei overnaturlige øyane

finst. Slike forteljingar handlar anten om at det kjem ein mann frå ei av dei overnaturlige øyane og bed om at øya må verta lagd inn under ei kyrkjesosn, eller om at folk fann kornaks i styrelykkja o. dl.

3. Fråsegner og forteljingar om at eksisterande øyar før har vore supranormale men vorte oppedaga.
4. Forteljingar om folk som møtte vette (dei underjordiske) på ei overnaturlig øy.
5. Forteljingar om at folk vart berga i havsnaud på ei huldreøy.
6. Forteljingar der folk vitjar huldreøyane og kjem i kontakt med dei som bur der. Når det gjeld desse forteljingane, er det nærmast umogeleg å dra opp skiljelinene mot gruppa "vitjing i huldregard". Ein kunne gradera desse forteljingane såleis:

- a) Vitjing på namngjevne huldreøyar.
- b) Den namngjevne staden var då ei huldreøy, men er no faktisk ein banke
- c) Ein konkret lokalitet i form av eit lite skjer, ei flu eller ein liten holme ovrar seg i forteljinga som ei grøderik øy med gilde hus
- d) Vitjing i huldregard på ein kjend stad der det etter topografien ikkje er mogeleg med busetnad, men der hus og omgjevnader ovrar seg som i gruppe c.
- e) Vitjing i huldregard på ein ukjend stad der det ikkje er sagt noko om at det er ei øy, men der alle ytre omstende samsvarar med a, c og d.

6. "Dei lukkelege øyane".

Denne nemninga er tradisjonell og ikkje eit resultat av at me har funne framtrédande drag i den aktuelle tradisjonen som rettferdiggjør å bruka han. Grunnlaget ter seg heller veikkt om ein ser på den norske tradisjonen isolert:

1. Dei øyane det er tale om, er i sers mange høve skildra som grøne, vene, låge, flate, grøderike, med fine åkrar og vide engjar. Hadde dei sigla over, fann dei kornaks i roren. Slike drag må ein då sjå med augo åt dei som har bore oppe denne tradisjonen: han finst stort sétt hjå fiskarar og småbrukarar ytst på kysten, serleg i Nordland. For folk i desse fattige og snaue stroka har nok ein slik rikdom hatt andre dimensjonar enn ein ved fyrste augnekastet skulle tru. Tradisjonen må såleis sjåast i samanheng med sitt miljø.

2. Dersom det er fortalt om busetnad på øya, er det gilde hus - raudmåla som oftast - og det vert for det meste understreka at alt gjev inntrykk av velstand. Slike drag må ein òg vurdera ut ifrå det aktuelle tradisjonsmiljøet. Endå i dag er det visseleg ikkje alle i Nordland som ser seg råd til å måla heimehuset og langt mindre nausta. Dette draget er likevel noko uvisst, av di det normalt finst velstandsdrag i skildringar av huldregardar.

3. Ofte vert det sagt at han er "berga", han som har vorte berga på ei huldreøy - med vidare meining enn det å berga livet. Såleis er det òg med fiskaren som tenkjer på det han har høyrt om Utrøst når uværet er som verst, og vonar å berga seg i land der (sjå s. 24). Det å berga livet i havsnaud er i seg sjølv ein rikdom; men i dei forteljingane der folk møter dei som bur på huldreøyane, fylgjer det til vanleg med seinare lukke: dei var på fiskje i lag med underjordsfolket, og fekk ein lott

så stor at det vart varig velstand av det, eller dei fekk i avskilsgåve ein ongul som var slik at dei alltid fekk fisk, eller det kjem ein sluttkommentar som seier at det kom velstand og lukke i huset etter den dag (og då kan ein sjølv sagt sjå forteljinga som ei forklaring av kvifor folk i den heimen var så velstående). Eigaren av det husdyret som daga oppe ei huldreøy, vert i mange høve fyrste eigaren av øya, og den kunne vera vel verd å eiga, grøn og fin som ho var.

I kva mon me har med "lukke" å gjera, avheng av dei augo ein ser lukka med. Viktig er det difor når ein tolkar dette innhaldsdraget at ein ser det i relasjon til tradisjonsmiljøet. H. F. Feilbergs ord (jfr. s. 6): "For den fattige Nordlending er en bygager, en jordhytte med mad og drikke i overflod noget som Paradisets herlighed", er såleis ikkje heilt ute av samsvar med det som her må seiast vera ein rett oppfatningsmåte; ein må berre ikkje tolka livet etter dauden og paradiset inn i denne lukka. No svarar heller ikkje nett "jordhytte" med dei velstandsgardane me finn i den norske tradisjonen; men viktigast er det i denne samanhengen å understrekja at den lukka det kan vera tale om, det er ei jordisk og timeleg lukke etter smålåtne krav.

7. Huldreøyar i norsk tradisjon: oversyn

I dette oversynet skal me rekna opp dei øyane tradisjonen er knytt til, gjera greie for kvar dei finst, og nemna kor mange belegg det er for kvar øy i materialet.

1. Dei eigenlege huldreøyane:

a). UTRØST kjem i ei serstilling: det er 20 belegg for Utrøst i materialet; men av desse er det 2 som berre har "Utrøst" i overskrifta. Øya skal liggja utanføre Røst ytst i Lofoten; einskilde kjelder vil endåtil vita å festa henne endå nøgnare på kartet.

b). SANDFLESA, utanfor Trøna på Helgeland, er det i alt 8 belegg for. Staden er ein grunne "som før har vore huldreøy" eller som berre av og til stig opp.

c). UTVEGA er nemnt i 2 nummer; ho ligg utanfor Vega.

d). I 6 nummer er det referert til ei øy eller ei hamn eller eit flatt åkerland midt ute på VESTFJORDEN.

e). SKLINNA i Nord-Trøndelag er nokre fleser ute i havet nord for Vikna. Sklinna er nemnd som huldreøy 1 gong, medan YTTER-SKLINNA er nemnd 2 gonger.

f). YTTER-STEMMA, utanfor Stemma i Nordland: 1 gong.

g). HILLEREIØYA - eit fall - ligg etter alt å døma utanfor Froholmene i Sør-Trøndelag. Ho er nemnd 2 gonger.

h). AUVÆR i Hillesøy herad i Troms er nemnd som huldreøy ein gong. Her òg er det tale om nokre småholmar og skjær.

i) Frå TRONDHEIMSFJORDEN er det nemnt fleire øyar. Det er likevel så stutte notisar at det er vanskeleg å avgjera om det er ei øy med fleire namn eller like mange øyar som det er namn. I 2 nummer er det nemnt ei STOR-TAUTRA vest-nordvest for Tautra (som etter segna skal ha vore ei huldreøy før, sjå nedanfor). Vidare er JEPPLINGØYA nemnd i 1 nummer utan at det er sagt noko om kvar ho

ligg, medan 4 omtalar ei øy eller eit flatt åkerland ute på STRINDFJORDEN. I BEITSTAFJORDEN er det i 2 oppskrift-er nemnt ei øy, men det er ikkje noko namn på henne.

Den orlogsgasten på Høienhald 1711-14 som Øverland omtalar (sjå s. 16f), nemner 3 huldreøyar som ikkje er kjende anna enn i kjelder som synbert byggjer beinveges på Øverland. Dei 3 er:

j). Ei øy 4 mil vestanfor Utsira,

k). Ei 4 mil lang øy vestanom Lista, og

l). Ei øy søraust for Jomfruland.

m). ALLEGARDEN er eit skjær på Folda som i 4 oppskrifter opptrer som øy med jordvidder, hus og handelsstad.

Elles finn ein omtala ikkje-namngjevne øyar, i 2 nummer frå Nordland, og 1 "utanfor Vestlandet".

2. Huldreøyar som har vorte oppedaga:

a) RØST: 1 gong

b) VEGA på Helgeland: 1 gong

c) SØLA vest for Vega: 3 gonger

d) Nordvestre luten av ANDØYA ("YTTER-AN'A") : 3 gonger

e) SVINØY i Brønnøy: 1 gong

f) NORDFUGLØY i Karlsøy i Troms: 1 einskild av fleire variantar av ei segn frå norsk og samisk tradisjon seier at ho før har vore huldreøy.

g) LAUVØYA i Åfjord: 1 gong

h) TAUTRA i Trondheimsfjorden: 4 gonger

i) HESTØYA utanfor Alstadhaug i Levanger: 2 gonger

j) TAUTRA innanfor Otrøy i Romsdal: 1 gong

- k) UTSIRA i Rogaland: 2 gonger
- l) FOLDEY ved Jelsa i Ryfylke: 1 gong
- m) JONFRULAND: 4 gonger
- n) BREVIKSØYA: 1 gong

Den geografiske fordelinga og talet på belegg for kvar einskild øy vil elles framgå av det vedlagde kartet.

Som ein ser, er det serleg i Nordland og Trøndelag at me finn desse øyane, men det er òg nokre i sørvestre luten av landet. Frå desse fylka har ein òg langt dei fleste oppskriftene.

III

VURDERING AV MATERIALET

1. Innleiande merknader

I kapittel II er materialet lagt fram under ein synsvinkel: motiv, førestellingar og innhald. Heile materialet er behandla udifferensiert: alle nummer i det er behandla som jamgode.

Dette er forsvarleg dersom ein ser materialet isolert. Men sjølve grunnhåttan i folketradisjonen krev at ein går vidare i handlinga enn til just det å referera innhaldet i eit materiale. For materialet er ein ting og tradisjonen noko anna. Det spørsmålet me no må reisa, er om materialet, slik det her ligg føre, er eit adekvat og representativt uttrykk for tradisjonen om overnaturlege øyar i Noreg. Problemet kan med andre ord stellast slik: kan det me seier om materialet også med nokon rett seiast om tradisjonen?

Iørn Piø definerer tradisjon slik:

Det særegne ved det folkloristiske traditionsstoff er, at en bestemt tradition - en vise, en remse, en skik - simpelt hen er summen af alle de optegnelser af traditionen, man kender - og ikke kender. 1)

Til den siste lekken kunne me leggja til: dei oppskriftene som aldri har vorte gjorde. Det er sjølvstakt at ein tradisjon eksisterer uavhengig av om nokon skriv han opp.

1) op. cit. s. 27

Når ein skal vurdera spørsmålet om det tilfang av oppskrifter som utgjer materialet er adekvat og representativt for tradisjonen, er det to sider av materialet ein må utsetja for ei kritisk gjennomgåing. Den eine sida er spørsmålet om materialet er fullstendig (d. v. s. talrikt) nok til å vera representativt for tradisjonen. Den andre sida av kjeldekritikken er å vurdera om dei einskilde delane av materialet er pålitande: gjev dei eit sannferdig bilete av tradisjonen slik tradisjonsberarane bar han fram, har utgjevaren etter sitt eige subjektive skjøn ført til noko og drege ifrå noko?

2. Terminologi

I kapittel II har me stort sétt nytta upresise og udefinerte nemningar som "forteljing" og "notis" når me refererte til innhaldet, medan me helst nytta det nøytrale ordet "nummer" når me refererte til dei einskilde delane av materialet. Ein etablert terminologi saknar ein ofte i tradisjonsvitskapen; mange vitskapsmenn er meir opptekne av at termane i si ytre form kan gje assosiasjonar i feil retning eller utelukka andre, enn å etablere eit fast innhald for termar som alt er i bruk. Ein får såleis eit stort utval av termar å velja mellom. Tryggest er det difor at kvar term vert definert ut ifrå brukaren si oppfatning av innhaldet i han.

Ordet **n u m m e r** står seg ikkje til nokon fast etablert terminologi. Her refererer det til dei einskilde

delane av det materialet eg har samla på den måten at kvar avslutta forteljing, fråsegn eller omtale har fått eit nummer etter kvart som eg har funne fram til dei, utan omsyn til tekstkritiske omstende og utan omsyn til dei formelle kategoriane. Ordet er ikkje det same som "belegg" eller oppskrift, av di eit nummer gjerne kan innehalda referanse til ulike huldresyar, og då får kvar referanse sjølvstendig status.

Sameleis er ordet **f o r t e l j i n g** nytta som eit udefinert ord for episert tradisjonsstoff. Den ålmenne og upresise tydinga av ordet er medvite utnytta under innhaldsanalysen, der eg ikkje skil mellom ymse kategoriar av folkedikting etter formelle kriterium.

Ordet **v a r i a n t** høyrer til dei meir problematiske termane i tradisjonsvitskapen, serleg av di ein har lett for å festa seg ved det vitskaplege synet som låg til grunn den gongen termen vart innført:

Siden folkeminddeforskningens første år har man kaldt alle optegnelser af samme tradition for varianter. (...) Variantbegrebet er hentet fra sprogvidenskabens i den tid, hvor man tillempede den folkloristiske metodologi efter den filologisk-historiske tekstanalyses principper. Men ligeså lidt som alt traditionsstof kan behandles efter den historiske kildekritik, kan den behandles efter den filologisk-historiske. Variantbetegnelsen er direkte vildledende for forståelsen af det folkloristiske kildemateriales særpræg som traditionsstof. At en optegnelse er en variant vil nemlig sige, at det er en variant i forhold til en anden optegnelse. Det er klart, at sådanne varianter kan forekomme, men disse "direkte" varianter kalder Olrik for dubletter (Nogle

grundsætninger § 155). Varianter var for den ældre forskning derimod alle de få eller mange optegnelser af en og samme tradition. Man opstillede på grundlag af de traditionsoptegnelser, der havde visse fællestræk, en række urtyper, som alle de øvrige optegnelser var varianter af. Dette kunne man gøre, så længe man var sikker på, at det var muligt at rekonstruere en urtype på grundlag af de undertiden ganske få optegnelser, man kendte af en enkelt tradition. Det er man blot ikke mere. 1)

Ordet er likevel i bruk heller uavhengig av det opphavlege innhaldet, og då temmeleg synonymt med oppskrift.

O p p s k r i f t er den etablerte norske forma for det omgrepet som hjå Piø vert kalla optegnelse; men det er ein tendens til å nytta ordet ein mon meir spesialisert, slik at berre dei "optegnelser" fell inn under nemninga som meir eller mindre røyndleg er beinvegges attgjeving av tradisjonen slik tradisjonsberaren la han fram, utan redaksjonelle endringar o. dl., og helst slik at namnet på tradisjonsberaren er nemnt. Her vil eg nytta ordet i denne spesialiserte tydinga.

Med r e d a k s j o n skjønner eg då attgjevingar av tradisjonen på eit noko friare grunnlag, m.a. når ein utgjevar eller oppskrivar har støypt ihop tilfang frå fleire heimelsmenn eller skore ut "irrelevante" innskot, eller kløyvt samanhengande forteljingar som den etter Johan Olsson Bruvold (sjå s. 60-70) opp i småepisodar og sett dei langt frå kvarandre med ymse overskrifter, eller lagt stoffet språkleg til rette for den lesande ålmenta etter dei gjeldande skjønnlitterære normer. Med unntak kan henda av Ivar Aasens oppskrift frå

1) Iørn Piø, op. cit., s. 26f

Lofoten frå 1851 (sjå s. 43f og 110), er såleis alle nummer i materialet frå førre hundreåret redaksjonar, så nær som dei som ein må rekna som n o t i s a r.

Med n o t i s meiner me då omtale av eller referanse til folketradisjon i ei slik form at forfattaren ikkje har hatt som mål å gje att tradisjonen i den form han finst, men berre omtalar det som forfattaren ser som hovudinnhaldet. Under denne nemninga fell såleis alle nummer før Asbjørnsens redaksjon Skarvenc fra Udrøst.

3. Omfanget av materialet

Materialet er på 161 nummer. Det inngår ein del tilfang frå andre nordiske land enn Noreg, og ein del som høyrer heime i gruppene samror med huldrefolket, vitjing i huldregard og vetta kjem på jolevitjing. Kjernematerialet, som på ein eller annan måte har tilknytning til tradisjonen om overnaturlige øyar, utgjer 90 nummer. Av dei er 27 nummer ymse slag ikkje-episerte fråsegner om eksistensen av overnaturlige øyar, 30 nummer er episert tradisjonsstoff om eksistensen av huldreøyar, av dei er 21 nummer forteljingar om at slike øyar vert oppedaga, og 6 nummer av typen Tenk i tom. 35 nummer episert tradisjonsstoff er forteljingar om sjøferd til overnaturlige øyar eller vitjing i huldregard på slike øyar eller andre stader på kysten.

Dette materialet er resultatet av eit tidkrevjande leitemarbeid som til dels har lote gå føre seg i blinda,

av di me ikkje har noko komplett register eller katalog som gjer det lett å finna fram til det stoffet ein har bruk for.

Den lista som her fylgjer over det som har vorte gjennomsoekt, lyt gje eit inntrykk av i kva mon materi-
alinnsamlinga har vore grundig nok. Det har ikkje vore høve til å leita etter materiale i aviser; det ville ha vore eit arbeid som ville krevja mange års leiting, kan henda utan serleg resultat.

Materialet er resultatet av etterrøknad såleis:

a) Instituttet for folkeminnevitskap i Oslo har gjeve meg kopiar av oppskrifter i handskriftsamlingane i Norsk Folkeminnesamling. Ein del av desse handskriftene er òg publiserte. Kartoteket i NFS er ikkje heilt à jour; det omfattar stort sett berre handskriftene av di prenta tilfang berre er tilfelleleg ekserpert. Det tilfanget eg har fått, kan i røynda syna seg å vera ukomplett i høve ^{til} handskriftsamlingane.

b) Eg har nytta Norsk Folkeminnelags skrifter nr. 1 - 104. For nr. 1 - 49 har eg kunna nytta bd. 50, Register; men det er ikkje heilt komplett, og eg har såleis gått igjennom alle band som har tradisjonsstoff frå kyststrok, anten dei er komne med i Register eller ikkje.

c) Eg har gått igjennom dei prenta folkeminnesamlingane som er nemnde i NFL 12 ¹⁾, som har med stoff frå kyststrok.

1) Reidar Th. Christiansen: Norske Folkeminne

d) Eg har gått igjennom dei samlingane av prenta tradisjonsstoff som er nemnde i FFC 175 ¹⁾ under Sources and Abbreviations, s. 11 - 14, så nær som avisene.

e) Tidsskriftet Håløygminne 1920 - dato. Hans Eidnes: Håløygminne: Register for 1920-44 ²⁾ er ikkje fullstendig og nøyaktig, og difor upålitande.

f) Tidsskriftet Maal og Minne på grunnlag av tiårsregistra.

g) Årsskriftet Frå Fjon til Fusa 1948 - dato

h) Tidsskriftet Arv 1945 - dato

i) Tidsskriftet Norsk Folkekultur 1915-36

j) Johan Schweigaard: Norges Topografi, Kra. 1918

k) Internationale volkskundliche Bibliographie, dei årgangane som Universitetsbiblioteket i Bergen har: for 1917, 1925-28, 1935-36, 1939 - 1966.

l) Stith Thompson: Motif Index of Folk Literature, Copenhagen 1955-58.

m) Alle tilvisningar under g i H. F. Feilberg: Bidrag til en ordbog over jyske almuesmål, København 1904-08.

n) Alle tilgjengelege prenta samlingar av folkeminne når desse inneheld tilfang frå kyststrok.

o) Alle tilvisingar i heile den litteraturen som er nytta, sjå Bibliografi, Bokliste.

Ut ifrå dei røynslene som er resultatet av dette materialsamlingsarbeidet, trur eg ikkje at det er mogeleg å auka materialet monaleg på grunnlag av det kjelde-

1) Reidar Th. Christiansen, The Migratory Legends

2) Svorkmo 1945

tilfanget me no rår over. Ved systematisk gjennomgåing av alt materialet i Norsk Folkeminnesamling kunne det truleg bringast i dagen nokre oppskrifter i tillegg. Om ei systematisk gjennomgåing av dags- og vekepressa ville føra til noko resultat for desse førestellingane og forteljingane er heller tvilsamt. Bygdebøker og lokalhistoriske verk kunne kanskje bringa noko nytt for dagen.

Ein går gjerne ut ifrå at folketradisjonen i dag er utdøydd her i landet. Levande vise- og eventyrtradisjon i munnleg overlevering finst det snautt lenger. Og så når det gjeld segner, vil ein kan henda leita fåfengt etter mange typar. Men andre typar segner enn dei "kanoniserte" vil ein nok finna; tradisjonelle motiv kan gå att i ymse former for forteljingar. Den store innsamlinga av segner gjennom Allers Familiejournal 1937-38 synte at det fanst tradisjonsstoff som ein trudde longe var gløymt. 1) I endå større grad synte annonseserien Jotun Skipperskrøner dette. Folk vart oppmoda om å senda inn slike skrøner; mellom det som kom inn, var mellom anna 4-5 typar av lyge-eventyr og fleire internasjonale skremotiv som ikkje før var kjende her i landet. 2)

Det har ikkje vore utført noko systematisk feltarbeid med den føreloga å røkja etter om tradisjonen om overnaturlige øyar framleis finst i munnleg overlevering. Ein kan såleis ikkje med full tryggleik seia at denne tradisjonen er død, endå det er lite truleg at han finst mellom folk lenger anna enn at mange kjenner As-

1) Sjå Reidar Th. Christiansen: Norske sagn samlet ved Allers Familiejournal

2) Sjå Norsk Eventyrbibliotek I. Eventyr frå Rogaland, s. 170

bjørnsens forteljing frå lesebøker og folkeutgaver. Ein ting som tyder på dette er at nyare tradisjonssamlingar frå Nord-Noreg ikkje innheld døme på slik tradisjon. (NFL 91, Finn Myrvang: Huh-tétta, er ikkje noko unntak frå dette, av di forfattaren berre refererer eldre kjelder og lét ei slik forteljing oppatt-forteljast av ein av sine heimelsmenn).

Såleis kan dei resultat ein kjem til ved å granska materialet slik det her ligg føre, neppe kontrollerast ved ny-innsamling, som elles ville ha vore ei god hjelp til ein tekstkritisk analyse av tradisjonsmaterialet.

Eit tilfang på 90 nummer ville ha vore mykje for lite til mange føremål. Ville ein studera utbreiinga av ein viss skikk eller funksjonen åt eit visst vette eller funksjonen åt visse trudomsførestellingar, laut ein ha hundratals oppskrifter. I og med at me ikkje har sett oss anna som mål enn å etterrøkja visse motiv eller førestellingar og samstundes greia ut om kva slags slutnader materialet gjev oss høve til å dra, meiner eg det er forsvaret å gå vidare på dette grunnlaget, endå så spinkelt det er. Ein annan grunn, som kan vega opp noko for det at oppskriftene ikkje er så talrike som ynskjeleg, er den tingen at førestellingane om overnaturlige øyar er så ihopvavde med annan tradisjon: i og med at det motivet me vil granska ikkje står isolert, kan me sjå det mot ein bakgrunn av eit stort og mangfelt tilfang; mot dette kan me då kontrollera einskilde drag og serleg tendensar, og heilt isolerte drag lyt me då heller sjå bort ifrå, slik at dei ikkje skapar grunnlag for nokon

generell slutnad.

4. Kor påliteleg er materialet?

Innleiing

Heile materialet er sekundært eller historisk: det vil seia at alle oppskrifter er andrehands og fanst frå før; nokor nyinnsamling har som før nemnt ikkje vore mogeleg. Ingen delar av materialet er yngre enn frå 1941. Materialet vil såleis vera prega av andre innsamlingstilskuvar og av eit anna vitskapleg syn på folketradisjonen enn dei ein ville leggja til grunn i dag. Mellom anna kan nemnast at dei tidlegare helst samla inn folkedikting eller rettare folkediktingsmotiv; høyrde ein same forteljinga av meir enn ein heimelsmann, støypte ein gjerne dei ulike versjonane i hop etter "beste skjøen", eller ein lét vera å skriva opp ei forteljing ein før hadde høyrte av ein annan heimelsmann. Det galdt meir om å finna så mange ulike motiv som råd var enn å gjera rettvist mot kvar versjon og kvar tradisjonsberar. 1) Samlarar og vitskapsmenn hadde ofte eit romantisk "heilskapssyn" på ålmugen på landet, og på tradisjonen og livsforma åt denne ålmugen. På eit materiale som dette er det difor vanskeleg å leggja til grunn synsmåtar som moderne folkloristar er serleg opptekne av, t. d. dei som Iørn Piø formulerer slik:

Den nye generation af folklorister, der er uddannet af Bødker, arbejder videre udfra den samme erkendelse af, at det materiale,

1) Sjå t. d. NFL 92: Tradisjonsⁱⁿsamling på 1800-talet, Oslo 1964, stipendmeldingane frå P. Chr. Asbjørnsen, s. 7 - 42.

man studerer, er noget der er blevet accepteret af mennesker, ikke af en "Almue" i almindelighed, men af selvstændige individer. Det er mennesker, der har præget det traditionsstof, de er bærere af, og de er så igen præget af det kulturelle og sociale miljø, de er medlemmer af. Traditionsstoffet præges således mere eller mindre af de miljøer, hvori det har en funktion, accepteret som det er af få eller mange af de mennesker, der lever i miljøet. 1)

At eit anna grunnsyn låg føre hjå dei samlarane materialet bygger på, er noko ein lyt akseptera som det er; det gjev ikkje grunn til å vraka tradisjonssamlingane, men det gjev grunn til varsemd i dei slutnadene ein vil dra av dei.

Skulle materialet reknast som "fullgodt" og "fullstendig", måtte kvar einskild oppskrift vera:

1. Ei noggrann attgjeving av den einskilde tradisjonsberaren sin versjon - eller aktualisering eller realisering som ein gjerne kunne kalla ei framføring eller ei framkalling berre i minnet. Tradisjonen har berre potensiell eksistens og eksisterer einast i sine aktualiseringar eller realiseringar. Difor måtte ideelt sett kvar aktualisering åt kvar tradisjonsberar vera oppskriven.

2. Ho måtte innehalda fullstendige opplysningar om ved kva høve vedkomande tradisjonsstoff vart aktualisert,

3. og om den plassen vedkomande tradisjonsstoff har i tradisjonsberaren sitt repertoar, m. a. o. kor stort repertoaret var totalt, og kva aktualiseringsfrekvens dette stoffet hadde innanfor repertoaret, absolutt og relativt (d. v. s. om vedkomande tradisjonsberar i det

1) Iørn Piø, op. cit., s. 21

heile ofte eller sjeldan fortalde or repertoaret sitt),

4. opplysningar om kvar vedkomande tradisjonsberar haddC stoffet frå,

5. og ei plassering av tradisjonsstoffet i det lokale kollektive tradisjonsmiljø og -repertoar.

Slike ideale krav stettar ingen del av det føreliggjande materialet, og det er truleg ikkje nokor materialsamling her i landet som kunne gjera det. Nærepå alt innsamlingsarbeid har gått ut på å få med så mange ulike innhaldstypar som råd var, og i så "gode" versjonar som mogeleg. Også slike omstende manar til varsemd med konklusjonane.

Eg vil inndela tilfanget i 4 grupper etter kor langt borte frå moderne krav det ligg. Av fleire grunnar er det mest føremålstenleg å leggja ein historisk inndelingsmåte til grunn, serleg av di det er heller godt samsvaret mellom alt materialet innanfor ein tidbolk. Dei 4 gruppene vert då:

a) Historisk-topografiske skrifter, skrivne eller utgjevne før 1850.

b) Samlingane etter dei fyrste eigenlege folkeminnesammlarane her i landet (Andreas Faye, P. Chr. Asbjørnsen og Ivar Aasen er dei som er aktuelle her).

c) Tilfang frå tidsromet mellom ikring 1850 og ikring 1920

d) Oppskrifter, prenta og uprenta, frå 1920-åra og framover.

a) Historisk-topografiske skrifter, skrivne eller utgjevne før 1850.

Sermerkt for denne delen av materialet er det at forfattarane av dei historisk-topografiske skriftene ikkje var tradisjonssamlarar og ikkje gjorde seg serskild umake med å samla tradisjonsstoff. Men segner og folketru vert ofte refererte i ein naturleg samanheng med den geografiske skildringa eller i skildringa av folkelivet. Både inngår gjerne som faste bolkar i desse skriftene, som for det meste er bygde over eit stereotyp skjema. Føremålet med å ta med tradisjonsstoffet kan ymsa noko etter kva stoff det dreier seg om. Det var såleis i samsvaret med ånda i opplysningstida å gjeva naturlege forklåringar på ovringar som folk gav supranormale uttydingar av. Dei la i den tid òg gjerne stor vekt på segner som historisk kjelde. Ofte er dei historisk-topografiske skriftene av stort verdi av di tradisjonsstoffet gjerne vert presentert i samanheng med det miljøet det levde i - det vert ikkje lagt fram som lausrivne bitar i ei kursoritetssamling.

Tradisjonsstoff om overnaturlige øyar finn ein likevel ikkje i dei bolkanane som omhandlar folkelivet, men helst i dei geografisk-topografiske innleiingsbolkanane; av og til finn ein stoff under presentasjonen av dyrelivet eller fuglelivet i den landsdelen som skriftet skildrar.

Frå skrifter av dette slaget er det i alt 9 nummer i materialet. Alle desse notisane gjev att ikkje-episert

tradisjonsstoff: det er truer på og førestellingar om overnaturlige øyar dei refererer.

Det er ingen grunn til å dra sanningsverdet av desse notisane i ålvorleg tvil: dei refererer alle til øyar som òg er kjende frå seinare tids tradisjon, endå om dei slutnadene skrivarane dreg, kan vera galne. Når t. d. Gerhard Schøning skriv at

Røst er et lavt Land, om hvilket man derfor har den Sagn i Nordlandene, at det tilforn har staaet under Vand, eller været blandt de skiulte Lande, H u l d e r - L a n d e kaldede, 1)

kan ein berre seia at ein ikkje frå andre kjelder kjenner til at Røst var ei huldreøy. Mest sannsynleg er det at Schøning misminnest seg, eller blandar saman Røst med Utrøst, som han òg nemner; men det er sjølvsgatt mogeleg - og uråd å kontrollera - at Schøning, som sjølv var nordlending, har dekning for det han seier; det finst ei rad med parallellar der ein har ei ikkje-eksisterande "ut-øy" og ei øy med same namnet som tidlegare har vore huldreøy, men vorte oppedaga.

Det Erich Hansen Schønnebøl fortel om havhesten (sjå s. 14), kan ikkje verifiserast ut frå anna kjeldemateriale. Til truande står tvillaust det han seier om at folk trudde på huldreøyar ute i havet; funksjonen å stålet i denne samanhengen høver heilt med det me elles finn i tradisjonen. Det draget at havhesten har tilhelde på huldreøyane, er berre kjent frå Schønnebøl, men er seinare sitert fleire stader, med og utan kjeldetilvising. Havhesten finn ein elles mangstad i tradisjonen,

1) fullstendig sitat av Schønings notis på s. 19

han var m. a. ein fugl dei tok varsel om været av. I det heile verkar det ikkje som om Schønnebøl fær med fantasisprodukt; hans eigen reservasjon mot sanningsverdet av desse fråsegnene styrkjer verdet av notisen hans.

At også Francesco Negri møtte førestellingane om huldreøyane, er det verdt å leggja merke til. Skrivemåten hans av Sandflesa, Sagnflis, er kan henda ikkje verd det "sic!" Ludvig Daa set til i si omsetjing. 1) For ein italiengar måtte vel skrivemåten sagn- vera heilt logisk når han ville gjeva att den trøndske og nordlandske uttalen /sanry/.

Den eldste delen av kjeldematerialet tillèt oss å dra den varsame konklusjonen at førestellingane om huldreøyane kan fylgjast så langt attende i tida som til ikring 1590. Vidare kan me slå fast at Utrøst er den mest vidgjetne av dei, av di ho er nemnd så ofte både i det eldre og det nyare materialet. Kor utbreidde førestellingane kan ha vore, kan desse spreidde notisane ikkje gjeva noko inntrykk av, anna enn det ein kan utleia av det at Negri, som for ein stor del laut nytta latin for å tala med dei norske prestane, òg kom i kontakt med denne tradisjonen, trass i språkvanskane. Dette kan tyda på at dei i Nærøy har tala mykje om Sklinna; men det kan like gjerne vera eit resultat av at Negri var på jakt etter utrulege ting å fortelja sine landsmenn; å få sjå og høyra slikt var vel ein hovud-tilskuv til ferda hans, og for den tids sudlendingar må det ha vore heilt i samsvar med forventningane å finna dei underlegaste ting i desse fjerre, gudsforlatne stroka.

1) Sjå s. 16.

Diverre kunne Riksarkivet ikkje finna fram til dei oppskriftene som etter det C. A. Øverland seier skulle vera gjorde av ein orlogsgast ombord på "Høienhald" 1711-14 og som skulle liggja i Riksarkivet (sjå s. 16). Det ville i anna fall ha vore ei sers verdifull kjelde, av di ein må rekna med at denne orlogsgasten stod i eit nærare tilhøve til tradisjonen enn dei lærde bokskrivande prestar og embetsmenn gjorde som refererte folketradisjon i sine verk

b) Dei fyrste folkeminnesamlarane

Når det fell naturleg å samla dei fyrste folkeminnesamlarane for seg, har dette ikkje berre samanheng med dei nedskrivings- og utgjevar-prinsippa dei fylgde, men òg for di dei har ein ålmenn posisjon som ragar høgt over alle hine, slik at deira versjonar er dei mest kjende.

A n d r e a s F a y e er med si bok Norske Sagn frå 1833 den fyrste folkeminnesamlaren her i landet. Synet på Fayes verk har skifta ein del ned gjennom tidene. I dag vil ein vel snautt gå så hardt til verks i fordøminga av dei prinsipp som ligg til grunn for Fayes bok som Moltke Moe gjer det i si framstilling i Det nationale gjennombrud og dets mænd. I anna høve laut ein gå nøye inn på prinsippa dersom ein ville nytta noko or tilfanget i Norske Sagn / Norske Folke-Sagn; 1)

1) Norske Folke-Sagn er tittelen på 2. utgåva, 1844)

for vårt føremål kan me berre seia at Faye einast siterer ordrett or Krafts Topographisk-statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge, og i meriterande lei for Faye leggja til at folkeminnesamlarar som står høgt over han i ålment omdøme, oftast ikkje er så samvitsfulle at dei gjev noggranne og pålitande kjeldetilvisingar.

P. C h r. A s b j ø r n s e n s Skarvene fra Udrøst og Tuftefolket paa Sandflæsen reiser langt større tekstkritiske problem enn nokon annan del av materialet.

Skarvene fra Udrøst er den lengste heilslege forteljinga i materialet (Johan Olson Bruvolds forteljing reknar eg då ikkje som heilsleg). Alt i dette har me ein indikasjon på at forteljinga i Asbjørnsens utforming vik av frå dei folkelege forteljingane ho byggjer på. Etter opplysningar som Asbjørnsen sjølv gjev i ein fotnote til den fyrste publiseringa i Norsk Folkekalender for 1849, s. 71ff, og i innleiinga til Norske Huldreeventyr og Folkesagn, Anden forøgede Udgave, II, 1866, s. XXX 1), har han fått forteljinga av skulestyrar, cand. theol. P. Schmidt. Korleis Schmidt har "meddelt" henne, veit ein ikkje noko om. Derimot ber Asbjørnsens redaksjon tydelege merke av utgjevaren. Dette gjeld ikkje berre innleiinga, som har mykje til sams med Asbjørnsens råmeforteljingar, slik me finn dei i t. d. En Sommernat paa Krokskoven eller Kværnsagn. Dersom ein legg ein litterær analyse til grunn, vil ein finna utfyllande, karakteri-

1) Opplysningar i Trygve Knudsens utgåve s. 186f. Alle sidetilvisingar i det fylgjande gjeld denne utgåva.

serande drag som ein aldri finn parallellar til i versjonar som meir beinveges byggjer på folkeleg munnleg forteljing: i karakteristikken av Isak finn me dei dygder ein god mann av ålmugen skulle ha: ein fattig, trugen slitar som er vel nøgd med si armod:

Alligevel var han alltid fornøiet med, hvorledes Vorherre lagede det for ham. (s 155).

Asbjørnsen har til og med lagt inn i forteljinga si ein grannestrid for å stella fattigmannsdygdene i relieff; og når Isak kjem att frå Utrøst, vert han beden av Utrøst-kallen

at han ikke skulde glemme *dem*, som levede efter Naboen hans, for selv var han bleven. (s. 159),

og denne grannen var endå ein rik mann, så Asbjørnsen får stelt fattigmannsdygdene i rørende relieff; hans tendens til idyll vantar såvisst ikkje i Utrøst-segna heller. Elles er heile skildringa lagd til rette for eit boklesande publikum som er framandt for det miljøet forteljinga går føre seg i - med drastisk, breitt målande framstilling av uvêret som kom over Isak og som førde han til Utrøst, av bordseta på Utrøst og av samroren med huldrefolket. Dette er likevel fyrst og fremst skjønnerlitterære drag ved Asbjørnsens redaksjon; og Asbjørnsen er såvisst ingen dårleg forteljar, men han er heller ikkje nokon folkeleg forteljar, og difor burde ein etter kvart halda opp med å tala om "den norske eventyrstilen" osfr., og med det meina Asbjørnsens og Moes personlege litterære bedrifter. Viktigare i denne samanhengen er

det likevel å ta stilling til nokre sermerkte motiv som ein finn i Asbjørnsens redaksjon:

1. Motivet den store jekta:

Men slig Jægt havde han aldrig seet før; den var to Raab lang, saa at naar Styrmanden, som stod og holdt Udkik paa Styrmandsfjælen i Forstavnen, skulde raabe til Rorskarlen, saa kunde denne ikke høre det, og derfor havde de sat endnu en Mand midt i Fartsiet lige ved Masten, som raabte Styrmandens Raab til Rorskarlen, og endda maatte han skringe alt han orkede. (s. 159).

Dette motivet finst berre i Asbjørnsens redaksjon. Ingen stad elles i materialet finn ein det draget at huldrefolket sine hus, farty eller andre eigneluter hadde unormale dimensjonar; det vert einast poengtert at det var gilde og velhaldne eignar. Motivet "den store båten" er her utnytta litterært av Asbjørnsen til å strekja under at det var ikkje måte på velstand; det er elles eit ekte folkeleg motiv og høyrer heime under dei såkalla lygarsogene ("Lügenmärchen", AT 1960: ting, dyr og tilhøve av unormalt store dimensjonar). Frå reint litterær synsstad er dette kan henda ikkje så kritikkverdige; men med dette motivet sprengjer Asbjørnsen illusjonsdimensjonen for forteljinga si; ei segn som dette vil visa seg å Vera ut frå den formelle analysen (sjå kap. IV), krev nett at slike forteljingar skal takast alvorleg: folk meinte dei var sanne. Ei lygarsoge har berre morskaps-funksjon og står aldri til truande.

2. Motivet dei tri skarvane

som Isak møtte under uvêret, og som sidan synte seg å

vera sönene åt Utrøst-kallen, er eit omtykt illustrasjonsmotiv i fleire utgåver av forteljinga. Utanom hjå Asbjørnsen finst motivet i 4 andre versjonar; i ein femte er det tri ramnar. Den eine av desse versjonane (sitert på s. 44f) er på mange måtar så lik Asbjørnsens at ein må tru det er Skarvene fra Udrøst som er oppteken i tradisjonen snarare enn at Skarvene fra Udrøst er ei trugen attgjeving av ei etablert motivfylgje i folketradisjonen. Strompdals oppskrift vantar innslaget av AT 1960; men det er visseleg ei personleg tildikting av Asbjørnsen. Elles er samsvaret påfallande: 1) Mannen heiter Isak. 2) Han møter tri skarvar på ein rekvedstokk (andre versjonar har skjer o. dl.) under uvêret. 3) Utrøst-kallen kjenner Isak ved namn. 4) Det fortelst om musikk og dans i jektvengen. Sjølve rekkjefylgja av motiva syner òg påfallande godt samsvar.

Dette dømet tener til å belysa dei tekstkritiske problema i samband med arbeidet åt dei "store" folkeminnesamlarane og -utgjevarane i førre hundreåret. På den eine sida har me den store fridomen dei tok seg til å komponera saman motiv frå ymse kantar, velja og vraka i det tilfang-et dei hadde, og gjeva det att i ein litterær stil som gjev att deira subjektive meining om kva folkeleg forteljestil var (og som sidan står i litteraturhistoria som norsk folkeleg forteljestil). På den andre sida illustrerer dømet dei innflokke problema ein står andsynes når ein vil kontrollera versjonane åt dei store med versjonar som er meir pålitande etter notids krav til attgjeving av tradisjonsstoff. Ein står utan fellande prov når materialet er

lite og motiva noko spesielle til å avgjera om det er Asbjørnsen som er oppteken i tradisjonen. Ein kan peika på den store utbreiinga av både eventyrutgåvene og utgåvene av "huldre-eventyra" og segnene; frekvensen av Utrøstforteljinga i lesebøkene i skulen kan òg vera med på å peika i den lei at tekstutgåvene har vore eit korrektiv til dei folkelege forteljingane; det som står på prent, har ein dâm av det autoriserte, og hadde det endå meir før i verda. Det kan òg tenkjast at Asbjørnsen har vore eit korrektiv til Strompdal. Ein har her ikkje anna enn visse indikasjonar å visa til. Systematisk etterreknad av verknadene frå Asbjørnsen og Moe sine utgåver på folketradisjonen ville såleis hatt stort verde. Spørsmålet om innverknad frå prenta tekster på tradisjonen har det i det heile vore arbeidt lite med.

Den konklusjonen me kan dra på grunnlag av denne drøftinga av Asbjørnsens Skarvene fra Udrøst er at ein skal vera varsam med å dra slutnader om tradisjonen om overnaturlige syar på grunnlag av denne versjonen, og at ein ikkje må tilleggja einskilte vandremotiv nokor serleg vekt når det ligg føre mistanke om at ein prenta versjon kan ha skapt grunnlaget. Ein kan ikkje halda det for utenkjeleg at seinare utgjevarar av folketradisjon gjerne ville ha med skarv-motivet, både av di Asbjørnsens versjon er så ålkjend - ikkje minst på grunn av overskrifta - og av di motivet er eit så populært illustrasjonstema.

I v a r A a s e n s oppskrift er, så vidt eg kan sjå, langt mindre merkt av oppskrivaren; men her skal ein likevel vera varsam med slutnadene: Ivar Aasen var frå eit anna miljø enn Asbjørnsen; han har ikkje eit bymenneske sitt syn på landsens raritetar og "Antiquiteter", slik folkeminna vart oppfatta av eit "dana" publikum i førre hundreåret; det ligg fjernt for han å leggja opp til ein patroniserande tone andsynes ålmugen. Men dette gjer at Aasens redigeringar får eit mykje meir diskret preg enn hjå Asbjørnsen, og dermed er dei mykje vanskelegare å sjå. Reidar Djupedal har granska Aasens arbeid med folkeminneoppskriftene sine i ein artikkel i Norveg 13, ¹⁾ og syner der korleis oppskriftene laut tena Aasens serlege språklege føremål, og såleis vart gjennomarbeidde på nytt og på nytt til Aasen tykte han hadde fått dei gode nok, både stilistisk og som målføreprøver. Ut ifrå Djupedals opplysningar er det greitt at den lange innleiinga til Borgaren paa Utrøst er Aasens eige produkt i eit finpusa Lofoten-målføre, og at han elles har freista få med så mange språklege sermerke som råd og dertil mange ulike ord og vendingar. No er det fyrst og fremst når Aasen er sin eigen heimelsmann at vølinga går riktig føre seg; eg trur difor at Borgaren paa Utrøst kan reknast for å vera relativt pålitande. I same lei tel det at oppskrifta er gjord i 1851, medan ho vart publisert fyrste gongen i Prøver af Landsmaalet i Norge alt i 1853, og Aasen har såleis hatt mykje mindre tid på seg til vølingsarbeidet enn med oppskriftene frå Sunnmøre, som Djupedal serskilt behandlar.

1) Ivar Aasens folkeminne frå Sunnmøre, s. 113-36

c) Tilfang frå tidsromet mellom ikring 1850 og ikring 1920

Tilfanget frå dette tidsromet er meir mangslunge. Dei fleste prenta variantane frå dette tidsromet er etter samlarar og utgjevarar som i det store og heile fylgde same prinsipp som Asbjørnsen og ofte noko dilettantisk freista vandra i hans fotefar, med råmeforteljingar og "folkeleg stil".

Joh. Th. Storaker kjem her likevel i ei serstode. Han samla fyrst og fremst opplysningar om folketru; folkedikting var han mindre interessert i. Storakers metodar tykkjest i ein viss mon vera påverka av Eilert Sundts sosiologiske metodar, og verkar underleg moderne for si tid. Storakers samlingar vart ikkje utgjevne før i 1920-åra og frametter. Såleis må dette tilfanget reknast som sers verdifullt; Storaker gjekk grundig til verks i sitt innsamlingsarbeid og fekk samla eit stort tilfang. Han dreiv ikkje så mykje med feltarbeid sjølv, men han fekk folk til å senda seg opplysningar på grunnlag av oppmodingar i pressa. Storaker heimfester materialet sitt til sokn (herad), til dels gjev han òg opp namnet på heimelsmennene sine.

O. Nicolaisen gav i tidsromet 1879 - 1919 ut fleire samlingar tradisjonsstoff frå Nord-Noreg, for det meste segner. I materialet er Nicolaisen representert med i alt 12 nummer; ein del av dei er om samror med huldrefolket. Nicolaisen heimfester aldri noko; til J.

Qvigstad har han ved eit høve opplyst at mesteparten kjem frå Øksnes i Vesterålen, heimbygda si. 1) Berre unntaksvis gjev Nicolaissen opp heimelsmann. Han fylgjer i mangt Asbjørnsen, men står den nordnorske tradisjonen tydeleg nærare enn hin gjorde, så presentasjonen vert ikkje så påfallande gjord for eit hovudstadspublikum. Sidan Nicolaissen aldri gjev opp sine heimelsmenn, kan han òg utan nokor kjeldetilvising gjeva att innhaldet om havhesten hjå Schønnebøl. 2) Ein kan såleis ikkje nytta denne delen av materialet til å verifisera motiv i andre delar av materialet. Dessutan kan Nicolaissen i sùmme høve koma til å gje ein kommentar som neppe kan vera i samsvar med røynda. Såleis seier han om Nordfugløy i Troms at

Nordfuglø i Karlsø skal engang i tiden have været en troldø, gjemt under havet og usynlig for menneskelige øine. 3)

Dette kjem som innleiing til ei forteljing om korleis Karlsøy vart slepa inn frå havet av to trollkjerringar, ein segntype som ikkje er så lite utbreidd, og som nærmast høyrer saman med opphavssegnene. Kontrollerer ein Nicolaissens opplysning med andre versjonar, ser ein at dette draget vantar både i norsk og i samisk tradisjon:

Den samme fabel som grønlanderne fortæller om deres Disko-eiland, høres og her om Nord-Fuglø, at den nemlig er fugseret ind fra havet av den indenfor liggende lille ø Spen-

-
- 1) Norsk Folkekultur, bd. X, 1924, s. 83f.
 - 2) Fra Nord-Norge. Skisser og Sagn. Kristiania 1919, s. 4.
 - 3) Fra Nordlands Fortid, s. 30f.

nen. Slebetauget var fastgjort i et hul i Fugløens sydspids nogle favne over vandet; men Fugløen blev stående på grund, hvorved tauget brast og blev til den sandgrund, der svinger sig i vest udenfor søen på havbunden. 1)

Frå samisk tradisjon er denne versjonen, omsett av J.

Qvigstad:

Der var en gammel kvinne i Lyngen, og hun var eter-noaide. Hun bodde i Øksvik; hun sier: "Her er ikke eggholmer; men hvis jeg blir sint, så er der imorgen på denne tid en eggholme på Karnesfjorden." De andre gamle kvinner sier: "Hvorfra kommer det fuglebjerget, da Gud ikke har skapt det, medmindre det skulde komme op av sjøen eller Nordnes-odden skulde bli tatt og satt på Karnesfjorden; da vilde nok fuglene ta til å verpe." Det blev kveld, og tidlig om morgenen står folk i Øksvik op; de hører måkeskrik og at alker låter. Da kommer en kvinne løpende inn og sier: "Kom og hør; jeg hører allslags fuglemål." Da sier den gamle kona: "Voi pokkers munn, hvad gjør du? Bli nu uten egg! Nu holdt Fugløy på å komme på Karnesfjorden." Karnesholmene blev igjen, og Nortasholmene var de bakerste dreggene, og Fugløy vendte tilbake til sin plass. 2)

Etter mitt syn må ein såleis rekna med at Nicolaissen ikkje byggjer på tradisjonen når han peikar ut Nordfugløy som huldreøy, men at dette er ei tolking på grunnlag av ein analogi Nicolaissen har sett mellom denne forteljinga og dei mange han elles har om huldreøyar.

Oppskriftene etter Karl Braset, serleg dei uprenta, tykkjest etter innhald og form å vera heller trugne attgjevingar av tradisjonen. I dei uprenta oppskriftene hans

-
- 1) J. Qvigstad: Utrykte kilder til Nord-Norges topografi. E. H. Kaurins materialier til en beskrivelse over Karlsøy. Håloygminne 1922, hft. 1, s. 24-30, sitatet her frå s. 29
 - 2) J. Qvigstad: Lappiske eventyr og sagn IV, fra Lyngen II og fra Nordland (= Instituttet for sammenlignende kulturforskning serie B, skrifter, bd. XV), Oslo 1929, s. 369-71, etter Efraim Pedersen, Storfjord, 1923.

er det serleg mykje ikkje-episert tradisjonsstoff, og desse oppskriftene er oftast på berre eit par liner. Ein må rekna med at me har desse oppskriftene i same form som Braset hadde høyrte folk fortelja. I dei prenta samlingane, Gamalt paa Sparbumaal ¹⁾, verkar tilfanget noko meir elaborert; men det er langt mellom stilbrota i den utprega folkelege forteljestilen; den er snarare så folkeleg at han verkar nokolite maniért. No er det dessutan det å innvenda mot Braset at han nøye gjev att alt i sparbumål utan å gje opp heimelsmann eller onnor heimfesting. Sume av forteljingane hans frå havkanten kan truleg ikkje ha høyrte heime i Sparbu, så lokalbundne som dei er til Ytre Namdalen. Då er det eit falsum å gjeva dei att i inntrøndsk målband; det er i seg sjølv ei form for heimfesting.

d) Oppskrifter frå 1920-åra og frametter

Frå 1920-åra og utetter tek moderne krav til truskap mot tradisjonen til å setja større merke etter seg. Frå tidleg i 1920-åra tek skriftserien åt Norsk Folke-minnelag til å koma ut; rettleiing for samlarar og oppmoding om å skriva ned folketradisjon vert publiserte i ymse skrifter. Difor kan det vera naturleg å setja ei deild ved 1920.

1) Sparbu 1910: /I/ Øventyr. Sagn. /II/ Hollrasøventyra. Svansøventyra.

Om oppskrivarene frå denne tida kan ein generelt seia at kjeldematerialet frå deira hand ikkje er lytefritt. Ikkje alle gjev opp sine heimelsmenn, og heimfestinga går oftast berre på herad. Ein samlar som Johan Hveding, som eg har mykje av materialet frå, kan t. d. heimfesta ei forteljing til Tysfjord, Ofoten og Lofoten, og som heimelsmann oppgje "mange". Dermed har me anten ei oppskrift som er støypt ihop av mange einskildnotisar, etter Hveding har, som Asbjørnsen, unnlata å skriva opp slikt som han hadde høyrte før.

Elles ber mange av oppskriftene frå dette tidsromet merke etter ei romantiserande haldning både til stoff, heimelsmenn og den tradisjonsberande "ålmugen" som tru-ge har halde arven frå framfarne attleder i ære. Ofte finn ein innleiingar og kommentarar som røper ein litterær bakgrunn for ei subjektiv tolking. Eit godt døme på dette er den innleiinga av Jens Solvang som me siterte på s. 26. Frå sluttkommentaren til den forteljinga me siterte or på s. 30f, av Edv. Ruud, Trondenes, kan me som eit anna døme setja hit nokre liner:

Men heile segna er ei monumental dikting over dei gode gjerningar som skal lønast med å "beholde liv og nå det forgjettede (sic) land."

Ein kunne vera freista til å seia at det osar folkehøgskule lang lei; men ein må ikkje sjå bort ifrå at slike tilskuvar har hatt mykje å seia for samlingsaktiviteten.

Knut Strompdal er i materialet representert med 15 oppskrifter; eg reknar dei for å vera mellom dei beste i

materialet. Diverre syner det seg når ein samanheld fleire versjonar av ei og same forteljinga (endeleg utforming med handskriftene), har Strompdal òg av og til ein viss tendens til etter kvart å gjera sine attgjevingar meir "fullstendige". Fylgjande døme syner ei slik utviding, rett nok lita, men likevel stor nok til utviding på eitt punkt i incident-analysen.

I. Fyrste versjonen, prenta i Håloygminne IV 1923, hft. 3/4, s. 14 med overskrift: "Segner frå Helgeland oppskrevne av Knut Strompdal. " - "2. Søla."

Det var eingong ein ukse, som vart so leid til å leggja på søm. Han sømde alltid i ei viss retning, og dei byrja då å tru, at han hadde eit land der ute. Dei batt då sigersstål på honom. Då han so atter la på søm til havs vart han til stein då han kom til den vanlege plassen han pla søme imot. Soleis vart øya Søla til. (Søla er ei øy ut for Vega).

II. I 1928 kom band IV av Storakers samlingar ut (NFL 18). Der har me òg oppedagings-segna om Søla. Og her er ho slik:

S ø l e n, et lodret Fjeld udenfor Vegø, er fremkommen paa samme Maade. Det var en Oxe, som havde for Vane at være borte lange Tider. En Mand havde Seierstaal og bandt det i dens Hale. Den drog ud til det underlige Land, som nu og da hævede sig op af Havet. Med det Samme den steg i Land, blev Landet fæstet, saa det ikke kunde synke ned igjen, men Oxen blev til Sten. Endnu viser man to Stene, den ene ovenpaa den anden, og den ene af dem er Oxen, Søls-Oxen, som paa temmelig lang Afstand bruges til Med. (s. 29f, nr. 67).

III. Strompdals andre versjon har me alt sitert før, (s. 35), men for å gjera jamføringa lettare, skal me sitera den på nytt. Denne versjonen er prenta i 1939 i

NFL 44, Gamalt frå Helgeland III, s. 15, med overskrifta "Søliuksen":

Søla, ei øy ut for Vega, var opphavleg eit hulderland, det var usynleg for vanlege menneskje. Men så var det ein mann på Vega som hadde ein ukse som var så til å vilja leggja på søm utover. Og alltid fór han i same lei. Dei byrja då å tru at han hadde eit hulderland der ute, og så batt dei sigerstål fast på uksen. Då han så la til havs att, så let dei han halda fram. Han sømde då ut til Søla og hulderlandet der ute vart synleg. Men uksen sjølv gjekk i stein, og er enno å sjå på øya. Fiskarane har han til m e d når dei er ute på sjøen og fiskar.

Ved ei jamføring av desse tri versjonane er det ikkje fritt for at Strompdal kjem i fære for å verta mistenkt for å ha pynta på den versjonen han har skrive opp etter munnleg tradisjon for å gjera han meir fullstendig og få med alle drag, t. d. dei som Storaker har med. Slike framgangsmåtar, og mykje verre ting, har gått føre seg like inn i 1960-åra. I NFL 91, Finn Myrvang: Huh-tétta, ser det ut til at samlaren har hatt med seg O. Nicolaisens bøker og fått folk til å fortelja oppatt på sin måte det som der står. Fleire andre døme kunne nemnast. Attom desse underlege framgangsmåtane må det liggja eit ynskje om at den prenta samlinga skal få med all den folketradisjonen som er kjend frå eit visst område, og då helst i så prydelege former som råd er. Denne misforståtte lokalpatriotismen er då mellom dei faktorar ein må taka med når ein vil vurdera også nyare tradisjonsamlingar.

Det må her leggjast til at tilrettelegginga av skriftserien Norsk Folkeminnelags skrifter for prenting

ikkje alltid har vore den beste. Ved å samanhalda dei handskrivne oppskriftene (reinskrifter) med dei prenta versjonane finn ein stundom at forteljingane er pynta litt på såleis at irrelevante innskot er utskorne, eller at samanhengande forteljingar er skilde etter motiv og emne og attgjevne pent og oversiktleg med overskrifter tilsette. Likevel er slike brigde små og relativt ufårlege. I dei prenta utgåvene av Strompdals samlingar er heimelsmennene ikkje komne med; men i handskriftene er dei nemnde, likeså kvar dei er frå og kor gamle dei er. Om Strompdals oppskriftar ikkje er lytefrie, er dei likevel å rekna mellom dei beste me har.

Oppsummering

Generelt kan ein seia at ved ei slik tekstkritisk gjennomgåing av materialet får ein innsyn i kva for metodar eller synsmåtar dei ymse oppskrivarane har lagt til grunn, og ein når fram til ei avgrensing av dei konklusjonane ein kan dra or materialet. Serleg viktig er det at ein på eit slikt grunnlag ser kor fårleg det er å basera seg på berre ei eller nokre få oppskrifter av ein tradisjon.

Den tekstkritiske analysen av materialet her brigdar ikkje stort på heilskapsframstillinga av materialet slik me la det fram i kapittel II, men får einast utslag når det gjeld detaljar, og understrekjer difor får- en ved å leggja vekt på detaljar sédde isolert frå ein

større tradisjons-samanheng. Såleis må ein no i kartet over huldreøyar i Noreg stryka ut to: Auvar i Hillesøy (under nokon tvil), og Nordfugløy i Karlsøy: båe desse er etter alt å døma grunna på tolkingar hjå utgjevarane som stoffet sjølv ikkje gjev dekning for. Vidare har me ved denne analysen gjort det klårt at einskilde detaljar i einskilde versjonar ikkje kan leggjast til grunn for nokon konklusjon om heile tradisjonsstoffet.

Som eit godt døme på kor gale ein kan koma ut og køyra om ein tek ein gjeven tekstversjon som sann eller trugen i høve til tradisjonen, kan nemnast teoriane om alderen på tradisjonen om sjøferd til huldreøyar slik dei er lagde fram i Amund Helland: Norges Land og Folk bd. XVIII Nordlands Amt, Anden Del, s. 522f. Det er ikkje klårt om teorien har Moltke Moe eller Amund Helland til opphavsmann (jfr. s. 7):

Skjønt sagnene om skarvene paa Utrøst og tuffefolket paa Sandflesa ikke vides op- tegnede før i midten af det 19de aarhundrede, er der ingen tvivl om, at de er ældgamle i Nordland. (- - -)

I de to sagn hos Asbjørnsen forekommer ogsaa træk, som indirekte vidner om sagnenes ælde. Naar saaledes Isak spørger huldrekallen, hvilken kos han skulde holde for at komme til Utrøst igjen, og den gamle svarer: "Bent efter skarven, naar den flyver tilhavs, saa holder du ret kurs," saa minder dette maaske om en tid ældre end kompassets, da de gamle nordboere, som sagaerne beretter, under sine sjø- færdier pleiede at styre efter ravne, som de slap løs.

Helland referere vidare Sophus Bugges teori om at lik- skapen mellom prosainnleiinga til Grimnismál og Halten- søgná

i Asbjørnsens forming kjem av at forfattaren av Grimnismål har omdikta eldgamle nord-norske segner om sjøferder til huldreøyar. Ein slik teori vil ein sjølvsagt i dag avvisa av andre grunnar, men dette avspeglar ei oppfatning som endå i dag kan gå att hjå t. d. filologar som nyttar tradisjonsstoff såleis at ein gjeven tekst vert behandla etter filologiske prinsipp.

Som me nedanfor skal sjå, er også det føreliggjande materialet heller tunt til å avgjera noko om tradisjonen; ovanfor såg me korleis ein individuell detalj hjå ein så lite pålitande utgjevar som Asbjørnsen vert nytta til prov for høg alder på tradisjonen. I denne samanhengen er det meir enn noko anna truleg at vegvisinga er nett så gamal som Asbjørnsens Skarvene fra Udrøst. Såleis må detaljane kontrollerast ved hjelp av andre oppskrifter, og når det ikkje ligg føre kontrollmateriale, må ein heller lata emnet liggja.

Slike ting poengterer det sermerkte med folketradisjon og folkedikting i høve til kunstdikting på den eine sida og historisk kjeldemateriale på den andre, at kvar skriftfesting av tradisjonen einast representerer ei eller nokre få aktualiseringar; tradisjonen er summen av alle aktualiseringar, og inga skriftfesting kan autoriserast. Sameleis blir det inadequate å tala om gode og dårlege versjonar. Tekstanalysen har eit anna føremål - og eit anna resultat - enn når ein analyserer annan litteratur. I skriftfestingane sin natur ligg det òg at ein ikkje så lett kan verifisera, og dermed ikkje kan lita på ein historisk kjeldekritisk metode.

5. Geografisk distribusjon, samlingsintensitet og frekvens

Den fylkesvise fordelinga av materialet vil framgå av tabellen nedanfor. På dei vedlagde kartskissene er materialet avmerkt heradsviss, så langt opplysningane tillet det.

	I: Eksistensen av overnaturlige øyar					II: Sjøferd og vitjing					
	A	T	B	Andre	Sum I	Ø+IA	Ø	Hg	Ø bld	Sum II	Sum I+II
Finnmark	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Troms	1	-	-	1	2	2	1	2	1	6	8
Nordland	11	3	7	1	22	4	8	8	1	21	43
Nord-Trøndelag	12	2	4	-	18	-	2	1	-	3	21
Sør-Trøndelag	-	-	1	-	1	-	-	2	-	2	3
Møre og Romsdal	-	-	1	-	1	-	-	3	-	3	4
Sogn og Fjordane	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Hordaland	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Rogaland	1	-	4	1	6	-	1	-	-	1	7
Vest-Agder	1	-	1	-	2	-	-	-	-	-	2
Aust-Agder	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Telemark	-	-	2	-	2	-	-	-	-	-	2
	26	5	20	3	54	6	12	16	2	36	90

Avstytingar:

- I: A: Ikkje-episert tradisjonsstoff
 T: "Tenk i tom"
 B: Øyar løyste og bundne / Oppedaga øyar
 II: Ø + IA: Sjøferd til huldreøy kombinert med fråsegner om huldreøyar (provføring)
 Ø: Sjøferd til/vitjing på huldreøy, evt. òg vitjing i huldregard der
 Hg: Vitjing i huldregard på sjøen
 Ø bld: Kombinert med andre faste motiv

Slike oversyn som tabellen og karta her framanfor kan berre seia noko om den geografiske distribusjonen av det føreliggjande materialet, men lite om den geografiske utbreiinga av tradisjonen om overnaturlige øyar i Noreg. Oversynet stadfester elles det inntrykket ein får av at denne tradisjonen serleg høyrer heime i Nordland. Men visse sider ved materialet gjer talmessig utslag på ein slik måte at det trengst ein nærmare kommentar.

Når t. d. talet på oppskrifter frå Nord-Trøndelag er etter måten stort, kjem dette av at der i materialet inngår mange små uredigerte einskildnotisar gjorde av Karl Braset (NMA = Kopi NFS Braset); kvar setel i dette materialet har fått sitt eige nummer. Hadde ein sameleis hatt dei opphavlege, uredigerte notisane etter t. d. Johan Hveding, ville det slått sterkt ut i tala for Nordland.

Intensiteten i innsamlingsarbeidet av norsk folketradisjon ymsar mykje frå landsdel til landsdel; dette er òg noko som gjer utslag i det biletet ein får av den geografiske utbreiinga av ein viss tradisjon, og ein kan lett koma til å dra slutnader som det ikkje er dekning for ved kritikklaut å byggja på det kartbiletet ein får når eit materiale er innteikna på kart.

I førre hundreåret, og til dels i dette òg, vart innsamlingsarbeidet mykje konsentrert om dei indre stroka av Sør-Noreg, framfor alt Telemark. Opprettinga av tidskriftet Håloygminne gav tilskuv til eit stort og allsidig innsamlings- og registreringsarbeid i Nord-Noreg; frå

denne tida (1920 og utover) har me òg fleire gode prenta samlingar av folketradisjon frå denne landsluten. Men tilfanget kjem fyrst og fremst frå Nordland fylke, noko lite òg frå søre delen av Troms. Det ligg praktisk talt ikkje føre nemnande tilfang som kan gje eit bilete av den norske tradisjonen i Nord-Troms og Finnmark.

Frå Trøndelagsfylka er det smått med prenta samlingar. På Fosna-halvøya har lektor O. Ryssdal stått for eit etter norske tilhøve heller intenst samlingsarbeid; elles er det her òg mest dei indre bygdene som er saumfarne, og det kan såleis der som elles i landet sjå ut som om folketradisjon er noko som høyrer innlandet til. Også på Vestlandet er det samla mest i dei indre bygdene.

Heimfestinga av det føreliggjande materialet syner at tradisjonen om overnaturlige øyar har funnest på kysten frå Romsdal til Sør-Troms, dessutan i Rogaland, Vest-Agder og Telemark. Ein kunne såleis tala om eit nordleg og eit sørleg utbreiingsområde, der det nordlege fell saman med utbreiingsområdet for Halten-segna, med Romsdal som overgangsområde. Men det er nokså utrygt grunnlag å byggja på. Nordmøre har i Edvard Langset hatt ein framifrå folkeminnesamlar; i Romsdal har Olav Rekdal utført eit verdfullt arbeid, medan Sunnmøre ikkje kan visa til nokon tilsvarande samlar. Når tradisjonen om overnaturlige øyar ikkje er registrert på Sunnmøre, i Sogn og Fjordane og i Hordaland, kan det koma av at innsamlingsarbeidet i kystbygdene i desse fylka har vore sporadisk

og usystematisk, eller at det ikkje har vore gjort nokor innsamling i det heile. I Rogaland har arbeidet vore noko meir intenst; det relativt høge talet for dette fylket har tvillaust samanheng med dette.

Såleis kan ein berre med mange og sterke atterhald seia at tradisjonen om overnaturlige øyar truleg har hatt sitt intensitetsområde i Nordland med avtakande intensitet i Troms og Nord-Trøndelag. Eit mogeleg særleg utbreiingsområde tykkjest vera kysten av Rogaland, Agder og Telemark.

Biletet er noko meir markert om ein ser på dei to hovudgruppene serskilt. Tradisjon om sjøferd til huldreøyar og vitjing i huldregård på huldreøyar finn ein mest berre i Nordland og søre Troms; i oppskriftene frå Nord-Trøndelag finn ein dertil drag som tyder på at denne tradisjonen har breidt seg frå Nordland eller har vorte kjend t. d. gjennom Lofot-fisket; teikn på det er m. a. stadnamn frå Nordland. Trass i dei mange uvisse momenta som fylgjer av at innsamlingsintensiteten er så ujamn, trur eg det finst grunnlag for å hevda at forteljingane om sjøferd til huldreøyar og vitjing i huldregård på sjøen er spesielt nordlandske.

Ein har ingen spesifikke data å stø seg til når det gjeld kva frekvens denne tradisjonen mun ha hatt. I eldre framstillingar får ein ofte det inntrykket at forteljingane om Utrøst og ferder dit låg fremst på tunga hjå tradisjonsberarane; dette er likevel snarare eit utslag av den tids måte å leggja fram tradisjonsstoff på

enn eit pålitande prov for høg frekvens. I samlingane åt Knut Strompdal og Johan Hveding er det etter måte mange slike forteljingar. Det kan vera eit resultat av at folk gjerne fortalde om Utrøst og dei andre huldreøyane; men det kan òg vera eit resultat av at desse og andre samlarar har leita serskilt etter Utrøst-tradisjonen, av di den kjendest som noko sermerkt for deira landsdel. Lokalpatriotisme har, som me før har vore inne på, gjeve mange tilskuvar til innsamling. Den etter måten breie omtalen av Utrøst-segnene i Reidar Th. Christiansens artikkel Litt om nordlandsk folketradisjon i fyrste heftet av Hålgymnne, som òg er ein appell til innsamling, kan òg ha hatt sin verknad.

Eksakte opplysningar om frekvensen innanfor reper-toaret åt tradisjonsberarane ligg det ikkje føre.

Ein kan såleis seia at det tyder på låg frekvens når materialet har vorte så lite talrikt som det er på bakgrunn av den stoffmengda ein totalt finn i det som det er leita fram or.

Tradisjonen om dei overnaturlige øyane har såleis vekt interesse gjennom lange tider, fyrst hjå topografane med deira serlege høg til det merkelege og til å forklåra det, seinare hjå romantikarane med deira syn på tradisjonen som ein utlaupar av draumane om lukke-landet. Trass i denne interessa er det altså ikkje mogeleg å finna noko stort materiale til å provføra ein sterk og levande tradisjon, eller ein sentral plass i folketradisjonen.

IV

FOLKEDIKTING OG FOLKETRU

1. Innleiing

Grunnlaget for identifiseringa av materialet er innhaldselement. Me har m. a. sett oss det målet å avgjera kva grunnlag det er for å stella opp ein genetisk samanheng mellom førestellingar og forteljingar om supranormale øyar slik me finn dei i Noreg og i andre européiske land, og mellom desse og dei klassiske og mellomalderlege førestellingane om "Dei lukkelege øyane". Å postulera slektskap på grunnlag av analogi er ikkje berre fårleg m. o. t. analogi mellom innhaldselement som ein ser på isolerte frå den innhaldsmessige samanhengen dei opptrer i; det er òg ein fåre å knyta ihop analogiske motiv eller motivkonstellasjonar frå ulike kategoriar av folkedikting utan å røkja etter kva funksjon innhaldselementa har innanføre komposisjonen, og kva funksjon denne komposisjonen har i ein vidare samanheng. Såleis er det naudsynleg å analysera materialet på det formelle planet og plassera det i høve til formale kategoriar innanfor folkediktinga, og dinest sjå på desse kategoriane i ein sosial og funksjonell samanheng.

I den viktige avhandlinga Kategorien der Prosa-Volksdichtung legg C. W. von Sydow stor vekt på formalanalysen:

Eine richtige Auffassung der verschiedenen Kategorien von Volksüberlieferungen, ihre Lebensbedingungen und Gesetze ist für eine befriedigende Erforschung dieser Überlieferungen gerade so notwendig wie das gut ausgebaute System z. B. für die Zoologie und Botanik. (...)

Die verschiedenen Überlieferungsarten unterstehen völlig verschiedenen Gesetzen, und ohne Vertrautheit mit dem System der Überlieferung, dem gegenseitigen Verhältnis und den ungleichen Lebensbedingungen der verschiedenen Kategorien usw. kann man zu keinen zuverlässigen Forschungsergebnissen gelangen. Viele wissenschaftlichen Fehlgriffe, die lange Zeit die Forschung am Fortschritt hinderten, sind gerade durch den Mangel an Einblick in die Kategorien und das Unvermögen, sie gründlich zu scheiden, veranlaßt. 1)

2. Kategoriar og definisjonar

Det ville føra for langt her å gje seg inn på ein freistnad på å klårleggja tilhøva mellom alle dei ulike kategoriane innanfor prosa-folkediktinga. I innleiinga nytta eg ordet "førestelling". Med ei førestelling meiner eg her ikkje ein oppdikta fiksjon på fritt grunnlag, men ei oppfatning av noko som ein røyndeting. Ei førestelling har såleis nær tilknytning til omgrepet tru i den forstand at ein oppfattar det ein føresteller seg eller trur som objektiv sanning. Med tru meiner eg då ei fastare, meir systematisert og gjennomgåande oppfatning, medan førestellinga er ein mindre komponent eller eit konkret utslag av tru. Førestellingane ovrar seg i prosa-folkedikting dels av episk, dels av ikkje-episk karakter.

1) C. W. v. Sydow: Selected Papers on Folklore, published on the occasion of his 70th. birthday. Copenhagen 1948, s. 60f; opphavleg i Volkskundliche Gaben John Meier dargebracht, Berlin u. Leipzig 1934.

A. Episert tradisjonsstoff

Det episerte tradisjonsstoffet i materialet har tilknytning til dei gruppene av prosa-folkedikting som har tilknytning til folketru. Det har vore vanleg å kalla denne kategorien for segner (ty. Sagen). Ordet har vore nytta noko upresist. Det internasjonale samarbeidet gjennom t. d. The International Society for Folk Narrative Research har til fullnads prøvt trongen til ålment godkjende nemningar og definisjonar på dei kategoriane av folkedikting som ein noko lausleg har kalla segner, og å få slått fast grensemerka mot andre kategoriar og genrar. 1)

Von Sydow gjorde framlegg om nemningane **m e m o r a t** og **f a b u l a t** for to grupper av forteljingar som tradisjonelt hadde vore omhandla ihop under nemninga segn. Dei to gruppene definerte han slik:

Zu allererst muß von der Sage ein Gebiet abgetrennt werden, das zwar mancherlei Verwandtschaft mit ihr hat, aber weder dichterischen Charakter noch Überlieferung aufweist: die Erzählungen der Leute über eigene, rein persönliche Erlebnisse. Diese geben eigene Erinnerungen wieder, weshalb ich sie Memorate nennen will. 2)

Was man jedoch gewöhnlich unter dem Worte Sage versteht, sind kurze, einepisodische Erzählungen, in deren Hintergrund allerdings Erlebnisse und Beobachtungen stehen; doch sind sie nicht unmittelbar aus diesen hervorgegangen, sondern aus einer derartigen Elementen entsprungene Vorstellung, die sich in ihnen so-

1) Sjå Tagung der International Society for Folk Narrative Research in Antwerp 1962 (1963), og Tagung der Sagenkommission der ISFNR Budapest 1963, Acta Ethnographica XIII, s. 3-131, Budapest 1964

2) op. cit. s. 73

zusagen kristallisierte. (...) Ich schlage die Benennung Fabulat vor. 1)

Denne tvidelinga av gruppa segner har seinare vorte ståande; men definisjonane har ymsa mykje, og det har vorte lagt ned mykje arbeid på å få fram meir eksakte formuleringar og å koma fram til klårare skiljeliner mellom gruppene memorat og segn. Dei to kategoriane har det sams i motsetnad til fri fiksjon at dei på einkvan måten er forankra i folketru eller har nær tilknytning til folketru; men det tykkjest framleis rå noko usemje om korvidt memorat og fabulat er undergrupper av eit overordna omgrep segn, eller om dei som det går fram av von Sydows bruk av ordet abgetrennt, er to skilde kategoriar. Dei granskarane som har lagt vekt på folketru-elementa, har gjerne vilja halda dei to gruppene samla, medan dei granskarane som går ut frå formkriterium, har vilja halda dei skilde. 2) For vårt føremål er det likevel viktigare å sjå på relasjonane mellom gruppene memorat og fabulat i høve til folketrua enn å avgjera om dei to kategoriane inngår i ein hierarkisk struktur eller ikkje.

1. Memorat

Memoratet står folketrua monaleg nærare enn segna (fabulatet). Lauri Honko definerer termen slik:

Es sind Berichte des Erlebnisses eines Individuums, des Erzähler selbst oder seines Bekannten. (...) Beinahe alle Memoraten ent-

1) op. cit. s. 74

2) Om desse drøftingane, sjå t. d. Bengt af Klintberg: Ett försök till avgränsning av begreppet sägen. Föredrag hållet vid seminariet för Nordisk och jämförande folklivsforskning i Stockholm vårterminen 1966 (stensil).

halten individuelle, einmalige Züge, ihre Form wird nicht durch die für Sagen typisch stereotypische Komposition sondern durch den faktischen Verlauf der Ereignisse bestimmt. Das bedeutet natürlich nicht, daß Memoraten keine Tradition enthalten, herkömmliche, in der Überlieferung häufig wiederkehrende Motive. Im Gegenteil: schon selbst im Erlebnis ist die Tradition und oft gerade die stereotype Kollektivtradition anwesend. (...) Die supranormalen Erlebnisse werden nach den Mustern der Tradition erfahren und in noch größerem Maße gedeutet; Erneuerungen grundlegender Art bleiben selten. Die Echtheit des Erlebnisses wird durch die Tatsache, daß es traditionsgemäß ist, natürlich nicht verringert, sondern eher gesteigert. 1)

Det går vidare fram av Honkos avhandling at han rek- nar memorata som ei primær kjelde til folketru. For vårt føremål er det difor viktig å gjera det klart at talet på memorat i materialet har mykje å seia i omdøminga av spørsmålet om dei norske forteljingane om overnaturlige syar er trudomsførestellingar, og om forteljingane har sitt utspring i tru på deira eksistens og samstundes ten- ner som prov for at slike truer er sanne og rette. For å presisera: det er ein sterk indikasjon på kor sterk ei trudomsførestelling er at slike vert aktualiserte og nyt- ta til å tolka opplevingar som folk kjem ut for.

2. Segner

Termen segn vil eg her nytta nokolunde synonymt med fabulat. Eg oppfattar såleis ikkje omgrepet som ei over- ordna nemning for både memorat og fabulat.

Segner eller fabulat er i motsetnad til memorata folkedikting. Ein konsekvens av dette er at ein kan de-

1) op. cit. s. 133

finera segna på to plan. På det eine planet fylgjer ein då dei same retningslinene som for memorat og byggjer på innhaldet og relasjonen til folketrua. På det andre pla- net kan ein definera segna morfologisk og leggja reine formkriterium til grunn.

Fyrst og fremst på det innhaldsmessige planet bygg- jer denne definisjonen, framsett på Tagung der Sagenkom- mission der International Society for Folk Narrative Re- search i Budapest 1963 av Carl-Herman Tillhagen:

Ein Fabulat ist eine von der Volksphantasie erschaffene, überlieferte Schilderung, die ein fixiertes motivisches Muster aufweist. Der Inhalt gehört, oder hat zum Volksglauben gehört, oder hat sonst irgendwelche Anknüp- fung an die Wirklichkeit, und wird gewöhnlich berichtet, um als Beweis für eine tradition- elle Glaubensvorstellung zu dienen. 1)

Problematisk i Tillhagens definisjon er framfor alt den formuleringa som her er utheva; ho gjer det ynskje- leg med ei nærare inndeling alt etter kor sterk tilknyt- inga til folketrua er. Gunnar Granberg skil i si viktige avhandling Memorat und Sage 2) mellom folketrusegner og underhaldningssegner; dei sistnemnde vert fortalde snar- are på grunn av dei episke kvalitetane dei har, og dei har ei lausare tilknytting til folketrua. Ei liknande inn- deling gjer Lauri Honko seg til talsmann for. 3)

Tillhagens definisjon vantar det kravet at segna skal vera stutt og einepisodisk (jfr. v. Sydows defini- sjon, s. 128). Såleis gjev han rom for ei rad segner som

1) Acta Ethnographica XIII, Budapest 1964, s. 10f (uthev- ing av meg).

2) Saga och Sed. Gustaf Adolfs Akademiens Årsbok 1935, s. 120-27

3) op. cit. s. 134f

høyrrer med til gruppa underhaldningssegner. Karakteristisk for dei er det ofte nett at dei er fleireepisodiske og dei står såleis eventyra nærare i form; eventyra er for det meste fleireepisodiske, og kravet om at ei segn skal vera einepisodisk, har ein til dels nytta til grensegang mellom segner og eventyr. No er det klårt at folkekiktingsmaterialet ikkje fylgjer dei teoretiske kategoriane; det finst mengder av overgangsformer og blandingsformer. Eg ser ingen grunn til å avvisa materiale som ein må plassera i grenselandet som "uekte" eller "sekundært" berre av di det vik av frå dei mest reindyrka formene innanfor kategoriane.

Grensegangen mellom dei fleireepisodiske segnene og eventyra byd likevel ikkje på så store problem. Oldřich Sirovátka har i artikkelen Zur Morphologie der Sage und Sagenkatalogisierung på formelt grunnlag skildra skilnaden m. a. slik:

Den Märchenaufbau kann man mit einem Organismus vergleichen: jedes Glied hat hier seine feste Lage und besitzt eine besondere, entweder nebensächliche oder wichtige Funktion: es bereitet die Handlung vor und setzt in Bewegung, verknüpft und steigert, hemmt oder ergänzt sie, spitzt sie zu oder löst sie. Alle Motive sind einer einheitlichen geschlossenen Struktur untergeordnet. Das ist bei der Sage nicht der Fall. Die mehrgliedrigen Formen entstehen als Motivketten nach additivem Prinzip. Die Motivordnung in der Sage ist linear, frei, ein Motiv folgt gleichwertig nach dem anderen und ihre Reihenfolge hat nur kleine Bedeutung; sie ist mechanisch, chronologisch oder ganz zufällig. 1)

1) Acta Ethnographica XIII, Budapest 1964, s. 99-106; sitatet frå s. 104

I høve til trusgrunnet kan ein vidare leggja til at eventyra både i sine einskilde motiv, figurar og handlingsskjema representerer den frie diktinga eller fabuleringa; ingen drag vert av forteljar eller tilhøyrar oppfatta som sanne med referanse utanfor den diktarlege komposisjonen.

B. Ikkje-episert tradisjonsstoff

Det ikkje-episerte tradisjonsstoffet innom materialet kan ein kalla trudomsutsegner (-fråsegner). C. W. von Sydow nyttar nemninga dites. 1). Denne termen har likevel ikkje vorte teken i ålment bruk. Lauri Honko nyttar termen Glaubensvorstellung. Etter mi meining er det ikkje heldig å nytta same nemninga om både dei attanforliggjande trudomsfrestellingane og dei ymse måtane dei vert artikulerde på. Honko karakteriserer det me vil kalla trudomsutsegner såleis:

Als eine Grundeinheit haben wir die "Glaubensvorstellung" oder "Vorstellung" zu betrachten. Der Begriff ist äußerst dehnbar und ihm muß man allgemein jenes Material zuordnen, das in andere Kategorien nicht paßt. Die Glaubensvorstellung hat keine sicheren Formkriterien, meistens sagen aber die Glaubensvorstellungen ihr Anliegen direkt, in Form einer allgemeinen Behauptung. (...) Oft erweisen sich die Glaubensvorstellungen jedoch als zuverlässig, d. h. die darin vorgenommenen Verallgemeinerungen haben eine Deckung in der Kollektivtradition. Zur volkstümlichen Erzähltechnik scheint mitunter zu gehören, daß die Sache erst als kurze These, als Glaubensvorstellung dargestellt wird, worauf dann gleichsam als Begründung Schilderungen von individuellen Erlebnissen, Memoraten, Sagen usw. folgen. 2)

1) Popular Dite Tradition. A Terminological Outline, i Selected Papers, s. 106-26; opphavleg i Folkminnen och Folktankar 1937, s. 216-32

2) op. cit. s. 132

ikkje heile det materialet som kjem inn under nemninga ikkje-episert tradisjonsstoff, høyrer utan vidare til trudomsutsegnene. Ein må her skilja mellom trugne attgjevingar av tradisjonsberarane sine utsegner og notisar om at der og dør førestelte folk seg det og det. Slike som dei siste kan ein kalla folketrunitisar. Når slike utsegner kjem som innleiing til segner, kan ein ikkje utan vidare godtaka påstanden dei formulerer som eit prov for at dette er noko som folk trur eller trudde på, og di dei òg har denne innleiande funksjonen. Den kan nok tena til å aktualisera førestellingar som tilhøyrarne har; men kan òg tena til introduksjon til noko som ikkje er heilt kjent og såleis vera med på å førebu fortellinga av den forteljinga som kjem. I den mon slike innleiande utsegner er faste delar av folkeleg forteljeteknikk, kan ein òg tenkja seg at dei kjendest som naudsynlege for ei framføring i det heile teke.

. Oppsummering

Tilhøvet mellom dei førestellingane me finn i materialet vårt og dei faktiske trudomsførestellingane er såleis heller innfløkt, slik som tilhøvet mellom folkedikting og folketra i det heile er det.

I dei fleste tilfelle ligg det trudomsførestellingar til grunn for ei segn, og desse førestellingane er i reellen referanseråme for segna. Trudomsførestellingsråma er anten reell - slik at tradisjonsberaren og tilhøyrarne hans ser på forteljingane som uttrykk for eller att-

gjeving av hendingar og tilhøve som er røynelege - eller ho er fiktiv i den forstand at tradisjonsberarar og tilhøyrarar aksepterer henne som ein naudsynleg føresetnad for det episke diktverket, og difor berre i relasjon til diktverket.

I spørsmålet om førestellingsråma er reell eller fiktiv er det mogeleg å setja fram ein stratum-teori, endå om han er vanskeleg å underbyggja: når førestellingsråma er fiktiv, er dette eit yngre eller høgare stratum av tradisjonen, der trudomsførestellingane har falle bort, og ein kan tenkja seg eller finna prov for at råma tidlegare har vore reell.

I slike tilfelle, der trua fell bort medan diktverket - segna - lever vidare, endrar segna funksjon.

Ei segn kan ofte ha den funksjonen å stø opp under ei trudomsførestelling (jfr. Tillhagøns definisjon, s. 131): ho vert fortald som konkret prov for at førestellingane er sanne: det har hendt den og den der og der. Ho kan òg ha den funksjonen å gje ei forklåring på hendingar og tilstand som elles er uforklårlege, og såleis vera ei hjelp til å organisera og tolka den ytre verda og omgivnadene. I tillegg til dette kjem så dei sosiale funksjonane åt segndiktinga: desse deler ho med andre greiner av folkediktinga utan omsyn til deira høve til folketra. Dei sosiale funksjonane er fyrst og fremst å tena til tidtrøyte, gaman eller opplysning i visse situasjonar der folk er saman. Fortelje-situasjonane kan vera svært ulike; forteljesituasjonane for segner og memorat

om supranormale hendingar vil helst vera andre enn for eventyr og skjemt.

Når trudomsgrunnlaget for ei segn ikkje lenger er til stades for tradisjonsberarane og tilhøyrarane, er det dei sosiale funksjonane som vert att.

Ei segn kan såleis overleva dei førestellingane ho opphavleg hadde som føresetnad, på grunn av sine episke eller andre diktarlege kvalitetar som gjer at folk gjerne lyder på segna og aksepterer ei fiktiv referanseråme for henne.

Ein konsekvens av dette vert då at folketrua er ei viktig kjelde til forståing av segndiktinga og segnene, men at segnene ikkje kan vera ei kjelde til kunnskap om folketrua. I kva mon segnene kan vera ei sekundær kjelde til kunnskap om folketrua må ein avgjera på grunnlag av anna materiale enn segner: memorat og trudomsfråsegner i fyrste hand.

4. Trudomsgrunnlaget for segnene om dei overnaturlege øyane

Materialet inneheld i alt 13 trudomsnotisar; av dei fell 3 bort på tekstkritisk grunnlag, av di 2 av dei er omlag ordrette sitat utan tilvising frå andre kjelder som òg er representerte i materialet, eller av di me alt på tekstkritisk grunnlag har slått fast at forfattaren ikkje har dekning for den påstanden han set fram. Innleiinga til Asbjørnsens Skarvene fra Udrøst er òg for

ein elaborert trudomsnotis å rekna; men her er det berre ein del som er eit beinveges sitat etter Kraft/Faye. Dei 10 trudomsnotisane som då står att, er alle frå tida før 1850 eller byggjer på kjelder som er så gamle. Berre ein einaste trudomsnotis er frå same tidsromet som det episke materialet.

Trudomsnotisane kan ein såleis sjå på som eit materiale som gjev rettleiing for å avgjera i kva mon segnmaterialet stettar krava i Tillhagens definisjon, "der Inhalt gehört, oder hat zum Volksglauben gehört, oder hat sonst irgendwelche Anknüpfung an die Wirklichkeit." Ein må her sjølvstøtt ta det atterhaldet at ein ikkje kan skaffa seg opplysningar om grunnlaget for dei eldre notisane, og at ein ikkje kan sjå heilt bort frå at våre heimelsmenn kan ha hatt sitt grunnlag i segner dei har høyrte, slik at dei postulterer tru ut ifrå det; heimelsmennene for desse eldre notisane var alle frå eit høgare sosialt sjikt og hadde ein annan bakgrunn enn den tradisjonsberande ålmugen, og det er såleis ikkje heilt utelukka at ein dansk embetsmann t. d. har misoppfatta det han har høyrte. Eit moment av subjektivt skjøn er såleis ikkje til å unngå i omdøminga av desse notisane. Eg held det for mest sannsynleg at dei kan godtakøst som belegg for ei eldre tru på eksistensen av overnaturlege øyar, og aksepterer dei såleis som kjelder til kunnskap om eldre tids folketrue.

Berre 8 av segnene i materialet inneheld trudomsfråsegner i form av eit innleiande eller avsluttande postu-

lat; ved nærare ettersyn viser det seg at i to høve er det snarare ei litterær innleiing enn eit utslag av folkeleg forteljeteknikk. I tri oppskrifter har me til slutt det draget at dei fann kornaks i roren eller styrelykkja, og dette vert ført i marka som prov for at det er sant, det som vert fortalt. Slike referansar kan ein med ei serskild nemning kalla kriteriumsmotiv.¹⁾ Eg ser på desse referansane eller kriteriumsmotiva som ekte av di dei føreset kjennskap til tradisjonen på dette punktet; dei er såleis ikkje mynta på ukunnige tilhøyrarar som treng ei fiktiv referanseråme for forteljinga og fyrst må få denne referanseråma definert.

Materialet femner vidare om 12 trudomsfråsegner oppskrivne beinveges etter heimelsmennene. Ei av desse fråsegnene er frå dei prenta samlingane etter Storaker; alle hine er uprenta notisar etter Karl Braset. Når det gjeld sistnemnde, er det ingen som har postulats form, og ingen av dei formulerer endefram at folk trudde det eksisterte huldreøyar; dei seier alle at "det skal vera" eller "eg har høyrte gjete" ei øy som berre tidvis syner seg; desse fråsegnene kan ein difor også sjå på som døme på avbleikte minnerestar hjå passive tradisjonsberarar, og det er eit stort spørsmål om ein kan rekna dei som trudomsfråsegner i eigenleg forstand. På dette grunnlaget lét det seg difor snautt ettervisa nokor t'fu parallelt med eller samstundes med segnene om oppedaging av huldreøyar eller eksistensen av huldreøyar som enno ikkje er

1) C. W. v. Sydow: Kategorien der Prosa-Volksdichtung, op. cit. s. 75.

oppedaga; til det er Storakers eine belegg litt for lite.

M e m o r a t - forteljingar om personlege opplevingar i ljøs av tradisjonen - er snautt representerte i materialet i det heile teke. Ein notis etter Karl Braset lyder slik:

Stor-Tautra hi ag ferri omkreng. ¹⁾

Notisen kan berre forklårast ut ifrå andre av Brasets notisar, der Stor-Tautra vert definert, t. d. såleis:

De e naakaa som døm kalle Stor-Tautra aa som ligg i væst-nolvæst fer Tautern. ²⁾

Den lakoniske fråsegna at heimelsmannen åt Braset har fare ikring Stor-Tautra er ikkje grunnlag godt nok for å rekna med eit memorat - og dermed eit røyneleg trudomsgrunnlag.

Oppskrifta etter Ivar Aasen, Borgaren paa Utørst, er fortald i eg-form; den som fører ordet i heile forteljinga, ordlegg seg slik:

Men Gamle-Karann hadd' ei Tru om dæ, at der va eit Lann, saa laag endaa lenger ut, aa dæ kalla di Ut-Røst; men den Øy'a va osynli, aa dæ va bærre Tuftefolk, saa budde der. D'æ ikkje leng sia, dæ va ein Mann, som sa', at han ha vorre der, aa dæ va trøysant aa hør', naar han tok te fortel', kor dæ gjekk te. ³⁾

I desse formuleringane finn me for det fyrste eit døme på ei postulerande trudomsfråsegn som innleiing til ei

1) } Uprenta; NMA = Kopi NFS Braset, u. pag.
2) }

3) op. cit. s. 59

forteljing, av det slaget som mange folkloristar har skildra som sermerkt for folkeleg forteljeteknikk. Vidare kjem forteljinga lagd i munnen på ein mann som sa han hadde vore der. Aasens oppskrift kan ein då oppfatta på to måtar:

1) Me har her å gjera med eit memorat av eit serleg slag, ei andrehands attgjeving av ei personleg oppleving. Von Sydow nyttar om slike sjølvopplevingar som er opptekne i tradisjonen nemninga Erinnerungssage (sv. minnes-sägen); ¹⁾ men han legg til: "aber die Grenze ist oft kußerst schwer zu ziehen."

2) Den andre synsmåten me kan leggja til grunn, er at dette er eit forteljeteknisk middel til å auka truverdet av det som vert fortalt, sameleis som ei segn mest alltid vert knytt til kjende lokalitetar og personar endå om ho i røynda er ei vandresegn.

No er dei tekstkritiske omstenda kring denne oppskrifta slik at dei manar til varsemd (jfr. s. 110); for den konkrete utforminga kan for alt det me veit godt vera Aasens og ikkje heimelsmannen si. Det er likevel eit indisium på at dette er eit andrehandsmemorat, og det er innhaldet. Både situasjonen som fører til vitjinga på Utrøst og hendingsgangen der står noko utanom det heller sjablonmessige mønsteret ein finn i andre forteljingar om vitjingar på Utrøst; det er òg ein heller stor detaljrikdom i skildringa, noko som er karakteristisk for

1) Kategorien der Prosa-Volksdichtung, op. cit. s. 74.

memorata, medan dei fleste slike detaljar er avslipte i dei faste segntypene. Sermerkt etter innhaldet er det òg at Utrøst-kallen ved dette høvet er ein handelsmann ("bor-gar"), og at han kjøper fisk hjå mannen; kornåker-motivet syner òg ei avvikande form. Det kan såleis vera grunnlag for å rekna med eit andrehandsmemorat her.

Eitt einaste tvilsamt andrehandsmemorat får likevel ingen avgjerande innverknad på omdøminga av tilhøvet til folketrua for det tradisjonsstoffet som inngår i materialet. Såleis lyt me dra den konklusjonen at materialet ikkje gjev grunnlag for å rekna med nokor levande folketrue på eksistensen av overnaturlege øyar. Derimot har me ei rad trudomsnotisar som er eldre enn det segnmaterial-et me har til rådvelde. Når me vidare tek omsyn til det omstendet at det nett var episk utforma forteljingar - og serleg dei fast utforma - samlarane i førre hundreåret var ute etter, slik at me frå deira hand faktisk ikkje kan venta oppskrifter av trudomsfråsegner anna enn i samband med dei som har ei funksjonell oppgåve i forteljinga, må me rekna med at segnene i alle fall tidlegare har hatt ein reell trudomsbakgrunn ("hat zum Volksglauben gehört" etter Tillhagens definisjon). Seinare har dei levt vidare på grunn av sine kvalitetar som forteljestoff.

Desse slutnadene er dregne på grunnlag av huldreøymotivet isolert. Som me synte i kapittel II er serleg tradisjonen om sjøferd til huldreøyar og vitjing i hul-

dregard der så sterkt knytt til den ålmenne tradisjonen om underjordsfolket at det snautt kan dragast nokor skarp grenseline mellom desse innhaldskategoriene. Ville ein dra inn eit større materiale, kunne ein til fullnads prova at truene på dei underjordiske har vore levande nok, og lenger enn ein skulle tru, og desse truene har såleis vore samtidige med materialet.

Her må me berre slå fast at me ikkje har kunna lokalisera eit einaste memorat som syner at trua på at ein kunne koma ut for å hamna på Utrøst har vorte aktualisert hjå folk som har kome ut for subjektivt uforklårlege hendingar.

Dei segnene som omhandlar vitjing på Utrøst, har det draget sams at sjølve heimfestinga, som er så typisk for segner med eit meir beinveges tilhøve til folketrua, mest alltid vantar. Det er mest alltid tale om ei jekt eller ei nordlandsjekt, aldri jektå åt den og den i den eller den bygda; personane er berre sjeldan namngjevne, og i dei fleste tilfella berre når det er tale om gjennomgangs-segnfigurar som Breistrand-finnen. I andre oppskrifter av dei same samlarane frå same tid og frå dei same bygdene som Utrøst-tradisjonen er oppskrive frå, finn ein ofte den vanlege heimfestinga i andre segner om huldrefolket. Namn og heimfesting har på mange måtar same funksjonen som trudoms-referanseråma; dei er "kriteriumsmotiv" med den oppgåva å prova sanninga eller i det minste auka sanningsverdet for tilhøyrarane; slike drag finn ein serleg når det gjeld om å verna om og stø

opp under ei tru som er utsett for tvil.

Materialet slik det ligg føre gjev då eit etter måten godt grunnlag for å seia at det ikkje er til stades noko levande trudomsgrunnlag for segnene om overnaturlige øyar, men at eit slikt trudomsgrunnlag må ha funnest før. Segnene har fått ein annan funksjon som forteljingar til underhaldning; dei fungerer då snarare som rein diktning enn som illustrasjonar til eller stønad for tru. Tilknytting til eit levande trudomsgrunnlag finn ein då i visse andre ingrediensar enn det som her er hovudmotivet: trua på stålet si makt som verneråd og aktivt hjelpe- råd i tilhøvet til huldrefolket og supranormale makter, og truene på huldrefolket ålment.

V

OVERNATURLEGE ØYAR I ANDRE
LANDS TRADISJON

Innleiande merknader

Vil me vurderer kva opphavs- og livsvilkår eit folkediktningmotiv eller eit folketrue-element har hatt i norsk folketradisjon, kan me ikkje sjå den norske tradisjonen isolert frå andre lands og andre tidars tradisjon. Me har før påpeika at det er sermerkt for tradisjonen at han berre har potensiell eksistens gjennom sine aktualiseringar eller realiseringar (s. 99). Vidare er det sermerkt for folkedikting og annan folketradisjon at han vert boren oppe og vidareført gjennom munnleg tradering: ved forteljing og oppatt-forteljing frå mann til mann, uavhenging av skriftfesting. I denne traderingsprosessen er tradisjonen underlagd visse "lover", d.v.s. at visse vilkår må oppfyllest for at noko skal verta fortalt og vidarefortalt og såleis leva i tradisjonen. Vidare inneber traderingsprosessen at tradisjonsstoffet på vegen vert omforma eller tilmåta etter visse reglar som fylger av sjølve den tingen at stoffet vert fortalt og attfortalt. Me har sett oss til mål for denne studien å røkja etter kva opphavs- og livsvilkår tradisjonen om overnaturlege øyar hjå oss har hatt. For å kunna svara på dette, lyt me fyrst røkja etter i kva mon det kan vera

tale om ei tradering på tvers av språk- og landegrensar: ligg vilkåra for ei slik tradering føre? Likskap i motiv kan ein ikkje utan vidare forklåra som "vandring"; i røynda er "vandring" eller "spreiing" frå land til land ikkje anna enn ein del av ein tradisjonsprosess av same slaget som det ein har innanføre eit lokalsamfunn: overleveringa skjer frå mann til mann på same måten.

Såleis er det naudsynleg fyrst å lokalisera den tradisjonen om overnaturlege øyar som me finn innanfor den kulturkrinsen me tilhøyrer. På same måten som når det gjeld den norske tradisjonen om overnaturlege øyar må me nøye vurderer den konteksten dette motivet opptre i, slik at me ikkje på bakgrunn av isolert motivanalogi kjem i skade for å postulera slektskap mellom vidt skilde tradisjonsgrupper. Med kontekst meiner eg her både innhaldskontekst, kategorikontekst, og dessutan kjem det for ein del av det framande stoffet sterkare inn i biletet ein kontekst, der sjølve kjelda må vurderast som tekst.

Ei samanlikning av tradisjonsstoff frå ulike land og ulike tider byd på mange og store problem. Språkvan-skar steller seg ofte hindrande i vegen for eit inngåande studium av sjølve tekstene; dette gjeld framfor alt det keltiske tradisjonsstoffet. Det er òg vanskeløg med ei fullgod kjeldekritisk vurdering av materialet ut over dei ålmenne slutnadene ein kan dra or ein generell kjennskap til utviklinga av tradisjonsvitskapen og dei arbeidsmetodane som har vore nytta ned gjennom tidene.

Eldre tiders litteratur kjem i ei serleg problematisk stilling: ein har ingen faste haldepunkt for i kva mon ein forfattar, namngjeven eller anonym, fylgjer ein genuin folketradisjon eller om han berre utnyttar tradisjonselement til ei sjølvstendig utforming. Ei samanlikning må derfor avgrensast til ei jamføring av reine innhaldselement og den innhaldsmessige samanhengen desse motiva opptrer i.

På det praktiske planet støyter ein òg på store vanskar: det er vanskeleg å skaffa til vegar utanlandsk materiale, uprenta såvel som prenta; brev til utanlandske institusjonar får ein ikkje svar på, og den internasjonale bibliotek-samtenesta fungerer ikkje så effektivt som ein kunne ynskja.

Det utanlandske tilfanget som her er nytta, er alt saman prenta. Det er samla pålag på same måten som det norske, med bruk av desse bibliografiane og referanseverka:

Wilfred Bonser: A Bibliography of Folklore, as contained in the first eighty years of the publications of the Folk-Lore Society. London 1961

K. M. Briggs: The fairies in tradition and literature. London 1967

Tom Pete Cross: Motif-Index of Early Irish Literature. Bloomington, Indiana, 1952

H. F. Feilberg: Bidrag til en ordbog over jyske almuesmål, København 1904-08, under g.

Folklore Fellows Communications: J. Qvigstad: Lap-pische Märchen- und Sagenvarianten, FFC 60, Helsinki 1925

Theodor H. Gaster: The Oldest Stories in the World. New York 1952

Handwörterbuch des deutschen Aberglaubens I-X, Berlin/Leipzig 1927-42

Bengt Holbek og Iørn Piø: Fabeldyr og sagnfolk. København 1967

Internationale volkskundliche Bibliographie, for dei åra som er nemnde på s. 95

Seán Ó Súilleabháin: A Handbook of Irish Folklore, Hatboro, Pa., 1963

Stith Thompson: Motif-Index of Folk Literature. Copenhagen 1955-58

Dessutan har eg nytta alle tilvisingar og krosstilvisingar i heile den litteraturen som er oppført under Bibliografi, Bokliste, s. 280ff

1. Norderlanda

a). Danmark

Materialet frå Danmark er lite: berre 5 oppskrift-er. Det er mange indikasjonar på at dette likevel er eit representativt utval for ein tradisjon som er lite sentral og kan henda heldt på å døy ut i førre hundre-året. Såleis er det ingen av dei som har skrive om dette emnet som nemner andre oppskrifter enn desse.

4 av dei 5 oppskriftene er frå dei uvanleg rikhal-dige samlingane etter Evald Tang Kristensen. Dei er resultatet av eit innsamlingsarbeid i Jylland så intenst at me ikkje kan visa til nokon parallell frå vårt eige land. Tang Kristensens samlingar merkjer seg òg ut ved ein omframt høg kvalitet både i sjølve tekstene og i prinsippa for det han skreiv opp: det har funnest dei som har sétt med vanvyrndnad på hans lange rekkjer av

same forteljinga, men Tang Kristensen fylgde her prinsipp som ein skulle ynskja at dei fleste samlarane hadde lært noko av.

Ser me på det danske materialet, finn me ingen tradisjon om sjøferd til overnaturlege øyar eller vitjing i huldregard på sjøen.

Til dei norske segnene om oppedaging av ei huldreøy ved at eit husdyr fører stål på øya, har me ein fullstendig parallell i denne segna:

Der er somme tider lavvande mellem Øland og Gjøel, så man kan gå imellem begge lande. Gjøel har længe været befolket, men sådan var det ikke med Øland. Den havde ingen endnu set. Der boede en mand i Knudegårdene, han havde en sø, og hvert forår tidlig blev den henne, men hen på sommeren kom den tilbage med et helt kuld grise, og ingen vidste, hvor den kom ifra, det havde de ikke nogen tider kunnet opdage. Næste forår binder manden en kniv på den, for egstål er jo godt for fortryllesse, og så sætter den af. Lidt efter, han kommer ud, ser han den dejlige ø med den smukke bøgeskov, der nu var kommen frem. Før havde det hele været fortryllet. Men mand blev den første ejer af øen, ha han jo opdagede den.

1)

Ein annan parallell har me i segna om Boddum; men her er løysingsmåten noko uvanleg: kristne menneske set foten på øya, og så vert ho oppe. Likskapen med oppedagings-segnene er etter mitt syn sterkare enn det draget at folk kjem dit med båt syner likskap med forteljingane om sjøferd:

1) Evald Tang Kristensen: Danske sagn, som de har lydt i folkemunde, udelukkende efter utrykte kilder, samlede og tildels optegnede af .. Tredje afdeling: Kjæmper, Kirker. Andre stedlige sagn. Skatte. Silkeborg 1895, s. 371f, nr. 1888, etter C. Brøgger, Ravnkilde.

Hvem der har været i Boddum, vil sande og sige, at når der bliver enten får eller høveder henne, så er det næsten umulig at finde det, og det kommer af den forskrækkelig store hoben bakker og dale der er, så dersom de skal finde det, får det selv at komme. Det var ret en plads for ellefolk og sådan noget skidt, før der blev kristendom til, og I kan tro, der var så mange af det slags, som der er sand i strand. Skibsted fjord flød over Brokjær og i Dovverkiel, sådan at Boddum var en ø. Som der så en gang blev et hors og et føl henne for en mand i Ydby, og de kunde aldrig finde dem eller spørge til dem nogen steder, da var der en mand, der kom i tanker om at vide, hvad der kunde være bag det vand, hvor der altid var tåge. Man fik nogle flere til hjælp, fik standet en båd og roede over det her vand. Så langt som de kom, lettete tågen, og der de kom til land på ø østre side, blev der ret dag og dagslysen, ti nu blev det betrådt af kristne mennesker. Deres heste gik der og var vel i behold, dem tog de jo med tilbage, for de kunde jo vade over, Nu har det boet folk der siden, og for de te de fandt landet med båden, kaldte de det Bådum (Bwojem). 1)

Tilknytninga til dei norske fråsegnene om huldreøyar som ikkje har vorte oppedaga, har ein òg i eit par segner frå Danmark, endå om det på mange måtar kunne vera naturleg å setja dei i ei klasse for seg og kalla dei segner om sokne øyar. Mellom anna er det ingen ting som tyder på at folk har oppfatta dei sokne øyane som supranormale. No kan dette likevel vera utslag av at denne tradisjonen ikkje har nokon sentral plass i Danmark. Tilknytning til dei vidgjetne molbo-sogene har me i denne oppskrifta:

Det vil ske en lille-julaften, at Sejrsø synker. Men et stykke længere vest over mod Mols vil der komme en anden ø op, som hedder Sejrsø. Det vil nok blive til navnløs skræk for Molboerne, når de ser den ø, da de vil antage den for et uhyre, som vil komme og sluge deres land. 2)

1) ibid., s. 372, nr. 1889, etter Joh. Nielsen
2) ibid., s. 373f, nr. 1894, Ole Jensen, Ulstrup efter fortælling af gårdmand A. Pedersen, Sejrsø.

Ein segnotis om to sokne øyar, Vønø og Glønø, syner lita eller inga tilknytning til tradisjonen om dei overnaturlige øyane anna enn i det draget at dei søkk; men her må ein vera varsam med å tolka dette som eit supranormalt drag. Det ville i Noreg vera ei overnaturlig hending om ei øy sokk; men etter danske naturtilhøve kan ein sjå forteljingane i ljøs av røynlege hendingar, der havet har grave ut eller overfløymt ikkje så reint små landområde:

Tæt ved Sjællands sydkyst ud for herresædet Holsteinsborg ligger en ø, som hedder Glønø, og dens indbyggere udgjør vel næsten halvdelen af Ørslevs sogns folkemængde. Udenfor denne skal i fordums tid have ligget en anden ø, kaldet Vønø, og endnu en lille ø bagved denne, kaldet Enø. Ingen af de to sidstnævnte øer er mere til, de skal altså være gæde under.

På Vønø skal have været kirke, og i stille vejr skal søfolkene, når de handelsvis har sejlet over dette sted, hvor kirken stod, endnu kunne se dens tårne nede i vandet. Derom hedder det i folkemunde hos de gamle: "Enø venter på Vønø, Vønø efter Glønø, Glønø venter efter Ørslev klokketårn." 1)

Ein brei plass i dansk segntradisjon har segnene svin i sengen - sunkne gårde. Oftast kan dei reknast som eit slag opphavssegner som skal forklåra kvifor det er eit lite vatn, ei myr eller eit myrhol på ein viss stad. Holbek og Piø hevdar i boka Fabeldyr og sagnfolk (s. 245) at denne segngruppa er å rekna som ein utlapp av Atlantis-fabelen hjå Platon! I ei einaste av desse forteljingane har me elles døme på at denne segntypen har drege til seg motivet om nedsokne øyar:

1) *ibid.* s. 373, nr. 1893, etter lærer Hansen.

Ude i Havet et Stykke fra Glønø skal efter Sagnet have ligget en anden ø, som hed Vønø, men den er for længe siden gaaet under, og der spaaes Glønø samme Skjæbne. - Mn Mand paa Vønø sendte Bud til Præsten, med hvem han altid havde ligget i Splid, og bad ham at komme og berette hans Kone. Præsten kom ogsaa, men da havde Manden udpyntet en So og lagt i Sengen, og Præsten blev da saa forbitret, at han lyste Forbandelse over Øen. - Da han var kommen hjem, rejste der sig en Storm, og Vandet steg saa højt, at Vønøboerne aldrig havde kjendt Mage. Vandet vedblev at stige, og tilsidst sank Øen med alt, hvad der var paa den. Hvor Øen laa, findes nu en Grund, som kaldes Vønø Grund.

Engang skal der komme en lignende Stormflod, og da skal Glønø gaa under. Vandet skal da tillige bryde ind over Landet nord for og ødelægge den højtliggende Ørslev Kirke. Herom hedder det paa Glønø: Vønø venter efter Glønø og Ørslev høje Klokketaarn. 1)

På bakgrunn av denne presentasjonen må ein såleis seia at ein i Danmark berre finn sporadiske merke etter ein tradisjon om overnaturlige øyar, i trongare meining berre to oppskrifter av segna om oppedaging av huldreøyar, og at desse to i hovudsaka er heilt parallelle med dei norske. Segna om Øland (s. 148) lét seg såleis utan vidare innpassa i incident-skjemaet for dei norske segnene, og segna om Boddum (s. 149) med få modifikasjonar.

b). Sverige

Frå nyare svensk tradisjon har det ikkje lukkast å lokalisera eit einaste døme på tradisjon om overnaturlige øyar i den meining me kjenner slik tradisjon i Noreg

1) Jens Kamp: Danske Folkeminder, Eventyr, Folkesagn, Gaader, Rim og Folketro samlede fra Folkemunde af ... Odense 1877, s. 274f, nr. 37, etter Seminarist Kristensen, Glønø.

og Danmark. H. F. Feilberg viser i si ordbok under ø til Herman Hofberg, Svenska Folksägner ¹⁾ der det finst ei uvanleg lang forteljing om Katrineholms herrgård etter friherre O. Hermelin i Småland (s. 43ff). Skildringa av den merkelege øya som somtid kjem opp og så kverv av att, har berre analogisk likskap med dei norske forteljingane om huldreøyar; endå analogien er heller veik, av di øya kjem opp til situasjonsbundne tider, og av di det i røynda er ein liten holme i ein innsjø. Vidare inngår øya som ein episode i ei lengre forteljing, der ho har ein avgjort kompositorisk funksjon og såleis ikkje samlar interessa om seg sjølv. Ein kan såleis ikkje på grunnlag av denne forteljinga seia at det finst nokon tradisjon om overnaturlige øyar i Sverike. Dette utelukkar ikkje at det før kan ha vore slik tradisjon der. Erich Pontoppidans samandrag av ei skildring hjå Urban Hierne i Korta Anledningen til athskillige Malms og Bergarters Efterspørjande om Gumars-Øre, kunne tyda på at førestellingane har vore kjende i Sverike òg. ²⁾

c) Færøyane

Folketradisjonen på Færøyane står på mange måtar den norske nær. Også på Færøyane er det tradisjon om overnaturlige øyar. Flotoy kallar dei ei slik øy der.

Flotoyane er så vidt eg kan sjå, fyrste gong omtala

1) Stockholm 1882

2) Sjå s. 18.

av Lucas Jacobsen Debes i ei lita bok som kom ut i Kjøbenhavn i 1673 med denne lange tittelen:

"FÆROE Et FÆROA RESEERATA / Det er: Færøernis Oc Færøeske Indbyggeris Beskrivelse/ udi hvilken føreris til Liuset adskillige Naturens Hemeligheder / oc nogle Antiquiteter / som her til Dags udi Mørcket hafve været indelugte/ oc nu her opladis / Alle curieuse til Velbehagelighed/ Sammenskrefven oc forklaret Aff Lucas Jacobsen Debes."

I "Det I. Cap. Om Færøes Land udi sig self/ oc udi sine Omstændigheder" vert det fortalt om ei flotoy nordpå, ei i søraust, og om oppedaginga av Svinoy:

Det fortællis aff en deel Indbyggere/ at for Norden Landet paa atskillige Tider skal Være seet en Flydæ: icke alleniste aff Forfædrenis Relation/ men end oc aff Folck som endnu lefve; huilcke sandfærdeligen berette/ at de hafve seet den udi nogle Timer; oc berette/ at de hafve seet Bierge oc Dale paa den/ oc rindende Elfver at løbe ned igiennem Dalene/ oc kunne kiendeligen see at den var grøn neden til oc udi Dalene.

Forleden Aar den 28. Aprilis ankom til Færøe Skipper Poivel Baadsted med sit Skiberom/ oc berettede baade hand oc tuende unge Præster/ som hand hafde til Færøe med sig/ nemlig H. Gregers Pedersson/ oc H. Peder Clementsson: at de formedelst Storm blefve fordrefne af deris Curs Synden Færøe/ oc der de kome nær den/ saae de den fuldkommen med sine Bierge/ Forbierge oc Elfver nedrindende af Øen/ grøn af Græs mod Søekanten/ oc Skær oc Klipper under Landet/ icke ulig udi alle sine Omstændigheder de Færøeske Øer; oc der de fornam ingen flere Øer/ befande de sig at være bedragne/ oc derfor vendte tilbage Nord paa/ oc effter nogen Seylads fandt de Færøer; oc effter Gißing berettede Skipperen/ at de hafvde fundet det Land ellefve Mile fra Færøe/ udi Syden til Osten. Dersom paa den Stød vaar nogen fast Øe/ da hafde den længe siden været funden: efftersom Ißlandsfarerne segle offte den Stød forbi; oc alle Skibe/ som komme Synden fra/ oc ville gaa Norden om Hetland/ sætte altid deris Cours paa Færøe/ oc derfor mæ endelig den Platz forbi; saa at den Øe/ dersom den hafvde været fast/ maatte længe siden været aabenbared.

E n c k h u y s e r - E y l a n d udi Nord-Søen aff Hollænderne funden oc naffngifven/

som hafver ligget under 65. Grad. Nordlig-Bredde eller latitudine, 45. Mile Norden til Vesten fra Færoe/ effterdi den nu icke meere findis/ siunis denne Meening at stadfæste. Jeg lader her udi huer sin Meening/ om det er naturligt/ at saadan moles aff hin haard Steen kand flyde/ oc nu igien siuncke: dersom den var aff Art med en Pumet/ da kunde det nocksom skeep; men da maatte den altid flyde/ som de Flydøer udi Færskke-Vand/ sammenvoxen aff Rødder/ med nogen løb Jord oc Græs betagt.

Indbyggerne fortælle ellers en Fabel om Svinøe/ at den i Begyndelsen skal hafve været en Flydøe: Oc meene/ at der som mand kunde komme til den Øe som ofte seis/ oc kaste Staal paa den/ skal den blifve staaendis; huilcket kommer oftereens med Dyckeris Superstition, huilcke legge Staal paa Skatten som de finde paa Bunden i Hafvet/ paa det Spøgeri skal icke flytte den bort/ naar de lader sig opvinde aff Vandet/ huilcken de ellers befinde at bortflyttes. Mange meget fortælle ocsaa om saadanne Flydøer/ oc meene/ at de skulle være til i Naturen: Men jeg kand ingen aff dennem gifve det troende/ ey heller nogens Superstition. Dersom den icke beskrefvis aff atskillige Øers Egenskaber/ vilde jeg si at det var Iis-Bierge/ som komme flydende fra Grønland: Huis icke der er/ da troer jeg fast/ at det er Diefvelens Spøgeri/ oc Forkogleri/ huilcken i sig selff ellers er en tusindfold Konstner. Thi hand oc offte tilforn hafver spøget for dennem udi dislige andre Skickelser/ efftersom det er fast huer Mands Snack udi Landet: huorledis Satan om Nattetider/ naar de tjellige ere udroede om Vinteren/ som de ideligen endnu giøre/ er i forige Tider paa Fiske-medene aabenbared for dennem/ udi en Baads Lignelse/ met Fiskere udi Baaden/ (s. 19ff)

Notisen hjå Debes om Svínoy har me òg i ei segn som nøyre samstavar med dei norske segnene om oppedaging av ei huldreøy ved at eit husdyr fører stål på henne:

Tað er manna søgn, at Svínoy sum aðrar av oyggjunum var flotoy av fyrstu tíð. Hon kom upp fyrri norðan, men sást sjaldan av fólki, tí at hon fórði sum oftast toku við sær, og var sjálv

huld í mjörka. Nú skal sigast frá, hvussu til bar, at hon varð föst oyggj. - Í bygdini á Viðareiði í Viðoyinni áttu menn eine súgv, men ong-an gölt, og tó var súgvinn kviðin á hvörjum ári og átti grísar. Allir undraðust mikið á hetta, og kundu ikki fáa skil á, hvussu hetta bar til. Fólk sögðu nú, at tey hövdu saknað hana stundum úr bygdini, men at hon tó altíð var komin skjótt aftur. Ein dagin fór hon kviklega eystur í íggjögnum bygdina og yvir eum eið móti Eiðsvík. Ein kona fekk fatir á henni og bant lykklappu upp í halan á henni; súgvinn fór á sjógvinn og svam frá landi. Nakað eftir hetta síggja menn á Viðareiði oyggj koma undan sunnanvert á eiðinum; teir manna sum skjótast út bát og rógva at oynni, og nú kundu teir bæði finna hana og lenda á henni; tá ið súgvinn hevði borið jarn út á hana, festist hon, og strax lýsti í mjörkanum, sum hevði ligið um hana, og har hevur hon ligið síðani. Men teir kallaðu hana Svínoy, av tí hon var full av svínum, tá ið teir komu út á hana, og svín hevði fest hana í botn, so at hon ikki var flotoy longur; men úti á henni var tað, at Viðareiðssúgvinn hevði søkt sær brund.

1)

I denne segna om Mikines er det oksemøk som har oppedagingsfunksjonen, og dette er litt underleg, av di mæk vanlegvis ikkje er kjent for å ha magiske krefter i folketrua:

Mikines hevur eftir manna søgn verið flotoy. Ein maður í Sörvági, sum javnliga róði út, ræddist illa stórhvalirnar úti á havi, og av tí hann ikki átti bætur at styggja teir burtur við, hevði hann til tess tarvsmýkju, sum hann kastaði í sjógvinn, tá ið hvalir voru nær staddir bátnum. Nú hann situr úti á havi og rekur fyrri vestan Vágar, sær ham stóra oyggj koma undan úr tokuni; allir draga upp og rógva sum skjótast at oynni. Sörvágsmaðurin ið fyrstur hevði borið eyga við hana, kastaði mykjuna upp á eit nes, som teir komu at, og steig so á land sjálfur upp á nesid, og av tí sigist oyggin at hava fingið navn Mykjunes. Aðrir nevna hana Mikines av tí mikla nesinum eystast á oynni, sum eitru Nógvunes. 2)

1) V. U. Hammershaimb: Færøsk Anthologi I. København 1891, s. 352, nr. XXI

2) ibid., s. 352f, nr. XXII

Båe desse forteljingane syner greitt kva funksjon dei har hatt: dei er namneforklåringssegner, slik som me også fann det med Boddum i Danmark, og slik me òg finn i norske oppedagingssegner, t. d. om Foldøy, som vart oppedaga av ein fole, og Svinøy i Brønnøy.

Den neste segna frå Færøyane høyrer òg med til same kategorien; her er det gudsord, biblar og prestar som har funksjonen som aktive hjelperåder mot maktene, og det er ikkje uvanleg i folketradisjonen, endå om me ikkje har støytt på slikt elles i denne tradisjonen. Segna er interessant av di ho syner endå eit middel som me ikkje har støytt på før: dei bind henne ved ikkje å sleppa henne or augsyna:

Fugloyggin var av firstu tíð flotoyggj. Menn róðu at henni til at kasta stál á hana, og festa hana so í botná men einki batti, tí fult stóð av trødlun fram við bakkanum, og tey loftaðu ødlun, ið blakað varð á land, og tveittu tað út attur á sjógv. So vóru adlir prestarnir heintaðir saman firi at fáa oynna til at standa. Teir vóru fluttit út til hennara og bindu ikki av henni adla tíðina, meðan róð varð, at hon skuldi ikki fara burtur úr eygsjón. Ein av prestunum stóð fremstur í bátinum og kastaði bíbliuna upp á land, meðan adlir hinir stjarðu fast uppá oynna. Tá hjálpti; teir vóru mentir ivir trødlunum og vendu tey um til túgvur. Túgvurnar hava staðið tjúkt ettir bakkanum við Kirkju firr; men nú eru tær burturfarnar, sum tað er matað niðan undir av brimi. 1)

Såleis ser me at den færøyske huldreøy-tradisjonen på mange punkt svarar til den norske, serleg i den episke utforminga av oppedagingssegnene.

1) J. Jakobsen: Færøske folkesagn og æventyr. 2. utg. Tórshavn 1961-64, s. 162, nr. 58. (optrykk av 1. utg. København 1898).

Karakteristisk for tradisjonen på Færøyane er det at ein har forestelt seg at desse øyane var flytande så dei måtte bindast i botn. Det er ikkje grunnlag i dette materialet for å tolka det såleis at øyane "flyt opp". I dette ligg det kan henda ein tanke meir rasjonalitet enn i den norske tanken om at øyane dukkar opp av havet. Vidare ser me at dei færøyske oppskriftene ikkje gjev grunnlag for å oppfatta det slik at huldrefolket budde på desse øyane. Det skulle såleis vera grunnlag for å seia at ein på Færøyane ikkje har same samanblandinga med huldrefolk-tradisjonen som i Noreg, og det jamvel om likskapen når det gjeld tradisjonen om underjordsfolket elles er stor. Også frå Færøyane er det kjent forteljingar om samror med huldrefolket.

Alle dei segnene me her har sitert, er oppskrivne i færre hundreåret. Dei er ikkje utforma slik at ein med grunnlag i dei kan rekna med ei levande tru på flotoyar. Men notisen hjå Debes vitnar om slike truer på 1600-tallet: det går tydeleg fram at når skip kom or lei i uvêr og miste landkjenning og orientering i himmelattene, trivde ein straks til førestellingane om flotoyane når ein såg land der ein ikkje venta det.

d). Island

Frå Island er det ingen fullt pålitlege belegg for tradisjon om overnaturlige øyar. Det finst såleis ikkje ei einaste oppskrift i det store verket av Jón Árnason,

Íslenzkar þjóðsögur og æventýri,¹⁾ og me har berre eit heller tvilsamt dome á visa til i Konrad Maurer: Isländische Volkssagen der Gegenwart²⁾ om Krosseyjar, nokre øyar ein stad mellom Island og Grønland. Det er fortalt om ein sira Hálfðan at han ein gong vart driven dit av storm, og han fann nokre låge graskledde øyar, der det budde alvefolk. Dei gav han ei bok der det stod oppskrifter på alle slag heksekunster. Då sira Hálfðan fór att, fann han ut at det voks skog langt utover under sjøen. Dette er berre ein episode i ei lang og innfløkt fortelling, der det inngår både segndrag og eventyrdrag; i sumt minner saga sterkt om ei fornaldarsoge. Det er såleis all grunn til å vera skeptisk overfor eit slikt motiv der det finst ei øy eller øyar som har fått namn og er lagde til ein viss stad på kartet. Underlege øyar er ikkje sjeldsynte i eventyra, og ei vilkårleg plassering på kartet einstad der alle veit at ingen slike øyar finst, er mange gonger jamgodt med ein standardklisjé av typen "austanfor sol og vestanfor måne"; i sume nyare nordlandske folke-eventyr kan det endåtil henda at helten fer til Amerika! Hadde det eksistert ein genuin folketradisjon om nokre overnaturlige Krosseyjar, ville den sikkert ha kome med i eit verk som Árnason's þjóðsögur og æventýri.

I Erich Pontoppidans omtale av overnaturlige øyar siterer han ein notis hjá Tormod Torfæus om at annalane

1) Ný útgáfa /I-II/, nýtt safn /III-VI/. Árni Böövarsson og Bjarni Vilhjálmsson önnuðust útgáfuna. Reykjavík 1954-61

2) .. vorwiegend nach mündlicher Überlieferung, gesammelt und verdeutscht von ... Leipzig 1860.

nemner at i 1345 kom det opp ei øy eller nokre skjær dei aldri hadde sett før, i Breiðafjörður. Dette kan vera ei naturleg hending, men sjølv sagt er det ikkje utelukka at me her har ein indikasjon på tradisjon, slik Pontoppidan oppfattar det (jfr. s. 17f).

e). Nordisk mellomalderlitteratur

a). G u t a s a g a, som er frå 1300-talet, fortel innleiingsvis at Gotland fyrst vart funne av ein mann som heitte Þjelvar. Då var Gotland eit slikt huldreland at det daghum sanc Oc natum war vppj; men Þjelvar førde eld på øya, og sidan sokk ho aldri meir.¹⁾

Parallellen med oppdagings-segnene er her berrsynt. Denne gamle notisen kan ein med bakgrunn i materialet frå nyare tid bruka til stønad for å hevda at denne segntypen må vera mykje gamal i Nordørlanda. Endå om eld ikkje finst som oppdagingsmiddel i det nyare materialet, spelar den òg i folketrúa ei viktig rolle på same vis som stálet.

b). Fragmentet av B r a n d a n u s s a g a, ei norrøn omsetjing av Navigatio Sancti Brendani vil det vera rettast å sjá i samheng med originalen.

c). Irlands-bolken i K o n u n g s s k u g g s i á inneheld ein del opplysningar som har beinveges samheng med irsk mellomaldertradisjon og -litteratur.

1) Etter Amund Helland, op. cit. bd. XVIII II, s. 513, C. J. Bergman: Gotländska skildringar och minnen, Visby 1882, s.1, og P. A. Sæve: Havvets och fiskarens sagor, Visby 1880, s. 3.

Me skal difor sjá på denne bolken i samanheng med dröf-tinga av Giraldus Cambrensis: Topographia Hiberniæ under bolken om irsk og skotsk tradisjon.

d). Omtalen av Hvítramannaland eller Írland it mikla i Landnámabók reiser spørsmål som går langt ut over grensene for tradisjonsgransking i eigenleg forstand. Spørsmålet om kva Hvítramannaland kan ha vore, har vorte inngåande dröfta av Fridtjof Nansen i Nord i tákeheimen, av Alexander Bugge i Spørsmålet om Vinland¹⁾, av Richard Hennig i Von rützelhaften Ländern. Versunkene Stätten der Geschichte,²⁾ og i R. A. Skelton o. fl.: The Vinland Map and the Tartar Relation³⁾. Usemja mellom dei som har dröfta spørsmålet går fyrst og fremst ut på om Hvítramannaland er namnet på ein røyneleg geografisk stad og i så fall kva for ein, eller om det er eit segnland.

Teksta i Landnámabók gjev ikkje noko haldepunkt for å avgjera at ein her har med øy-tradisjon å gjera:

Úlfr enn skjálgi son Högna ens hvíta nam Reykjanes alt milli þorskafjarðar ok Hafrafells; hann átti Björgu dóttur Eyvindar austmanns, systur Helga ens magra; þeira son var Atli enn rauði, er átti Þorbjörgu systur Steinólfs ens lága; þeira son var Már á Hólum; hann átti Þorkøtlu dóttur Hergils hnappraz; þeira son var Ari; hann varð sähafi til Hvítramannalands; þat kalla sumir Írland et mikla; þat liggr vestr í haf nær Vinlandi enu góða; þat er kallat vi. doegra sigling vestr frá Írlandi; þaðan náði Ari eigi á brutt at fara ok var þar skírðr. Þessa sögu sagði fyrst Hrafn Hlymreksfari, er lengi hafði verit í Hlymreki á Írlandi. Svá kvað Þorkell Gellison segja islenszka menn, þá er heyrð hofðu frá

1) Festskrift til H.F. Feilberg, København 1911, s. 226ff

2) München 1925

3) New Haven and London, 1965

segja Þorfinn jarl í Orkneyjum, at Ari hefði kendr verit á Hvítramannalandi ok náði eigi brutt at fara, en var þar vel virðr. 1)

Det einaste haldepunktet for å setja dette i samband med tradisjonen om overnaturlege øyar er at dette landet ikkje samstavar med notids kart. Frå ein folkloristisk synsstad kan ein ikkje nytta Landnámabók som kjelde for eksistensen av slike truer og førestellingar i den norrøne tida, av di dette ligg på eit anna tolkingsplan.

e). Prosainnleiinga til G r i m n i s m á l har ein òg sett i samband med tradisjonen om overnaturlege øyar. Dette kviler på motivanalogi med den såkalla Halten-segna; men det er ikkje noko reelt samband mellom den segntypen og Utrøst-tradisjonen; det sambandet er nærmast etablert av Asbjørnsen då han redigerte Tuftefolket paa Sandflæsen. Ein må difor avvisa dette Eddadiktet som kjelde til huldreøy-tradisjonen.

2. Samisk tradisjon.

I materialet inngår det i alt 17 oppskrifter frå samisk tradisjon, alle er frå norsk område, og 13 er frå Lyngen i Nord-Troms. 15 oppskrifter er etter J. Qvigstad og er henta frå dei prenta samlingane hans.

Det tilgjengelege prenta materialet frå samisk tradisjon (med norsk omsetjing) må reknast å vera representativt for tradisjonen, av di innsamlingsarbeidet for

1) Landnámabók, utg. v. Finnur Jónsson, København 1925, s. 74

ein stor del har vore utført av ein uvanleg kunnig mann, J. Qvigstad, av di innsamlinga har vore relativt intens, og av di oppskriftene nøye fylgjer heimelsmennene jamvel der samanhangen er ugrei for lesaren, av di heimelsmannen alltid er namngjeven, og av di jamvel dei prenta samlingane inneheld mange variantar av same motivkonstellasjonar og typar.

Ved gjennomgåing av dette materialet og av den prenta katalogen Lappische Märchen- und Sagenvarianten syner det seg at ein frå samisk tradisjon ikkje kjenner døme på forteljingar om overnaturlige øyar.

Halten-segna er gått over i samisk tradisjon: Hjø Qvigstad er det ei oppskrift frå Kåfjord i Lyngen etter Erik Persen frå 1880 ¹⁾, og i J. A. Friis: Lappiske Eventyr og Folkesagn ²⁾ er det ein versjon utan heimfesting eller heimelsmann. ³⁾ Ingen av dei to har det draget at øya der desse tilburdane gjekk føre seg, var overnaturlig på noko vis.

Det er i samisk tradisjon mange segner om samror med huldrefolket; dei er til dels noko ulike dei norske.

Samror med huldrefolket inngår som eit heller vanleg motiv i ei rad med segner om vitjing i huldregard ved sjøen, sameleis som i norsk tradisjon. Elles er det ei mengd drag som er sams med dei norske segnene: me kan her nemna at i alle dei samiske oppskriftene inngår

1) J. Qvigstad: Lappiske eventyr og sagn IV fra Lyngen II og fra Nordland, Oslo 1929, s. 227-29, nr. 183: Gutten på den øde ø og sjøhaldene

2) Christiania 1871

3) s. 23ff: Ulta-Pigen.

det som eit fast drag at folk kjem ut i mørkscodd, og når ho letnar, er dei hamna i ein huldregard. Skildringa av huldregarden fell saman med den me finn i dei norske segnene, sameleis er det med huldrefolket. I Qvigstads omsetjing er dei jamt kalla "sjøhalder" - det svarar til ei nemning som "huldrefolk ved sjøen" på norsk. For å syna kor nært samsvaret er, skal me sitera den norske omsetjinga av ei forteljing oppskreven etter Johan Kitti, Loppa, i 1889:

Engang reiste tre menn ut for å fiske, og da de hadde reist et kort stykke, blev det meget tett skodde, så de slett ikke så foran sig, og ingen av dem visste hvor de rodde hen. Men plutselig viste land sig foran dem, og de kom inn i en jord, hvor de så en gård som en ved et øiekast kunde se var en rik manns gård; for alle husene var utvendig pent malte. De gikk til gården og talte sig imellem om hvad det var for et sted, da ingen av dem kjente det. De var ikke kommet langt, før de blev var en gammel kall som kom imot dem og bød dem velkommen og bad dem gå inn i huset. Gamlingen fulgte dem inn, gav dem å spise og spurte hvor de skulde hen; han gav dem den beste mottagelse og likte svært godt hovedsmannen som var ung og vakker av utseende. Gamlingen fortalte ham at han hadde en vakker datter, og de talte lenge sammen. Da de skulde reise, kalte gamlingen gutten i rummet og sa: "Vil du vil, kan du se på min datter, og du skal få hola denne gården." Gutten takket gamlingen for det og spurte, hvordan han, når han kom tilbake, skulde finne frem til å lande der. Gamlingen gav ham det råd, at han skulde reise tilbake, når det blev tett skodde. Da gutten hadde hørt alt det han vilde, reiste de, og gamlingen ønsket lykkelig reise.

De reiste dit hvorhen de hadde bestemt, og med fisket gikk det meget godt. Gutten reiste hjem nettop da det blev skodde, og de kom for annen gang til den samme gamlingens gård. De var der bare kort, og gutten spurte gamlingen hvordan han skulde komme dit igjen. Men denne bød gutten bare gjøre sig ferdig, til et hvitt skib kom forbi hans hjem, og forbød ham å for-

telle noen om det. De reiste og kom hver til sitt hjem. Gutten gjorde sig bare stilltiende ferdig, og en mørk kveld kom det skibet som gutten var varslet om. Han rodde hen til det og blev borte; ingen kunde skjønne, hvor han var blitt av, ikke engang hans to kamerater. Gamlingen førte gutten til sin gård, og der holdtes bryllup. Gutten levde lykkelig der, og gamlingens datter fødte ham tre sønner. Da han hadde vært der en tid, begynte han å lenges til kirken. Det forbød ikke gamlingen, men han påla ham alltid å passe på å gå ut nettopp når prekenen sluttet, forat han ikke skulde høre på barnedåpen. Han var lydlig i dette og gikk mange ganger i kirken hvor han også før hadde vært; men alltid la folk merke til ham, og de vilde ta ham fast. Da han blev tatt fast, falt alle klærne hans av ham som lysetande. Hans kropp blev så bløt at han ikke så ut som et menneske; men langsomt kviknet han til og fortalte hvor han hadde vært, mens han var borte, og han anket ikke på noe annet enn på sønnene sine, som blev igjen der. 1)

Denne forteljinga er, som me ser, ein variant av sagna om Avglapen (sjå s. 50-53).

Reidar Th. Christiansen set i artikkelen Litt om nordlandsk folketradisjon 2) ei forteljing etter Friis saman med Utrøst-segnene. Etter mi meining har denne forteljinga ingen ting med tradisjonen om overnaturlege øyar å gjera, men er ei forlenging av førestellingane om dei underjordiske og deira bustader, slik at dei der bur under sjøen. Denne forteljinga er for lang til å siterast; innhaldet er i stutt mål slik: Ein gut vert med ein gamal kall i båt, dei kjem inn i mørk skodde; då ho letnar, ligg ho over dei som eit tak. Dei kjem til ein by. Guten får der sjå nokre geiter som går og beiter. Det heng snøre med krokas ned gjennom skodda, rett som det er, bit ei geit på kroken og vert hala opp. Kallen forklårar for gu-

1) J. Qvigstad, op. cit. bd. II, fra Troms og Finnmark, Oslo 1928, s. 443ff, nr. 128

2) Håloygminne I 1920, hefte 1 s. 19

ten at geitene deira er fisk for menneska. 1) Sambandet her må byggja på ei mistolking av Utrøst-segnene, ei mistolking som kunne gå fram av systematiseringa i NFS og i NFL 12 (sjå s. 10), der Utrøst-folket er kome med under vette i vatn. Materialet gjev ikkje nokon rett til å førestella seg at når Utrøst ikkje er til synes, så er ho nede på havbotnen; det er i fråsegnene om oppedaga huldreøyar at det eksplisitt vert sagt at øya stig opp. Elles fører Utrøst eit usynleg tilvære.

Såleis ser me at i den samiske tradisjonen har me fleire av dei motiv som grensar nærmast opp til tradisjonen om huldreøyane: både Halten-segna, segner om vitjing i huldregard hjå "sjøhaldene" og segner om samror med huldrefolket. Men nokon eigenleg huldreøytradisjon er det ikkje merke etter. Denne tradisjonen ber elles merke av å vera lånt frå norsk, som så mykje tradisjonsstoff hjå samane er. Dette tyder namnet halder på (jfr. no. hulder). Dette er atter eit teikn på at lånet er heller ungt; gamle lån har ofte vorte omforma sterkt så dei har fått sereigne samiske drag. 2)

3. Vest-Europa elles, bortsett frå dei keltisk-språklege områda

Endå om fleire forfattarar har behandla européiske førestellingar om overnaturlege øyar, ser det ikkje ut

1) Sjå J. A. Friis, op. cit., nr. 6: Čacce-haldek eller Havfolk (oppskrive frå Nesseby), s. 19ff

2) Sjå Reidar Th. Christiansen: Til de norske sjøvetters historie. Prenta i: Eventyr og sagn. Oslo 1946, s. 132. (Opphavleg i Maal og Minne 1935)

til å vera merke etter slike førestellingar og dikting i Europa utanom Norderlanda og dei områda der keltiske mål har vore eller vert tala.

Tradisjon om sokne øyar, byar eller kyrkjer, finst det ein god del av; men denne tradisjonen tykkjest ikkje utan vidare å ha samband med "Dei lukkelege øyane". Slik tradisjon er nemleg for det meste kjend frå kyststrok der dei geografiske tilhøva er slik at det kan vera grunn til å tru at det er røynelege tilburdar som ligg attom segnene, og såleis får dei nærmast karakter av historiske segner, der ein ofte kan finna ein kjerne av sanning i ei forteljing som elles ber alle merke på å vera støypt etter tradisjonelle modellar. Slike fråsegner og segner har ein m. a. om Kitež^V i russisk tradisjon, om vendarbyen Vineta i tysk og polsk,¹⁾ om Alt-Büsum på vestkysten av Holstein i tysk og om Stavoren i Friesland i nederlandsk.²⁾

4. Keltisk tradisjon

a) Bretagne

I dei rikholdige samlingane åt Paul Sébillot: Le folk-lore de France finst det fleire segner og segnotisar om sokne byar og kyrkjer, mellom dei den namngjetne byen Ys (eller Is); men heller ikkje desse tykkjest

1) D. Čyževskýj: Mickiewicz-Studien. 1. Die Atlantis-Sage. Zeitschrift für slavische Philologie XXVII, Heidelberg 1959, s. 110ff

2) P. G. Heims: Seespek. Seemannsgarn und Legenden. Hg. v. Fritz Brustat-Naval. München u. å.

ha noko naturleg samband til dei overnaturlige øyane. Vidare finst det frå Bretagne ein god del opphavssegner om øyar, av same slag som våre, berre at dei i Bretagne for det meste er katoliserte; det er heilagmenne som hiv kjempesteinar på sjøen så det vert øy av dei. Det er òg mange segner om ymse vette og demonar som held til på eksisterande småøyar og gjer dei fårlege å koma innåt. Einast ein segnotis tykkjest ha samband med dei overnaturlige øyane:

Sur la côte de Trégnier des bancs de sable et de coquillages se montrent tout à coup. se forment en rond, s'élèvent hors de l'eau et gardent les bateaux au milieu de cette espèce d'entonnoir. De grandes pieuvres attendent au passage les navires qui s'approchent de l'archipel rocheux des Triagoz, pour les entourer de leurs longs tentacules. Autrefois tout bateau ou navire qui s'aventurait trop près d'eux était fatalement perdu, s'il ne jetait à la mer un sabot ayant appartenu à l'équipage, une coquille de noix ou une mèche de cheveux du plus jeune matelot en disant
Botex, cogeu, cogeu vihan,
Et da gavont an euouan,
Et da gavont ar pot ru,
Kesset dezan ma blew dû,
Sabot, coquille, petite coquille, - allez trouver le diable (le génie du mal), - allez trouver l'homme rouge, portez-lui mes cheveux noirs.
1)

b) Cornwall

Cornwall har før vore eit keltisk-talande område, men det keltiske målet der døydde ut i 18. h. å. Etter cornisk tradisjon skal det før ha lege eit stort land i sørvest

1) Paul Sébillot: Le folk-lore de France, Tome deuxième: La mer et les eaux douces. Paris /1905/ 1968, s. 76

utanfor Land's End, pålag der Scilly-øyane no ligg, hev-
 dar sùme. Øya er kalla Lyonesse (med ymse skrivemåtar,
 eller Lethowsow). Det er uklårt om ho er identisk med
 ein stad som mange hendingar i Arthur-diktinga er lagde
 til. Øya er omtala i mange krøniker frå mellomalderen,
 og då alltid som faktisk eksisterande. Segna fortel at

There is a tradition that there formerly ex-
 isted a large tract of land between the Land's
 End and the Scilly Islands, called Lioness,
 which was destroyed by an inundation of the
 sea. One of the family of Trevilian, now re-
 siding in Somerset, but originally Cornish,
 saved himself by the assistance of his horse
 at the time of this inundation; and it is re-
 ported that the arms of this family were tak-
 en from his fortunate escape, to commemorate
 his providential preservation. 1)

No kunne dette godt vera ei banal opphavssegn om eit fa-
 milievåpen.

Arkeologen O. G. S. Crawford har hevda at segna er
 eit ekte folkeleg diktarleg uttrykk for det faktum at
 Scilly-øyane og grunnane deromkring har sokke djupare
 og djupare ned; ein kan på grunnane i stilt vår sjå mer-
 ke etter eldre busetnad; og folk har førestelt seg og
 episk utforma den situasjonen at dette skjedde brått,
 medan det har teke hundratal år. 2) Dette høyrer ikkje
 usannsynleg, men spørsmålet vert då kva lit ein skal
 setja til krønikene.

Robert Hunt fortel:

The editor remembers a female relation of a
 former vicar of St. Erth who, instructed by
 a dream, prepared decoctions of various herbs

1) Robert Hunt: Popular Romances of the West of England,
 The Drolls, Traditions and Superstitions of Old
 Cornwall collected and edited by ... First Series,
 London 1865, s. 209

2) Antiquity, March 1927, s. 5ff.

and, repairing to the Land's End, poured them
 into the sea, with certain incantations, ex-
 pecting to see the Lionesse country rise im-
 mediately out of the water, having all its
 inhabitants alive, notwithstanding their long
 submersion. But (...) no country reappeared,
 and although the love of marvellous events and
 of tales exciting the passions seems not to
 have diminished in recent times, yet the edi-
 tor is unaware of any subsequent attempt having
 been made to rescue those unfortunate people
 from their protracted state of suspended ani-
 mation. 1)

Denne forteljinga er ein indikasjon på at i seinare tids
 folketru kan Lyonesse hatt karakter av eit huldreland som
 har sokke for trolldom og som atter kan dagast oppe. Til-
 høva kring Lyonesse er elles så innfløkte at ein vanske-
 leg kan dra nokon slutnad om kva førestellingar det har
 levt i Cornwall; notisane hjå Hunt gjev ikkje vidare god
 rettleiing her. Det som serleg kompliserer tilhøva, er
 at namnet finst i Arthur-diktinga, og om den rår det li-
 te semje på dei fleste punkt.

c). Wales

Frå Wales har det ikkje lukkast å lokalisera nokor
 utforma segn om overnaturlige øyar, og det får framfarne
 tidars måte å behandla folketradisjon på taka skulda for.
 Alt eg har, er ei rad notisar frå ulike hald som syner
 at det må ha vore levande førestellingar om slike øyar
 i nyare tid, og truleg i eldre tider òg, men det er meir
 uvisst.

K. M. Briggs nemner ei øy i Bristol-kanalen som ein
 av og til kan sjå, men som til vanleg ikkje er synleg for

1) Robert Hunt, op. cit. s. 210, etter the Parochial
 History of Cornwall, by Davis Gilbert, vol. iiii,
 pp. 109, 110.

menneskeaugo. Dei kallar henne "the Green Land of Enchantment". Dette er ikkje fortalt i sjølve Wales, men i Somerset på hi sida av Bristol-kanalen. ¹⁾

John Rhÿs nemner i verket Celtic Folklore. Welsh and Manx ²⁾ ei rad med fråsegner om øyar langsmed kysten av Wales:

"The Green Meadows of Enchantment" i Irskesjøen vest for Pembrokeshire og Carmarthenshire; det er fortalt at folk har vore der, og at folk har sett kor denne øya brått kvarv or synom (s. 160).

"The Green Fairy Islands" kunne folk i Milford Haven ofte sjå tydeleg, og folk trudde at det budde huldrefolk der; dei kom til marknads i Milford Haven og Langhearne, og dei dreiv kjøp og sal utan å mæla eit ord. (s. 160f).

Ikring 1850 sa folk i Trefin, Pembrokeshire at ein kunne sjå huldreøyane frå ein viss stad der på staden, Llan Non. (s. 171).

Nærmast karakter av eit memorat har den forteljinga Rhÿs siterer frå The Pembroke County Guardian 1. november 1896. Det er eit lesarbrev frå ein Mr. Ferrar Fenton. Han hadde høyrte dette fortalt av den seinare avlidne kaptein John Evans:

Once when trending up the Channel and passing Grasholm Island, in what he had always known as deep water, he was surprised to see to windward of him a large tract of land covered with a beautiful green meadow. It was not, however, above water, but just a few feet be-

1) K. M. Briggs: The Fairies in Tradition and Literature, s. 23

2) Oxford 1901

low, say two or three, so that the grass waved and swam in a most delightful way to the eye, so that as watched it, made one feel quite drowsy. You know, he continued, I have heard old people say there is a floating island off there, that sometimes rises to the surface, or nearly, and then sinks down again fathoms deep, so that no one sees it for years, and when nobody expects it comes up again for a while. How it may be, I do not know, but that is what they say. (s. 171f).

Her vert altså ei uforklårleg oppleving tolka i ljøs av tradisjonen; heilt overttydd er kje kaptein Evans, men tradisjonen vert kalla fram i minnet.

Rhÿs siterer òg den romantiske poeten Robert Southey, som i verket Madoc (London 1815, i, iii) omtalar walisisk tradisjon om overnaturlege øyar; Rhÿs seier elles at dette er ei heller tvilsam kjelde, av di einskilde av opplysningane hjå Southey ikkje kan stadfestast etter andre kjelder, og av di Southey ikkje gjev kjeldetilvisingar.

For vårt føremål lyt me likevel nøya oss med å slå fast at det har funnest tradisjon om overnaturlege øyar i Wales, og som me har sétt, har han mange likskapspunkt med den norske. Verdt å merkja seg er det at folk førestelte seg at underjordsfolket - the fairies - budde der.

Går me så over til den eldste kymriske tradisjonen, vert tilhøva langt meir innfløkte, og det er uråd å ta stode til ei rad stridsspørsmål. Dei fleste som har skrive om "Dei lukkelege øyane" nemner Avallon - kymrisk Ynys yr Afallon - som serleg er kjend frå Arthur-diktinga og frå onnor riddardikting som har sitt opphav i mellomalderen. Avallon er i Arthur-diktinga staden dit Arthur vart førd etter at han vart dødeleg såra. Avallon er gjer-

ne skildra som ein frodig stad med milde vindar og grønt gras og flust med epletre.

Usemjå byrjar med uttydinga av namnet. Er Avallon ei øy? Etter Rhys kan det vera heller tvilsamt:

in Welsh, an ynys (...) in Welsh topography, means not only an island, but also any rising ground with low-lying land around it, though not necessarily with water. 1)

Såme granskarar har hevda at Avallon er identisk med Glastonbury. På det punktet tykkjest striden vera heit.

Interessant er segna om opphavet til Glastonbury, slik ho er fortald av Wilhelmus Malmesburiensis i De antiquitate Glastoniensis Ecclesie, kap. I-II, 2) frå fyrste halvta av 1100-talet. Me skal gjeva henne att slik ho er referert av Nansen og av Geoffrey Ashe:

Glasteing heitte ein nordkelt. Han åtte ei drusteleg sugge som kom seg ut or grisehuset og sprang av garde. Glasteing sette etter henne. Ved Wells hadde han nærepå fanga henne; men ho kom seg fri og fór vidare på ein myrlend og ugrei stig, som dei seinare har kalla Sugewege. Sistpå fann han henne att; då hadde ho ungar som saug henne hjå seg. Ho lå under det epletreet ved den kyrkja det her er tale om. I dette har dei namna sitt opphav som har vore i bruk alt til vår tid, at epla på dette treet vert kalla ealdcyrce nes epple, gamlekyrkje-epla, og sugga omtalar dei som ealdcyrce sugge. Medan andre sugger har fire bein, har denne åtte. Denne Glasteing, som var komen til denne staden, såg at der var omframtr grøderikt så det var overflod på alle ting. Han tok med seg heile huslyden sin og slo seg ned der og levde heile livet sitt der. Av hans avkom og att er folket der på staden. Dette er henta or dei gamle skriftene åt Britane. Om ymse namn på denne øya: Denne øya vart fyrstundes kalla

- 1) John Rhys: *Studies in the Arthurian Legend*. Oxford 1891, s. 330
- 2) Prenta i Gale: *Historia Britannia &c*, Oxford 1691, s. 295.

Ynis-gwtrin av britane; seinare då anglarane la under seg øya, sette dei namnet om til sitt mål: Glastynbury, som tyder Glasteing's by, byen hans som me tala om. Øya har òg det vidgjetne namnet Avallonia. Opphavet til dette ordet er såleis: som me sa, fann Glasteing sugga si under eit epletre ved gamlekyrkja; difor kalla han øya Avallonia på sitt mål, det er "eple-øya"; (for Avalla på britisk tyder poma på latin). Eller også har øya fått namnet sitt etter ein viss Avalloc, som skal ha busett seg der med døtrene sine av di staden var så avgøymd. 1)

Det er såleis atter ein gong ei opphavssegn me har med å gjera; denne gongen er det ei namne-opphavssegn, og elles er det tydeleg at denne mellomalderforfattaren gjer seg stor møde med å greia ut om etymologien.

No meiner Nansen at denne forteljinga må ha norrønt opphav og at keltane må ha høyrte om grisen som fører stål på huldreøyane (s. 287). Det finst ingen haldepunkt for ein slik påstand. Feilslutnaden ligg i assosiasjonen mellom sugga som vert borte - og sugga som dagar oppe ei huldreøy; men ei sugge inngår ikkje som fast inventar i oppedagings-segnene, og det er ingen merke på at dette er det mest opphavlege i dei; det kan like gjerne vera andre dyr. Hovudsaka er den trolldomsbundne øya som eit husdyr dagar oppe med stål. Vidare er det urett at slike segner er ukjende hjå keltane; den aller eldste kjelda til slike segner er nett frå Irland. Derimot er det ikkje noko belegg for slike oppedagingssegner frå norrøn tid; Guta saga kan i denne samanhengen ikkje reknast med, av di ho ikkje høyrer til det vestnordiske området som hadde samband med Irland og Wales.

- 1) Nansen op. cit. s. 286f, og Geoffrey Ashe: *King Arthur's Avalon. The Story of Glastonbury*, London 1957, s. 21ff. Attgjevinga byggjer etter skjøn på baa desse

Frå fyrste halvta av 1100-talet er òg denne skildringa av Insula Pomorum i Geoffrey of Monmouths Vita Merlini, der skildringa tydeleg er gjord i samsvar med klassiske skildringar av Insula Fortunata:

Insula Pomorum quæ Fortunata vocatur,
Ex re nomen habet, quia per se singula profert;
Non opus est illi sulcantibus arva colonis,
Omnis abest cultus nisi quem cultura ministrat:
Ultrò fœcundas segetes producit et uvas,
Nataque poma suis prætonso germine silvis,
Omnia gignit humus vice graminis ultrò redundans.
Annis centenis aut ultra vivitur illuc,
Illic jura novem geniali lege sorores
Dant his qui veniunt nostris ea partibus ad se.

1)

Identitet mellom den Isle de Voirre som Chrétien de Troyes omtalar i Erec og Glastonbury/Avallon har òg vore hevda på grunnlag av namn som Ynys Gwtrin og Glastonbury:

Avec ces que m'oes nommer
Vint Maheloas, uns hauz ber,
Li sire de l'isle de voirre.
En cele isle n'ot l'en tonoirre
Ne n'i chiet foudre ne tempeste,
Ne boz ne serpanz n'i areste;
N'i fet trop chaut ne n'iverne.

2)

Også dette er tydeleg ei Insula Fortunata-skildring.

Ei liknande framstilling av Avallon som ei Insula Fortunata har me etter ein ukjend diktar som dei kallar "Psevdo-Gildas":

Cingitur Oceano memorabilis insula, nullis
Desolata bonis, non fur, nec prædo, nec hostis
Insidiatur ibi; nec vis, nec bruma, nec æstas
Immoderata furit; pax et concordis, pubes
Ver manet æternum, nec flos nec lilia desunt,
Nec rosæ, nec violæ; flores et poma sub una
Fronde gerit pomus; habitant sine labe cruoris
Semper ibi juvenes cum virgine, nulla senectus
Nullaque vis morbi, nullus dolor, omnia plena
Lætitiæ, nihil hic proprium, communia quæque.
Regia virgo locis et rebus præsidet istis,
Virginibus stipata suis pulcherrima pulchris ...

3)

Dei filologiske og litteraturhistoriske omstenda kring det gamalkymriske segnstoffet om Kong Arthur er slik at ein ikkje utan vidare kan døma om dette er ekte tradisjon eller ikkje. Tvillaust inneheld Geoffrey av Monmouths verk genuint tradisjonsstoff, men det er òg tvillaust at den tids bokskrivarar stod sers fritt i høve til kjeldene sine, og at deira bøker meir må seiast å vera deira personlege redaksjonar av tilgjengeleg stoff enn pålitande kjelder til kunnskap om gamalkymrisk tradisjon. Som me ser, er skildringane av Avallon, på latin, tydeleg farga av sine lærde opphavsmenn og deira klassiske lesnad. Skrifter av dette slaget, og den romantiske riddar-diktinga, er det einaste me har som kjelder til gamalkymrisk tradisjon. Mange har gjort seg til talsmenn for den tanken at dei antikke førestellingane om Dei lukkelege øyane skulle ha breitt seg til Bretland og vorte opptekne i kymrisk folketradisjon. Etter alt å døma er det bokskrivarane på 1100- og 1200-talet som er skuld i denne teorien, av di granskarane ikkje har sett skilnad på tradisjonen og dei attgjevingane som finst, og heller ikkje gjeve seg inn på tradisjonshistorisk kjeldekritikk.

d). Skottland og Irland

Frå Skottland har det ikkje lukkast å finna fram til meir enn ei einaste forteljing om overnaturlige øyar. Den versjonen høyrer med til den irske og vestskotske tra-

1) John Rhys: Studies in the Arthurian Legend, s. 334

2) ibid. s. 331

3) ibid. s. 335

disjonssyklusen om Finn og Fianna, og det vil vera mest naturleg å omtala denne forteljinga i den tematiske samanhengen han står i. Keltisk irsk og keltisk skotsk tradisjon står einannan svært nær; dette kjem av gamal utvandring frå Irland til Vest-Skottland, og sameleis er det òg med språket. Dei to geografiske områda utgjer difor eitt tradisjonsområde.

For heile dette området gjeld det at førestellingane og folkediktinga om overnaturlige øyar berre er funne mellom folk som held det gæliske målet i hevd. Det er verdt å leggja merke til det faktum at den sermerkete gælisk-språklege tradisjonen sjeldan og aldri går over i engelsk-språkleg tradisjon i dei same landa. 1)

Den irske tradisjonen om overnaturlige øyar er tvil- laust den internasjonalt best kjende. Det ser ut til å ha vore ein mykje utbreidd tradisjon ned gjennom tidene, og mange har vore opptekne av han. Når det gjeld nyare irsk tradisjon, kan ein på den same måten som me gjorde det med det norske materialet, kløyva desse forteljingane i to grupper: I: Tradisjonen om eksistensen av overnaturlige øyar, og II: Tradisjonen om sjøferd til og vitjing på overnaturlige øyar.

I. Tradisjon om eksistensen av overnaturlige øyar

I det fylgjande oversynet skal me nemna dei irske huldreøyane som er kjende i tradisjonen og stutt gjera

1) Alan Bruford: Gaelic Folk-Tales and Mediæval Romances. A Study of Early Modern Irish "Romantic Tales" and their Oral Derivatives. Béaloideas XXXIV 1966, Dublin 1969, s. 167

greie for kva slag tradisjon det finst om kvar einskild. Rekkjefylgja er etter geografien: me byrjar i nord utanfor kysten av Dún na nGall og går vidare sørøst langs kysten til Ciarrái. Kartet på s. 178 syner kvar dei ligg.

I nærdre Dún na nGall er det fortalt om ei overnaturlig øy utanfor nordkysten med namnet Tír Hudi, som folk aldri kan koma til og som sjeldan er synleg. 1)

Inis Caoil i vestre Dún na nGall vart oppedaga av den heilage Caol. Dette skjedde såleis:

På den tid var Inis Caoil under trolldom: somtid var ho å sjå, og andre gonger var ho borte. Det var ei druid-øy, og ingen andre kunne koma dit enn den som kunne kasta ein stein på henne og såleis bryta trolldomen. Ein gong, medan øya var synleg, var Conall og to mann der.

"Eg skal få ein stein på henne, med Guds hjelp!" sa dem fyrste mannen. Han greidde det ikkje.

"Eg skal få ein stein på henne, med Guds hjelp!" sa den andre mannen, men han greidde det ikkje, han heller.

Då tala Conall: "Med Guds hjelp skal eg få ein stein på henne!" sa han. Det greidde han. Sjøen fløynde bort frå øya, og ho vart liggjande nett som ho gjer i dag.

Soga seier at den straffa som var lagd på han då han hadde drepe far sin, var å fara til denne øya og halda seg der til ein strandfugl bygde reir i løven hans og ruga ut ein unge der.

Conall fór dit i audmjuk lydnad, endå han ikkje hadde nokor von om at så skulle skje.

Det fanst ikkje noko slag husly på øya, og fyrste natta låg Conall under open himmel. Gud lét ein djup svevn koma på han. Fuglane i lufta trudde han var død, og ein av dei kom og bygde reir i løven hans. Conall vakna ikkje før fuglungane kunne flyga; då tok dei til vengene, og Conall fann eit tomt reir i handa si.

Då visste han at han hadde fått syndsforlating. Ei tid seinare laga Conall ein turus på øya, og folk i Tír Chonaill går den enno. 2)

1) Thomas Johnson Westropp: Brasil and the Legendary Islands of the North Atlantic. Their history and fable. Proceedings of the Royal Irish Academy XXX Section C, Dublin 1912-13, s. 254

2) Énri Ó Muirgheasa: Conall Caol agus Inis Caoil. Béaloideas I, Baile Átha Cliath 1928, s. 253ff; omsett etter ei engelsk omsetjing og kommentar med mange språklege og andre opplysningar som har mindre å seia her.

(kart over Island der supranormale øyar
er innteikna)

Mellom Dún na nGall og Maigh Eo er det òg ei slik øy; ho ligg etter det sùme seier sørvest for den vesle øya Ráchlainn úf Bheirn utanfor Gleann Cholm Cille. Om ei sjøferd til denne øya vert det fortalt på s. 187f. Westropp fortel om ein båtmann i Baile an Chasil som fortalde at han hadde sett denne øya to gonger med sju års mellomrom; dersom han fekk leva så han fekk sjå henne tredje gongen, ville han kunna løysa henne frå trolldomen. ¹⁾

Om Mainistir Leitreach i Maigh Eo er det fortalt at ho før har vore ei øy med ei kyrkje eller eit kloster; så hadde øya sokke ned. Etter ein notis frå 1839 kom ho opp kvart sjuande år. Ein "Mr. Mickletony" O'Donnel hadde sjølv sétt øya; ho var grøn og ven. Det er òg førtalt om ein mann som sette ut curragh-en ²⁾ og hadde med seg kol-glør; han rodde etter øya i 40 dagar for å oppedaga henne, men då døydde kolgloa ut. ³⁾

Imaire Buidhe er ein torskebanke utanfor kysten av Maigh Eo. Det er fortalt at folk trudde han var eit forheksa land som hadde sokke. Nokre fiskarar dreiv eingong til havs og såg ei ukjend øy med sauer på beite; dei våga ikkje gå i land, for dei trudde det var Hy Brasil. ⁴⁾ Ein annan gong då det var skodd, hørde folk sauemækring og såg apal- og eikeblad 60 miles til havs; men då skodda letna, var inkje å sjå. ⁵⁾

1) Westropp, op. cit. s. 253f

2) irsk skinnbåt av ein konstruksjon som har vore nytta i kanskje 1400 år, og som enno er i dagleg bruk i visse bygder på Ciarráí-kysten.

3) Westropp, op. cit. s. 252f

4) Sjå om Hy Brasil på s. 181ff

5) Westropp, op. cit. s. 252

Inis Bó Finne i vestre Co. Gaillimh trur dei før hadde vore ei huldreøy. Namnet tyder "Kviteku-øya". Nokre fiskarar som var ute i skodd, skjona at dei nærma seg land. Då dei kom dit, gjekk dei på land og gjorde opp eld; då letna skodda, og øya stod fast; dei såg ei kvinne som vatna ei kvit ku. Kva som no hende, er det fortalt ymist om: kvinna gav kua eit slag, eller den eldste fiskaren gav kvinna eit slag, eller den yngste fiskaren fekk fat i kurova; korsom er, då gjekk kvinne og ku i stein. ¹⁾

Om øyane Sceirdí og Beag-Árainn i Gaillimh-vika er det noko uklårt om me her har med to eller med ei og same øya å gjera. Rhÿs nemner Beag-Árainn som ei overnaturlig øy; ²⁾ Westropp har ein notis som Sceirdí, som iblant synte seg som ein stor by, andre gonger som eld og røyk med folk som sprang til og frå, ³⁾ Ó Súilleabháin fører opp bae i sitt oversyn over overnaturlige øyar i irsk tradisjon. ⁴⁾

Westropp gjev eit stutt referat av segnene som er "numerous and lengthy" om Cill Stuthín ved Lios Ceannúir i An Clár. 3 hovdingar fór på férov til Ceann Léime (Loop Head); dei vart forfylgde og slegne ned. Ein av dei, Stuthín, flydde til øya si; han søkte henne ned med trolldom. Når ein gullnykjel vert attfunnen under Oghammerkesteinen på Ceann Léime, vil trolldomen verta løyst og øya stiga opp att. Når folk ferdast over henne, ser dei sumtid gulltøkene og kjenner angen av timian-markene der. Ho kjem elles opp kvart sjuande år. ⁵⁾

- 1) *ibid.* s. 251f
- 2) Rhÿs, *Celtic Folklore*, s. 171
- 3) *op. cit.* s. 251
- 4) *op. cit.* s. 505-09
- 5) *op. cit.* s. 250f

Frå 1816 og 1839 finst det notisar om at "Kilstapheen" utanfor Ceann Léime skal vera ein sokken by; hus og tårn skal dei sumtid sjå når dei siglar over. Det bur underjordiske der. Cantillon's Rocks nær Baile Uí Thaidhg i Ciarrái skal òg før ha vore ei øy. ¹⁾

Frå landsbyen Baile an Sceilg i Søre Ciarrái er denne forteljinga:

Ei kvinne gjekk ut. Det var fjære sjø og stilt. Ho såg mot dei skjera som heiter An Sceilg, og det er likt til at ho såg eit sers fagert syn: strendene fulle av segl (eller klede) til tørk i sola, mellom fastlandet og An Sceilg. Ho tok til å skjelva på hender og føter og kom seg i hus det fortaste ho vann. Ho såg aldri det synet meir. Dei held føre at det må ha vore Tír na nÓg. ²⁾

I ei serstilling kjem den kan henda best kjende irske huldreøya, Hy Brasil, sumtid òg skrive Ui Breasail; og denne øya har vore heimfesta til ymse stader på vestkysten av Irland og mykje lenger vest i havet. Øya kjem i ei serstilling spesielt av di ho høyrer heime under den geografiske tradisjonen òg (sjå s. 210). Brasil er å finna på kart frå mellomalderen og heilt ned til slutten av førre hundreåret, ³⁾ med skiftande posisjonar. Her vil me konsentrera oss om det nyare folketradisjon har å fortelja om Hy Brasil.

Westropp fortel at folk på Árainn-øya no trur at Brasil kjem til synes kvart sjuande år; han har sjølv høyrte folk i An Clár fortelja at dei har sett denne øya

- 1) Westropp, *op. cit.* s. 249-50
- 2) Fortalt av den 72 år gamle Tomás Ó Croíinín 5. sept. 1927. Prenta i *Béaloidéas I*, Baile Atha Cliath 1928, s. 365 med overskrift "An tír draoidheachta". Professor Magne Oftedal, Oslo, har gjort så vel å setja forteljinga om for meg.
- 3) Skelton o. fl., *op. cit.*, passim

og segner om folk som hadde gjort freistnader på å koma dit, og på den måten kom bort. 1)

I den vidgjetne boka Fairy Legends and Traditions of the South of Ireland 2) av T. Crofton Croker, er det ikkje døme på segner om Hy Brasil; men forfattaren gjev att ein bolk frå ei ferdaskildring frå Irland av ein franskmann, M. de Latocnaye 3);

Les anciens auteurs grecs, Platon particulièrement, nous ont rapporté la tradition de l'ancien monde: ils prétendent qu'une île immense, ou plutôt un vaste continent, a été englouti dans la mer à l'ouest de l'Europe. Il est plus que probable que les habitants du Conomara n'ont jamais entendu parler de Platon, ni des Grecs; cependant c'est aussi leur ancienne tradition. Notre pays réparaitra un jour, disent les vieillards aux jeunes gens, en les menant uns (sic) certain jour de l'année sur une montagne et leur montrant la mer; les pêcheurs des côtes aussi, prétendent voir des villes et des villages au fond de la mer; les descriptions qu'ils font de ce pays imaginaire, sont aussi emphatiques et exagérées, que celles de la terre promise; le lait coule dans des ruisseaux et le vin dans d'autres: ceci certainement n'es (sic) pas de leur invention; car ils auraient sans doute fait couler quelques parts, des ruisseaux de whiskey et de porter. 4)

Interessante er nokre eldre kjelder som Westropp siterer eller refererer. Det er tydeleg at trua på at Hy Brasil eksisterte, må ha vore monaleg sterkare enn truene på Utrøst i Noreg:

Eit manuskript frå 1636 fortel at ein kaptein Rich

1) Westropp, op. cit. s. 257

2) London 1834

3) Tittelen på boka er ikkje oppgjeven ("Tour through Ireland")

4) s. 217

og fleire sjøfolk såg ei øy utanfor vestkysten; det var hamn der. Ho forsvann av di "the famous enchanters inhabiting it by magic skill concealed it". 1)

I Dublin-parlamentet i 1663 sa W. Hamilton fra Derry (representant for Ulster) at ein kvekar hadde hatt ei openberring om at Hamilton var utpeika til å vinna det forhekse landet med eit nytt skip. Det finst òg eit brev etter han til ein ven; syskenbarnet åt denne venen hadde teke ut fribrev på øya då Charles I var konge. Mange hadde sétt "O Brazile, or the enchanted island", ei stor og "absolute" øy utanføre kysten av Ulster. 2)

Ein segnnotis som òg omhandlar oppedaging ved jarn, men som gjeld heile Irland, er kan henda meir tvilsam, ettersom kjelder for desse opplysningane ikkje er oppgjevne:

Noch jetzt gilt dem Irländer - dessen Insel einst wegen der vielen der Magie obliegenden Druidenschulen die "heilige" hieß - das Eisen für heilig. Selbst Diebe haben eine Scheu, es zu stehlen. Eine irländische Sage berichtet, daß Irland seine Benennung Eisenland (Ironland, Ireland!) folgendem Umstand verdanke: Irland sey ehemals beständig unter Wasser gestanden, ausgenommen in jedem siebenten Jahre. Fremde Völker suchten demgemäß während jener Periode zu landen, allein sie wurden jedesmal vom gleich darauf herandringenden Meer verschlungen. Endlich kam eine himmlische Offenbarung, die Insel könne bloß dadurch den Wellen entrissen werden, wenn man, so lange das Land sichtbar, ein Stück Eisen darauf wirft. Sogleich warf ein Eroberer sein Schwert darauf. Der Zauber löste sich, und bis auf den heutigen Tag steht Irland über dem Wasser. Es wird

1) Westropp, op. cit. s. 256

2) ibid. s. 256

darum in Irland für ein Glück angesehen, wenn man Eisen findet, und der Fund, wenn er in form eines Hufeisens vorkommt, über die Haustüre genagelt. Auch geschworen wird bei dem "heiligen Eisen". (...) Also Eisen soll Irland vor Wassergefahr gerettet haben, und das talismanische Zeichen ist ein Hufeisen. 1)

Dette er, som ein ser, ei underleg blanding av ei opphavssegn, ei oppedagingssegn og visse folkelege førestellingar om hesteskor som lukkebringarar som er ihopsette på ein snarare kuriøs enn innsiktsfull måte.

Den aller eldste kjelda me i det heile har til kjennskap om segner om oppedaging av huldreøyar, er Topographia Hiberniæ, skriven av kymraren Giraldus (Giraldus Cambrensis) og lesen i Oxford i 1188. Me skal her sitera det han skriv etter ei omsetjing av fyrste versjonen av Topographia Hiberniæ:

The island that was at first not-fixed and then was made fixed by means of fire.

Among the other islands is one that arose recently, and which they call the "phantom" island. Its origin came about in this way. One fine day the inhabitants of the islands, while lying about, noticed that a large mound of earth arose in the sea where land had never been seen before. They all wondered. Some said that it was a whale or some other monstrous animal. Others, however, reflecting that it remained without any movement, said that it was not a sea-monster, but was land. They wanted, nevertheless, to remove the uncertainty, and so they selected young men from the island nearest to it, and sent them over to it in a rowing boat. When they had approached so near that they were on the point of disembarking, the island disappeared entirely from before their eyes as if descending into the sea. It appeared again in the same way on the following day, only, however, to play a similar trick on the same young men. On the third day they followed the advice of a certain old man in first firing at the is-

1) Scheible: Das Kloster weltlich und geistlich. Stuttgart 1845ff, bd. IX, s. 85

land as they approached it an arrow of red-hot iron, and then disembarking they found the land stable and habitable. There are proofs that fire is always most hostile to phantoms. Hence those who have seen a phantom cannot look upon the splendour of fire without falling into a swoon immediately. For fire by its position and nature is the most noble of the elements. It is, as it were, aware of the secrets of the heavens. The sky is of fire; the planets are of fire; the bush was on fire but it was not burned. The Holy Spirit came upon the apostles with tongues of fire. 1)

Dersom me ved identifiseringa av tradisjonen om "Dei lukkelege øyane" hadde bygt einast på motivet øy som det er noko overnaturlig ved, måtte me òg ha teke med dei talrike irske forteljingane om underlege småholmar som tidvis syner seg på dei store innlandsvatna i Irland, og i samband med dette atter den irske tradisjonen om bustadene åt sídh-folket, det irske huldrefolket. Desse holmane seiast ofte vera synlege kvart sjuande år, på same måten som huldreøyane til havs; men elles står dei alltid i ein annan motivsamanheng. Det er så vidt eg kan sjå aldri tale om at dei kan oppedagast eller at dei liknar anna land når folk ein sjeldan gong får sjå dei. Funksjonelt har dei oftast ei onnor oppgáve i desse forteljingane enn i segner og fråsegner om huldreøyar til havs: dei er teikn og prov for at det finst underlege og storeslegne ting på botnane av desse djupe innlandsvatna, og dei kan ofte vera feller som er utlagde av sídh-folket for å narra folk til å koma til deira rike. Såleis kan ein etter mitt skjøn ikkje med rette rekna denne tradi-

1) Giraldus Cambrensis: The First Version of the Topography of Ireland. Translated by John O'Meara. Dundalk 1951, s. 49f.

sjonen som nærskyld med den eigenlege huldreøy-tradisjonen, endå om fleire utgjevarar i førre hundreåret sette likskapsteikn mellom segnlandet Tír na nÓg og huldreheimen. Den forteljinga me finn om ein holme i Irlands-bolken i Konungs skuggsiá,¹⁾ kan såleis ikkje reknast som nokon kontaktled mellom irsk og norsk tradisjon om overnaturlige øyar og sjøferder dit. Det vil ein serleg sjå dersom ein samanliknar med den gamle irske immrama-litteraturen og med den folketradisjonen som har bore oppe sjøferds-motiva til nyaste tid. Framstillinga i Kongsspegelen syner likevel godt samsvar med det ein elles finn i tradisjonen om øyane i innlandssjøane. Endå om mange meiner at Giraldus har vore kjelde for skrivaren av Kongsspegelen, er det berre det å seia at Kongsspegelen ikkje har med det Giraldus fortel om huldreøya, og at det andre irske tradisjonsstoffet altså ikkje har noko med vårt emne å gjera.

II. Sjøferd til overnaturlige øyar

Denne tradisjonen ser ut til å vera mindre utbreidd i Irland i nyare tid enn i den gamle litteraturen. Attom dei notisane me finn hjå Westropp om eksistensen av overnaturlige øyar, finst det nok ein del forteljingar om folk som har freista på å koma dit.

1) utg. v. Ludvig Holm-Olsen, Oslo 1945, s. 22

Denne forteljinga frå Teilionn i Dún na nGall har kan henda meir sams med forteljingane om eksistensen av overnaturlige øyar enn med sjøferd-segnene. Den breitt målande episke utforminga av freistnaden på å nå ei slik "oileán séanta" i båt, fortener likevel å koma med her:

Det går ikkje ein dag utan at gamle fiskarar seier at det finst ei heilag (lukkeleg, ukjend, mystisk, gåtefull) øy sèraust for øya Ráchlainn Uí Bheirn, og dei trur at i gamle dagar synte denne øya seg ein gong kvart sjuande år. Dei trur at dersom ei torvglo kom til å bli lagd på øya, kom ho aldri til å søkkja meir. Det var ein trolldom som var lagd på øya. Det var nok av dei som hadde sétt nenne i gamal tid, men ingen hadde nokon gong greidt å koma i land på henne.

Eg høyrde ein gamal mann i Gleann Cholm Cille (St. Columbas dal) som sa at ein av folket hans hadde sétt henne sjølv, for lenge sidan. Denne mannen var på veg heim frå rokkmakaren. Det var ein vakker sumarkveld, straks etter solefall. Han hadde to rokketrøer med seg. Då han var komen så langt vest som til den staden dei no kallar Mullach na gCros (Krosshaugen), såg han utover mot vest mellom seg sjølv og himnaleitet (irsk: himmelbotnen), og mellom seg sjølv og ljøsken (etter sola). Han tykte han såg ein skapnad på sjøen som han ikkje hadde sétt der før. Han såg nøgnare etter, og såg at det var ei øy. Han kjende til segna om den heilage (lukkelege, ukjende) øya, og han skjøna godt at det var den og ikkje noko anna han såg. Han tenkte han skulle fortelja om hendinga til nokre fiskarar på den kanten, og at dei skulle fara ut til øya. Han meinte at han ikkje kunne gjera noko likare enn å ta klårt med av staden der øya var. Han kunne ikkje gjera noko anna enn å setja rokketrøene tvert på kvarandre, i form av ein kross, som han støytt ned i jorda. Så drog han av garde for å leita opp folka. Dei gav seg alle til å leita etter den staden der krossen stod. Men på ein slik stad som dette var, er det ikkje ein kross av tusen som ikkje har vorte støytt ned i jorda ikring den staden der denne mannen hadde støytt ned s i n. (Ja, det står det, og det tyder vel, så urimeleg det høyrst, at det var mengdevis av slike krossar der frå før, o. anm.) Med stor møde greidde dei til slutt å finna den rette. Då såg dei øya. Dei tok ein liten båt og la kursen mot henne. Då dei kom

nær nok innpå, lyfte dei årene og lét seg drive med straumen, og dei kunne sjå øya godt. Dei tykte at dei aldri før hadde sett eit stykke jord som var så grønt. Det vaks vakre tre på øya, og dei tenkte at dersom det var eit land i verda som kunne kallast ungdomens land (tír na hóige), så måtte det vera dette.

Dei la seg på årene med all den eldhug dei åtte medan dei styrde mot henne. Då dei hadde nått fram til om lag eit halvt hundre yards frå øya, lyfte dei årane or vatnet att, og då dei skulle sjå til, fekk dei auga på ei jente som sat under eit tre og såg ut som ho spømte sokkar. Dei greidde ikkje å koma umerkande innpå henne. I same augneblenken som dei kom på eit steinkasts avstand frå henne, reiste ho seg opp og kasta eit nysta som ho hadde i barmen, bort i båten til dei. Båten tok til å skaka og rista, slik at det var nære på at dei vart kasta i sjøen til siste mann. Dei vart skræmde, som ikkje var til å undrast på, og i staden for å koma seg i land på øya ville dei ha vore takksame og fulle av velsigningar om dei fekk med seg vengene heile (dvs. velberga, utan svidde venger). Dei hadde ein kniv med seg i båten, og dei prøvde å skjera av tråden. Men om dei så hadde halde på med det til no, ville ikkje kniven ha skora han av.

Dei hadde med seg ei gryte med torvgjør, og ein av dei tenkte at kanskje kunne den signa elden brenna av tråden. Han la ei glo på tråden, og så snart han gjorde det, gjekk tråden av. Båten slutta å rista, og dei prøvde ikkje å koma i land på øya, men stemnde attende mot Lag na dTuagáin (Stakkar-dalda).

Då dei meinte det hadde vorte roleg nok og at dei var berga, såg dei etter den staden der øya retteleg skulle vera. Dei kunne ikkje sjå henne på nokon måte. Ho hadde sokke att.

Ofte seinare har dei sett øya der vest, mellom Ráchlainn Uí Bheirn og der sola går ned, men ingen har seinare prøvt å gå i land der. 1)

Både Westropp²⁾ og Reidar Th. Christiansen³⁾ gjev att

1) Heinrich Wagner: Gacilge Theilinn. Foghraidheacht - Gramadach - Téacsanna. Baile Atha Cliath 1959, Téacs 14, s. 266ff. Professor Magne Oftedal, Oslo, har vore så velviljug å laga ei noggrann omsetjing for meg. Her har eg stroke ein del av dei mange alternative omsetjingane av visse ord og ordlag, og jamna rettskrivinga litt etter mi eiga på nokre få punkt.

2) op. cit. s. 256

3) Litt om nordlandsk folketradisjon, Håloygminne 1920, I, hft. 1, s. 15ff

gjev i utdrag att ei skildring av ei landstigning på Hy Brasil i 1674. Christiansens utdrag er både det fyldigaste og det beste, og difor skal me her gjeva att hans versjon:

Nu findes der en utførlig beretning om et besøk på denne ø; den blev trykt i London 1675 og tittelen var "O'Brasil eller den forheksede ø, det er: en fuldstændig beskrivelse av hvordan denne ø på Irlands nordkyst først blev opdaget og løst av fortryllelsen." (...) 1)

Denne beretningen som her skal gjengis i utdrag, begynner ganske høitidelig og omstendelig: "Vel vet jeg at der over den hele verden er mange historier om forheksede øer, slot og tårn, og forat vort rike heller ikke i denne henseende skal stå tilbake for noget andet, har vi nord for Irland en "forhekset" ø om hvilken der gar mange beretninger. Da jeg først slog mig ned i Irland og hørte de mange historier (sic) om Hy Brazil, som de kalder denne øen, så jeg på dem som ren indbildning, og lo av dem som fortalte dem. Men visse ting har dog gjort mig tvilende, først den at øen findes på gamle karter, dernæst at en klok og vis mann har fåt kongens bevilning på øen, og desuten var her en kvæker som hadde fåt en åbenbaring om at han skulde finde den, og som bygget et nyt skip og drog ut for at søke efter den; men hvad det blev av ham, har jeg ingen rede på; men nu er al tvil umulig for forhekselsen er hævet og øen er fri.

Dermed henger det slik sammen:

Det var en skipper fra nordvest Irland, John Nisbet, som pleiet at seile på Holland og Frankrig. Utpå høsten i 1673 drog han til Frankrig med en skute på 70 ton, og på hjemveien i mars 1674 kom de en kold morgen i en tæt tåke, som varte omtrent i 3 timer, og da det blev klart lå de like ved en fremmed ø, og vinden drev dem stadig nærmere mot land. Da de bare fandt 3 favne vand, tænkte kapteinen at det var best at la ankeret gå og ta inn seilene for at få rede på hvor de var. Mandskabet bestod av 8 mand, og fire av dem drog iland i båten med kapteinen, og fandt et vakkert og frugtbart land med megen skog og store flokker av kjøer og hester; et stort slot så de også et stykke borte, men ellers så de ikke en levende sjæl som de kunde spørre ut, og efter at ha vandret

1) Korkje Westropp eller Christiansen gjev opp forfattar-namn eller originaltittel eller andre nærare kjeldetilvisingar, og det har ikkje lukkast å finna det ut av annan tilgjengeleg litteratur heller.

omkring vel og lenge, reiste de ut igjen til skuten, og fortalte hvordan ekspedisjonen hadde forløpet. Resten av folkene reiste så med iland, de delte sig i to partier og gjennemsøkte øen, men traf ingen og da de møttes ved stranden igjen, bestemte de sig til at tænde op et bål; for det begyndte at bli koldt. Mens de sat rundt varmen, hørte de et uhyggelig brak, omtrent som torden, særlig fra den kant hvor slottet lå; men ellers syntes det at komme fra hele øen, og de blev så rædde at de skyndte sig i båten og rodde ut til skuten. Længer kom de ikke; det var for mørkt og grundt til at de våget at seile ut.

Næste morgen sa de en flok mennesker komme ned mot stranden. Det var en ærverdige ældre herre, fulgt av en hel del tjenere og han ropete til kapteinen "på det gamle skotske sprog". Han bad dem komme iland, og med den mystiske torden i friskt minde, spurte skipperen om det var farlig, og først da herren hadde beroliget ham i så henseende drog de i land. Her blev de mottatt med overstrømmende venlighet og den gamle herre forsikret dem om at den dag de kom, var den lykkeligste på mange hundrede år. Dette var nemlig øen Hy Brasil, og hans slekt hadde været øens fyrster; men ved en "ond djævelsk troldmands" kunster, var de blit stengt inne på slottet, og øen var blit usynlig for alle og enhver. Dagen før hadde de sat inde på slottet og set de fremmede uten at kunne gjøre sig synlige for dem eller slippe dem ind, og først da de "gode kristne mænd" hadde gjort op ild på øen, var de djævelske magter veket, og braket de hørte betød at nu brast trolddommen. Intet under altså at sjøfolkene blev godt mottatt, de levet flere dage på slottet i herlighet og glæde, og var dypt imponerte av den rigdom de så. Rike presenter fik de og lots ut fra kysten og kvelden efter kom de inn til Irland, hvor folk merkelig nok forholdt sig skeptisk overfor deres beretning; men selv de mest vantro matte gi sig når kapteinen kunde vise frem de tykke guld og sølvmynter, han hadde fått på øen. En av mandskapet seilte over med nogen interesserte, og den der skriver beretningen, kan fortælle at en stor ekspedition var under forberedelse; men da vi ingenting hørte om dem har de kanskje ikke fundet øen igjen. Kapteinen hadde sine sølv og guldmünter som håndgriplig bevis, om de findes endnu, skal jeg ikke kunne si ...

Dette er kan hende det einaste dømet me har på at ei oppedaging ikkje førde til varande resultat.

Vidare fortel Westropp etter Roderick O'Flaherty

at ein mann som heitte Morough Ley (som enno levde i 1684) var i Irrosainhagh nordanom Gaillimh-vika i august 1688. Då vart han bortførd av to framande menn til O'Brasil og var der i to dagar, så vart han førd attende med bind for augo. Han hadde fått ei lækjarbok der - nyare tradisjon vil ha det til at han ikkje hadde lov til å opna den boka før sju år var lidne - og den boka er no i boksamlinga åt Royal Irish Academy, ho er av pergament og skriven på irsk og latin; på s. 76 finn ein årstalet 1434. Westropp meiner at Morough Ley, som fåfengt søkte om å få jordeigedomane sine att, praktiserte medisin ved hjelp av ei gamal familielækjarbok, for han kom or ei ått der lækjarkunsta gjekk i arv. Stor framgang i desse kunstene har fått folk til å dikta opp denne segna, meiner Westropp.¹⁾ Det er vel den mest sannsynlege forklåringa, og syner korleis eit motiv som Hy Brasil kan opptre i nye samanhengar og vera produktivt. Slike ting må ein ta som teikn på ein levande tradisjon som folk gjerne har trivt til for å forklåra seg slikt som dei elles ikkje forstod korleis kunne ha seg.

Gamal irsk heltedikting, som t. d. Finn-segnene, har i einskilde motiv levt ned til nyare tid. Her skal me sitera ei oppskrift frå Gort, Co. Gaillimh, gjord i 1898. Forteljaren gjev att i stutt mål soga om Oisín i Tír na nÓg:

1) op. cit. s. 256f

The fianta used not to be either sowing or labouring, but with dogs and hounds, hunting always. One day there came to them a deer, knocking a hunt out of them, and she made for the sea when the sun was going under. She went out on to a stone that was in the sea.

She did that again and again.

The Fianta decided to send out Oisín, since he was the strongest man, to be before her when she should go there again. She gave a hunt and when the sun was going under, she went of a leap on to the stone that was in the sea; but Oisín was before her there. Oisín caught hold of one of her feet and she went of a leap into the sea, and brought Oisín with her. They were going and ever-going, under the water, until they went to Tír na h-Óige, the Land of the Youth.

He was a while in the Land of Youth, then, and he thought it was a short while, and he told the people that were there that he would like to come back till he would see his own people.

He thought that he was there for only a week or so. He was told that there was not one person of his people to be had or any tidings of them - that they were gone. He would not believe them, that they were not there. He got a horse in the Land of Youth, and a ring to look out through when hunger might strike him, and when he would have desire for food; and that would satisfy him.

He came then, and he never stopped, to the place where he and his people had been before that, and they were not there, only the cold walls. They were all gone. There was a stone bath (or trough) there in which the Fianta used to be washing themselves every morning. He came down off the horse through affection for the bath, and the horse went away from him, and he fell, on the moment, a bundle of bones, through old-age.

1)

Den einaste varianten eg har frå Skottland, knyter seg òg til den gamle irske diktinga. Forteljinga om Angus, som gjer ei ferd til Eilean na h-oige og møter fianna-heltane der, har eit drag som er sermerkt for irsk og skotsk tradisjon om hopehavet med huldrefolket og vitjing i bustadene deira: det er fårleg, og det fører til

1) An Craoibhín: Sgéal ar Oisín agus na Fiantaibh. Béaloideas I, Baile Átha Cliath 1928, s. 219ff, engelsk omsetjing s. 220ff.

skade på folk:

This is a story about a man who did set foot upon this isle. He lived in Jura, in the Inner Hebrides, and his name was Angus Mac Gregor. He owned a small sailing-vessel, and carried cargoes between the islands and the mainland. One day he was standing upon Greenock Pier when he saw coming towards him the biggest man he had ever set eyes on. He was three heads and shoulders above all the other people there, and he had a flaming red beard that blazed down to his chest. He gave Angus a great clap on the shoulder and said:

"They tell me you have a vessel that will carry cargo between the islands and the mainland. I have a cargo of meat to take to an island west of Islay; will you carry me over with it?"

Then they agreed to terms, and the big man brought his cargo to Angus' vessel. Great was Angus' astonishment when he saw the enormous carcasses of beef and mutton that went aboard his boat.

"Surely there is enough meat to provision an army of Highlanders," he thought.

When all was ready, Angus hoisted his sails and they began their journey according to the big man's direction. Away they went up the Firth of Clyde, past Arran, round the Mull of Kintyre, and through the sound of Islay. Then a thick fog came down upon the waters, and steering blindly, Angus did as the big man bade him, and bore farther westward yet. For two days they saw not a blink of land or sky; and Angus, wondering where they were, thought to himself:

"It must be that we have passed the uttermost bounds of the Outer Hebrides."

On the third day the fog lifted, and Angus saw that they were nearing the shore of an island he had never seen before. Surrounded by the grey, still sea, it appeared to him as a green haven promising rest and peacefulness.

"That is the end of our journey," said the big man.

Angus saw that it would be some time yet before they reached the shore; and so he went below to take a short sleep. It was the gentle bumping of the boat against the shore-side that awoke him; and he arose to discover that he was riding high out of the water, for the cargo of meat had been unloaded, and of the big man there was no trace.

Now it had been agreed that Angus should be paid for the journey when they reached their destination; and when he found that he had been cheated of his money, he was determined to find out where the big man had gone.

So he stepped off his boat and waded through the shallows to the grassy shore. And as soon as he stood on the island, it was as though a weight was lifted from his shoulders; all the signs of his age tumbled from him, and he became as he was at twenty years old.

He marvelled at the lightness in his step, and felt his smooth forehead in wonder.

"It is Eilean na h-oige", he breathed, "the island of the everlasting youth."

Then he realized that the big man he had carried in his ship must be one of the Fians themselves.

"For men of his mightyness do not walk the earth to-day", he said, "and so it is also Flath-innis-ean, The Heroes' Isle."

But even so, he was still determined to get the wages for his journey from Greenock; and he went on his way inland. Before long he reached a great house built of enormous stones. The doorway was twenty feet high, and the lintel twenty feet broad, and he stepped inside to find himself in a vast hall where a huge, big-boned old man whose beard reached to his knees sat alone in a massive chair.

His countenance bore the grim stamp of a thousand battles, and in his eyes there was everlasting sorrow for those brave heroes who had fallen as they fought by his side. It was Fionn Mac Chumail. Presently he turned and saw Angus.

"What is thy business here," he asked him. Then he raised his great hand.

"First you must drink, and then tell me your story," he said: and he held out to Angus a huge drinking-vessel filled with golden mead.

It was so heavy that Angus used all his strength to raise it with both hands to his lips; and when he had finished drinking, he set it down and told Fionn his story.

Then Fionn said: "Tell me, thou man of Jura, would you be able to recognize this big man who left you now?"

"I would," Angus replied.

So Fionn called out in a mighty voice, and at once the hall began to fill with heroes whose limbs were as tree-trunks, and whose tread shook the floor beneath their feet. And among them, Angus saw the big man whom he had brought over the water from Greenock. It was an easy enough matter to recognize him, for who could mistake that great flaming beard?

"That is the man," he told Fionn.

Then Fionn ordered the big man to pay what was due to Angus, which he did with a bad grace. And when he had handed over the money, and after Fionn had bade his visitor farewell, he met Angus as he came through the doorway of the hall, and, seizing him by the shoulder, put out his right eye with his finger.

"If I had done that to thee before, thou wouldst not have known me," he said.

In great pain, and with blood streaming from his eye-socket, Angus stumbled down to the shore, accompanied on his way by the big man. When they reached the place where the boat lay anchored, the big man turned to Angus and bade him shake every particle of the dust of the island from his feet.

Then Angus went aboard his boat once more, and set sail for home. As he went away, it seemed that the green island disappeared in a mist that rose up from the waters; and when it had utterly passed from view, the weight of all his years descended on him once more.

And all he ever had to show for his journey to Eilean na h-oige was the loss of his right eye. 1)

Endå om dei tekstkritiske omstenda kring denne versjonen er lite gunstige (han er henta frå ei populærutgåve, føreordet gjev ikkje opplysningar om kjelder, redaksjons- eller utgjevarprinsipp) og ein såleis må rekna med innslag av bellettristikk hjå "attforteljaren", høyrer han nok heller til folketradisjonen enn til heltediktinga, og framstillingane av heltane har òg teke farge av forteljingane om hopehavet med huldrefolket.

Den gæliske folketradisjonen har teke opp i seg mange motiv frå både heltedikting og frå dei romantiske sogene, slik at den gamle diktinga har levt vidare på skriftlaus grunn eller i folkelege avskrifter etter munnlege forteljingar.

1) Barbara Ker Wilson: Scottish Folk-Tales and Legends. London 1954, s. 200ff

Den gamalirske litteraturen kan sjølvstøtt ikkje identifiserast med folketradisjon, endå om han visseleg har element av folketradisjon i seg. A greia ut om opphavsteoriar til den gamle, skriftfeste diktinga, er ikkje vår oppgåve; til det trengst det spesialkunnskapar i keltisk filologi og kulturhistorie. Me kan heller ikkje her ta stilling til om dei versjonane me finn i dei gamle handskriftene kan sjåast på som "arketypar" til den irske folkediktinga over same motiva, eller om dei er å sjå på som relativt frittstående redaksjonar av eit tradisjonsmateriale som var ålgjengt i samtida. For vårt føremål lyt me nøya oss med å vurdere om ein ut ifrå ein motivanalyse kan hevda at det er slektskap mellom øy-motiv i den gamle diktinga og nyare tids tradisjon om overnaturlige øyar.

I ei mellomstilling mellom nyare folketradisjon og den gamle diktinga kjem Mícheál Comyns Laoidh Oisín i dtír na nÓg: Kvædet om Oisín i landet at dei unge. Mícheál Comyn var folkesongar og folkediktar, han levde i 18. h. å., og er ein av dei siste utlauparane av ein ubrotten irsk litterær tradisjon både i form og emneval og språk; men han står òg folkediktinga så nær at ein på sett og vis kunne sjå på han som eit unntak frå den anonymiteten som er så sermerkt for forfattarane av folkediktinga. Det er snarare grunn til å tru at hans kvæde gjev att folketradisjon enn at den tilsvarande folketradisjonen skulle ha sitt opphav i hans Laoidh. Soga høyrer til syklusen om Finn og Fianna-kjempene. Ho er lang; i stutt mål kunne me referera hovuddraga slik:

Ein dag då Oisín og dei andre Fianna-kjempene var attmed Loch Lene, kom det ein ryttaar dit. Då ryttaaren kom nærare, såg dei det var ei kvinne prydd som dronning. Ho fortalde ho var Niamh, dotter at kongen i Tír na nÓg. Ho song om dette landet og skildra det så fagert at heile Fianna vart trylta av det og Oisín vart heilt borttrykt; som i ein draum fylgde han henne då ho bad han om å setja seg på hesten og fara med henne til Landet at dei unge. Ho førde han på hesten over bylgjene vest i havet; det er mange strålende syn på vegen, men til sist kjem dei til Tír na nÓg, der skaldane lever høgt i ære, der det ikkje er sorg eller alderdom eller daude, der tida ikkje kverv og der kvar dagen berre bringer glede. Oisín gifter seg med Niamh; og den eine dagen fylgjer etter hin i ein svir av endelaus sale. Men i draumane sine fer Oisín attende til Fianna-flokken; han tek til å sakna dei og lengtar attende til Éire, trass i at Niamh prøver å få tankane hans ifrå det. Til sist gjev ho han lov til å fara dit, men ho átvarar han: trør han på jorda, skal han aldri få sjå Landet at dei unge att. Det er den fagreste maidag i Éire då han kjem att, men alt det han leitar, finn han ikkje Fianna-flokken att. Til sist fell han av hesten, og straks fell bera av tri hundra års alder på honom. Med sorgmod tenkjer han på framfarne dagar med Fianna-flokken og med Niamh; no er han atter mellom dei døylege, og han andar ut. 1)

I ei onnor soge, Oisín agus San Padráig, som er forma som ein dialog, fortel Oisín sjølv om desse hendingane til Sankt Padráig (Patrick). Innhaldet elles om ferda til og oppheldet i Tír na nÓg svarar godt til samandraget ovanfor. 2)

Ser me no på dei ymse forteljingane frå ymse tider om Tír na nÓg (Landet at dei unge) eller Tír na hÓige (Ungdomens land) eller Oileán na hÓige (Ungdomens øy); korrekt skotsk-gælisk form etter professor Oftedal er Tír nan Òg - vil me for det fyrste sjå at dette omgrepet dekkjer nett det me vil leggja i ei nemning som "Lukkelandet" eller "Dei lukkelege øyane". Tír na nÓg er

-
- 1) Fullstendig omsetjing i Eileen O'Faolain: Irish Sagas and Folktales, London 1954, s. 163-74
 - 2) Fullstendig omsetjing i J.J. Campbell: Legends of Ireland, London 1955, s. 206-10.

skildra som uvanleg fagert og fruktbart; det er eit land utan sorg og utan alderdom og daude.

For det andre skal ein leggja merke til den skilnaden i oppfatninga av Tír na nÓg som det er mellom den gamle litteraturen og den nyare folketradisjonen. Korkje i Laoidh eller i San-Padráig-dialogen er Ungdomslandet skildra som ei øy: det er eit land hitanom havet i vest; ein må over havet for å koma dit, men øy-omgrepet er i det heile ikkje inne i biletet i tekstene, dersom dei omsetjingane eg her byggjer på ikkje på dette punktet er i direkte strid med originalane. Skal ein i det heile oppfatta dette landet som øy, må ein leggja moderne geografiske synsmåtar på stoffet. I oppskrifta frå Gort, s. 192, går det tydeleg fram at forteljaren føresteller seg Tír na nÓg under havet. Med dette Ungdomslandet har den nyare tradisjonen berre namnet sams. I versjonen frå Gort er det førestellingane om huldreheimen under sjøane som er inne i biletet. Dei overnaturlege øyane folk fortel om, har dei sett i samband med forteljingane om Tír na nÓg: "dei held føre det må ha vore Tír na nÓg" seier Tomás Ó Cróinin, (jfr. s. 181), "og dei tenkte at dersom det var eit land i verda som kunnekallast ungdomsland, så måtte det vera dette" heiter det i versjonen frå Teilionn (jfr. s. 188). Det er òg fortalt i samband med An Sceilg i nærleiken av Tech Duinn at

On moonlit nights old fishermen were said to have seen over the Skellig Rocks the souls of the dead on their journey to Tír na nÓg, Tír na mBeo and Tír na mBuadh, and they recognized each host by their voices, and to which land they were travelling. (...) This

is also heard among fishermen in Kerry. ¹⁾

Dette syner korleis motivet lukkelandet i den andre verda har vorte samanblanda med tilhaldsstadene i det neste livet, noko som er sermerkt for irsk tradisjon, jfr. s. 75.

For det tredje må det veraklårt at forteljingane om Oisín ikkje er segndikting, men heltedikting; det er rett nok ei form for segner, men dei vantar trudomskriteriet dersom me nyttar Tillhagens definisjon; dei vantar ei referanseråme til røyndomen og krev heller ikkje å verta trudde i detalj, like lite som eventyra gjer det. Såleis har dei mest av alt karakter av fri fiksjon. Tír na nÓg opptrer difor i ein annan dimensjon i heltediktinga enn me har i segnene om overnaturlege øyar.

Sambandet er såleis ikkje beinveges, og me får ein analogi-samanheng såleis, så vidt eg kan skjønna: landet hitanom havet i vest, som ikkje eksisterer etter nyare tids geografiske fakta, er i den gamle litteraturen ikkje oppfatta som nokor øy; i neste instans vert det tolka som ei øy på grunn av plasseringa i himmeløttene, dinest oppfattar ein dette som ei overnaturleg øy i samsvar med dei overnaturlege øyane som folketradisjonen elles kjenner. Folk har assosiert dei overnaturlege øyane med si oppfatning av Tír na nÓg; forteljingane om Fianna-flokken og om Oisín har vore umåteleg populære. Såleis ligg sambandet nærmast i fenomen som tradisjonsdominantar (Oisín) og folke-etymologi.

1) Käthe Müller-Lisowsky: A Study in Irish Folklore. Traditions about Donn. Béaloideas XVII 1948, Dublin 1950, s. 149

III. Imrama - litteraturen

I den eldste irske litteraturen finst det ein del forteljingar om ferder til "den andre verda", dvs. til land og rike av ein annan dimensjon enn denne verda. Ein vanleg term for dette er på engelsk "the Otherworld"; me har ikkje nokor høveleg vending for det same på norsk.

I denne diktinga vert det skilt mellom echtraí, som nærmast svarar til ty. Abenteuer, eng. Adventure, medan det norske ordet eventyr her er vill-leiande, og imrama som nærmast tyder ferd, og serleg sjøferd. Grensene mellom dei er likevel ikkje absolutte.

Sermerkt for imrama er det at dei alle skildrar ei sjøferd til ei eller fleire øyar; hendingane på og skilddringane av desse øyane er likevel slik at dei tydeleg høyrer heime i "the Otherworld". Det er bevart 4 imrama, men i listene over kjende verk i gamle handskrift er det nemnt sju.

Imram Brain maic Febail er den eldste av dei fire kjende imrama; den går føre seg i førkristen tid, og vert ofte datert til 8. h. å.; men det rår usemje om datering, og handskriftene er mykje yngre. Teksta er utgjeven saman med omsetjing og kommentar av Kuno Meyer.¹⁾ Handlinga er i stutt mål slik:

Ein dag er Bran ute og går ikkje langt frå huset sitt. Då høyrer han ljuve lundar; dei byssar han i svevn, og då han vaknar, ligg det ein sylkvist

1) Kuno Meyer: The Voyage of Bran Son of Febal to the Land of the Living. London 1895, s. 2 - 35.

med ein kvit blom på ved sida av han. Bran tek kvisten med seg inn. Alt folket samlast og alle dører og óp vert stengde. Då står det brátt mellom dei ei kvinne som er merkeleg kledd. Ho syngr eit langt kvæde for Bran. Der skildrar ho kor strálende og herleg det er i hennar rike hitanom havet; der er det tri gonger femti øyar som kvar er større enn Éire; der er tusen fagre kvende og øveleg ljuv musikk; der finst ikkje svik eller sorg, sjukdom eller daude. Hó endar med å innby Bran til å leggja ut på ei ferd dit. Då ho dreg, sprett sylkvisten or hendene på Bran og over til henne. Neste dag legg Bran ut med tri flokkar på ni menn kvar. Etter to døggers sigling møter han havguden Manannán mac Lir, som køyrer over havet i si tvohjula vogn. Manannán fortel i eit langt kvæde om havsens herlegdom. Bran fer vidare og kjem til Gledesøya (Inis Subai), der dei ser ein stor mug som berre gapskrattar; dei sender ein mann i land, men då tek han óg til å skratta så han er kje lør til anna, og dei lyt fara vidare utan han. Ikkje lenge etter kjem dei til Tír na mBan, Kvinnelandet, der Bran vert vel motteken hjå Emain Ablach; dei vert bedne inn i eit stort hus der det er ei seng for kvart par - tri gonger ni senger er der - og maten som vert sett fram for dei, minkar ikkje når dei et av han. Dei tykte dei var der i eit år; i røynda var det mange. Ein av mennene får heimlengt til Éire, og Bran vil fara bort. Kvinna, Emain, seier at dei vil trega på det; men dei fer likevel og kjem til Éire ved Srúb Brain. Det er mange folk på stranda. Bran fortel at han er son av Febal; men dei kjenner ingen mann som heiter slik, "atá hi senchasaib linní chene Imram Brain" - "endå Sjøferda hans Bran er ei av våre gamle soger". Mannen som lengtar heim til Éire, hoppar i land; men straks han rører ved jorda, vert han til ein oskehaug som om han skulle ha vore død i hundravis av år. Bran fortel folket kva som har hendt dei, og kvæda som Emain og Manannán kvad for han, skriv han ned med ogham-skrift. Så bed han farvel. "Og frå den timen er hans vandringar ukjende."

Dei andre imrama handlar om ferdene át Uí Chorra, Snédgus og Mac Riagla, og át Mael Duín. Den siste er for vårt føremål den mest interessante av desse, ettersom den på same måten som Imram Brain samlar interessa om øyane meir enn om sjølve ferda og tilskuvane til ferda. Imram Maíle Duín er ei svært lang og utbrodert sogo som fortel om 31 øyar i havet og to under til sjøs undervegs. Føre-

målet med ferda er å finna den som drap far at Mael Duin. I forteljinga om den 27. øya er det nokre likskapspunkt med Immram Brain. Elles er det eit serdrag ved Immram Maile Duin at dei ovringane som kvar øy representerer samanlagt vert ei gjennomgåing av naturen og verda, med systematisk oppdeling: dyra vert oppdelte i artar, ein finn òg hovudformene i arkitekturen representerte med kvar si øy, osfr. 1)

Endeleg skal me nemna Echtra Condla Cain, som står rett før eller rett etter Immram Brain i alle mss. Hovudinnhaldet er stutt samantrengt slik:

Connla er saman med far sin på toppen av Uisnech-fjellet. Då kjem det ei kvinne i underlege klede dit; ho kjem frå Landet åt dei levande. Der finst det korkje brotsverk, synd eller daude. Folket der vert kalla Aes síde (haug- eller tuvefolket, jfr. nyirsk sídh : huldrefolk, underjordsfolk). Far hans Connla ser ikkje kvinna og skjønar ikkje kven det er Connla talar med; men da seier kvinna ifrå om kven ho er og fortel at ho elsker Connla. Ho bed han bli med til Frygdarsletta (Magh Meall), der kong Boadag bur. Faren bed no druiden Coran om å driva kvinna bort; ho reiser, men gjev Connla eit eple til avskil. Det eplet er slik at det er føde nok for ein heil månad og enno like heilt. Connla lengtar etter henne. Då ein månad er gjengen, kjem ho att og ovørtalar han til å bli med seg. Dei siglar bort i eit glas-skip; ingen veit kvar hen. 2)

Denne forteljinga skil seg frå immrama på det viset at lagnaden står i sentrum for interessa, ikkje ferda til den andre verda og landet åt dei levande. I denne forteljinga er det kanskje eit belegg for ein samanheng mel-

- 1) Fullt oversyn over dei 31 øyane finst i Alwyn and Brinley Rees: Celtic Heritage. Ancient tradition in Ireland and Wales, London 1961, s. 318-22. Fullstendig omsetjing i P. W. Joyce: Old Celtic Romances translated from the Gaelic. London 1879, s. 112-76.
- 2) Samandrag i Alfred Nutt: The Happy Otherworld, prenta sm. m. Kuno Meyers utgåva av Immram Brain, s. 144f. Heilsleg omsetjing etter Leabhar na hUidre i Joyce, op cit, s. 106-11.

lom lukkelanda og sídh-folket (som i nyare irsk tradisjon svarar til vårt underjordsfolk). Men ein bør ikkje leggja for mykje vekt på ei nemning i mellomirsk som etter forma svarar til ei nemning i ny-irsk når ein ikkje har dei språklege føresetnadene. Eg finn ingen ting i skildringa av kvinna i Echtra Condla Cain som gjer det naturleg å setja henne i samband med huldrefolket, endå om nemninga ho nyttar om folket i Tír na mBeo (Landet åt dei Levande) gjev assosiasjonar i den lei. Her bør me vel òg dra inn i biletet at det ikkje finst døme i nyare irsk tradisjon på at huldrefolket bur på dei overnaturlige øyane, men berre ei fråsegn om at dei hadde tilhelde på ei nedsokken øy (jfr. s. 181).

Immrama-diktinga er fyrst og fremst ein serskild genre; motiva i denne genren kan ein ikkje løysa frå den konteksten dei opptre i, og stella dei saman med motiv som høyrer heime i andre kontekstar, der me har med ein annan dimensjon å gjera. Dette spørsmålet skal me sjå nærmare på under drøftinga av samanhengen mellom dei tekstene som øy-motivet opptre i.

IV. N a v i g a t i o S a n c t i B r e n d a n i

På latin finst det ei skildring av ei ferd som det irske heilagmenet Brandanus gjorde. Brandanus døyde i 577; granskarane meiner at forteljinga må tenkjast å ha teke form i 800-åra; men den eldste teksta må vera frå

10. hundreåret. Denne ferdaskildringa må ha vore umåteleg omtykt i mellomalderen; det finst tallause latinske manuskript, og forteljinga vart omsett til mange européiske folkemål, også til norrønt mål. Underleg nok er det ikkje teke vare på nokor omsetjing til keltiske mål; "The Book of Lismore" frå 15. h. å. inneheld eit lengre kvæde til ære for Sankt Brendan, men det er ikkje noko godt samsvar med Navigatio. Diktet er i manuskriptet kalla Betha Brenainn mic Finnlocha; frå keltologen H. Zimmer stammar den nemninga t. d. Nansen nyttar i Nord i tåkeheimen, Immram Brenaind, ¹⁾ som er heller misvisande. Eit heller ungt manuskript på gælisk inneheld berre nokre brot av Navigatio. ²⁾

Navigatio Sancti Brendani er ei vidareføring av den klassisk-irske, førkristne immrama-litteraturen, der desse motiva er samansmelte med kristne førestellingar om lovnadslandet (Terra repromissionis sanctorum); men føremålet med skildringa er ikkje å fortelja om sjølve sjøferda og dei under dei møter, men det ideale munkelivet. Navigatio kan ein gjerne sjå på som ein allegori. Verket er etter sùme granskarar si meining skriven i ei tid "da den irske kirken igjen var besjelet av lengsel mot 'landet hinsides havet", som gav seg uttrykk i klosterstiftelser på øde havstrender og eneboerceller på nesten utilgjengelige klippeøy; irerne behersket havet med

-
- 1) H. Zimmer: Keltische beiträge. II Brendans meerfahrt. Zeitschrift für deutsches Alterthum und deutsche Litteratur, hg. v. Elias Steinmeyer, XXXIII der neuen Folge XXI, s. 129-220 og 237-338, Berlin 1889.
 - 2) Carl Selmer: The Vernacular Translations of the Navigatio Sancti Brendani: A Bibliographical Study. Mediaeval Studies XVIII, Toronto 1956, s. 145ff.

sine små skinnbåter, og irske munkar fant veien til Island for Landnámsfolket." ¹⁾ Forfattaren Geoffrey Ashe ser i Navigatio ei skildring av ei røyndleg ferd alt til Amerika! ²⁾ - og dette tek forfattarane av The Vinland Map and the Tartar Relation alvorleg nok: "Geoffrey Ashe has persuasively detected a factual basis in the Navigatio Sancti Brendani inferring that there were Irishmen in the 10th century who knew that America was there, and he may well be justified in suggesting that in the mediæval maps ... the notions of Atlantic Islands spread by Irish literature are chiefly preserved." ³⁾

Av di me har eit brot av ei norrøn omsetjing, Brandanus saga, ⁴⁾ og Navigatio såleis kan vera ein mogleg bindeled mellom irsk immrama-litteratur og norrøn omsetjingslitteratur, fortener Navigatio at me ser litt nøyare etter i innhaldet. Av di Navigatio har vorte sett opp som bindeled mellom både dei klassiske førestellingane om Insula fortunata, dei gamalirske immrama og nyare tids tradisjon, er det viktig å røkja litt etter i den konteksten motiva opptre i her.

Her fylgjer eit samandrag av Navigatio Sancti Brendani:

Munken Barinthus fortel Brendan om korleis han sjølv og munken Hernoc sigla vestover og kom til Det lova landet. Brendan vil då sjølv leggja ut på

-
- 1) Lilli Gjerløw i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder under Brandanus.
 - 2) Geoffrey Ashe: Land to the West. St. Brendan's Voyage to America. London 1962.
 - 3) R. A. Skelton o. fl., op. cit., s. 154
 - 4) utg. av C. R. Unger i Heilagra Manna Sögur, bd. I, Christiania 1877, s. 272-75.

ei ferd dit. Han vel ut 14 munkar til fylgje, og dei byggjer ein c u r r a c h, som dei rustar ut med mat for 40 dagar og smør til å smørja båtsskinnet med. No kjem det tri munkar til og bed om å få vera med. Det får dei.

Ved sumarsolkverv legg dei ut. Dei får god bær, og siglar vestover i 12 dagar. Då vert det blikkstilt. Det frisknar til att, men då misser dei leia.

Etter 40 dagar kjem dei til ei bratt øy og går i land i ei hole. Det kjem ein hund, og den fylgjer dei etter. Dei kjem då til eit hus som er fullt utstyrt, men folketomt. Ein munk vert besett av djevelen og stel eit sylvbeksel; men Brendan oppdagar det og manar djevelen ut or han, så han døyr i anger. Det var den fyrste av dei tri sist medkomne munkane. Då dei skal til å gå ombord att, kjem det ein mann som bur der på øya og tilbyr dei mat, og dei takkar ja.

No siglar dei i ymse leier og kjem til ei onnor øy med store, kvite sauer og mykje fisk i åene. Der er dei vinteren over. I påskeveka kjem ein mann og gjev dei brød og annan mat. Påskedag vitjar dei ein holme i nærleiken, aud og snau. Dei gjer opp eld, men bratt rører grunnen seg under føtene deira, og dei tek til beins og kjem seg i currach-en. Holmen driv bort, og Brendan forklarar at dei har vore på ryggen åt kvalen Jasconius.

Dei dreg attende til Saue-øya. I tri dagar siglar dei langsmed kysten av henne, og då ser dei ei onnor øy med gras og skog og fullt av blomar. Elles er det fullt av kvite fuglar der. Det vert til at dei landar der. Ein av dei kvite fuglane talar til Brendan og fortel at dei er eit slag ånder i ei mellomstilling mellom englar og djevar. Brendan får vita av fuglen at no har dei vore på reise i eitt år. Dei gjev seg til der på øya til pinse.

Så tumlar dei ikring på havet i tri fulle månader. Sist på ser dei ei øy, men vinden gjer at dei driv av, så det tek 40 dagar før dei kan gå i land. Dei finn to kjelder, ei klår og ei grumsut. Ein gamal kvithard mann kjem og fører dei til eit kloster der det bur 24 irske munkar; dei hadde vore der i 80 år, og maten fekk dei på underfullt vis. Der på øya helgar dei jol.

Di nest kjem dei til ei grøderik øy med ei å som kjem frå ei olle, men vatnet der er giftig. Så siglar dei vidare; etter tri dagar kjem dei inn i eit hav av ein tjukk, levra masse. Dei kjem seg med møde ut att av den, og endar på nytt lag på Saue-øya. Mannen der fortel dei korleis dei no må vidare, og sameleis den talande fuglen på Fugle-øya: dei må vitja same stadene same dagen kvart år; kvalen Jasconius vil koma til dei serskilt.

No siglar dei vestover i 40 dagar og kjem i basketak med ein framand kval; men heldigvis kjem det eit anna sjø-uhyre til og gjer ende på denne kvalen. Uvêr held dei no fast på ei øy i tri månader.

Vidare går ferda til ei øy der folket er av tri stender: gutar, unge menn og gamle. Øya er uvanleg flat og utan eit tre men full av kvite og lilla blommar. Tri songkor av dei tri stendene syng hymnar for dei; gutane var kledde i kvitt, dei unge mennene i fiolett, og dei gamle i purpur. Dei får noko frukt kalla scaltæ; dei er overhendig store, så det vert eit pund saft av kvar. Ein av dei tri sist medkomne munkane vert att der. Så siglar dei vidare. Endå om Brendan no rasjonerer ut scaltæ-safta, vert dei lens etter tolv dagar, og di nest må dei fasta i tri. Då kjem det ein kjempefugl og slepper ned ei grein med druveklasar; druvene var raude, og kvar så stor som eit eple. Det er nok til fire dagar, så fastar dei i tri, og så kjem dei til endå ei øy med berre slike druve-tre tett i tett. Det ligg ein søt ange av granat-eple over den øya. Ein stad ollar det fram seks kjelder, og graset er irr-grønt; der lagrar dei seg i førti dagar. Dei fer då vidare, og held på å verta tekne av ein kjempefugl; men dei bergar seg; for Brendan bed Herren om hjelp, og då kjem det straks ein annan fugl send og klorar ut augo på den som gjer åtak på dei.

No helgar dei jol att hjå dei irske munkane og siglar sidan ikring på havet i langsamlege tider. Ein gong, då dei helgar St. Peter, ser dei at sjøen er strålende klår så dei kan sjå til botnar; dei ser store fiskestimar som liknar saueflokkar. No syng Brendan messa høgare, og fiskane kjem opp og lyder på. I åtte dagar siglar dei no over dette krystallklåre havet.

Ein dag kjem dei til ein krystallsøyle som står opp av sjøen. Det heng ein sylv-baldakin ned frå den. Dei ror inn gjennom eit óp, og mæler omkrinsen på søylen, og det tek fire dagar.

No kjem dei til ei snau og steinut øy der det er nokre rise-smedar, som kastar gloande slagge etter munkane; men dei greier å ro unna og bergar seg. Øya tykkjast gløda og vatnet syda, og stinkande røyk spreier seg over havet milevidt ikring.

Ein annan dag stig det ei øy or havet; ho er høg, og det ligg skodd ikring, og røyk veltar ut or toppen. Sistemann av dei tri sist medkomne munkane kastar seg i land og skrik at utvingande krefter dreg han, demonar grip han og fører han bort. Såleis er det no att berre dei 14 munkane som Brendan sjølv hadde valt ut til å vera med på ferda. Ein frisk bær fører dei no snøgt derifrå att.

Ei veke seinare ser dei ei sky med manns-skapnad, som driv hit og dit kring eit berg. Is og høge bylgjer omgjev denne øya. Brendan forklarar for munkane at dette er Judas; han har fri frå helvete kvar sundag; og Brendan bed no Herren om at sundagen må lengjast litt for Judas.

Førti dagar før påske kjem dei til ein bratt

holme som er sirkelrund og heilt snau. Det var vandt å landa der, men Brendan finn utveg og går i land. Dei går opp på toppen. Der bur einebuen Paul. Den heilage Patrick har synt seg for han dagen etter dødsdagen sin og bede han stiga i ein båt som ville føra han til ein stad der han skulle venta på dauden. Det hadde han då gjort i 90 år, i 60 av dei utan mat; dei 30 fyrste åra kom maten til han på underfullt vis. Han kan fortelja Brendan at no har dei vore på ferda si i seks år, og neste år vil dei koma fram til målet: Terra repromissionis sanctorum.

No or dei atter innom saue-øya og på kvalryggen og på fugleparadis-øya.

Så set dei segl att og fer i førti dagar; til sist kjem dei inn i ei tett sky eller tåkebanke, og når dei endeleg kjem ut or den att, får dei skoda Det lova landet.

Det er varmt og grøderikt, lauga i endelaus haustsol, som ikkje er for varm og ikkje for kald. Dei går i land og dreg innover i landet i førti dagar, men dei kjem aldri så langt at dei får sjå havet på hi sida og såleis slege fast at det er ei øy, dette. Sist på kjem dei til ei stor elv som renn innover i landet. Ho er for brei og djup til å koma over. Brendan seier til munkane at no kan dei ikkje koma vidare. Ein vakker ung mann kjem til dei og bed dei om å fara attende; for no har dei fått skoda Det lova landet. Sjølv har han fått bod av Kristus om å vandra i sju år for at han skal få sjå undera i det endelausa havet, men no er pilgrimsferda hans fullført. Det lova landet skal verta openberra for etterkomarane deira om mange år, når Gud har samla alle folk under seg, og då skal alle hans utvalde søle få skoda det.

Brendan og munkane vender no attende til stranda; dei tek avskil med den vakre unge mannen og siglar bort gjennom skya og over det endelausa havet. Til sist kjem dei velberga heim til Irland.

Det brotet me har av den norrøne omsetjinga, inneheld forteljinga om den fyrste øya, der ein av munkane stel beksalet, forteljinga om fyrste vitjinga på kvalryggen, og om vitjinga på fugleparadis-øya. Etter opplysningane i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder er det mest truleg at Brendanus-kult og hans Vita og Navigatio er komne til oss særfrå, og at ein såleis ikkje kan tala om eit beinveges berøringspunkt med irsk tradi-

gjennom verdsleg og kyrkjeleg kontakt med irane.

Samanhengen mellom Navigatio og Immram Maíle Duín er tydeleg bade med omsyn til motiv og komposisjon. Og så einiskilde detaljar syner likskapspunkt med immrama, det gjeld fyrst og fremst skildringa av Terra repromissionis sanctorum og den øya Bran gjesta og ei av dei som Mael Duín gjestar; og ein må her ha lov til å gå ut ifrå at Navigatio i så måte byggjer på ein etablert litterær tradisjon.

Det har vore hevda at Navigatio på grunn av si store utbreiing kan ha vore ein formidlar av den spesielle irske sjøferds-tradisjonen (jfr. Skelton o. fl., s. 205). Dette må vera ein hypotese som ikkje grunnar seg på faktiske omstende, men berre er ein generell teori om mogelege spreingsveggar for tradisjon. I Selmers oversyn over omsetjingar til folkemåla på kontinentet, går det tydeleg fram at omsetjingsfrekvensen utan samanlikning har vore høgast i Nederland og Lågtyskland, og at populariteten tykkjest ha hatt samband med hanseatane og byane deira. Ein måtte då kunna tru at om det no var så at desse motiva vart spreidde på den måten, ville det ha gjeve seg utslag slik at ein fann tradisjon, litterær eller folkeleg, i dei områda det gjeld. Det er ikkje nokon stad omtala slik tradisjon om overnaturlige øyar og om sjøferder dit innanfor det aktuelle området; jamvel eit så omfattande verk som Handwörterbuch des deutschen Aberglaubens inneheld ingen referansar til slik tradisjon, endå det går så grundig til verks og så langt attende i kjelderegistreringa som Procopius; det nemner

hans notis om at sjelene åt dei døde vart ferja over frå kysten av Bretagne, og at England såleis var oppfatta som ei dødsrike-øy.

Ser me immrama-litteraturen og Navigatio under eitt, og samanliknar dette tilfanget med det me veit om nyare tids tradisjon om overnaturlege øyar og sjøferder dit, ser me at utanom det reint tematiske er det snautt samsvaret på noko punkt. Øyane i immrama høyrer ikkje til denne verda med sine dimensjonar; hendingane går føre seg under ein annan dimensjon enn den me finn i segndikting og folketru: momentet av røyndom er borte. Immrama har så vidt eg kan sjå både kompositorisk og motivmessig snarare tilknytning til eventyra og annan fri fiksjon enn til segner og folketru. Immrama er ei eigenarta irsk utforming av ein serleg litterær genre: framstilling av tilhøve i ei onnor verd enn den røyndlege (t. d. gudeverda) i form av ei ferdaskildring, slik at eit menneske får oppleve undera i "the Otherworld" og kan koma att og fortelja menneska om det. I så måte står immrama visjonsdiktinga nær kompositorisk sétt, berre det at der er "the Otherworld" forankra i religionen, medan immrama etter alt å døma er like frie for mytologi og religion som folke-eventyra. Men genre-slektskapen med verk som Odysséen eller Soga om Sindbad farmann er vel endå meir påfallande enn med visjonsdiktinga.

9. Geografisk tradisjon i mellomalderen

På kart frå mellomalderen finst det i Vesthavet ei

mengd med øyar som ikkje samstavar med våre dagars kart. Sume namn på slike øyar går att ned gjennom tidene, endå posisjonen på karta kan ymsa over lag mykje. Viktigast av desse namna er Antilia og Brasil; dei kjem føre med mange avbrigde i skrivemåten og med ulike omrit og med skiftande plasseringar. Brasil festna seg ein stad vestanom Irland og kom ikkje bort frå karta før i 1860-åra. Dette namnet har me funne i tradisjonen òg; av di namnet så vidt eg kan sjå aldri kjem føre i nokor genuin irsk form, kan det vel godt tenkjast at dette namnet skriv seg nett frå karta og at sjøfolk som har høyrte om denne underlege øya, har trive til Brasil på sine kart.

Øyar av dette slaget kallar ein på portugisisk for Ilhas Perdidas; ¹⁾ mellom dei reknar ein òg Sjubyarøya (Ilha das Sete Cidades), som det finst ei gamal litterær segn om: fyrst på 1400-talet kom det ein gamal sjøfarar til Lisboa; storm og uvêr hadde kasta han i land på ei ukjend øy der det budde kristne i sju byar. Dei var ætlingar etter folk som hadde flydd frå Spania då maurarane hertok landet. Då han drog bort frå øya, vart han atter driven bort i ein sterk storm og miste all farlei. ²⁾

Dette er så vidt eg kan skjønna ein tradisjon som sjølvsgatt hadde rike vilkår for å koma opp i den tida då dei store oppdagingane og jordomsiglingane gjekk føre seg; då må det ha spreidd seg rykte om mange land og øyar, og sume av dei har fest seg på karta òg. Då er

1) Grande Enciclopédia Portuguesa e Brasileira, Lisboa e Rio de Janeiro 1940

2) S. Baring-Gould: Curious Myths of the Middle Ages. London/Oxford/Cambridge 1869, s. 542.

det sidan vel helst ein reint kartografisk tradisjon; dei ulokaliserte øyane går att frå kart til kart, og dei kverv etter kvart som geografisk kunnskap aukar gjennom oppdagingsferder. Eg ser ingen grunn til å rekna denne geografiske tradisjonen med under tradisjonen om "Dei lukkelege øyane".

10. "Dei lukkelege øyane" i gamletida og mellomalderen

Motivet "Dei lukkelege øyane" i klassisk og mellomalderleg litteratur er så vidt eg kan sjå ikkje inngåande behandla i dei siste halvthundre år. Richard Hennig: Von rätselhaften Ländern. Versunkene Stätten der Geschichte ¹⁾ er populær både i premisar og konklusjonar; grunnsynet i boka er nærmast "ingen røyk utan eld", og forfattaren freistar føra prov for at det attom kvart einaste fabelland ned gjennom tidene ligg røynelege geografiske tilhøve; denne provføringa får av og til nestan parodisk karakter, som når Hennig les setninga "kristnir menn ok komnir til vestan um haf" slik at landnåmsmennene kom frå Amerika! (s. 218).

Kapitlet Sagn- og fabellande i boka Fabeldyr og sagnfolk av Bengt Holbek og Iørn Piø ser ut til i stor mon å byggja på framstillinga i Fridtjof Nansens bok Nord i tåkeheimen, kap. IX: "Vinland det gode, de Lykkelige Øer, og Amerikas opdagelse", frå 1911. Dette gjeld

1) München 1925

2) København 1967, s. 229-54

ikkje berre dei faktiske opplysningane, men òg i ein viss mon konklusjonane.

Parallellar mellom det aller eldste sjiktet av lukkelands-førestellingar og liknande førestellingar hjå semittiske folk i dei aller eldste tider, finn me i Fritz Hommel: Die Insel der Seligen in Mythos und Sage der Vorzeit. ¹⁾

Bortsett frå Hommel er ingen av desse forfattarane klassiske filologar, og dei har lote byggja på omsetjingar og andrehands opplysningar for ein stor del. Desse veilene kan ikkje rettast opp her.

Plassen tillèt ikkje at me går igjennom alle dei belegg som er registrerte for Insulæ fortunatæ og skylde motiv. Me lyt difor nøya oss med å karakterisera førestellingane i stutte drag, og sjå dei i den konteksten dei opptrer i. Eg vil her behandla dei i tilslutnad til bolken Øer i Atlanterhavet (s. 243-52) under kapitlet Sagn- og fabellande i Holbek og Piø bok.

Dei elyséiske markene, slik dei er skildra av Homer i Odysseén IV, 561-68, er truleg utgangspunktet for dei klassiske førestellingane om μακαρῶν νῆσοι. Dei elyséiske markene er ein tilhaldsstad for avlidne som ikkje har lide dauden; der fører dei eit lukkeleg tilvere. Opphavleg skulle Elysion liggja ved verdsens ytste grenser; - sambandet med "Dei lukkelege øyane"

1) Vortrag gehalten in der Geographischen Gesellschaft zu Frankfurt a/M. 7. Dezember 1898. München 1901 (serprent).

opptrer fyrste gong hjå Hesiod, som levde ikring 700 f. Kr., i lærediktet Verk og dagar, 167-73, i og med at denne nemninga der fyrste gongen er nytta om Elysion. Omtala som "Dei lukkelege øyane" er Elysion også hjå lyrikaren Pindar (518-446 f. Kr.) i Olympiske sigersongar II, 68-77, og i Threnoi nr. 1. ¹⁾

Vidare er sùme av dei øyane Odyssevs vitjar ofte sette i samband med den same førestellingskrinsen: Ogygia (V, 70), Scheria (VII, 79ff), Syria (XV, 402) og fleire. Hesperidane sin hage med dei gylne livgjevande epla er òg sett inn i same samanhengen.

Tvillauust møter ein her førestellingar om øyar i den forstand at alle desse vert oppfatta som avgrensa område i heimens utkant, omgjevne av Okeanos på alle kantar— som alle heimens land òg er det. Men dermed får det mytiske greske omgrepet ein annan dimensjon enn vårt omgrep øy; og sambandet med overnaturlege øyar slik me kjenner dei i nyare tids tradisjon vert såleis sers problematisk, av di sjølv referanserama for oppfatninga og tolkinga av verda ikkje utan vidare kan samanliknast. Overnaturlege er desse klassiske øyane for oss av di dei ikkje svarar til lokalitetar i geografien slik me kjenner han. Har eg skjøna Okeanos-omgrepet rett, inneber det at alt land er omstrøyma av det, og såleis må eigenleg alt land òg vera øyar i Okeanos. Det er såleis vanskeleg å skjøna

1) Hommel, op. cit. s. 10f.

at dei to dimensjonane: naturleg - overnaturleg, eksisterer i dei kontekstane som dei klassiske lukkelandsførestellingane opptrer i. Den greske mytologien avspeglar vel ein annan dimensjon enn det røynelege jordelivet i det gamle Hellas. For meg tykkjest det like vel slik at dei litterære kjeldene ikkje gjer denne skilnaden mellom dimensjonane.

Vidare må ein stella seg skeptisk til at einskilde øyar i Odysseén vert tekne ut or denne konteksten og tédde fram som døme på klassiske førestellingar om overnaturlege øyar i vår meining av ordet, slik at Odysseén vert rubrisert som "forteljing om sjøferd til overnaturlege øyar". Det må vera heilt klårt at me har med eit litterært verk, med dikting, å gjera, og at dette verket nyttar både motivet ferd og motivet øy som stilistiske og framfor alt kompositoriske verkemiddel. Øyane og ferda er såleis den ytre strukturen om innhaldet, og Odysseén må ein vel nærmast sjå på som den fremste representant frå alle tider for denne genren. Den arabiske forteljinga om Sindbad farmann ¹⁾ er òg utforma ikring ein slik ferda-struktur; Sindbad òg kjem til øyar som etter skildringa er alt anna enn naturlege; men her òg inngår dei som forteljetekniske verkemiddel til å skilja mellom episodar og framfor alt til å dana ei råme for hendingane. Forteljinga om Sindbad farmann er eit eventyr — det er fri fiksjon over tradisjonelle kompositoriske mønster — og eit grunndrag i all eventyrdikting er det

1) omsett av Alexander Seippel: Soga um Sindbad Farmann. Austerlendske bokverk 2, 2. utg., Oslo 1929.

at helten legg ut på ei ferd. I samband med dette tradisjonelle kompositoriske mønsteret står så vidt eg kan skjønna òg den irske immrama-litteraturen. Med "samband" meiner eg her parallellitet, og ikkje genetisk samanheng.

Ein litterær genre av eit anna slag møter me i den namngjetne skildringa av Atlantis hjå Platon (i Timaios XXIV-XXV og Kritias CXIV-CXVIII). Det har stått stor strid om grunnlaget for Atlantis-skildringa og eventuelle realitetar som kan tenkjast liggja til grunn. Platons Atlantis har vorte til eit omgrep som noko kritikkløust har vorte overført på all tradisjon om overnaturlege øyar. Personleg ser eg det slik at dei teoriane som går ut på at Atlantis-fabelen er ein av dei fyrste utopiar i litteraturen, har mest for seg. Atlantis-skildringa syner ein ideal-stat; folket der er eit ideal-folk, landet òg er ideelt. At Platon fjerner dette landet i tid og rom, inneber vel ikkje anna enn eit litterært teknisk grep til å skapa den fiksjonen som trengst. Skildringa av det ideale landet er så vidt eg kan skjønna ikkje ei hovudsak; det høyrer naturleg inn i skildringa av idealstaten og idealfolket. Bengt Holbek samanliknar denne teknikken med moderne science-fiction-dikting (s. 244). Den samanlikninga er langt ifrå noko heilagbrot. Når så mange forfattarar ned gjennom tidene har parallellisert Atlantis-fabelen med førestellingar om overnaturlege øyar, må dette koma av tri ting: 1) Atlantis er skildra som eit stort land, eit kontinent, og naturleg nok ei øy etter det greske verdsbiletet. 2) Det inngår i ei

utopisk skildring at sjølve landet vert framstelt som ypparleg. 3) Dette kontinentet lét Platon søkkja i havet då folket forfall i seder og gjorde seg skuld i ovmod. Dei to siste draga har ein sétt på isolerte frå konteksten, og stelt dei saman med isolerte drag i øy-tradisjonen. Serleg gjeld dette seinare skildringar av Insulæ Fortunatae. Når denne parallelliseringa har ført til teoriar om at Platon er opphavsmann til seinare tids folketradisjon, har dette samanheng med at ein ikkje har skilt mellom folkedikting og kunstdikting, men òg av di ein ikkje har røkt nærare etter korleis vilkåra røyndleg ligg til rettes for at Platons verk skulle gå over i folketradisjonen som "gesunkenes Kulturgut." Ein har sétt på Platons verk som om det skulle vera folkedikting eller utforming av ein folketradisjon, og ikkje som ein medvite komponert utopi av ein stor forfattar og tenkjar. Etter mi meining røper det skortande sans for dimensjonar når ein forfattar som Platon vert stelt på line med dei notisredigerande avskrivarane av nokre forfattarar i mellomalderen.

Hjå seinare forfattarar - frå 1. h.å. f. Kr. og fram til 1300-talet vert Insulæ fortunatae-omgrepet meir konkretisert, slik at ein med større rett kan tala om øyar i vår forstand.

Samstundes finn ein stendig meir konkrete førestellingar om kvar i havet desse øyane låg.

Frå den vage formuleringa "langt ute i havet" hjå Sallust (86-35 f. Kr.) i C. Sallusti Crispi Historiarum

Reliquiæ, fragment 102,¹⁾ går vegen om formuleringar som "beint imot Afrika midt i Atlanten" hjå Diodor (1. h. å. f. Kr.) og det uspesifiserte i dei blømande ordelaga hjå Horats (Epodes XVI 39ff), "vestanfor Afrika, rett imot den venstre sida av Mauritania" hjå Plinius (23-79 e. Kr.) og hjå Isidor (560-636) i Etymologiarum XIV, 6, 8, - til me endar ved Balearane hjå Honorius Augustodunensis i De image mundi I, 36, frå ikring 1125. Hjå honom er parallellføringa med Platon komplett, og me skal sitera hans notis etter Nansens omsetjing (s. 284):

Ved siden av dem (ligger) Hesperiderne, så kaldt av byen Hesperia. Der er overflod på sauer med hvit uld, som er ypperlig til at purpurfarve. Derfor sier sagnet at disse øer har gyldne epler (mala). M i c l o n (feil for malon) betyr nemlig sau på græsk. Til disse øer hørte den store ø som efter Plato's fortælling er sunket med sin befolkning, og som overgik Afrika og Europa i utstrækning, der hvor nu det størknede hav (Concretum Mare) er ... Det ligger også i Oceanet en ø som kaldes den Tapte (Perdita); i ynde og frugtbarhed på alt overgår den langt alle andre land, men er ukjendt av menneskene. En enkelt gang kan den findes ved et tilfælde; men leter en efter den, lar den sig ikke finde, og derfor heter den "den Tapte". Denne ø sier folk det var Brandanus kom til. 2)

Nansen seier her i ein merknad at denne overraskande etymologiske forklåringa av segnøyane Hesperidane må byggja på ei samanblanding med Saue-øya i Navigatio og med det Plinius fortel i Nat. hist. VI, 36 om purpurøyane ved Afrika nær Hesperidane sin hage, som kong Juba

1) Tilvisingane til verk byggjer her på dei nemnde verka av Nansen, Hommel og Hennig.

2) op. cit. s. 283f.

skulle ha oppdaga. Så veldig overraskande er vel dette i grunnen ikkje; så vidt eg kan sjå, må det vera det same som heile tida har skjedd: forfattarane har lånt or det som kom i deira veg og har tolka stoffet kvar på sin måte, og underlege etymologiar er snarare normalt enn underleg og overraskande.

I sjølve skildringa av Insulæ Fortunatæ er det liten variasjon over dette lange tidsromet. Dei grunndraga som går att, er mildt og godt vêrlag, stor grøderikdom, som til vanleg er eksemplifisert ved serleg verdifull grøde: kornåkrar, vindruver og annan frukt. Elles må ein understrekja at det berre er i dei aller eldste kjeldene, der sambandet med Elysion er til stades, at ein finn det draget at "Dei lukkelege øyane" er tilhaldsstad for sjelene åt dei avlidne.

Isolert frå "Dei lukkelege øyane" står ei opplysning om øya Delos i Ægearhavet hjå Kallimarkhos. 1) Namnet Delos er sett i samband med eit verb δηλόω: verta synleg. Det er fortalt at i opphavet flaut Delos i havet, snart fann dei øya og snart ikkje; til sist vart ho sett fast mellom Kykladane, då Letos fødte Apollon og Artemis der. Her er det drag som utan vidare kunne parallelliserast med nyare tids tradisjon om oppedaging av overnaturlige øyar.

Oppsummering

I Holbek og Piø bok vert det i samband med Atlantis-fabelen hjå Platon sagt:

1) Nansen op. cit. s. 283f, Holbek og Piø op. cit. s. 245f

Imidlertid svarer Atlantis-sagnet punkt for punkt til vesteuropæiske sagn om øerne i det yderste Vesten, og alt tyder på, at der er tale om en ubrutt tradition fra Platons tid indtil vor egen. Også de Elyseiske Marker, som Homer og Hesiod henlægger til de samme egne, må høre til denne tradition. (s. 244).

Vidare steller forfattarane opp som Salighedsøernes fel-lestræk (s. 244-46):

1. Øerne tilhører de døde.
2. Øerne er utilgjengelige.
3. Øerne er vidunderlige.

Under gjennomgåinga av denne klassiske tradisjonen og seinare irsk og nordisk tradisjon har me sett at grunn-omgrepet øy ikkje opptre i same dimensjonen innanfor alt det tradisjonsmaterialet som Holbek og Piø samansteller. Me har peika på den kompositorisk-funksjonelle samanhen-gen motivet øy opptre i innanfor sjøferd-genren, når det gjeld det austerlendiske eventyret om Sindbad farmann, den klassisk-greske mytologiske ferdaskildringa i Odysseén, og i den irske immrama-genren med den katolsk-kristne ut-lauparen Navigatio Sancti Brendani. Me har vidare påpeika den litterære genresamanhengen for Atlantis-utopien hjå Platon. Eit udifferensiert omgrep øy er det såleis ikkje forsvarleg å operera med som innhaldskriterium på eit tradisjonskompleks om overnaturlege øyar. I tillegg til dette har me nemnt spørsmålet om kva grunnlag dei antik-ke forfattarane byggjer på; dette vil verta meir inngå-ande behandla i fylgjande kapittel.

Når det gjeld dei sams draga som Holbek og Piø stel-ler opp, er det fleire grunnar til å reservera seg:

1. Det fyrste draget, at øyane høyrer til dei døde, kjem klårt fram berre hjå Homer og Hesiod; men her må det for det fyrste gjerast den innvendinga at øy hjå Homer må sjåast i Odysseéns kontekst, at Dei elyséiske markene der ikkje er framstelte som nokor øy, og at ein hjå Hesiod for fyrste gong i den klassiske litteraturen finn at Dei elyséiske markene er kalla "Dei lukkelege øyane". I skildringane av Insulæ Fortunatæ fram til sein-mellomalderen går det ikkje fram at ein føresteller seg dei som noko dødsrike; men einskilde forfattarar nemner at "heidningane" førestelte seg paradiset der. Belegg for dødsrikeførestellingar i dei irske immrama kan det kanskje vera, men eg tykkjer grunnlaget er sers veikt; i immrama sjelve står det ikkje noko om at dei som bur i Ungdomens land eller Landet åt dei levande har butt i Eire før. Heller dkkje er det grunnlag for å sjå på imm-rama som ein gamalirsk, førkristen mytologi, slik sume granskarar ved hundreårsskiftet gjorde; i den tida såg dei mytologi i alt, i eventyra òg. Me har tidlegare ved eit par høve nemnt samanblandinga mellom huldreheimen og dei avlidne i irsk tradisjon; men ut ifrå Ó Súille-abháin bør me vel kunna seia nokolunde trygt at dette er sekundært. Noko beinveges prov for ei dødsrikefø-re-stilling har me vel heller ikkje i den skotske fortel-jinga om Angus som vitja Oilean na hoige og trefte Fian-na-kjempene der; for dei kjempene tilhøyrer ein annan dimensjon enn menneska. Holbek og Piø nemner òg Avalloh i kymrisk tradisjon, dit Arthur vart førd for å døy; men

no er det langt ifrå eintydige vitnemål om at Avallon var ei øy; og mange granskarar hevdar at Avallon er utpyrdd og skildra som ei insula fortunata av dei latin-skrivande forfattarane i mellomalderen, som er våre kjelder til kjennskap til denne tradisjonen. Ei samanstilling av eple-motivet i samband med Hesperid-hagen og Avallon er fårleg: det er ein heller tvilsam etymologi som er opphav til eple-motivet i samband med Avallon. Frå nordisk tradisjon er det som før nemnt ingen haldepunkt for dødsrikeførestellingar anten i samband med øy-tradisjonen isolert eller i samband med den huldrefolk-tradisjonen som desse motiva er tilknytte. Det er såleis etter mi meining å pressa materialet utillateleg når ein fyrst steller opp ein analogi-likskap på grunnlag av eit udrefta innhaldskriterium øy, dinest finn dødsrikeførestellingar i samband med nokre slike "øyar", og så pressar dødsriket på resten:

Disse mange sagn, fra Kalypsos ø og Elysiion hos Homer til Utrøst og den sunkne herregård i nutidens folketradition, bliver kun fuldt forståelige, om man ser dem som grene af samme store dødsrigetradition. De døde oppfattes snart som salige, snart som særlig begunstigede, men trods alt dødelige mennesker, snart som overnaturlige væsener. (s. 245).

2. Det andre samlande draget, "øerne er utilgjengelige" kan ein betre godtaka utan reservasjonar ut over dei ålmenne om sjølvø-omgrepet. Det er dette draget som gjer øyane overnaturlige, og "utilgjengelig" kunne ein då ynkja nærmare presisert: folk kan ikkje koma dit av eigen vilje, av di øyane til vanleg er løynde for

menneskeaugo og berre gong og annan syner seg. Men på den andre sida er det òg eit samlande drag i tradisjonen frå alle land og alle tider at det anten fortelst om folk som fekk vitja øya, eller korleis det bar til at øya vart tilgjengeleg.

I skildringane av Insula Fortunata frå kristen tid er det ikkje sagt eksplisitt at desse øyane er supranormale og såleis utilgjengelege for folk; skildringane skill seg i røynda lite frå skildringa av faktiske øyar, og namnet vert ofte det einaste identifiseringskriterium. Det kan vera ein viss grunn til å setja omtalen av dei i dei nokre yngre kjeldene i samband med røynelege tidender om Kanariøyane, Madeira og andre Atlanterhavseyar.

3. Det tridje samlande draget er at øyane er vedunderlege, og det treng då den presiseringa at dei er umåteleg fagre, skogvaksne, grøne og grasgrodde, og at det veks kostesame frukter og tre, korn og blommar, at det er elvar med klårt vatn og fulle av fisk, at vêrlaget er mildt og helsesamt. Like blømande er ikkje alle skildringane, men dette er kan henda det mest konstante draget gjennom heile dette tradisjonskomplekset; i den norske tradisjonen er målestaven meir smålåten, men tendensen er den same. Denne tydinga legg eg då òg i det ordet eg har valt å bruka: Dei lukkelege øyane; då unngår ein assosiasjonen med sæle i det hinsidige.

Såleis ser me at den norske tradisjonen har nære parallellar i andre land og til andre tider, men at parallelliteten ikkje er så sterk for visse grupper når ein ser på motivet i den samanhengen det kjem føre i.

VI.

TRADISJON OG TRADERING

1. Traderingsomgrepet

På bakgrunn av eit tradisjonsmateriale som det me no har gjennomgått, som kjem frå eit stort område og eit langt tidsrom, vert det klårt at Iørn Pjøs definisjon av tradisjon ikkje strekkjer til: "en bestemt tradition (...)" simpelt hen er summen af alle de optegnelser af traditionen, man kender - og ikke kender" (jfr. s. 89).


Ein slik definisjon kjennest som naudsynleg for å få klårgjort tilhøvet mellom materiale og tradisjon; men han seier ingen ting om samanhengen mellom registreringane av tradisjonen, og ingen ting om tradisjonens serhått.

Ålment nyttar ein ordet tradisjon om kulturelement som går i arv frå generasjon til generasjon. Innanfor folkeminnevitskapen er det vanleg å nytta ordet om visse ikkje-materielle kulturelement, t. d. folkedikting, trudom og trudomsførestellingar, skikkar og faste handlingsmønster, som går i arv ved munnleg overlevering, uavhengig av skriftfesting. I nordiske språk er det vanleg å bruka ordet tradering om overleveringsprosessen; men det er ein viss tendens til samanblanding av "tradisjon" og "tradering" av di visse européiske kulturspråk nyttar ordet "tradition" om bae delar. Såleis er tradering ein

føresetnad for at eit kulturelement skal kunna reknast som tradisjon.

Ein veit til vanleg lite og ingen ting om den konkrete traderingsprosessen som ein viss tradisjon har gjennomgått før han vert oppskriven. Ein veit vanlegvis heller ikkje noko om den traderingsprosessen som går vidare etter det tidspunktet då ein gjorde oppskrifta, eller om traderinga i det heile går vidare. Tradisjonsberarane sjølve veit det vanlegvis heller ikkje, anna enn at dei i sùme høve kan seia kvar og av kven dei har høyrte det dei fortel. Tradisjonen eksisterer såleis berre i denne strau- men av tradering; tek traderinga slutt, dør tradisjonen. Traderingsprosessen må ein såleis meir eller mindre teoretisk rekonstruera på grunnlag av dei oppskriftene ein har av tradisjonen. Di færre oppskrifter ein har, og di større fråstand i tid og rom det er mellom oppskriftene, di mindre pålitande vert rekonstruksjonen.

Me har gått igjennom eit mangslunge materiale frå eit stort område og eit langt tidsrom; visse motiv er sams i dette materialet. No spørst det då om desse registreringane av eit visst motiv gjev oss rett til å tala om ein tradisjon som "summen af alle de optegnelser man kender". Skal det vera ein tradisjon, må det vera ein traderingssamanheng mellom registreringane. Grafisk kunne me framstella dette slik:



Registrering av eit visst motiv over eit større område og over eit langt tidsrom, slik som i figuren til venstre, inneber ikkje utan vidare at me har med nokon tradisjon å gjera; fyrst når det kan ettervisast ein tradisjonssamheng på grunnlag av tradering, til dømes etter eit mønster som det som er antyda i figuren til høgre, har ein rett til å tala om ein tradisjon. Difor er det naudsynleg å røkja etter om vilkåra har lege slik til rettes at ei tradering har kunna gå føre seg.

Traderinga går føre seg over både tid og rom: ifrå generasjon til generasjon innanfor små samfunnseiningar som familien eller lokalsamfunnet, og ved overlevering frå mann til mann kan tradisjonen kryssa grensene for lokalsamfunn og større samfunnseiningar, t. d. språksamfunn. Overleveringa skjer innanfor baa dimensjonane på same måten: noko vert fortalt, og sume av dei som høyrer på, minnest det og fortel det vidare.

I grunnen treng ein då ikkje omgrepet diffusjon: overføring av kulturelement frå eit samfunn til eit anna. Ein må ikkje missa or synom det faktum at det ikkje er ein totalitet, eit samfunn, ein bondealmuge som held tradisjonen ved lag, men at tradisjonen lever i aktualiseringar hjå individuelle aktive tradisjonsberarar som kan utgjera ein brøkdel av folket innanfor eit samfunn - alt etter kva krav til kunstnarleg givnad og minne vedkomande tradisjonselement set. Traderinga er avhengig av eit større kollektiv som aksepterer tradisjonen: er viljuge til og interesserte i å lyda på ei framføring. Berre ein brøkdel av desse åhøyrarane vert vanlegvis i sin tur ak-

tive tradisjonsberarar. 1) Tilhøyrarkrinsen kan ymsa mykje i storleik. Det kan verta problematisk å fastslå dei einingane som diffusjonen skulle gå føre seg mellom; eg vil difor avstå frå å nytta ålmenne diffusjonsteoriar i vurderinga av ein eventuell genetisk samheng mellom den norske tradisjonen om overnaturlege øyar og tilsvarande tradisjon i andre land og til andre tider, men rekna ei eventuell overføring frå område til område som resultat av tradering i vanleg forstand.

Vidare bør det leggjast til at kravet om at overleveringa eller traderinga skal vera uavhengig av skriftfesting for at me skal ha med ein folketradisjon å gjera, i motsetnad til t. d. ein litterær tradisjon, gjeld sjelve mekanikken i prosessen. Det utelukkar på ingen måte at eit skriftfest kulturelement kan takast opp i tradisjonen og færast vidare der, eller at ein reint litterær tradisjon kan gå over i folketradisjonen, eller at ei skriftfesting kan vera ein led i tradisjonsprosessen og verka avgjerande inn på den vidare traderinga; det finst døme på at så har skjedd i mange tilfelle.

2. Opphav og spreiding: problemstillingar

Det er eit mål for denne studien å røkja nærare etter om opphavet til den norske tradisjonen om overnaturlege øyar ligg i ein ubrotten tradisjon frå Homer og Platon og fram til i dag. Med andre ord: utgjer dei registreringane av motivet overnaturlege øyar me har gjort, ein

1) jfr. C. W. von Sydow, On the Spread of Tradition, Selected Papers, s. 12ff


tradisjon, eller er det berre slik at me har eit visst motiv som over tid og rom opptrer i ulike kontekstar utan innbyrdes samanheng?

Ei slik granskning er i alle høve av teoretisk karakter, av di ein ikkje har påvislege fakta å stø seg til, og svaret kan difor ikkje verta eintydig, men snarare ei gradering av kor sannsynleg ein traderingssamanheng er. Verdien av ein slik etterrøknad ligg kanskje ikkje fyrst og fremst i dei resultat ein kjem fram til; men i det innsynet ein på den måten får i tradisjonen sine livs- og vokstervilkår.

Når ein som her finn visse tradisjonselement hjå ymse folk og til ymse tider, kan ein teoretisk tenkja seg i hovudsak to grunnar til likskapen: 1) Det er ein traderingssamanheng mellom dei tradisjonselementa ein har belegg for, eller 2) Ein har å gjera med polygenese, dvs. at dei same eller svært like tradisjonselement har oppstade på ulike stader og til ulike tider og vorte traderte uavhengig av kvarandre, og likskapen kjem at dei ytre vilkåra likjest mykje.


Dersom ein tenkjer seg ein traderingssamanheng, kan denne vera av ulike slag:

a). Tradisjonen slik me kjenner han frå ulike land og ulike tider er resultatet av ein beinveges og ubroten traderingsprosess frå eit sams opphav som ligg lengre attende i tida enn det me har skriftlege belegg for, ein sams, eldgamal kulturarv som er eigedommen åt ei stor folkeøtt eller ei "ålmenn-menneskeleg" elementærførestelling på eit visst kulturtrinn. Ein slik traderingssamanheng kunne ein grafisk framstella slik:



Den ulike lengda på "traderingsstrekene" markerer då at traderinga har opphøyrt til ulik tid, slik at ein på eit visst tidspunkt berre kan registrera tradisjonen som opphavleg var sams for alle innanfor eit mindre område. Denne modellen har lita praktisk interesse, av di han har som føresetnad at traderinga går føre seg lineært innanfor kvart tradisjonssamfunn, utan t. d. folkeflytnad, eller overføring ved kontakt.

b) Eit kulturelement som har sitt opphav i ei tid som ligg lengre attende enn me har belegg for, har vorte tradert til ulike tradisjonssamfunn gjennom sams leikar i traderingsprosessen, slik at traderinga har gått på tvert av lande- og språkgrenser, og slik at ein kan føra tradisjonen attende til eit visst sams utgangspunkt:



Dette sams utgangspunktet kan då òg ha sitt opphav i ei individuell skaparakt. Denne traderingsmodellen er det vanleg å kalla vandring eller spreiing. Tidlegare teoriar om

spreiing etter ein modell som nærmast kunne liknast med ringar i vatn, vart avlagde då ein tok til å studera i detalj korleis utbreiinga av visse tradisjonselement er.

Som ein ser, er ikkje desse modellane reine motstykker til einannan, i og med at ein viss opphavsteori er innbygd i den fyrste. Men ein må òg tenkja seg talrike avbrigde av og kombinasjonar av desse to hovudmodellane.

Såleis må me no prøva materialet mot ulike opphavsg og vandringsteoriar. Me må freista å studera vilkåra for tradering ut ifrå den tanken at likskap mellom tradisjonselement kan ha sin grunn i eit sams opphav og ein traderingssamanheng, og så vega dei resultatata me då kjem til mot resultatata av den teorien at likskapen er tilfelleleg eller har sitt grunnlag i liknande ytre kår utan nokon traderingssamanheng.

3. "Dei lukkelege øyane" som arvegods

Det er nærmast denne overleveringsmodellen H. F. Feilberg nyttar i si avhandling Paradisminder og paradiskåb. Tankegangen der er at førestellingar om eit liv etter dauden i eit dødsrike er ein "Elementargedanke", ei ålmenn førestelling som har utvikla seg hjå dei fleste folk på eit visst kultursteg, og at den tradisjonen me finn i dag, er arvegods frå ei fjern fortid då den folkeætta me tilhøyrer, var på eit slikt kulturtrinn. Av ting som talar for denne teorien er m. a. det faktum at nett kombinasjonen av dødsrike og øyar har vore funne på mange stader: øy-motivet er nytta i Gilgamesj-eposet frå ikring

3000 f. Kr., og at ein finn liknande førestellingar som kanskje er endå eldre i gamalpersisk, indisk, kinesisk og japansk litteratur.

No har me tidlegare avvist den tanken at det skulle vera dødsrikeførestellingar å spora i det nord-européiske materialet. Å rekna det til ein stor og utbreidd dødsriketradisjon er etter mi meining ikkje berre å pressa stoffet, men å leggja parallellar på ymse plan til grunn: det uvanlege eller underlege og fagre vert stelt på line med ei førestelling om eit lukketilstand etter dauden ut ifrå visse framstillingar av dødsriket. Paradisførestellingar kan vera lagde til øyar, men det vanlegaste er likevel å lokalisera paradisk på andre stader; så øyomgrepet er ikkje sentralt i paradiskførestellingane samla.

Sjølve utbreiingsbiletet talar òg imot tanken om at førestellingane om "Dei lukkelege øyane" skulle vera eit beinveges tradert arvegods. Ein måtte vel nestan mellom anna venta å finna merke etter desse førestellingane i den norrøne litteraturen. Ei rimeleg forklåring på at slik tradisjon i nyaste tid serleg er kjend i Noreg og i nokre av dei keltisk-språklege områda i Vest-Europa finn ein heller ikkje, dessutan vantar det belegg frå andre område også frå tidlegare tider.

4. "Dei lukkelege øyane" som vandremotiv.

Det er etter utbreiingsbiletet av motivet overnaturlige øyar ikkje usannsynleg at me har å gjera med eit vandremotiv, dvs. eit motiv i førestelling og dikting som

har vore tradert gjennom lange tider og over store geografiske område. Men biletet er ikkje eintydig: i tid og rom er det store lakuner der me ikkje finn merke etter dette motivet.

Startar traderinga med Homer, Hesiod, Platon og dei andre klassiske forfattarane? Sùmme granskarar har hevda at alle element i folketradisjonen har sitt opphav i høgare kultursjikt, folkediktinga såleis i kunstdiktinga:

Zu glauben, daß aus der Gemeinschaft der Fortschritt komme, ist Romantik. Sie zieht herab oder ebnet mindestens ein. Volkstracht, Volksbuch, Volkslied, Volksschauspiel, Bauernmöbel usw. sind gesunkene Kulturgüter bis in die kleinsten Einzelheiten hinein, und sie sind es nur langsam, in fast zu errechnendem zeitlichem Abstand geworden. Mit anderen Worten: Volksgut wird in der Oberschicht gemacht. 1)

Godtek ein slike synsmåtar, er det klårt at ein gjerne kan taka ein viss forfattar eller eit visst skriftstykke og gjera det til ur-opphav for ein tradisjon, og såleis rekna med at skriftstykket åt dei klassiske forfattarane ikkje kan skriva seg frå ein attanforliggjande tradisjon, men at dei representerer sjølve skapinga i det høgare kultursjiktet.

Det krevst ikkje nokon tilslutnad til Naumanns teori om gesunkene Kulturgüter for å godtaka ein teori om at tradisjonen om overnaturlige øyar kan ha eit litterært opphav. Dei russiske folkloristane Pëtr Grigorevič Bogatyrev og Roman Jakobson 2) har synt korleis den mellom-

1) Hans Naumann: Grundzüge der deutschen Volkskunde, Leipzig 1922, s. 5; her sitert etter Hermann Bausinger: Formen der "Volks poesie", Berlin 1968, s. 41

2) Namna her i bibliotekarisk transkripsjon

alderlege litteraturtradisjonen kjem i ei mellomstode mellom litteratur og folklore på den måten at verka dei skreiv av, vart sédde på som "ein der Umbildung unterliegenes Material". 1) Mellomalderforfattarane tok sitt tilfang der dei fann det, sette motiva inn i nye kontekstar, omtolka dei eller jamna dei til etter det som dei tykte var det vanlegaste. Døme på dette har me t. d. når det gjeld attgjevingane av kymrisk Artur-tradisjon i ljøs av mellomalderfrestellingar om Insulæ Fortunatæ. Såleis kan det kanskje tenkjast at mellomalderforfattarane må oppfattast som ein lekk i traderingsprosessen dersom me har ein ubrotten tradisjon frå Platon til våre dagar. Vil-kåra for at det kan ha skjedd ei slik tradering på både munnleg og litterær veg må me då freista så godt som det lét seg gjera å drøfta.

5. Vandringsveggar I

Dei belegg me har for den litterære mellomaldertradisjonen om "Dei lukkelege øyane", syner at det er samband attover i tida, i og med at sùmme av dei faktisk nemner Platon. Me har dessutan nemnt likskapen i sjølve skildringa av Insulæ Fortunatæ og Dei elyséiske markene slik dei er skildra hjå Hesiod og Pindar. Hjå mellomalderforfattarane ser det ut til å vera støypt ihop element frå ulike hald: ikkje berre frå den klassiske litteraturen, men òg element frå samtidige eller tidlegare geografiske verk, både av latinsk, gresk og arabisk opphav, og det

1) Sjå Bausinger, op. cit. s. 51

er grunn til å rekna med at skildringane tek farge av ein aukande geografisk kjennskap. I mellomalderen ser ein òg at førestellingane om Insula Fortunata møtest med irsk og kymrisk tradisjon, og at forfattarar som Geoffrey av Monmouth og den anonyme "Psevdo-Gildas" låner element av denne tradisjonen til prydeleg fargelegging og uttyding av det kymriske Ynys yr Afallon.


Til dette tidspunktet er det greitt at det må vera tale om ein lang litterær tradisjon, og denne litterære tradisjonen har mange drag sams med folketradisjonen i den måten motiva "vandrar på", slik at resultatet av tradisjonen på litterær basis liknar på det biletet ein til vanleg får av folketradisjonen med sitt mangfelde av variantar og avbrigde, og det draget at visse motiv opptrer i stendig nye konstellasjonar. På same måten som i folketradisjonen kan ein òg sjå korleis motiva stendig får tilknytning til det lokale, det nære og det kjende. Ein kunne vera freista til å kalla desse prosessane ei "folklorisering" av litteraturen.

Ein vantande lekk i dette biletet av mellomaldertradisjonen er likevel, når me ser bort ifrå tolkingane av kymrisk helteediktning, eit eventuelt tilfløde av stoff og motiv frå folkelege førestellingar ubundne av skriftfestingar. Det er uråd å avgjera om det har eksistert ein slik tradisjon.

Denne litterære traderinga fram til mellomalderlitteraturen byd ikkje på nemnande problem i og med at dei boklærde var kunnige gjennom si for det meste kyrkje-

lege utdanning, i både gresk og latin; og gjennom utdanninga ved dei store européiske lærdomssæte må dei ha vore i kontakt med den eksisterande litteraturen, endå om bøker var relativt få og hadde relativt lita utbreiing; til tider finn ein òg tilvisingar i sjølve tekstene som tyder på det.

Så langt kunne ein skissera denne traderinga slik:



I denne framstillinga er det irske materialet: den rike gamal- og mellomirske litteraturen, halde utanfor. Dette ligg til dels lengre attende i tida enn høg- og sein-mellomalderen, endå om handskriftene for det meste er frå den tida.

Kva berøringspunkt er det så mellom gamalirsk diktning og den européiske mellomalderkulturen med røter i antikken? Er det noko traderingssamband mellom antikk litteratur og klassisk irsk litteratur? Me har påpeika den kompositoriske likskapen mellom dei irske immrama og Odysseen, og dette gjeld så vel genren som visse motiv.

Det kan godt tenkjast at dei er runne or same rot, og at denne genren er mykje eldre enn me kan fylgja han i skriftfestingar; men her kan ein ikkje koma vidare enn til speulasjonar. Annleis steller det seg med spørsmålet om me har med eit traderingstilhøve å gjera, og om Odysseén kan henda er ein beinveges modell for dei irske immrama. For at eit slikt traderingssamband skal vera mogeleg, er kontakt naudsynleg. Ein kan ikkje godt rekna med at immramalitteraturen slik me kjenner han er resultatet av frie kompilasjonar gjorde i mellomalderen, mot det talar både målform og metrum i dei.

Det er ei kjend sak at Irland alt før år 1000 hadde eit blømande litterært liv i klostra; denne verksemda tek til ikring 600-talet, då det var ei stor innvandring av keltar frå Gallia; då fylgde det òg med skrivkunnige menn, og sidan fekk det lærde miljøet avgjerande impulsar frå misjonærar som kom over frå England; desse lærde førde med seg ein klassisk kultur som då var i oppløysing på kontinentet, og dei tilhøyrer ein då endå ubrotten tradisjon av kommentering og tolking av klassiske skriftstykker. Gjennom Kyrkja hadde Irland intimt samband også med det austromerske lærdomssentret i Bysants over Lérins. Det vart skipa skular i Irland med eit for den tid overlag høgt nivå. Kjennskapen til latin var vanlegare enn til gresk; men Irland kan i denne tida visa til ein så framstående teolog og filosof som Erigena (ikr. 810-880), som vart sterkt oppteken av nyplatoniske straumdrag, og som ein reknar som ein viktig mellomlekk mellom gresk

mystikk og spekulativ tenkjing, og vesteuropéisk filosofi. No skulle ein såleis kunna rekna med at vilkåra for eit kontaktled mellom den antikke litteraturen og den greske førestellingsverda på den eine sida og irsk litterært liv på den andre. Men det er visse sider ved blømingsperioden i Irland som gjer at det ikkje er så visst om dette har skjedd. For det fyrste var dette ein kyrkjeleg og katolsk blømingsperiode, og det er ingen grunn til å tru at dei "heidne" forfattarane stod så høgt i kurs. Det finst ingen prov før at dei har lese dei skjønnlitterære eller filosofiske verka i Irland i den tida. Den kulturelle kontakten er avgrensa til klostra. Isolasjonstrong med kloster og einbuceller på aude og utilgjengelege stader er noko som i høg grad merkjer ut irsk kyrkjeliv på denne tida. Seinare, frå mellomalderen og utetter, er det nett isolasjon som pregar Irland. Immrama-manuskripta stammar frå ei tid seinare enn blømingsperioden, men dei kan sjølvstøtt vera avskrifter frå før den tid. Dette er drag som me må taka med i biletet når me set framspørsmålet om det har vore vilkår for at ein eventuell klassisk tradisjon mellom dei klosterlærde i Irland har hatt vilkår for å ta spranget over i folketradisjonen, eller om ein klassisk kultur har hatt noko å seia for utforminga av immrama-litteraturen, som ein må tenkja seg har levt sitt eige liv innanfor den serskilte institusjonen det gamle irske samfunnet hadde for å ta seg av diktinga: dei profesjonelle skaldane. Så påfallande er ikkje likskapen i komposisjon mellom Odysseén og immrama at det vert overtøydande med eit samband.

Eg trur at kontaktflaten er så hypotetisk at ein bør vera ytterst varsam med å rekna med ein traderingssamanheng mellom antikk litteratur og klassiske irske immrama. Endå mindre sannsynleg er det at klostra kan ha formidla denne litterære tradisjonen ut til folket, som alt hadde ei dikting så rik at det ikkje skulle vera grunn til å ta opp noko framandt og ringare i staden.

Derimot er det gode grunnar til å rekna med at Navigatio Sancti Brendani representerer eit møte mellom gamalirsk og mellomalderleg tradisjon: Navigatio er etter genre og komposisjon eit framhald av immrama-tradisjonen så vidt eg kan sjå, men ho har teke opp i seg mellomalderlege katolske element som Terra repromissionis sanctorum skildra på ein måte som er fullstendig analog med skildringane av Insulæ Fortunatæ i tidleg mellomalder.

Frå andre halvta av 12. h. å. har me i Irland det fyrste belegget for ein folketradisjon eller ei folkeleg trudomsfrestelling om ei overnaturleg øy som vart oppedaga ved eld, i Giraldus Cambrensis: Topographia Hiberniæ. No lyt me vel poengtera at dette motivet i mellomalderen må reknast som vida skilt frå sjøferds-litteraturen; det er fyrst i seinare tids folketradisjon at ein kan sjå eit samband.

Såleis har me i 12. h. å. i Irland ein nedskriven litterær immrama-tradisjon, ei fråsegn om ein eksisterande folketradisjon om oppedaging av overnaturlege øyar skriven på latin, og Navigatio, der immrama-tradisjon og Insulæ Fortunatæ-tradisjon møtest.

Korleis kan ein då tenkja seg at samanhengen er mellom denne mellomalder-tradisjonen og nyare tids folketra-

disjon i Irland?

1. Det er berre skildringa av korleis dei batt ei trolldomsbunden øy hjå Giraldus Cambrensis som syner beinveges samsvar med nyare irsk folketradisjon både i motiv og motivkombinasjonar.

2. Likskapen mellom det litterære Insulæ Fortunatæ-motivet og nyare tids irsk folketradisjon må reduserast til eit visst samsvar i skildringa av øya: i nokre av oppskriftene og notisane frå Irland er det sagt at huldreøya var grøn og ven, noko me kjenner att frå dei norske segnene òg.

3. Det er likevel tydeleg at det i Irland er ein lang tradisjon attom namnebruken: når folk kjem ut for ei slik øy, trur dei at det må vera Tír na nÓg. Namnebruken er likevel ikkje noko prov for ein samanhengande tradisjon, men eit prov for ein samanhengande namnetradisjon. At namnet Tír na nÓg er laga heilt analogt med andre, gamalirske nemningar som syner samsvar med nemninga Insulæ Fortunatæ, seier ingen ting om ein verkeleg traderingssamanheng. Ei nemning kan i folketradisjonen lett skifta innhald og tilmåstast etter nye situasjonar og omtolkast etter behov. Såleis er det mykje som talar for at folk treiv til forteljingane om Tír na nÓg og Oisíns vitjing der, av di dei fleste forteljingane om denne hendinga framstiller det slik at Oisín måtte reisa over havet for å koma dít, når dei skulle forklára underlege ting som dei såg i havet i vest. Eller det kan her som så ofte elles i irsk folketradisjon ha skjedd

ei samanblanding, slik at tradisjonen om overnaturlege
eyar automatisk har vorte sett i samanheng med sogene om
Tír na nÓg, på same måten som Ungdomslandet òg i visse
høve har kome til å få drag av både dødsrikeførestelling-
ar og huldreheim. Såleis ser eg det mest sannsynleg at
forklaringa er denne: Med sm høgt utvikla sans for poe-
tisk framstilling har dei i Irland tykt serskipt vel om
soga om Oisín som fór til Ungdomslandet, og desse for-
teljingane har stått så sentralt i tradisjonen at dei
har drege til seg annan tradisjon. Dette er m. a. sann-
synleg av di ein enno i dette hundreåret har skrivne opp
variantar av Oisín-soga, medan dei gamle sjøferdssogene
ikkje finst att i nyare tids tradisjon. Oisín-soga må
difor ha vore ein dominant i irsk folketradisjon, på sa-
me måten som t. d. Heilag-Olav er ein tradisjonsdominant
i norsk folketradisjon, og attrahert andre tradisjonsele-
ment eller lånt drag til andre tradisjonsemne. I vurder-
inga av tilhøva kring desse samanhengane mellom irsk lit-
terær tradisjon i gamal tid og nyirsk tradisjon må ein
ta med eit serskipt omstende som på mange måtar set irsk
tradisjonsgransking i ei serstode: Mange av dei klassiske
irske sogene, serleg dei med emne frå heltediktinga, og
som er kjende frå pergamenthandskrift frå mellomalderen
og i folkelege papirhandskrifter som var i omlaup så
seint som i førre hundreåret, har gjeve godt
høve til å studera veksilverknadene av litterær og munn-
leg tradisjon. Dette set oss då i stand til å dra denne
slutnaden:

4. Navigatio Sancti Brendani må ein sjå på som eit
einstaka skrift, som ikkje har fått noko å seia for fol-
ketradisjonen i den forstand at komposisjonen eller mo-
tiva har gått over i munnleg tradisjon, endå om St. Bren-
dan sjølv i ein viss mon gjer det. Carl Selmer konkluder-
er sin etterrøknad av folkemålsomsetjingane av Navigatio
såleis:

At any rate, the absence of the Navigatio
from mediaeval Celtic literature will certainly
not contradict, but rather confirm, the
view expressed in recent research, namely that
the Navigatio, both in origin and development
is indigenous to the continent. 1)

Å ta konkret standpunkt til teorien om at Navigatio har
sitt opphav ein stad i Rhinutlaups-området, ligg utanfor
det me kan gje oss inn på å vurdere her. For vårt føremål
er det viktig å merkja seg at den einaste mogelege kjen-
de bindeleden mellom dei antikke og mellomalderlege føre-
stillingane og irsk fornrit på den eine sida og nyare
irsk folketradisjon på den andre, truleg ikkje kan vera
nokon slik bindeled likevel, i og med at me vantar prov
for at Navigatio i det heile har hatt noko å seia for irsk
folketradisjon.

Den nyare kymriske folketradisjonen kjem i ei noko-
lunde parallell stode til dei klassiske førestellingane:
der er eit samband mellom klassiske kulturelement hjå mel-
lomalderforfattarar som på latin gjev att motiv frå kym-
risk skriftlaus dikting. Men me finn ikkje dei same mo-
tiva att i nyare tids tradisjon. Med atterhald om at dei
kjeldene eg har kunna bruka til kjennskap om øytradisjonen

1) op. cit. s. 151


i Wales gjev eit nokolunde representativt inntrykk, vil ein òg for den kymriske tradisjonen sitt vedkomande sjå at lukkelandsførestellingane ikkje er til stades, og at det me har, er forteljingar om overnaturlege øyar som sùmtid syner seg for folk, til dels òg om øyar der huldrefolket bur. Og me finn det velkjende draget: desse øyane var sers fagre å sjå. Oppskriftene og notisane frå Wales skil seg i så måte ikkje nemnande frå dei irske og dei norske.

Såleis er det vel eit heller godt grunnlag for å rekna med at tradisjon om overnaturlege øyar i ymse utformingar er gamal både i Irland og Wales, og i alle fall når det gjeld Irland, er det mangt som tyder på at denne tradisjonen er eldre enn mellomaldermotivet Insulæ Fortunatæ, og at tradisjonen ikkje har vore i berøring med eller vorte påverka av den mellomalderlege, litterære tradisjonen.

6. Vandringsveggar II.

Skulle det vera rett det Holbek og Pils hevdar om ein ubroten tradisjon frå Homer og Platon og fram til Utrøst, kunne ein stella opp eit skjema for teoretiske vandringsveggar såleis som det er gjort på s. 243.

Den neste oppgåva me står andsynes, er då å drøfta sùme av dei vandringsvegane som kan vera mogelege.



Sjølvsagt vil ein figur som denne berre kunna antyda eit lite utval av alle tenkjelege spreingsveggar og konstellasjonar. Figuren inneheld ikkje heilt teoretiske sambandslinjer som beinveges mellom antikken og Utrøst, og sameleis ikkje beinveges mellom irsk fornrit og Utrøst; det er heilt utenkjeleg at Utrøst-tradisjonen skulle ha sitt opphav i at folk las denne litteraturen og fortalde vidare det dei hadde lese. Sameleis vantar me grunnlag for å kunna tenkja oss at den mellomalderlitteraturen det her er tale om kan ha vorte kjend mellom ålmugen i Noreg.

For Utrøst-tradisjonen er det etter mitt skjøn berre to rimelege forklåringar - rimelege i den meining at ein ikkje utan vidare må avvisa dei som reint teoretiske konstruksjonar utan stønad i noko materiale.

Den eine forklåringa er at traderinga har skjedd på litterær veg, og at me såleis har å gjera med eit slag "gesunkenes Kulturgut" ved at motiv og førestellingar i kontinental og irsk mellomalderlitteratur har vorte kjende for lesekyndige her heime, og at dei sidan har vore utgangspunktet for ei munnleg vidare-tradering. Ei slik tradering ville, om ho kunne påvisast, innebera ein stønad for teorien om ein ubrotten tradisjon frå Platon til Utrøst. Den andre forklåringa for samanhengen får motsett resultat og talar mot ein ubrotten tradisjon etter det me sa i førre bolken om irsk folketradisjon: desse motiva og førestellingane er opphavleg keltiske og er komne til Norderlanda gjennom samkvæme mellom nordbuer og keltar. Desse to teoriane eller forklåringane skal me då sjå litt nærare på.

Som før nemnt har me i gamalislandsk, gamalnorsk og gamalsvensk litteratur nokre skrifter der det finst nokre motiv som kan henda kan setjast i samband med ein tradisjon om overnaturlige øyar, endå om ein i sume høve må basera dette på tolkingar som einskilde granskarar har sett gram, tolkingar som vel ikkje står for kritikk alltid. For teorien om ein litterær traderingssamheng er det to norske skrifter som krev ei litt nærare drøfting: Konungs skuggsiá og Brandanus saga.

Irlands-bolken i Konungs skuggsiá har, som me før har sétt, nokre motiv som finst i irsk folketradisjon, utan at me kan setja fråsegna om den flytande helsebot-holmen som gror seg landfast kvart sjuande år i samband med irsk tradisjon om overnaturlige øyar. Om dei kjeldene skrivaren har nytta for opplysningane om Irland har det m. a. vore gissa på Giraldus Cambrensis; men dette er noko uvisst, ¹⁾ og ein kan såleis ikkje med visse seia at Topographia Hiberniæ har vore kjend i Noreg. Såleis er Konungs skuggsiá ein møtestad med irsk tradisjon; men av dette må det ikkje dragast den slutnaden at ein slik litterær kontakt i seg sjølv gjer ei tradisjonsoverføring mogeleg og sannsynleg. Ein kan ikkje sjå bort frå at dei motiva ein finn i Kongsspegelen, er ukjende i norsk folketradisjon.

Brandanus saga er omsett etter den latinske Navigatio; denne omsetjinga kan representera eit møte med irsk tradisjon, men her òg må ein vera varsam med konklusjonane, i og med at originalen ikkje heilt visst er irsk. Sjelve hovudmotiva i Navigatio: den lange sjøferda (sju år) frå øy til øy der dei endeleg langt om lenge får sjå ein del av Terra repromissionis sanctorum kan eg ikkje sjå at det er spor av i norsk folketradisjon. Å setja dette sjøferdsmotivet i samband med dei norske segnene om sjøferd til Utrøst, er å pressa segnmaterialet unaudsynleg hardt. Det har langt nærmare slektskap med den ålmenne huldrefolktradisjonen og forteljingane om vitjing i huldregard.

1) Jfr. Alf Hellevik: Innleiing til Kongsspegelen. Den Norrøne litteraturen V, Oslo 1963, s. 12.

Det er ikkje berre usannsynleg, men jamvel utruleg at Utrost-greina av denne tradisjonen skulle representera ei serskild, isolert tradisjonsgrein og vera resultatet av degenerering av diktinga. Såleis må eg reservera meg sterkt mot ein tankegang som at når ein har prov for at skrivne litterære verk har gått over i munnleg tradisjon i nokre høve, så må tilfelleleg og isolert motivlikskap mellom folketradisjon og eit visst mellomaldermanuskript tyda på ein traderingssamanheng.

Kontaktflaten mellom kymrisk tradisjon og norrøn litteratur er monaleg større enn for irsk tradisjon. Geoffrey av Monmouths bok Historia regum Britannia som inneheld ein tått om Merlins liv med ei Avallon-skildring, er omsett på Island (Breta søgur); ein har òg i Historia Norvegia ei opplysning som må gå attende på Vita Merlini ¹⁾ Arthur-diktinga har ein òg norrøne omsetjingar av, helst franske formingar, som Erex saga, etter Chrétien de Troyes, ymse lais i Strengleikar, Trístrams saga ok Ísondar o. fl. Også når det gjeld denne riddardiktungs-tradisjonen og ein teori om tradering gjennom dei norrøne og islandske omsetjingane, må ein vera varsam: me har før vore inne på kor diffust Avallon-motivet er, og korleis mellomalderskribentane har omforma det, og omtolka det i ljós av sin lærdom. Underleg ville det vera om eitt einstaka og ikkje serleg sentralt motiv i denne fargerike diktinga skulle gjera eit så sterkt inn-

1) Fredrik Paasche: Norges og Islands litteratur inntil utgangen av middelalderen. Ny utgave ved Anne Holtsmark, Oslo 1957, s. 464

trykk at det åleine og isolert skulle gjera spranget or bøkene og inn i folketradisjonen og sidan verta vidaretradert i hundratals år, medan andre motiv i riddardiktinga ikkje er å finna att anna enn dei rester me har i folkevisene, og der ein helst må tru at visene er komne til landet frå Danmark og ikkje skriv seg frå den norrøne omsetjingslitteraturen. I visa om Roland og Magnus kongjen har me likevel eit døme på at norrøne omsetjingar av riddarsoger har fått feste i folketradisjonen. Men samstundes er denne visa eit døme på kva som hender når noko slikt skjer: det tradisjonen ber vidare, er sentrale, dramatiske scenar eller motiv; desse vert tilmåta etter dei krav til form og innhald som vedkomande folkediktungsgenre set. Me kunne såleis tenkja oss at fortellingane om korleis den sårde Arthur vart førd til Avallon for å døy, kunne gjera sterkt nok inntrykk til å leva vidare i folketradisjonen, endå om ein generelt ikkje har det inntrykket at folk her i landet har hatt den sansen for det lyriske og sorgmodige som keltane. Men det er vanskeleg å tenkja seg at visse dunkle omstende kring Avallon - som kan vera ei øy, men som òg kan vera eit slag rike i ei verd av ein annan dimensjon enn denne - skulle ha rotfest seg i folketradisjonen. Då trengst det m. a. den omtolkinga av "Otherworld"-dimensjonen at Avallon var ei øy som sùme gonger synte seg for folk og andre gonger ikkje.

I den norrøne litteraturen er det belegg for ein viss kontaktflate mellom bokskrivarane her og mellomal-

derverk der "Dei lukkelege øyane" er nemnde. Uvisst er det vel med Honorius Augustodunensis: om Insulæ Fortunatæ står det ein notis i hans De imagine mundi I, 36; medan det er eit verk som er tillagt Honorius, Elucidarius, som er omsett til islandsk. ¹⁾ Isidors verk Etymologia, der Insulæ Fortunatæ er omhandla (XIV, 6, 8), er nemnt mellom skulebøker på Hólar i 1396. ²⁾ Ein må vel såleis rekna med at desse fråsegnene om "Dei lukkelege øyane" kan ha nått Island i mellomalderen; Konungs skuggsiá vitnar om at Isidors skrifter har vore kjende her òg. ³⁾ Det er likevel tvilsamt om dette gjev oss rett til å rekna med ein litterær traderingssamanheng, i og med at "Dei lukkelege øyane" ikkje beinveges er nemnde. Island har ikkje tradisjon om overnaturlege øyar. Erich Pontoppidan siterer ein notis hjå Tormod Torfæus i Historia rerum Norvegiarum (1711):

Annales notant, emersisse ex undis insulam
qvandam vel rupes (An. 1345.) antea nunquam
visas in sinu Islandiæ Breidafjordo. ⁴⁾

Om dette skal takast som eit prov for at ein slik tradisjon har eksistert, er tvilsamt; like gjerne som Pontoppidans rubrisering av notisen under flytande øyar, som etter hans meining er identiske med kraken, kan denne notisen stå for eit naturfenomen av same slaget som då Surtsey steig opp av havet i 1963.

1) Paasche, op. cit. s. 303

2) ibid. s. 316. Nansen oppgjev tittelen Etymologiarum, op. cit. s. 262.

3) Jón Helgason: Udvalgte afsnit af Konungs Skuggsjá, København/Oslo 1966, s. 24, line 26

4) op. cit. s. 346, fotnote.

Som før nemnt er likskapen mellom mellomalderskiltringane og nyare tids irsk, færøysk, dansk og norsk folketradisjon om overnaturlege øyar ikkje påfallande. Ein må då gjera gjeldande at for det meste er det eit vilkår for at litterære motiv skal opptakast i folketradisjonen, at dette motivet står sentralt, at det har kvalitetar som gjer at folk har tykt mon i å fortelja vidare det dei har høyrte og lese. Hjå Isidor er det fortalt om fleire land og øyar; skildringa av Insulæ Fortunatæ merkjer seg ikkje ut omframt andre geografiske skildringar, og mellomalderlitteraturen inneheld i det heile så mange fantastiske motiv som det skulle vera større grunn til å tru ville festna seg og halda seg i overleveringa. Ut ifrå desse omstenda held eg det for lite truleg at me på litterær veg har fått ein tradisjon hit til landet som har sine røter i antikken, og eg kan ikkje sjå at påstanden om ein ubrotten tradisjon hjå Holbek og Piø er haldfør. Den store tankekrossen er nemleg denne: om mellomalderlitteraturen verkeleg var ein traderingslekk, kva burde me ikkje så ha funne av motiv i folketradisjonen?

7. Vandringsveggar III

Ein traderingssamanheng mellom keltisk og nordisk tradisjon gjennom munnleg overlevering ved samkvæme og kontakt er den andre rimelege hovudforklaringa på likskapen mellom segnene frå desse landa. Ein kan ikkje utan

vidare godtaka teorien utan å røkja etter kva vilkår det har vore for ein traderingssamanheng.

I kva lei er det mest rimeleg å tenkja seg at vandrainga har gått føre seg? Fridtjof Nansen meiner at det er norrøne segner som er opphav til den kymriske forteljinga om Glasteing og sugga (jfr. s. 172). Han legg då vekt på sugga, som i mange norske segner er det husdyret som oppedagar ei overnaturleg øy. Mot dette talar det at me ikkje har belegg for slike forteljingar frå norrøn tid. Den eldste forteljinga me har, er denn hjå Giraldus Cambrensis (jfr. s. 184f). Ei tilsvarande forteljing i stuttmaal har me i innleiinga til Guta saga (jfr. s. 159); men den skal vera eit par hundre år yngre enn fyrste versjonen av Topographia Hiberniæ, og det er dessutan ikkje nokor norrøn soge, men ei gamalsvensk. Det er sjølvsgt teoretisk mogeleg at slike forteljingar har funnest hjå nordmenn og islendingar, og at dei har breidt seg til dei keltisktalande folka i Wales, på Man og i Irland i vikingtida; men denne teorien opererer likevel med ein konjunktur som gjer at ein ikkje kan festa lit ved han: eksistensen av ein tradisjon som ein ikkje har belegg for.

Serleg den irske tradisjonen om overnaturlege øyar er gamal (ein har belegg for alderen), mangslungen og på mange måtar sentral. Dersom det har gått føre seg ei "vandring", er det meir rimeleg å rekna med ein traderingssamanheng den andre vegen, frå Irland til Noreg.

Vilkåra for ei slik tradisjonsoverføring kan ein stutt skissera slik: Det må ha vore kontakt mellom nordmenn og irar, fredeleg kontakt med vilkår for forteljing. Det må ha vore folk som har meistra baa mål. Det må ha vore eit sams, ytre referansegrunnlag for medlemene av dei to samfunna, slik at det overførde forteljestoffet ikkje vart hangande i "lause lufta" utan tilknytning og relasjonar til anna tradisjonsstoff, slik at motivet og komposisjonen kunne slå rot innanfor det nye tradisjonsamfunnet. Vidare må ein rekna med visse sosiale faktorar. Det er uhyre sjeldan at eit sosialt sjikt er mottakleg for kulturelement frå eit sosialt sjikt som dei reknar som mindreverdige, mindre høgtstående. Skal ei overføring vera sannsynleg, må det ha vore situasjonar der nordmenn og irar kjende seg som jamlikar.

Ein kan ikkje rekna med at tradisjonen har spreidd seg som ringar i vatn frå Irland til Skottland, og frå Skottland til Orknøyane og Sjetland, og derifrå att til Færøyane og til Noreg; som før nemnt, er teoriar om slik utbreiing generelt avlagde for lenge sidan. Dertil kjem ein del faktiske omstende her i tillegg og talar mot:

1. Dei norske vestbygdene var sterkt norsk-dominerte; med unntak av Hebridane har folketradisjonen slik han er kjend frå nyare tid på Sjetland, Orknøyane og endåtil visse stader på det nordaustre skotske fastlandet eit sterkt norsk preg og er på mange måtar meir nærskyld med norsk tradisjon enn med skotsk. ¹⁾ Vilkåra for ei overføring ligg dertil langt attende i tida. Me har få og ingen opplysningar om korleis samkvæmet var i norsk-gæliske

1) Sjå Christiansen, Nordsjøsagn, Arv 13, 1957, s. 1 - 20.

bygder. Det er dessutan eit indirekte teikn på intensiteten av samkvæmet og overføringsvilkåra (reseptiviteten) at talet på keltiske lånord i norrønt-mål er så lågt som ikring 10-12, ¹⁾ og gæliske motiv i norrøn litteratur er få og tvilsame i det heile. ²⁾

2. Samkvæmet med dei irsk-farga skotske vestøyane (Hebridane) opphøyrdet tidleg. Etter alle teikn har nordmennene i desse bygdene vorte assimilerte i det gæliske samfunnet der. Dei assimilerte samfunnsmedlemene har ikkje kunna stå for ei vidaretradering heim til Noreg.

3. Det livlege samkvæmet som kan dokumenterast historisk mellom Vest-Noreg og Skottland, over Orknøyane og Sjetland ³⁾, kan ein ikkje nytta til å sannsynleggjera ei vandring i nyare tid enn då Hebridane var norsk land. Den sermerkte skotsk-irske tradisjonen finn ein i Skottland ikkje på nokor tid anna enn i dei stroka i Vest-Skottland der det har vore ein tidleg irsk immigrasjon, og serleg der folk har halde fast på den katolske trua. Denne tradisjonen har underleg nok - sett på bakgrunnen av rikdom og kunstnarleg utforming - ikkje hatt evne til å spreia seg til engelsktalande område, og har drege seg attende i takt med at gælisk mål har vorte trengt unna, både i Skottland og i Irland.

1) Reidar Th. Christiansen: Til spørsmålet om forholdet mellom irsk og nordisk tradisjon, Arv 8, 1952, s. 1-41. Opplysninga om lånord i norrønt s. 27 med tilvising til Marstrander.

2) *ibid.* s. 28

3) Sjø Knut Liestøl: Scottish and Norwegian Ballads. Studia Norvegica II, Oslo 1946.

4. Det har sidan vikingtida ikkje vore noko nemnande samband mellom Irland og Noreg; det er ikkje spor etter annan irsk tradisjon hjå oss som fylgje av den sporadiske kontakten det kanskje har vore.

Vilkåra for tradisjonslån mellom Noreg og Irland er drøfta inngåande i monografien Studies in Irish and Scandinavian Folktales, av Reidar Th. Christiansen, ¹⁾ og i artikkelane (nærmast førearbeid) Til spørsmålet om forholdet mellom irsk og nordisk tradisjon og Nordsjø-sagn. Christiansen nemner dei skriftlege belegg ein har for kontakt på tvert av språkgrensene, ²⁾ og det framgår at denne kontakten må ha hatt eit sers avgrensa omfang. Om dei "emigrantane" til vestbygdene som vende heim att til Noreg, seier han etter å ha drøfta dei sosiologiske grunnane for vikingferdene i vesterveg, at dei

antagelig hadde ytterst små chanser for på noen vis å være toneangivende hjemme, eller på noen vis å introdusere nye idéer i det hjemlige miljø. Den fremmede faktor som vel bragte den første og største endring, den internasjonale alminnelige kirke, kom heller ikke til Norge ved irsk formidling, men fra en annerledes verden, langt nærmere den nordiske, nemlig fra England. ³⁾

Christiansen viser vidare til at det ikkje er mogeleg å visa til ein einaste parallell mellom dei irske echtraí og dei islandske fornaldarsogene, endå så nærskylde desse genremessig er. Vidare peikar han på at det i nokre få

1) Copenhagen 1959.

2) Til spørsmålet ..., *passim*

3) *ibid.* s. 27

tilfelle finst norske segnvariantar som syner sermerkt samsvar med irsk tradisjon, og at ein då kan henda har eit indisium på overføring frå det eine landet til det andre. 1) Trass i at dei ytre vilkåra for en traderings-samanheng mellom irsk og norsk tradisjon er så dårlege som det vel kan tenkjast, er det likevel ein påfallande likskap mellom irsk og norsk segntradisjon; serleg gjeld dette førestellingane og forteljingane om ymse slag vette. Tilhøvet mellom irsk og norsk segntradisjon er såleis så problematisk som ein i det heile kan tenkja seg det: nett når det gjeld segntradisjonen, finn me eit godt samsvar serleg i vette-kategoriane og i ymse faste segntypar som er utforma kring dei. Eit slikt samsvar finn me òg mellom nyare tids irsk og vestnordisk tradisjon om overnaturlege øyar. Denne samanhengen lét seg ikkje forklåra ut ifrå vandring og samkvæme, av di dette samkvæmet har vore minimalt samanlikna med den kontaktflaten ein kan visa til når det gjeld tradisjonslikskap med andre land. Andre kategoriar av folkedikting har ikkje vandra frå det eine landet til det andre: irsk heltedikting ikkje til Norderlanda og nord-erlandsk helte- og sogedikting ikkje til Irland; Irland har ikkje balladetradisjon av det slaget me har i Noreg, på Færøyane, i Danmark, i Skottland og England eller på kontinentet; samsvaret i eventyrtradisjonen må helst forklårast ut ifrå sams kontinentale kjelder, medan ein ikkje har materiale til å syna

1) *ibid.* s. 33

ein liknande samanheng for segntradisjonen sin del. Desse omstenda gjer at ein nærmast er høydd til å få ut ifrå at det ikkje kan vera nokon traderings-samanheng mellom irsk og vestnordisk tradisjon om overnaturlege øyar på munnleg grunnlag. Me har òg sétt at det er lite rimeleg å rekna med ei tradering på litterært grunnlag. Såleis må me dra denne konklusjonen: det kan ikkje vera tale om nokon ubroten tradisjon om Insula Fortunata og nærskylde førestellingar om overnaturlege øyar frå antikken til Utrøst, korkje gjennom skriftleg eller munnleg tradering eller ved ein kombinasjon.

VII

OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Ein av grunnane til at det har vore hevda ein traderingssamanheng frå antikken til i dag når det gjeld tradisjonen om overnaturlege øyar, er tvillaust at tradering over så lange - og lengre tidsrom - og over så store fråstand, har vore ettervist for annan tradisjon. Men det går då ofte slik at ein legg større vekt på relasjonane mellom liknande motiv som finst i tradisjonen i ulike land og til ulike tider, enn mellom motivet og annan tradisjon frå same område og frå same tid; ein ventar vandring når det gjeld tradisjon.

Me har sétt at vilkåra for vandring når det gjeld tradisjon om overnaturlege øyar er så lite gunstige at det er lite sannsynleg at ei slik vandring har gått føre seg, endå om det er greitt at eit motiv har lettare for å vandra enn heile tradisjonskompleks.

Prinsipielt er det ikkje noko i vegen for at nærskylde førestellingar kan oppstå uavhengig av kvarandre på ulike stader og til ulike tider; likskap er i alle høve noko anna enn identitet. Vandring kan ikkje forklåra all likskap, like lite som polygenese kan det.

Likskap når det gjeld heile kompleks av førestellingar og dikting - slik som t. d. førestellingane om underjordsfolket - vil det ikkje vera heilt urimeleg å tolka som eit resultat av at dette er eit arvegods som

er sams for store folkeatter; mykje tyder på at førestellingar om underjordiske både er "ålmenn-menneskelege" og at dei er mellom dei aller eldste fornminne me i det heile teke har, og i alle fall eldre enn alle systematiske mytologiar frå våre land. Ein kan ikkje koma fram til noko eintydig svar på spørsmålet om kva det er som er opphavet til desse førestellingane eller kvar opphavet ligg.

Dette poengterer då at ein ikkje kan bruka ein og same opphavs- og utbreiingsmodellen for alle former for folketradisjon; det samlande kriteriet for folketradisjon er overleveringa eller traderinga, og eksistensformene, ikkje opphavet.

Samstundes ligg det i denne sameiga av førestellingar om underjordsfolket eit sams grunnlag for dikting og fabulering, men òg for oppleving og tolking, og dermed for utforming av motiv av ymse slag. Eit slikt sams grunnlag - sams for mange lokale tradisjonssamfunn og for mange større samfunn - gjer det ikkje berre mogeleg at eit motiv kryssar grensa for det lokale tradisjonssamfunnet under traderingsprosessen og såleis "vandrar"; i eit slikt sams grunnlag ligg det samstundes sjansar for at dei same motiva kan koma til å utformast uavhengig av kvarandre, serleg når dertil dei ytre vilkåra òg syner likskap.

Såleis kan ein med god grunn hevda at den norske tradisjonen om overnaturlege øyar har sitt opphav i Noreg, og t. d. den irske tradisjonen sitt opphav i Irland. Som føresetnader for eit sjølvstendig opphav må me då

rekna eit visst trudoms- og førestellingsgrunnlag som dette motivet knyter seg til, og visse ytre, naturgjevne tilhøve som gjev vilkår for visse slags opplevingar som er naudsynlege for å halda ei førestelling oppe.

Me har ved gjennomgåinga av det norske materialet sétt at det er eit veikt grunnlag for å rekna med at segnene om Utrøst og dei andre huldreøyane har si rot i levande folketro; mot det talar mellom anna skorten på memorat i materialet. Men det er grunn til å rekna med at det har eksistert tru på slike øyar før, noko dei eldste notisane ber bod om. Trua på eksistensen av slike hulde øyar er som me har sétt, ikkje noko isolert fenomen, men heng nøye saman med truene på og førestellingane om huldreheimen og huldrefolket: dei er sameleis subjektivt eksisterande realitetar hitanom det som menneska til vanleg kan oppfatta med sine sansar. Truene på desse maktene utkrystalliserer seg då i ulike forteljingar med ulike motiv. Forteljingane er avhengige av to hovudfaktorar: ein trudomsbakgrunn som er referanseråma til forklåring av hendingar og tilhøve, og opplevingar og åtgåingar som vert tolka ut ifrå referanseråma.

På reint rasjonalistisk grunnlag er det ikkje vanskeleg å forklåra ein røyndleg bakgrunn for forteljingane: naturovringar som har vorte tolka og sédde i ljøs av tru og tradisjon. Både frå Nord-Noreg og frå Dei britiske øyane er det fortalt om hildringar, og det er klårt at slike fenomen kan vera med på å gjeva ei forklåring på at folk har førestelt seg at dette var realitetar og ikkje

nokor synkverving. Frå vårt eige land har eg berre støytt på skildringar av hildring i generelle, poetiske vendingar; men denne fråsegna frå ein som sjølv opplevde fenomenet i Wales, gjev eit ganske godt bilete av den undringa som slær den som opplever ei hildring, endå om vedkomande er eit opplyst menneske som veit kva dette er, og trass i ein litt blømande seinviktoriansk stil:

Lastly, Mr. E. Perkins, of Penysgwarne, near Fishguard, wrote on Nov. 2, 1896, as follows, of a changing view to be had from the top of the Garn, which means the Garn Fawr, one of the most interesting sites in the country. (...)

"May not the fairy island referred to by Prof. Rhÿs have originated from mirages? During the glorious weather we enjoyed last summer, I went up one particularly fine evening to the top of the Garn behind Penysgwarne to view the sunset. It would have been worth a thousand miles' travel to go and see such a scene as I saw that evening. It was about half an hour before sunset - the bay was calm and smooth as the finest mirror, (...) and a picture of indescribable beauty. As the sun neared the horizon the rays broadened until the sheen resembled a gigantic golden plate prepared to hold the brighter sun. No sooner had the sun set than I saw a striking mirage. To the right I saw a stretch of country similar to a landscape in this country. A farmhouse and outbuildings were seen, I will not say quite as distinct as I can see the upper part of St. David's parish from this Garn, but much more detailed. We could see fences, roads, and gateways leading to the farmyard, but in the haze it looked more like a panoramic view than a veritable landscape. 1)

Hildring åleine er ikkje nok til å forklåra opphavet til tradisjonen om overnaturlege øyar; men det er sikkert ei sterkt medverkande årsak til at tradisjonen har halde seg. Tradisjon som byggjer på trudomselement

1) Rhÿs, Celtic Folklore, s. 172f.

er over lag avhengig av at trua stendig får stønad, ikkje berre frå forteljing, men òg frå nye opplevingar og fråsegner om dei. Hildringa kan dessuten reknast for å vera ei naturovring som gjer det mogeleg for huldreøymotivet å "vandra" frå eit strok der slikt hender til eit anna; skulle motivet hjå oss trass i alt vera långods, er det klårt at vilkåra for at det skulle slå rot er mykje betre når det kan setjast i samband med noko folk kjem ut for og ikkje kan forklåra. Men ein må ikkje tapa orsynom at tradisjonen aldri talar om hildring, anna enn at ein kunne tolka det slik når det står i notisane etter Braset at dei såg ei øy utpå Beitstafjorden, og dei såg det så "tyuele greitt aa klaart. Aa døm saag øya, men døm fann itt att'a sea". Det me finn i segnene, er ikkje hildring, men kan henda folkeleg tolking og vidareføring av denne ovringa: ho er sett inn i systemet, tolka ut ifrå eksisterande måtar å tolka omgjevnadene på. Hildringa har funne sin plass mellom makter og skapnader som for folk har vore realitetar. Ho er løyst frå dei spesielle vêrtypane ho kjem føre under, så eksistensen er konstant. Fenomenet er såleis rive laus frå sin kontekst, stilisert og ålmenngjort: dette er i seg sjølv dikting og kan henda fyrste steg på veg mot ei episert utforming og den stiliseringa som fylgjer med den.

I kapittel II, 5 summerte me opp dei draga som har fått granskarane til å setja den norske tradisjonen om overnaturlige øyar i samband med skildringane av Insula Fortunata. Ein viss parallellitet er det tvillaust i skil-

dringa, endå om mælestaven er ein annan for dei norske øyane enn i særlegare og rikare strok. Me har peika på parallelliteten med annan tradisjon, om huldrefolket, der deira bustader og eigneluter vert skildra. Vidare bør ein sjå på dette draget under ein litt meir ålmennt synsvinkel: Huldreøyane er, på same måte som andre ting som høyrer dei hulde maktene til, eller som har noko supranormalt ved seg, noko omframt, noko sers: det merkjer seg ut, det er ikkje normalt. Ikkje berre på den måten at det høyrer heime under ein annan dimensjon enn menneskeleg kvardagsliv, det er merkeleg òg når det ovrar seg i dette kvardagslivet. For på litterært vis å stella dette i relieff og å poengtera det, vert så huldreøyane skildra som omframt grøne, vene og grøderike. Den rikaste og beste grøda i gamal tid var nett kornet, og ikkje minst i Nord-Noreg, der mogning og avling var så uviss, må det ha hatt ein heilt spesiell posisjon. Derfor er det ikkje å undrast over at nett slike drag har vorte valde til å understrekja det omframme. At det underlege og merkelege eller supranormale vert poengtert gjennom bruken av drag som har positiv karakter, er ikkje isolert til huldreøytadisjonen: av mange døme kan me atter nemna huldregardane og huldreféet.

Sameleis kan ein sjå på den fast utforma segna om oppedaging av øyar. I mange av desse segnene har den oppedaga øya slike drag som me nett sa; men i andre høve er det noko anna som merkjer ut den øya framom andre, "normale" øyar: det kan vera ein underleg bergformasjon

som Søli-oksen på Søla, det kan vera Tautra i Trondheimsfjorden som er noko for seg sjølv av di det har vore kloster der, eller det kan vera Utsira i Rogaland, som ligg så einsleg langt til havs. Det er eit gjennomgåande drag at folk vil forstå og tolka verda ikring seg: tradisjonen syner tusenvis av prov for det, i omen og merke, i folke-etymologi, i opphavssegner. Tallause er dei litt underlege og avstikkande steinane her i landet som folk har prøvt å gjeva forklåring på, dels i form av forteljingar med humoristisk poeng. Sjølv har eg mange gonger høyrte at Breiavatnet i Stavanger skulle ha kome til såleis:

De va ein rise i Lifjedle så va så sinte for de at di bygde domkjerka, for sådennåge vill an kje ha i nabolage, å då tog an ein store steidn å heiv. Men an treft ikkje kjerka. Steiden ramla ner me siå av, å lagte ett jupt håll, å de e de så nå e Breiavatne.

Ingen av dei som eg har høyrte dette av, har trutt på risar; men segna har ein underhaldnings-funksjon, ikkje minst andsynes born: ein har for moro skuld ei episk utforma segn, primitiv og einfeld, til å forklåra det litt uvanlege at det er eit vatn midt i byen. Gardsnamnet Byberg (i Sola) forklårar dei slik i mi slekt at det kjem seg av at det i gamle dagar var ein stor gard der med mange, mange hus; det finst endå dei som hevdar at det har vore ein gard ifrå folkevandringstida der; men det er ikkje sant, og elles er tydinga av både fyrstelekken og andrelekken i namnet uviss: andre gardar i Sola som dei før skreiv -berg, har synt seg å vera eit -bør, og uttalen på staden er òg -bør. Desse banale døma syner

kor vanleg det er at folk vil gjeva ei forklåring på det litt uvanlege, og ei slik forklåring kan leva i munnleg overlevering anten ho er rimeleg eller ikkje, anten ho har stønad i eit folketrudomsgrunnlag eller ikkje.

Såleis meiner eg at det meir enn noko anna er grunn til å tolka segnene om dei oppedaga øyane som opphavs- og forklåringssegner; det er sjølv sagt at hildringa og tolkinga av den spelar ei rolle i den konkrete utforminga av desse opphavssegnene. Såleis tolkar eg òg dei ymse draga i skildringa som dei element av det uvanlege som har vore med på å gjeva tilskuven til forteljinga. Det er ikkje kva for drag av det uvanlege ein må leggja vekt på; paralleliteten med Insulæ Fortunatæ er ikkje så gjennomgåande, endå han finst i mange av segnene; men kva funksjon desse draga har innanfor den forteljinga dei står i. Slike skildringar kan ha ein liknande funksjon når det gjeld "Dei lukkelege øyane" òg: venleiken og grøderikdomen er med på å fullstendiggjera biletet av lukke og sale, og er dei faste, ytre attributt som er med på å forsterka hovudsaka.

Ynskjedraumen om å koma i hamn på Utrøst og verta berga der, treng ikkje utan vidare å ha samanheng med "lukke"-omgrepet; eg finn det rettast å tolka denne delen av materialet på eit anna plan:

"Det er så mange som skal ha kome oppunder Utrøst og vorte berga," sa skipperen. "Det var 'kje så vel at vi fikk livd av det landet!"

1)

1) NFL 33, Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland, s. 88: "Nykkelen til Utrøst."

I denne replikken møter me mennesket i ein fårleg situasjon: det er eit overhendig uvêr, og folk er i fåre for å bliva på sjøen. I denne situasjonen aktualiserer tradisjonen om Utrøst seg: vona på berging på ei øy dei ikkje veit kvar er, vert framkalla av livsfåren dei er i. No kan det kjennast noko bleikt å tala om interessedomnans her, men denne situasjonen er nett merkt av det: no gjeld det livet om å berga seg i land, og då triv ein til tru og tradisjon, eller slike ting kjem fram i minnet som ein elles hadde gløymt eller ikkje trudde noko vidare på. I denne oppskrifta får me såleis ein liten glimt av ein av dei funksjonane som tradisjonen om overnaturlege øyar kunne ha: dei gav von om berging når alle andre voner var ute. Det er ein kyst- og fiskartradisjon dette; livsvilkåra var harde og mange omkom på sjøen, og dei som hadde vore dauden nære, var mange. Utrøst-tradisjonen kan såleis ha vore halden ved lag også av denne grunn. Men bergingsvona åleine kan ikkje reknast som opphav til og grunnlag for tradisjonen. Etter mitt syn kan det ikkje vera tale om nokor form for "degenerert" paradisforestilling her. At folk skulle dikta opp eit lukke-land ute i havet som bar i seg sjansen for rikdom og betre dagar som eit sjeleleg sjølvforsvar mot dei harde livsvilkåra og som eit middel til å lyfta dei ut or den gråe kvardagen, er ei romantisering som ikkje nokon del av materialet gjev grunnlag for; ei setning hjå Asbjørnsen: "lykkelig er den, som kommer til eller kan faa se en af disse solbelyste Øer; "han er bjerget"¹⁾ ville

1) Innleiinga til Skarvene fra Udrøst, Trygve Knudsens utgåve s. 154.

innanfor ei råde av ein reint litterær analyse kanskje kunna gje haldepunkt for assosiasjonar i den lei; men litterære tekstanalysar kan lett føra meir til vill-leiing enn til rettleiing når det gjeld folkløriske tekstør.

Det er vidare grunn til å rekna med at den delen av tradisjonen som omhandlar eksistensen av overnaturlege øyar som meir opphavleg når det gjeld øy-motivet enn tradisjonen om sjøferd til huldreøyar. I dei sistnemnde trur eg at Utrøst-motivet er sekundært; men med "opphavleg" meiner eg ikkje absolutt, rekna i tid.

Grunnlaget for ein del av forteljingane om sjøferd til Utrøst er tvillaust slik at ein kan forklåra det heilt rasjonalistisk: i skodd eller uvêr, som er den faste ytre situasjonen - har folk mist både landkjenning og orientering; dei har kome seg i hamn på ein ukjend stad. At dei så brått fekk landkjenning, kan skuldast både vêret og at dei var så opptekne med styring og ausing at dei nauvt rokk sjå seg ikring. Situasjonen har då karakter av det uvanlege og uforklårlege for dei: før dei rett får summa seg, er dei berga i hamn då all bergingsvön tyktest ute og dauden viss; dei trur seg på nok langt til havs. Situasjonen får eit element av det supra-normale, han aktualiserer spørsmålet: korleis har dette gått til? Har då Utrøst leika i tankane som ei bergingsvön då det røynde som hardast på, er det ikkje underleg at dei tolkar situasjonen som ei underfull berging på Utrøst. Tradisjonen kan såleis verta aktualisert alt med dei er der og ventar på dagen og på betring i vêret, eller

han vert aktualisert seinare, når dei har fått kvilt ut og områdd seg litt; i sume av forteljingane kjem ikkje aktualiseringa og tolkinga før dei kjem til lands att og folkhøyrer om det som har hendt. Dei forteljingane som inneheld det draget at folk etterpå gissar på at båten har vore på Utrøst, tyder på at tradisjonen anten ikkje har vore aktualisert hjå dei som opplevde dette, eller òg at dei har vore ukjende med huldreøy-tradisjonen. Det er verdt å leggja merke til at ein finn ein kombinasjon av denne utforminga av tolkinga med ei skildring av oppholdet på Utrøst utan at noko merkeleg hende; dersom tradisjonen er aktualisert alt når dei tek hamn, finn ein òg supranormale drag i hendingane der, graden av supranormalitet kan ymsa. No må me likevel ta det atterhaldet at desse forteljingane ikkje finst i memorats form og ikkje leggja avgjerande vekt på den episke utforminga; ho kan avspeгла ein røyntleg hendingssgang, men òg vera eit diktarleg stilmiddel.

Likevel er det eit gjennomgåande drag i alle forteljingane om sjøferd til huldreøyar at dei ikkje lét seg forstå anna enn i tilslutnad til tradisjonen om eksistensen av slike øyar. Det er alltid tale om anten heilt ukjende og unemnde stader, eller som oftast huldreøyar som òg er kjende frå tradisjon utan episk utforming.

I innhaldsanalysen såg me òg korleis forteljingane om sjøferd til og vitjing på dei overnaturlige øyane er uløyselig ihopvavde med tradisjon om vitjing i huldregard, fyrst og fremst i huldregard ved sjøen; det er ikkje mogeleg å gå nokon grensegang mellom dei to kategoriane,

og utanom sjølve lokaliteten og namngjevinga av den er det ingen skilnad på segner av desse to gruppene, slik at det er god grunn for å hevda at det berre er ei gruppe. Det tykkjast vera mest truleg at Utrøst-motivet har breidd seg inn i segnene om vitjing i huldregard, i og med at dei oppskriftene som legg vitjinga til ei huldreøy, alltid har med det som er karakteristisk for huldregardsvitjinga. Dertil har desse versjonane innhaldsmessig ein føresetnad i Utrøst-tradisjonen (eksistensen) såleis at dei inneheld ein klår referanse til eit omgrep og ein tradisjon som reknast for kjend. Som eit indisium på det same kan ein nemna det faktum at Utrøst-tradisjon, (eksistens og vitjing) ikkje er registrert i samisk tradisjon, men at det er eit omfangsrikt materiale av forteljingar om vitjing i huldregard ved sjøen. Samisk tradisjon har som nemnt før vore over lag reseptiv, samstundes er det for mange tradisjonsgrupper sitt vedkomande slik at ein i samisk tradisjon finn eldre lag enn det ein har registrert i nyare norsk folketradisjon.

Såleis ser me at skilnaden mellom dei norske forteljingane om sjøferd til Utrøst og immrama og Navigatio ikkje berre er stor når det gjeld innhaldet og dei kontekstane dei overnaturlige øyane opptre i, men at dei i grunnen høyrer heime i ein annan samanheng: det er berre ein liten tematisk analogi mellom Isak som sigla til Utrøst og Odysséen eller Immram Brain, Immram Maíle Dúin og Navigatio, og at teorien om ein ubroten tradisjonen frå Homer til Hveding difor må avvisast, endå så gjævt det høyrer når folketradisjonen er utgamal og traderingsrekkjene endelause.

VIII

B I B L I O G R A F I

1. DET NORSKE MATERIALET

Her fylgjer ei liste over heile det norske materialet eg har hatt til disposisjon. Det er ordna i grupper etter innhaldet i same rekkjefylgja som desse gruppene er omtala i teksta. Til sist kjem det vidare referansematerialet som eg har nytta til å setja øy-tradisjonen inn i ein større samanheng.

Det "historiske materialet" i form av notisar frå tida før ikring 1850 er ordna kronologisk etter dei data som er tilgjengelege: dels etter det året vedkomande skrift vart skriva, dels etter prentingsåret. Elles er rekkjefylgja innanfor kvar gruppe ordna alfabetisk etter namnet på forfattaren eller oppskrivaren. Under kvar forfattar er materialet ordna slik at prenta stoff kjem fyrst i kronologisk rekkjefylgje, dinest kjem uprenta oppskrifter.

Dersom ei oppskrift inneheld motiv som høyrer inn under fleire innhaldsgrupper, er ho førd opp under kvar gruppe. Ei redigert samling av notisar vert kløyvd etter emne, og får eige nummer under kvar gruppe.

Nummeret lengst til venstre er eit fortløpande rekkjenummer. Ei oppskrift som i samsvar med det føregåande er oppførd under fleire grupper, får rekkjenummer berre fyrste gong ho vert oppførd. Ei redigert notissamling får nytt rekkjenummer for kvar notis.

Uprenta oppskrifter er merkte med + til venstre for rekkjenummeret.

Oppskrifter og notisar som er merkte med + framføre gruppenummeret, er siterte heilsleg i teksta, medan dei som er merkte med ++ er siterte delvis.

I. TRADISJON OM EKSISTENSEN AV OVERNATURLEGE ØYAR

A. IKKJE-EPISERT TRADISJONSSTOFF

a) "Historisk" materiale i form av notisar frå tida før ikring 1850.

- 1 +1 Erik Hanssen Schønnebel: "Lofotens och Vestraalens Beskriffuelse." Full tittel: Enn saare kortt doch sandru beskriueelse om Lofoten, Vestraallen, Annenes, Röst och Verröen, huorledis landene sker sig, huad handel der haffuer werit brugit wdj gamle dage met fiskeri, kiöbmandz skaff, hakerling sete och andit saudant, och huad handell der nu brugis, thill samen skreffuet 1591. Prenta i Gustav Storm: Historisk-topografiske Skrifter om Norge og norske Landsdele. Christiania 1895, s. 207f.
- 2 +2 Diderik Brinck: "Descriptio Loufodiæ". Full tittel: Promodus e Norvegia, sive Descriptio Loufodiæ, omnium Nordlandiæ præfectuarum longe celeberrimæ accuratissima, autore Dieterico Brinckio. Amstelodami 1676, s. 11. Prenta i Ludvig Daa: Italieneren Francesco Negris Reise i Norge 1664-1665. Historisk Tidsskrift, Anden Række VI, Kristiania 1888, s. 130, merknad.
- 3 +3 Francesco Negri: Viaggio settentrionale fatto e descritto dal motto Rev.^{do} Sig.^r D. Francesco Negri da Ravenna. In Padova M. D. CC. Omsett av Ludvig Daa: Italieneren Francesco Negris Reise i Norge 1664-1665. Historisk Tidsskrift, Anden Række VI, Kristiania 1888, s. 129f.

- 4 +4 Roland Knudsen: Jomfrulands Beskrivelse udi slette Bonde-Rim, underdanigst tilskreven den Højbaarne Herre, Herr Ulrich Friedrich Gùldenlöve etc. etc. 20. augusti 1696. Prenta i Topographisk Journal for Norge, 29. Hefte, Christiania 1802, s. 179ff.
- 5 ++5 O. A. Øverland: Fra en svunden tid. Sagn og optegnelser. Kristiania 1888, s. 1f (notis om oppskrifter frå "Høienhald" 1711-14).
- 6 +6 Erich Pontoppidan: Det første Forsøg paa Norges Naturlige Historie. Anden Deel. Kiøbenhavn 1753, s. 345ff.
- 7 +7 Gerhard Schøning: Beretning om den Venetianske Edelmands Petri Qvirini Skibbrud og Ankomst til Øen Røst i Nordlandene A.o 1432. Det trondhiemske Selskabs Skrifter, Anden Deel, Kiøbenhavn 1763, s. 123f, merknad.
- 8 +8 I. C. Berg: Om Maal- eller Moskøstrømmens Beskaffenhed. Magazin for Danmarks og Norges topographiske, oekonomiske og statistiske Beskrivelse, udgivet af Frederik Thaarup. Bd. II, Kiøbenhavn 1802/03, s. 426.
- 9 +9 Jens Edvard Kraft: Topographisk-statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge. Christiania 1820-35, Bd. VI 1835, s. 403f.

b) Redaksjonar og oppskrifter etter ikring 1850.

- 10 ++1 P. Chr. Asbjørnsen: Norske Huldreeventyr og Folkesagn, i Trygve Knudsen (utg.): P. Chr. Asbjørnsen og Jørgen Moe: Norske folke- og huldreeventyr i utvalg etter originaltekstene 1852 og 1870. Oslo 1964, s. 160, Til Havs II: Tuftefolket paa Sandfløsen, etter cand. theol. P. Schmidt, og Ivar Aasen.
- +11 2 Karl Braset: NMA = Kopi NFS Braset u. pag.: /Jepplingøya/.
- +12 3 ibid. /Øya i Beistafjola/.
- +13 4 ibid. /Hollraøy/.
- +14 +5 ibid. /Aakern i Strinnfjola/.
- +15 6 ibid. /Rugaaker paa sjøa/.
- +16 7 ibid. /Rugaaker paa Strinnfjola/.

- +17 +8 ibid. /øy i Strinnfjola. Tautra/.
- +18 9 ibid. /Stor-Tautra/.
- +19 10 ibid. /Stor-Tautra/.
- +20 11 ibid. /Tautra/.
- +21 12 ibid. /øy i Vøstfjola/.
- 22 13 Amund Helland: Norges Land og Folk. XVIII Nordlands Amt Anden Del. Kristiania 1908, s. 514 (Huldreland vestanfor Utsira, vestanfor Lista og søraust for Jomfruland).
- 23 ++14 M. Jakobsen: Gamle historier II. Han som rodde leiekar i Utrøst. Håloygminne VI 1941, s. 117ff, etter K. Kristoffersen, Tenna.
- 24 15 O. Nicolaissen: Fra Nordlands fortid. Kristiania 1889, s. 30f: Nordfuglø.
- 25 ++16 O. Nicolaissen: Fra Nord-Norge. Skisser og sagn. Kristiania 1919, s. 4: Havhesten.
- 26 +17 Joh. Th. Storaker: Naturriggerne i den norske Folketro. (Storakers Samlinger IV). NFL 18, Oslo 1928, s. 30, nr. 68.
- 27 18 Knut Strompdal: Gamalt frå Helgeland. NFL 19, Oslo 1929, s. 144f: Utvega (Plasseringa er noko tvilsam).

B. EPISERT TRADISJONSSTOFF

a) "Tenk i tom".

- 28 +1 /Karl/ Braset: Hollraøventyra. Svanøventyra. Gamalt paa Sparbumaal. Sparbu 1910, s. 97: Ytter-Sklinna.
- 29 +2 ibid. s. 133: Ytter-Sklinna.
- 30 +3 Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland. NFL 33, Oslo 1935, s. 86: Mannen på Utrøst, etter Eilert Olsen, Leiranger.
- 31 ++4 O. Nicolaissen: Sagn og Eventyr fra Nordland. Kristiania 1879, s. 29: Udøst.

- 32 ++5 Edvard Ruud: Segna om Utrøst. Håloygminne VI
1941, s. 20ff, etter far sin (Trondenes).
+33 +6 Knut Strompdal: NFS K Strompdal V, 65: Sandflæ-
sa, etter Johan Olson Bruvold, Alstahaug
1924-25.

b) Oppedaga øyar

- +34 1 Karl Braset: NMA = Kopi NFS Braset u. pag.:
/Hæstøya/.
+35 2 ibid. /Hæstøya/.
36 3 /Karl/ Braset: Øventyr. Sagn. Gamalt paa Spar-
bumaal. Sparbu 1910, s. 121: Tautra.
37 +4 Reidar Th. Christiansen: Norske sagn samlet
ved Allers Familie-Journal. Oslo 1938,
s. 88f: Løvøya, etter P. Guneriusen,
Yttervåg i Afjord.
38 5 O. Stuevold Hansen: Bygdefortølling. Optegnel-
ser fra Tydalen, Annex til Sælbu. Tromsø
1873, s. 32f.
39 6 Amund Helland: Norges Land og Folk, XVIII, Nord-
lands Amt Anden Del, Kristiania 1908, s.
514 (Jomfruland).
40 7 Torkell Mauland: Folkeminne fra Rogaland II.
NFL 26, Oslo 1931, s. 61f, nr. 7: Utsira
(eller Sira), oppskrive frå Hagland, Gard
og Steinnes.
41 8 Finn Myrvang: Huh-tétta. Folkeminne ifrå Andøya.
NFL 91, Oslo 1964, s. 12: Då An'a var eit
hulderland, etter Magnus Nilssen, Åse,
(og O. Nicolaissen).
42 9 O. Nicolaissen: Sagn og Eventyr fra Nordland.
Kristiania 1879, s. 28: Andøen.
43 10 ibid. s. 28: (Svinøen).
44 11 I. C. Ramberg: Boken om Eidanger. Porsgrund
1919, s. 75f. (Sylterøen).
45 12 Olav Rekdal: Eventyr og segner. Folkeminne frå
Romsdal. NFL 30, Oslo 1933, s. 124f:
Tautra - Ljosågrynna, etter Ivar Brovold,
Vestnes, 1904.

- 46 13 Aamund Salveson: Folkeminne. Stavanger 1924, s.
64: Folen på Foldøyne.
+47 +14 Svale Solheim: NFS Solheim I, 22: Korleis Sira
(Utsira) vart til, etter Elias Dyrland,
Karmøy.
48 15 Joh. Th. Storaker: Naturriggerne i den norske
Folketro. Storakers Samlinger IV, NFL 18,
Oslo 1928, s. 29, nr. 66
49 16 ibid. s. 29, nr. 67
50 +17 Joh. Th. Storaker: Sagn og Gaader. Storakers
Samlinger VIII, NFL 47, Oslo 1941, s. 38f,
etter O. Kaaveland, Konsmo.
51 18 ibid., s. 39, etter "E. E.", Sogndal.
52 +19 Knut Strompdal: Gamalt frå Helgeland III. NFL
44, Oslo 1939, s. 15: Sæliuksen (oppskrive
frå Velfjord).
53 +20 Knut Strompdal: Segner frå Helgeland. Håloygmin-
ne I 1923, hft. 3/4, s. 14, nr. 2: Søla.
(5) 21 O. A. Øverland: Fra en svunden tid. Sagn og op-
tegnelser. Kristiania 1888, Alfelande, s. 1ff.

c) Andre

- 54 1 O. Nicolaissen: Sagn og Eventyr fra Nordland.
Kristiania 1879, s. 30: Søkirken.
55 ++2 J. Qvigstad: Utrykte kilder til Nord-Norges to-
pografi. Bergens Museums Håndskriftsamling
nr. 191a, E. H. Kaurins materialier til en
beskrivelse over Karlsøy. Håloygminne I,
1922, hft. 1, s. 24-30 (Nordfugløy).
56 +3 Aamund Salveson: Folkeminne. Stavanger 1924, s.
65f: Heidningsholmen, etter Mikal Heggdal,
Eigersund.

II. TRADISJON OM SJØFERD TIL (OG VITJING I HULDREGARD PÅ)

OVERNATURLEGE ØYAR

A. VITJING PÅ UTRØST

a) Kombinert med referanse (trudomsfråsegn)

- 57 ++1 P. Chr. Asbjørnsen: Til Havs I: Skarvene fra Udrøst, etter cand. theol. P. Schmidt, i Norske Huldreeventyr og Folkesagn; her etter Trygve Knudsen (utg.): P. Chr. Asbjørnsen og Jørgen Moe: Norske Folke- og Huldreeventyr i utvalg etter originaltekstene 1852 og 1870, Oslo 1964, s. 154ff.
- 58 +2 Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland. NFL 33, Oslo 1935, s. 87: Hamna på Utrøst, etter "mange" frå Tysfjord, Ofoten og Lofoten.
- 59 +3 ibid. s. 88: Nykkelen til Utrøst. Oppskrive frå Tysfjord.
- 60 ++4 Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland II, NFL 53, Oslo 1944, s. 16ff: Bonden gifter seg med huldra, etter Arnold Myrhaug, Trondenes.
- 61 ++5 Ragnvald Mo: Dagar og år. Segner frå Salten. NFL 37, Oslo 1936, s. 158f: Breistrandfinn, oppskrive i Saltdal.
- (32) ++6 Edv. Ruud: Segna om Utrøst. Håloygminne VI 1941, s. 20ff, etter far sin, (Trondenes).
- 62 ++7 Jens Solvang: Segner frå Hillesøy. Håloygminne II, 1925-28, s. 386f: IV. Huldergjenta på Klakkskjæret.
- (33) +8 Knut Strompdal: NFS K Strompdal V, 65: Sandflåsa, etter Johan Olson Bruvold, Alstahaug, 1924-25.

b) Utan referanse.

- 63 +1 /Karl/ Braset: Hollraeventyra. Svansventyra. Gamalt paa Sparbumaal. Sparbu 1910, s. 90ff: Høldafølkje i Fraahølma.

- 64 +2 ibid., s. 95f: Naar 'en vakkna aa saag ut, saa saag'en i vakkert lann ut te havs.
- 65 ++3 Reidar Th. Christiansen (utg.): Norske sagn samlet ved Allers Familie-Journal, Oslo 1938, s. 85ff: Et sagn om Utrøst, etter Robert Danielsen, Sulitjelma.
- 66 4 ibid. s. 188f (om Breistrandfinnen), etter B. J. Petersen, Hansnes.
- 67 ++5 Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland. NFL 33, Oslo 1935, s. 86f: Folket på Utrøst, etter Nils Ursen, Tysfjord.
- 68 ++6 ibid. s. 87f: Folk leitar etter Utrøst, etter Eilert Olsen, Leiranger.
- 69 +7 Torkell Mauland: Folkeminne fraa Rogaland II, NFL 26, Oslo 1931, s. 33f: 6. Eit huldrland og ei trollkjerring (frå Rennesøy).
- +70 +8 Ragnvald Mo: NFS R. No 9, 30: Mannen som rodde fiske for Ytter-Stemma, etter Kristian A. Kvarsnes.
- 71 9 Jens Solvang: Skjervøykongen og jekta hans som kappsegla med trollkjerringa på Kya. Håloygminne IV 1933-36, s. 186ff.
- 72 +10 Knut Strompdal: Gamalt frå Helgeland. NFL 19, Oslo 1929, s. 143f: Utrøst (= NFS K. Strompdal VII, 30, etter fru Holand, Sørsønna).
- 73 11 Knut Strompdal: Segner frå Helgeland. Håloygminne I 1923, hefte 3/4, s. 16f: nr. 8: Utrøst.
- 74 ++12 Ivar Aasen: Norske Minnestykke. Ved Jens Lindberg. NFL 1, Oslo 1923, s. 58ff: Borgaren paa Utrøst.

B. VITJING I HULDREGARD PÅ SJØEN ELLER PÅ UTRØST

- 75 1 Amund Helland: Norges Land og Folk XVIII, Nordlands Amt, Anden Del, Kristiania 1908, s. 520ff (Afglapien).

- 76 2 "L. K." / = Lyder Kvantoland/: Gammelt fra Salt-
en. Håaløygminne II 1925-28, s. 31f: Hin-
karen som skipper."
- 77 +3 Edvard Langset: Segner - gåter - folketrø fra
Nordmør. NFL 01, Oslo 1948, s. 47, nr. 10,
etter Martin S. Lyngstad, Frei.
- 78 4 ibid. s. 54f, nr. 7, etter Oluf og Tedina Lyng-
stad, Eid, 1916.
- 79 ++5 O. Nicolaissen: Fra Nordlands Fortid. Kristiania
1889, s. 15ff: Skipperen paa Anden.
- 80 +6 ibid. s. 29f: Gilbergsviken.
- 81 7 J. Qvigstad: Smaaplukk. Haaløygminne II 1925-28,
s. 31f (Torsken) (om Gilbergsvika og Avgla-
pen).
- (27) 8 Knut Strompdal: Gamalt fra Helgeland. NFL 19,
Oslo 1929; s. 144f: Utvega.
- 82 9 ibid., s. 157f: Brønnøyfiskaren og hulderheimen
i Finnmark (Brønnøy).
- 83 10 Knut Strompdal: Gamalt fra Helgeland III. NFL
44, Oslo 1939, s. 21f: Benjamin på Dønna og
huldra (Nordsømna).
- 84 11 ibid. s. 27ff: 28: Huldra i Brakan (=NFS K.
Strompdal VI, 50, Hulderteken, etter Hil-
da Tilsem, Nordsømna).
- 85 +12 ibid., s. 31ff: 30. Avglapen (=NFS K. Strompdal
VII, 35, etter Jeremias Slettanne, Nord-
sømna).
- (+33) +13 Knut Strompdal: NFS K Strompdal V, 65: Sandfløsa,
etter Johan Olson Bruvold, Alstanaug, 1924-
25.

III. TILGRENSANDE TRADISJONSSTOFF

A. ALLEGARDEN (ÆREND I HULDREGARD)

- 86 1 /Karl/ Braset: Hollraøventyra. Svansøventyra.
Gamalt paa Sparbumaal. Sparbu 1910, s. 96f:
Allgaalen.

- 87 2 Reidar Th. Christiansen (utg.): Norske sagn,
samlet ved Allers Familie-Journal, Oslo
1938, s. 87f: Allegaren. Sagn fra Fosna,
oppskrive av Halldis Gabrielsen, Stokkøy,
etter Math. A. Harsvik.
- 88 ++3 O. Nicolaissen: Sagn og Eventyr fra Nordland.
Kristiania 1879, s. 18ff: Allgaarden.
- 89 4 Olav Rekdal: Eventyr og segner. Folkeminne fra
Romsdal. NFL 30, Oslo 1933, s. 92ff: Fra-
mand-øya, etter Legds-Nils og M. Hukkel-
berg, Gossa.
- +90 +5 O. Ryssdal: NFS O Ryssdal I, 140: Allegaren,
etter Anton Barøya, Bessaker.
- B. HALTEN-SEGNA
- (10) ++1 P. Chr. Asbjørnsen: Til Havs II: Tuftefolket
paa Sandfløsa, etter cand. theol. P.
Schmidt og Ivar Aasen, i Norske Huldre-
eventyr og Folkesagn; her etter Trygve
Knudsen (utg.): P. Chr. Asbjørnsen og
Jørgen Moe: Norske folke- og huldreventyr,
i utvalg etter originaltekstene 1852 og
1870, Oslo 1964, s. 160ff.
- 91 2 /Karl/ Braset: Hollraøventyra. Svansøventyra.
Gamalt paa Sparbumaal. Sparbu 1910, s.
92ff: Hu Gurru Kunna.
- +92 3 Karl Braset: NMA = Kopi NFS Braset u. pag.:
/Sannfjesa/.
- 93 4 Reidar Th. Christiansen (utg.): Norske sagn sam-
let ved Allers Familie-Journal, Oslo 1938,
s. 89f: Gurru Kunna. Sagn fra Trøndelag,
etter Halldis Gabrielsen, Stokkøy.
- 94 5 Amund Helland: Norges Land og Folk XVIII, Nord-
lands Amt Anden Del, Kristiania 1908,
s. 525f, etter Erbe: Skipperløgne.
- 95 6 Edvard Langset: Segner - Gåter - Folketrø fra
Nordmør. NFL 61, Oslo 1948, s. 55f, nr.
8, etter Martin S. Lyngstad, Frei, 1916.
- 96 7 Torkell Mauland: Folkeminne fra Rogaland.
NFL 17, Oslo 1928, s. 84f: Lukk' -Andres,
etter Andr. Knutsson Vikra, Skutenes.

- 97 8 O. T. Olsen: Norske folkeeventyr og sagn samlet i Nordland. Kristiania 1912, s. 33: Huldrebryllup, etter Sakri Nilsen, Dunderland.
- +98 9 O. Ryssdal: NFS O Ryssdal 1, 100: Julekvelln i Halten, etter Gerrart Gjemsø, Kråkvik, 86 år, Valsfjorden.
- +99 10 *ibid.*, I, 104: Guru Kunna i Halten, etter Jo Persa Tørrrem.
- +100 11 *ibid.*, I, 105: Jul i Halten, etter Knut Persa Tørrrem, 92 år, og sonen Nils Knutsa, 58 år.
- +101 12 *ibid.*, I, 108: Jul i Halten, etter Johanna Bår-fjord.
- +102 13 *ibid.*, I, 111: Jul i Halten, etter Cato Schøllberg, Teksdal.
- +103 14 *ibid.*, I, 112: Jul i Halten, etter Emilie Moen, Eide i Stjorna.
- +104 15 *ibid.*, I, 120: Jul i Halten, etter Ola Aune, Åfjorden.
- +105 16 *ibid.*, I, 121: Guru Kunna (Jul i Halten), etter fru Oldenes, Tårnes i Åfjorden.
- 106 17 Knut Strompdal: Gamalt frå Helgeland, NFL 19, Oslo 1929, s. 145ff: Glunten frå Leirfjord og hulderfolket frå Horlavær.
- +107 18 Knut Strompdal: NFS K Strompdal VIII, 4: 5. Hulderfiskarane på Reksøyane, etter Paul Vedal og Greger Pettersen, Nordsømna.
- (+33) 19 Knut Strompdal: NFS K Strompdal V, 65: Sandflæsa, etter Johan Olson Bruvold, Alstahaug 1924-25.
- 108 20 O. A. Øverland: Fra en svunden tid. Sagn og optegnelser. Kristiania 1888, s. 3ff: Guri Kunnan, etter fyrverker Rolf Greve Czernickow.
- C. SAMROR MED HULDREFOLKET ELLER MØTE MED DEI PÅ SJØEN
- 109 1 Reidar Th. Christiansen (utg.): Norske sagn samlet ved Allers Familie-Journal. Oslo 1938, s. 113f: Gutten som blev prest hos de underjordiske. Halldis Gabrielsen, Stokkøy, etter Math. A. Harsvik.

- 110 2 *ibid.* s. 205f, etter Conrad Helgesen, Meløy.
- 111 3 Hans Eidnes: Tru og tradisjon. Gamalt frå Hålogaland. Trondheim 1946, s. 12: Tuftekallann på Floholmen (Bjarkøy).
- 112 4 Jørgen Gjerding: Folkeminne frå Sunnmøre II. Ålesund 1932, s. 46f: Bokken.
- 113 5 *ibid.*, s. 47.
- 114 6 *ibid.*, s. 48.
- 115 7 Edvard Langset: Segner - Gåter - Folketru frå Nordmør. NFL 61, Oslo 1948, s. 29, nr. 1, etter Ola L. Sandblåst, Hustad.
- 116 8 O. Nicolaissen: Sagn og Eventyr fra Nordland. Kristiania 1879, s. 21: De underjordiske paa fiskeri.
- 117 9 O. Nicolaissen: Sagn og Eventyr fra Nordland II. Kristiania 1887, s. 13: Landegode, etter kyrkjesongar Næss i Tromsø.
- 118 10 O. Nicolaissen: Fra Nord-Norge. Skisser og sagn. Kristiania 1919, s. 11: Agnvardstø.
- 119 11 Ragnvald Mo: Dagar og år. Segner frå Salten. NFL 37, Oslo 1936, s. 116: Sagelvskipperen (Skjerstad).
- 120 12 O. T. Olsen: Norske folkeeventyr og sagn samlet i Nordland. Kristiania 1912, s. 46: De underjordiske paa utror, etter Nils Olsen Jamtli.
- 121 13 Jens Olsen: Jegtstyrmannens eventyr. Håloygmønne IV 1933-36, s. 224f, etter "Even ...", Selvær.
- 122 14 Olav Rekdal: Eventyr og Segner. Folkeminne frå Romsdal. NFL 30, Oslo 1933, s. 94f: I haubokkbåten, etter M. Hukkelberg, Gossa.
- 123 15 Knut Strompdal: Gamalt frå Helgeland. NFL 19, Oslo 1929, s. 150f: 43. Den gode fiskegrunnen.
- 124 16 Knut Strompdal: Gamalt frå Helgeland III. NFL 44, Oslo 1939, s. 23f: 24. Siglarane i Holivær (Velfjord).
- 125 17 *ibid.*, s. 29ff: 29. Huldermannen i Bremstein (= NFS K Strompdal VII, 32, etter Ole Pål-sen, Vega.)

2. BOKLISTE

a). Oppslagsverk og bibliografier

- Aschehugs Konversasjonsleksikon, 4. og 5. utgåve
- Bonser, Wilfred: A Bibliography of Folklore, as contained in the first eighty years of the publications of the Folklore Society. London 1961.
- Christiansen, Reidar Th.: NFL 12, Norske Folkeminne. En veiledning for samlere og interesserte. Oslo 1925
- The Migratory Legends. A proposed list of types with a systematic catalogue of the Norwegian variants. FFC Vol. LXXI₁, N:o 175. Helsinki 1958.
- Cross, Tom Pete: Motif-Index of Early Irish Literature. Bloomington, Indiana, 1952.
- Dinneen, Patrick S.: Foclóir Gaedhilge agus Béarla. An Irish-English Dictionary. Dublin 1927.
- Eidnes, Hans: Håloygminne: Register for 1920-1944. Svorkmo 1945.
- Encyclopædia Britannica
- Grande Enciclopédia Portuguesa e Brasileira. Lisboa e Rio de Janeiro 1940.
- Grand Larousse Encyclopédique. Paris 1964
- Handwörterbuch des deutschen Aberglaubens, hg. v. Hans Bächtold-Stäubli. I-X, Berlin u. Leipzig 1927-42.
- Internationale volkskundliche Bibliographie, for 1917 hg. v. E. Hoffmann-Krayer, Straßburg 1919; for 1925-26, 1927, 1928, 1935-36 hg. v. Paul Geiger, Berlin u. Leipzig 1931-41, for 1939-41 og 1942-47: CIAP Paris 1949-50, for 1948-49, 1950-51, 1952-54 hg. v. Robert Wildhaber, Bâle 1954-59; 1955-66 hg. v. Robert Wildhaber, Bonn 1962-69.
- Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder
- Ó Súilleabháin, Seán: A Handbook of Irish Folklore. Hatboro, Pa., 1963.
- Qvigstad, J.: Lappische Märchen- und Sagenvarianten. FFC N:o 60, Helsinki 1925.

- Holmboe, Johan: Norges Topografi. Kristiania 1918.
- Holmboe, Svale: NFL 50, Register til Norsk Folkeminnelags skrifter nr. 1 - 49. Oslo 1943.
- Thompson, Stith: Motif-Index of Folk Literature. Copenhagen 1955-58.

b) Tidsskrift og seriar med forfatter-tilvisingar

- Acta Ethnographica Academiae Scientiarum Hungaricae, Budapest, sjå:
Sirovátka, Oldrich,
Tillhagen, Carl-Herman
- Antiquity, London, sjå:
Crawford, O. G. S.
- Årv. Tidsskrift för Nordisk Folkminnesforskning. Uppsala. Sjå: Christiansen, Reidar Th.
Mac Donald, Norman, Rev.
Maclean, Calum I.
Liestøl, Knut
- Béalóideas. An Cumann le Béalóideas Éireann, Baile Átha Cliath/Dublin, sjå:
An Craoibhín
Bruford, Alan
Müller-Lisowski, Käte
Ó Cróinín, Tomás
Ó Muirgheasa, Énri
- Comptes-Rendus du Congrès International de Géographie, Amsterdam, sjå:
Crone, G. R.
- Folk-Lore; the Folklore Society, London. Sjå:
Bonser, Wilfred
Perry, W. J.
- Folklore Fellows Communications, Helsinki. Sjå:
Christiansen, Reidar Th.
Honko, Lauri
Qvigstad, J.
- Fra Fjon til Fusa. Årbok for Nord- og Midthordland soge-lag. Bergen 1948 -
- Historisk Tidsskrift, Oslo. Sjå:
Daae, Ludvig.

- Hålogværingane, Svorkmo/Harstad. Sjå:
 Christiansen, Reidar Th.
 Eidnos, Hans
 Jakobsen, M.
 Kvæntoland, Lyder
 Olsøn, Jens
 Ruud, Edv.
 Solvang, Jens
 Strompdal, Knut
 Qvirstad, J.
- Instituttet for sammenlignende kulturforskning, Oslo,
 Serie III skrifter, sjå:
 Moe, Moltke
 Qvirstad, J.
- Internationales Archiv für Ethnographie, Berlin, sjå:
 Ziemmerich, J.
- Medieval Studies, Toronto, Canada, sjå:
 Selmer, Carl.
- Maal "in Minne, Oslo.
- Nordiska Museets Handlingar, sjå:
 Eskeröd, Albert
- Norsk Folkekultur. Folkeminne-tidsskrift. Risør 1915-35.
- Norsk Folkeminnelags Skrifter (NFE): sjå under dei enkelte forfattarane.
- Proceedings of the Royal Irish Academy, Dublin. Sjå:
 Westropp, Thomas Johnson.
- Saga och Sed, Uppsala. Sjå:
 Granberg, Gunnar
- Skalk. København. Sjå:
 Holbek, Bengt.
- Studia Norvegica, Oslo. Sjå:
 Liestøl, Knut.
- Thaarups Magazin: Thaarup, Fredrik: Magazin for Danmarks "in Norges topographiske, oekonomiske og statistiske Beskrivelse, København. Sjå:
 Berg, I. C.
- Topographisk Journal for Norge, Christiania. Sjå:
 Knudsen, Roland.
- Trondhiemske Selskabs Skrifter, Kiøbenhavn. Sjå:
 Schøning, G.

- Zeitschrift für deutsches Alterthum und deutsche Litteratur, hg. v. Elias Steinmeyer, Berlin, sjå:
 Zimmer, H.
- Zeitschrift für slavische Philologie, Heidelberg. Sjå:
 Čyževský, D.
- Aarboeg for dansk Kulturhistorie, København. Sjå:
 Feilberg, H. F.

c). Annan litteratur

- An Craoibhín: Sgéal ar Oisín agus na Fiantaibh. Béaloideas I, Baile Átha Cliath/Dublin 1928, s. 219-22.
- Árnason, Jón: Íslenzkar Þjóðsögur og ævintýri. Ný útgáfa I-II, nýtt safn III-VI. Arni Bððvarsson og Bjarni Vilhjálmsson önnuðust útgáfuna. Reykjavík 1954-61.
- Asbjørnsen, P. Chr.: Sjå:
 Knudsen, Trygve (utg.)
 Tradisjonsinnsamling på 1800-talet
- Ashé, Geoffrey: King Arthur's Avalon. The Story of Glastonbury. London 1957.
- Land to the West. St. Brendan's Voyage to America. London 1962.
- Baring-Gould, S.: Curious Myths of the Middle Ages. London, Oxford and Cambridge 1869 (New Edition).
- Bausinger, Hermann: Formen der "Volkspoesie". Berlin 1968.
- Berg, I. C.: Om Maal- eller Moskøestrømmens Beskaffenhed. Thaarups Magazin II, Kiøbenhavn 1802/03, s. 426.
- Bergman, C. J.: Gotländska skildringar och minnen. Visby 1882.
- Braset, /Karl/: Øventyr. Sagn. Gamalt paa Sparbumaal. Sparbu 1910.
- Hollraeventyra. Svanøventyra. Gamalt paa Sparbumaal. Sparbu 1910.
- Briggs, K. M.: The Fairies in Tradition and Literature. London 1967.
- Brown, A. C. L.: The Origin of the Grail Legend. Cambridge, Massachusetts, 1943.
- Bruford, Alan: Gaelic Folk-Tales and Mediæval Romances. A Study of Early Modern Irish 'Romantic Tales' and their Oral Derivatives. Béaloideas XXXIV 1966, Dublin 1969.

- Bugge, Alexander: Spørsmålet om Vinland. Festskrift til H. F. Feilberg, s. 226ff, Stockholm/København/Kristiania 1911.
- Bødker, Laurits: Danske folkesagn. København 1958.
- Campbell, J. J.: Legends of Ireland. London 1955.
- Christiansen, Reidar Th.: Litt om nordlandsk folketradi-
tion. Haaløygminne I 1920, hft. 1, s. 12-26.
- (utg.): Norske sagn samlet ved Allers Familie-Journal. Oslo 1938.
 - Til de norske sjøvetters historie. Vandring og sted-
erent. Eventyr og sagn. Oslo 1946, s. 129-60.
 - Til spørsmålet om forholdet mellem irsk og nordisk
tradisjon. Arv 8, 1952, s. 1 - 41.
 - Nordsjøesagn. Arv 13, s. 1 - 20, Uppsala 1957.
 - Studies in Irish and Scandinavian Folktales. Copen-
hagen 1959.
- Crawford, O. G. S.: Lyonesse. Antiquity I, March 1927,
s. 1ff.
- Croker, T. Crofton: Fairy Legends and Traditions of the
South of Ireland. A New and Complete Edition, edited
by T. Wright. London /1834/.
- Crona, G. R.: The "Mythical" Islands of the Atlantic
Ocean: A Suggestion as to their Origin. Comptes-ren-
dus du Congrès International de Géographie, Vol. 2
(1938), s. 164-71, Amsterdam 1938.
- Čyževský, D.: Mickiewicz-Studien. 1. Die Atlantis-Sage.
Zeitschrift für slavische Philologie, Bd. XXVII, s.
110-15. Heidelberg 1959.
- Debes, Lucas Jacobsen: Færoø et Færoa Reserata / Det er:
Færøernes Oc Færøeske Indbyggeris Beskrivelse etc.
etc. Kiøbenhavn 1673.
- Djupedal, Reidar: Ivar Aasens folkeminne frå Sunnmøre.
Norveg 13, Oslo 1968, s. 113-36.
- Daal, Ludvig: Italieneren Francesco Negris Reise i Nor-
ge 1664-1665. Historisk Tidsskrift. Anden Række,
bd. VI, s. 85-158. Kristiania 1888.
- Eidnes, Hans: Tru og tradisjon. Gamalt frå Hålogaland.
Trondheim 1946.
- Eskeröd, Albert: Årets Åring. Etnologiska studier i skör-
stens och julens tro och sed. Nordiska Museets Hand-
lingar: 26. Stockholm 1947.

- Faye, Andreas: NFL 63: Norske Folkesagn. Tredje Oplag.
Oslo 1948.
- Feilberg, H. F.: Paradisminder og paradishåb. Aarboeg for
Dansk Kulturhistorie 1900- s. 1-56. København 1900.
- Bidrag til en ordbog over jyske almuesmål. Køben-
havn 1904-08.
- Friis, J. A.: Lappiske Eventyr og Folkesagn. Christiania
1871.
- Gaster, Theodor H.: The Oldest Stories in the World.
Originally translated and retold, with comments.
New York, N. Y., 1952.
- Gjerding, Jørgen: Folkeminne frå Sunnmøre II. Ålesund 1932.
- Granberg, Gunnar: Memorat und Sage. Einige methodische
Gesichtspunkte. Saga och Sed. Gustaf Adolfs Akademi-
ens Årsbok 1935, Uppsala 1936, s. 120-27.
- Hammershaimb, V. U.: Færøsk Anthologi I. København 1891.
- Hansen, O. Stv.: Bygdefortælling. Optegnelser fra Ty-
dalen, Annex til Sælbu. Tromsø 1873.
- Heims, P. G.: Seespek. Seemannsgarn und Legenden, hg. v.
Fritz Brustat-Naval. München u. å.
- Helgason, Jón: Udvalgte afsnit af Konungs Skuggsjá.
København/Oslo 1966.
- Helland, Amund: Norges Land og Folk, bd. XVIII, Nordlands
Amt, Anden Del. Kristiania 1908, s. 415-598.
- Hellevik, Alf: Innleiing til Kongsspegelen. Den norrøne
litteraturen bd. V. Oslo 1963.
- Hennig, Richard: Von rätselhaften Ländern. Versunkene
Stätten der Geschichte. München 1925.
- Hofberg, Herman: Svenska folksägner, samlade samt för-
sedda med historiska och etnografiska anmärkningar.
Stockholm 1882.
- Holbek, Bengt: De saliges øer. Skalk nr. 5, /København/
1967.
- Holbek, Bengt, og Piø, Iørn: Fabeldyr og sagnfolk.
København 1967.
- Holm-Olsen, Ludvig: Konungs skuggsiá. Oslo 1945.
- Hommel, Fritz: Die Insel der Seligen in Mythos und Sage
der Vorzeit. Vortrag gehalten in der Geographischen
Gesellschaft zu Frankfurt a/M am 7. Dezember 1898.
München 1901 (serpent).

Honko, Lauri: Geisterglaube in Ingermanland. Erster Teil. FFC N:o 185. Helsinki 1962.

Hunt, Robert: Popular Romances of the West of England. The Drolls, Traditions and Superstitions of Old Cornwall collected and edited by ... First Series. London 1865.

Hveding, Johan: NFL 33: Folketru og folkeliv på Hålogaland. Oslo 1935.

- NFL 53: bd. II. Oslo 1944.

Jakobsen, J.: Færøske Folkesagn og Æventyr. 2. utg. Tórs-havn 1961-64.

Jakobsen, M.: Gamle historier. Håløygminne VI. Svorkmo 1941, s. 117ff.

Jónsson, Finnur (utg.): Landnámabók. København 1925.

Joyce, P. W.: Old Celtic Romances. Translated from the Gaelic. London 1879.

Kamp, Jens: Danske Folkeminder. Æventyr, Folkesagn, Gaader, Rim og Folketro samlede fra Folkemunde af ... Odense 1877.

Klintberg, Bengt af: Ett försök till avgränsning av begreppet sägen. Föredrag hållet vid seminariet för nordisk och jämförande folklivsforskning i Stockholm vårterminen 1966 (stensil).

Knudsen, Roland: Jomfrulands Beskrivelse udi slette Bonderim etc. etc. Topographisk Journal for Norge, 29. Hefte, s. 179-88, Christiania 1802.

Knudsen, Trygve (utg.): P. Chr. Asbjørnsen og Jørgen Moe: Norske Folke- og Huldreeventyr i utvalg etter originaltekstene 1852 og 1870. Oslo 1964.

Kraft, Jens Edvard: Topographisk-statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge, I-VI 1820-35; bd. VI.

Kristensen, Evald Tang: Danske sagn, som de har lydt i folkemunde, udelukkende efter utrykte kilder, samlede og tildels optegnede af ... Tredje afdeling. Kjømper. Kirker. Andre stedlige sagn. Skatte. Silkeborg 1895.

Kvantoland, Lyder (= L. K.): Gammelt fra Salten. Håløygminne II, Svorkmo 1925-28, s. 319f.

Langset, Edvard: NFL 61: Segner - gåter - folketru frå Nordmør. Oslo 1948.

Liestøl, Knut: Scottish and Norwegian Ballads. Studia Norvegica I, Oslo 1946.

- P. Chr. Asbjørnsen: Mannen og livsverket. Oslo 1947.

- Innleiing til: Norsk Folkedikting III. Segner. Oslo 1963.

Mac Donald, Norman, Rev.: Notes on Gaelic Folklore I. Arv 14, Uppsala 1958.

Maclean, Calum I.: Hebridean Storytellers. Arv 8, Uppsala 1952, s. 120-29.

Mauland, Torkell: NFL 17: Folkeminne fra Rogaland. Oslo 1928.

- NFL:26: bd. II. Oslo 1931.

Maurer, Konrad: Isländische Volkssagen der Gegenwart, vorwiegend nach mündlicher Überlieferung, gesammelt und verdeutscht von ... Leipzig 1860.

Meyer, Kuno: The Voyage of Bran Son of Febal to the Land of the Living. An old Irish saga now first edited, with translation and glossary. Vol I. London 1895.

Mo, Ragnvald: NFL 37: Dagar og år. Segner frå Salten. Oslo 1936.

Moe, Moltke: Samlede skrifter, utgitt ved Knut Liestøl. Instituttet for sammenlignende kulturforskning, serie B: skrifter, bd. I, VI og IX, Oslo 1925-27.

Müller-Lisowski, Käte: A Study in Irish Folklore. Traditions about Donn. Béaloideas XVII 1948, s. 149ff. Dublin 1950.

Myrvang, Finn: NFL 91: Huh-tétta. Folkeminne ifrå Andøya. Oslo 1964.

Nansen, Fridtjof: Nord i tåkeheimen. Kristiania 1911.

Nicolaissen, O.: Sagn og eventyr fra Nordland. Kristiania 1879.

- Bd. II. Kristiania 1887

- Fra Nordlands fortid. Kristiania 1889.

- Fra Nord-Norge. Skisser og sagn. Kristiania 1919.

Norsk Eventyrbibliotek. I: Prinsessene som dansa i åkeren. Eventyr frå Rogaland. Oslo 1967.

- Nutt, Alfred: The Happy Otherworld. Prenta sm. m. Meyer, Kuno: The Voyage of Bran etc. Vol. I, London 1895.
- The Celtic Doctrine of Re-birth. Prenta sm. m. Meyer, Kuno, The Voyage of Bran etc. Vol. II. London 1897.
- Nyrop, Kr.: Fortids Sagn og Sange. Bd. VI, kap. IX, s. 101-12: Lykkens Land. København 1909.
- Ó Cróinín, Tomás: An tír draoidheachta. Béaloideas I, Baile Átha Cliath / Dublin 1928, s. 365.
- O'Faolain, Eileen: Irish Sagas and Folk-Tales. London 1954.
- Olsen, Jens: Jegtstyrmanden s eventyr. Håloygminne IV, Svorkmo 1933-36, s. 224f.
- Olsen, O. T. Norske Folkeeventyr og Sagn samlet i Nordland. Kristiania 1912.
- O'Meara, John: Giraldus Cambrensis: The first version of the Topography of Ireland. Dundalk 1951.
- Ó Muirgheasa, Énrí: Conall Caol agus Inis Caoil. Béaloideas I, Baile Átha Cliath / Dublin 1928, s. 253-57.
- Ó Súilleabháin, Seán: Irish Wake Amusements. Translated from An Clóchomhar Tta: Caitheamh Aimsire ar Thórraimh 1961. Cork 1967.
- Perry, W. J.: The Isles of the Blest. Folk-Lore XXXII 1921, s. 150-80.
- Piø, Iørn: Folkeminder og traditionsforskning. Dansk historisk fællesforenings håndbøger. København 1966.
- Piø, Iørn, og Holbek, Bengt: sjå Holbek, Bengt.
- Pontoppidan, Erich. Det første Forsøg paa Norges naturlige Historie. Anden Deel. København 1753.
- Paasche, Fredrik: Norges og Islands litteratur inntil utgangen av middelalderen. Ny utgave ved Anne Hobtmark. (Bull, Paasche, Winsnes og Houm: Norsk litteraturhistorie, 2. utg., bd. I). Oslo 1957.
- Qvigstad, J.: Utrykte kilder til Nord-Norges Topografi. Bergens Museums Håndskriftsamling nr. 191a, E. H. Kaurins materialier til en beskrivelse over Karlsøy. Haaløygminne I, 1922, hft. 1, s. 24-30.
- Smaaplukk. Håloygminne II 1925, hft. 1-2, s. 31f.

- Lappiske eventyr og sagn. II. Fra Troms og Finnmark. Instituttet for sammenlignende kulturforskning, serie B: skrifter, bd. X. Oslo 1928.
- IV. Fra Lyngen II og fra Nordland. Instituttet for sammenlignende kulturforskning, serie B: skrifter, bd. XV. Oslo 1929.
- Ramberg, I. C.: Boken om Eidanger. Porsgrund 1919.
- Rees, Alwyn and Brinley: Celtic Heritage. Ancient Tradition in Ireland and Wales. London 1961.
- Rekdal, Olav: NFL 30: Eventyr og segner. Folkeminne frå Romsdal. Oslo 1933.
- Rhÿs, John: Studies in the Arthurian Legend. Oxford 1891.
- Celtic Folklore. Welsh and Manx. Oxford 1901.
- Ruud, Edv.: Segna om Utrøst. Håloygminne VI, Svorkmo 1941, s. 20ff.
- Salveson, Aamund: Folkeminne. Stavanger 1924.
- Sandars, N. K.: The Epic of Gilgamesh. An English Version with an Introduction. Penguin Classics, 2, London 1964.
- Scheible: Das Kloster weltlich und geistlich. Stuttgart 1845ff, bd. IX.
- Schöning, G.: Beretning om den Venetianske Edelmands Petri Qvirini Skibbrud og Ankomst til Øen Røst i Nordlandene A.o 1432. Det trondhiemske Selskabs Skrifter. Anden Deel. København 1763.
- Sébillot, Paul:
Le Folk-lore de France. Tome deuxième: La mer et les eaux douces. Paris /1905/ 1968.
- Seippel, Alexander: Soga um Sindbad farmann. Eit eventyr or "Tusund og ei natt", umsett frå arabisk. Austerlandske bokverk 2. Andre utgåva. Oslo 1929.
- Selmer, Carl: The Vernacular Translations of the Navigatio Sancti Brendani: A Bibliographical Study. Mediaeval Studies, Vol. XVIII. Toronto 1956.
- Sirovátka, Oldřich: Zur Morphologie der Sage und Sagenkatalogisierung. Tagung der Sagenkommission der International Society for Folk-Narrative Research, Budapest 1963, i Acta Ethnographica Academiae Scientiarum Hungaricae, Tomus XIII, Budapest 1964.

- Skelton, R. A., Marston, Thomas E., and Painter, George D.: The Vinland Map and the Tartar Relation. New Haven and London 1965.
- Solvang, Jens: Segner frå Hillesøy. IV. Huldergjenta på Klakskjæret. Håloygminne II, 1925-28, s. 386f.
- Skjervøykongen og jekta hans som kappsegla med trollkjerringa på Kya. Håloygminne IV, 1933-36, s. 186ff.
- Storaker, Joh. Th.: NFL 18: Naturriggerne i den norske Folketro. (Storakers samlinger IV) utg. v. Nils Lid. Oslo 1928.
- Storaker, Joh. Th.: NFL 47: Sagn og Gaader. (Storakers samlinger VIII). Utg. v. Nils Lid. Oslo 1941.
- Storm, Gustav: Historisk-topografiske Skrifter om Norge og norske Landsdele. Christiania 1895.
- Strompdal, K/nut/: Segner frå Helgeland oppskrevne av ... Håloygminne I 1923, hft. 3/4, s. 14.
- NFL 19: Gamalt frå Helgeland. Oslo 1929.
 - NFL 44: bd. III. Oslo 1939.
- Strøm, Hans: Beskrivelse over Søndmør. Sorø 1766.
- Sydow, C. W. von: On the Spread of Tradition. Selected Papers on Folklore. Copenhagen 1948, s. 11-43.
- Kategorien der Prosa-Volksdichtung. *ibid.* s. 60-88.
 - Popular Dite Tradition. A Terminological Outline. *ibid.* s. 106-26.
- Säve, P. A.: Hafvets och fiskarens sagor. Visby 1880.
- Tillhagen, Carl-Herman: Was ist eine Sage? Eine Definition und ein Vorschlag für ein europäisches Sagensystem. Tagung der Sagenkommission der International Society for Folk-Narrative Research, Budapest 1963. Acta Ethnographica Academiae Scientiarum Hungaricae, Tomus XIII, s. 9ff. Budapest 1963.
- Tradisjonsinnsamling på 1800-talet. NFL 92. Stipendmeldingar frå P. Chr. Asbjørnsen, J. Moe, L. Lindeman, S. Bugge, M. Moe. Oslo 1964.
- Unger, C. R.: Heilagra Manna Sögur. Bd. I. Christiania 1877.
- Wagner, Heinrich: Gaeilge Theilinn. Foghraidheacht - Gramadach - Téacsanna. Baile Átha Cliath 1959.
- Welhaven, J. S.: Alfeland. Samlede Digterverker. Jubilæumsudgave, bd. III, s. 45-47. Kristiania og København 1907.

- Westropp, Thomas Johnson: Brasil and the Legendary Islands of the North Atlantic: their History and Fable. A Contribution to the "Atlantis" Problem. Proceedings of the Royal Irish Academy, Vol. XXX, Section C, Dublin 1912-13, s. 223-60.
- Wilson, Barbara Ker: Scottish Folk-Tales and Legends retold by... London 1954.
- Yeats, William Butler: Irish Folk-Tales and Legends retold by ... New York, N. Y., /1918/.
- Zemmerich, J.: Toteninseln und verwandte geographischen Mythen. Internationales Archiv für Ethnographie, Vol. IV, 1891.
- Zimmer, H.: Keltische beiträge. II. Brendans meerfahrt. Zeitschrift für deutsches Alterthum und deutsche Litteratur, hg. v. Elias Steinmeyer. Bd. XXXIII, der neuen Folge XXI, Berlin 1889, s. 129-220 og 257-338.
- Øverland, O. A.: Fra en svunden tid. Sagn og optegnelser. Kristiania 1888.
- Aasen, Ivar: Prøver af Landsmaalet i Norge. Christiania 1853.
- NFL 1: Norske minnestykke. Ved Jens Lindberg. Oslo 1923.